



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652

Innhald

Del I	Innleiande del	9	Kap. 1136 Norsk institutt for bioøkonomi	63
1	Landbruks- og matpolitikken til regjeringa	11	Kap. 4136 Norsk institutt for bioøkonomi	65
2	Oversikt over budsjettframlegget for Landbruks- og matdepartementet	20	Kap. 1137 Forsking og innovasjon	65
3	Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak	23	<i>Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</i>	69
3.1	Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2024–2025	25	Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.	81
3.2	Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2023–2024	31	Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	85
3.3	Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2022–2023	32	Kap. 1140 Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.	88
3.4	Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2021–2022	34	Kap. 1141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	89
3.5	Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2017–2018	35	Kap. 4141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	90
4	Oversiktstabellar for budsjettet	37	Kap. 1142 Landbruksdirektoratet	91
Del II	Budsjettframlegg	41	Kap. 4142 Landbruksdirektoratet	100
5	Nærare omtale av løyvingforslaga	43	Kap. 1148 Naturskade – erstatningar	100
Programområde 15			Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklings- tiltak i landbruket	101
Landbruk og mat	43		Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	103
<i>Programkategori 15.00</i>			Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	116
<i>Administrasjon m.m.</i>	43		Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifts- avtalen	116
Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet	45		Kap. 1152 Bionova	118
Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet	46		Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	120
<i>Programkategori 15.10 Matpolitikk</i>	47		Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	122
Kap. 1115 Mattilsynet	52		<i>Programkategori 15.40 Forretningsdrift</i>	125
Kap. 4115 Mattilsynet	58		Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	126
<i>Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling</i>	60		Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte	127
Kap. 1135 Veterinærinstituttet	61		Del III	Omtale av særlege tema
			6	Samfunnstryggleik og beredskap
			7	Likestilling
			8	Oppfølging av FN's berekraftsmål

9	Oversikt over lønsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemdar	142	Vedlegg	
			1	Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter
				150
Forslag		144	2	Oversikt over fullmakter som gjeld meir enn eitt budsjettår
				158

Figuroversikt

Figur 1.1	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet.	12	Figur 5.2	Fordeling av prosjekta i Bioøkonomiordninga	120
Figur 5.1	Organisering	44			

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer	23	Tabell 7.1	Relativ og absolutt kjønnsfordeling i dei ulike stillingsgruppene per 31. desember 2024	135
Tabell 5.1	Støtte til organisasjonar i 2025 og budsjettframlegg for 2026	82	Tabell 7.2	Den relative og absolutte fordelinga av permisjonar både totalt og mellom kjønna	136
Tabell 5.2	Støtte til organisasjonar i 2024 ...	83	Tabell 7.3	Nytilsette	136
Tabell 5.3	Løyving og tilsegnfullmakt for tilskott til genressurstiltak i 2026	86	Tabell 9.1	Statskog SF	142
Tabell 5.4	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak	87	Vedlegg		
Tabell 5.5	Fordeling av midlar på kap. 1141, post 75	90	Tabell 1.1	Norsk institutt for bio-økonomi – utgifter og inntekter fordelte etter art	150
Tabell 5.6	Løyving og tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar i 2026	100	Tabell 1.2	Norsk institutt for bio-økonomi – inntekter etter inntektskjelde	152
Tabell 5.7	Løyving og tilsegnfullmakt infrastrukturtiltak i 2026	102	Tabell 1.3	Norsk institutt for bio-økonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar pr. 31. desember	152
Tabell 5.8	Tilskottsramme LUF	107	Tabell 1.4	Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelte etter art	154
Tabell 5.9	Kapitalsituasjonen til LUF 2024–2029	108	Tabell 1.5	Veterinærinstituttet – inntekter etter inntektskjelde	155
Tabell 5.10	Løyving og tilsegnfullmakt til Bionova i 2026	119	Tabell 1.6	Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar per 31. desember	156
Tabell 5.11	Framlegg om jeger- og fellingsavgifter, 2026.....	123			
Tabell 5.12	Berekning av kapital i Viltfondet, 2026	123			
Tabell 5.13	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2026	124			



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 26. september 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

Del I
Innleiande del

1 Landbruks- og matpolitikken til regjeringa

Verda har blitt meir farleg og meir uføreseieleg. Noreg står i den mest alvorlege tryggingssituasjonen sidan andre verdskrig. Å ha nok, trygg mat er ein føresetnad for alle samfunn. Difor prioriterer regjeringa å styrkje norsk matproduksjon og føre ein politikk som aukar matsikkerheita. Matsikkerheit er eitt av fire hovudmål for landbrukspolitikken. Å produsere nok, trygg og variert mat av god kvalitet er den viktigaste oppgåva jordbruket løyser for samfunnet. Det allsidige bondeyrket har difor ei viktig rolle for heile det norske samfunnet, og ikkje minst gjeld dette beredskap.

Desse overordna perspektiva ligg til grunn for regjeringa sine prioriteringar for jordbruket i framlegget til statsbudsjett for 2026.

Regjeringa vil ha eit aktivt og berekraftig jordbruk over heile landet. Jordbruket sitt samfunnsoppdrag er å produsere nok og trygg mat på norske naturressursar, og dermed gi arbeid, god ernæring og helse. Dyrevelferda skal òg vere god, og bøndene skal ha rammevilkår som gjer at dei kan utnytte potensialet for inntekt på garden best mogleg.

Regjeringa la i Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, fram ein strategi for å auke sjølvforsyninga av jordbruksvarer. Dette skal mellom anna skje gjennom å leggje til rette for auka inntektsmoglegheiter i jordbruket og auka planteproduksjonen til mat og fôr på ein måte som styrkjer konkurransekrafta for norsk mat mot import. Konkurranseskraft i matsektoren er avgjerande for å oppretthalde ein høg marknadsdel i heimemarknaden. For regjeringa er dette ein sentral del av arbeidet med å styrkje beredskapen. Regjeringa la vidare i Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipper for tallgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*, fram ein avtale om prinsippa for talgrunnlaget og nokre andre spørsmål i jordbrukspolitikken.

Gjentakande ekstremvær med tørke, flaum, storm og beitekriser har vist kor avgjerande det er med god beredskap for å tryggje jordbruksproduksjon, reindrift og skogbruk. Vi må difor vere budde på klimatilpassingar i landbruket i åra

som kjem. Dette er ein viktig del av beredskapsarbeidet til regjeringa.

Vi må òg nytte dei nasjonale ressursane etter beste evne, vidareutvikle mangfaldet og dei gode produksjonsmiljøa i jordbruket, reindrifta og skognæringa.

All mat som blir omsett i Noreg skal vere trygg. Dette er sentralt for Noreg som matnasjon. Produksjon av trygg mat skaper tillit, sikrar avsetnad av varer og legitimitet for eit levande landbruk og for næringsmiddelindustrien. God dyre- og plantehelse er viktig, og avgjerande for mattryggleik, kostnadseffektivitet og ein langsiktig og berekraftig matproduksjon. God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv, samstundes som det er eit gode for samfunnet og eit konkurransefortrinn for norsk mat. Regjeringa har lagt fram Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*, som gjeld for alle dyr som er omfatta av dyrevelferdslova, inkludert fisk. Ny kunnskap om dyrevelferd og utviklinga i norsk dyrehald, husdyrproduksjon og havbruk har stått sentralt i dette arbeidet.

Reindriftsnæringa nyttar marginale utmarksressursar, og næringa er avgjerande for å bevare samisk kultur og språk. Regjeringa sitt framlegg til endringar i reindriftslova, som skal bidra til å sikre ei berekraftig reindrift, er vedteke av Stortinget. Tilgjengelege areal er ein føresetnad for ei berekraftig reindrift. Regjeringa held fram med å følgje opp tiltaka i tiltakspakka for reindrift og energi. Tiltaka skal leggje til rette for at ein betre kan vareta beiteareala til reindrifta.

Ansvarleg og langsiktig forvaltning av skogen er ein føresetnad for å produsere skog med kvalitetstømmer, og slik bidra til verdiskaping. Skogen kan bidra til å løyse klimaproblemet gjennom auka opptak av CO₂ og lagring av karbon i tre og skogsjord, og ved at biomasse kan erstatte materiale med høgare klimagassutslepp. Biomasse frå skog er òg ein føresetnad for mange karbonnegative teknologiar som kan trekkje karbon ut av kretsløpet. Skogen gir òg ei rekkje fellesgode og rekreasjonsverdiar.

Berekraftsmåla til FN er ein felles, overordna handlingsplan for ei berekraftig utvikling for alle land og samfunnsområde. Måla for landbruks- og

matpolitikken skal, på same måte som berekraftsagendaen, byggje på miljømessig, økonomisk og sosial berekraft. Regjeringa har sett ned eit ekspertutval som mellom anna skal gjere greie for moglegheiter, utfordringar og dilemma i det norske matsystemet, kome med tilrådingar og tiltak som kan styrkje berekrafta i det norske matsystemet framover i tid, og bidra til at det globale matsystemet blir meir berekraftig. Matsystemutvalet skal levere si utgreiing i form av ein NOU innan 1. november 2026.

Arbeidet med å redusere klimagassutsleppa frå landbruket skal førast vidare og opptaket av karbon skal aukast, samstundes som vi aukar

sjølvforsyninga og tilpassar produksjonen til eit endra klima. Det blir difor lagt vekt på å redusere utsleppa per produsert eining. Ein variert bruksstruktur som er tilpassa naturressursar og geografi, er avgjerande for å produsere mat på ein berekraftig og klimavenleg måte. Reduksjon av matsvinn er òg eit tiltak for å redusere utsleppa. Som eit ledd i dette arbeidet blei regjeringa sitt framlegg til lov om forebygging og reduksjon av matsvinn (matsvinnloven) vedteke av Stortinget. Regjeringa vil òg styrkje bransjeavtalen for reduksjon av matsvinn.

Regjeringa har følgjande mål for ein berekraftig landbruks- og matsektor:

Matsikkerheit og beredskap	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar
Sikre forbrukarane trygg mat (15.10) Auka matvareberedskap (15.30) God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd (15.10) Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane (15.30)	Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane (15.30) Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing (15.30) Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling (15.30) Leggje til rette for rekruttering i heile landet (15.30) Ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift (15.30)	Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter (15.30) Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat (15.30) Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine samla ressursar (15.30) Vidareutvikle Noreg som matnasjon (15.30) Leggje til rette for bonden sine inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden (15.30) Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder (15.30)	Redusert forureining frå landbruket (15.30) Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og gode klimatilpassingar (15.30) Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal og ressursgrunnlag (15.30) Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet (15.30)
Ei effektiv landbruks- og matforvaltning (15.00)			
Forskning, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken (15.20)			
Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar (15.30)			

Figur 1.1 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet.

I del II av proposisjonen er det gjort nærare greie for resultatane knytte til dei landbruks- og matpolitiske måla. Programkategorien der rapportering på mål finst, er vist i parentes etter kvart mål i figuren. Enkelte mål og tverrgåande mål kan rette seg mot fleire programkategoriar, sjølv om rapporteringa er samla under éin programkategori. Ein

berekraftig landbruks- og matsektor er eit gjennomgåande omsyn for alle dei landbruks- og matpolitiske måla. Det kan vere ulike omsyn som må balanserast både innad i sjølve målstrukturen til Landbruks- og matdepartementet og opp mot andre samfunns mål.

Prioriteringar i landbruks- og matpolitikken

Samfunnstryggleik, beredskap og auka sjølvforsyning

God matvareberedskap er ei prioritert og viktig oppgave for regjeringa. Landbruks- og matdepartementet skal bidra til at Noreg har god matvareberedskap. Matsystemet er komplekst med ei lang rekkje heilt naudsynte funksjonar som mellom anna kompetanse, teknologi, organisasjon, logistikk og innsatsfaktorar. Matvareberedskapen i dag byggjer på nasjonal produksjon, fungerande handelssystem og ivaretaking av produksjonsgrunnlaget. Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen. Forberedt på kriser og krig*, peikar på potensialet for å leggje om produksjon og forbruk i ein krisesituasjon.

Den globale usikkerheita aukar, og gjer det enda viktigare med ein nasjonal matproduksjon. Jordbruket sitt samfunnsoppdrag er å sikre befolkninga nok og trygg mat produsert på norske naturressursar, og gjennom dette bidra til sysselsetjing i heile landet, god ernæring og helse. Den 8. mars 2024 la regjeringa fram Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*. Hovudstrategien som er lagt til grunn for arbeidet med å auke sjølvforsyningsgraden er å forbetre og auke produksjonen av planteprodukt, både til mat og til fôr, på ein måte som styrkjer jordbruket si konkurransekraft mot import. Auka sjølvforsyning må anten komme som følge av auka innanlandsk produksjon av varer med låg sjølvforsyningsgrad, endring i det innanlandske forbruket, endring i norsk andel i fôr og fôrråvarer, eller ein kombinasjon av desse. Regjeringa sin strategi er delt inn i tiltak retta mot styrkt konkurransekraft, styrkt planteproduksjon til mat og fôr og tiltak for å oppretthalde dagens høge sjølvforsyningsgrad på husdyrprodukt. Alle tiltak i jordbrukspolitikken framover må vurderast opp mot korleis desse påverkar målet som er sett om auka sjølvforsyning korrigert for import.

For primærprodusentar i jordbruket og veksthusnæringa, blei det etablert ei ordning med straumstøtte frå desember 2021. Formålet med ordninga er å bidra til at norsk matproduksjon og produksjon i veksthus kan halde fram trass i dei ekstraordinære, høge utgiftene til straum. Ordninga med straumstøtte til jordbruk, veksthus og vatningslag blir vidareført ut 2029. Dette gir føreseielege rammer for næringa, og bidreg til å sikre norsk matproduksjon framover.

Beredskapslager for matkorn

Klimaendringar og meir ekstremvær i framtida kan påverke tilgangen på mat og gjere forsyningstryggleiken frå verdsmarknaden meir utfordrande. Uro i verdikjedene for matvarer og sikkerheitspolitiske kriser kan òg gjere matforsyninga meir utrygg.

I tråd med ambisjonane til regjeringa blei det etablert beredskapslagring av matkorn i 2024. Tiltaket skal bidra til at befolkninga i Noreg har tilgang til forsyning av matkorn i ein krisesituasjon.

Staten skal eige kornet, som skal vere integrert i det kommersielle lagerhaldet til marknadsaktørane. Lagera skal byggjast opp så raskt som råd med inntil 15 000 tonn korn per år. Målet er at det skal vere nok korn på lager til tre månaders forbruk innan 2029. Landbruksdirektoratet forvaltar ordninga med beredskapslagring, og har undertekna avtalar for lagring frå 2026–2029 og 25 år framover.

Opptrapping av inntektsmoglegheitene

Gode inntektsmoglegheiter er eit viktig verkemiddel for å nå målet om auka sjølvforsyning og dei andre måla i jordbrukspolitikken. I tillegg til å vere eit verkemiddel for å nå dei andre måla i jordbrukspolitikken, er også gode inntektsmoglegheiter eit mål i seg sjølv. I Meld. St. 11 (2023–2024), la regjeringa fram ein opptrappingsplan for inntektsmoglegheitene. I planen går det fram at ein med utgangspunkt i tala for 2021 i ein modifisert totalalkyle, legg opp til å auke inntektsmoglegheitene, med sikte på å lukke den gjennomsnittlege inntektsforskjellen til eit justert gjennomsnitt av løn for arbeidstakarar fram til 2027. Då Stortinget handsama Meld. St. 10 (2024–2025) i april 2025, blei det vedteke at talgrunnlaget skal nyttast slik det blei utarbeidd til forhandlingane i 2024. Det gjaldt med unntak for tal timar per årsverk i jordbruket, som skal reduserast i to trinn til 1 700 timar i 2027. Jordbruksavtalepartane nytta desse prinsippa for talgrunnlaget ved forhandlingane i 2025, og Budsjettnemndas grunnlagsmateriale viste at inntektsmålet kan bli nådd alleie i 2025. Ved handsaminga av jordbruksoppgjeret i 2025 vedtok Stortinget at inntektsgapet mellom bønder og andre grupper i samfunnet skal vere tetta framover.

Jordbruksavtalen styrkjer norsk matproduksjon

Den 16. mai 2025 blei staten og Norges Bondelag samde om ein jordbruksavtale, etter at Norsk Bonde- og Småbrukarlag valde å bryte forhandlingane tidlegare same dag. Jordbruksavtalen blei fremja for Stortinget i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2024)*, og vedteken 18. juni 2025. Nivået på budsjettoverføringane over jordbruksavtalen vil, etter inngått avtale, vere på 29 674 mill. kroner i 2026, noko som er ein auke på 75 pst. frå rekneskap 2021. Med jordbruksavtalane dei fire siste åra har regjeringa bidrege til eit stort inntektsløft for bøndene, og det berekna inntektsgapet til jordbruksoppgjøret 2025 er tetta. Berre forsvaret har hatt ein større prosentvis auke over statsbudsjettet i same periode.

På avtaletidspunktet hadde jordbruksavtalen 2025 ei samla ramme for 2026 på 29 674 mill. kroner. Av den auka ramma på 1 107 mill. kroner i 2026, skulle auka løyvingar over statsbudsjettet finansiere 747 mill. kroner. På bakgrunn av volumjusteringar i ettertid, blir det fremja forslag om å auke løyvingane med 410 mill. kroner i statsbudsjettet for 2026. Bøndene får kompensert for den prognoserte kostnadsveksten i 2026, og det blir vidare lagt til rette for ein inntektsvekst på 33 000 kroner per familieårsverk frå 2025 til 2026.

To hovudprioriteringar for partane var auka sjølvforsyning og eit vidare løft for klima- og miljøarbeidet. Partane har i avtalen særleg styrkt produksjonen av korn og grønt, og økonomien i sauehaldet og i spesialisert storfekjøttproduksjon. Satsane blei auka for ei rekkje av tilskottsordningane som er retta mot det grovfôrbaserte husdyrhaldet. Det blei lagt vekt på å vidareføre marknadsbalanse i denne delen av kjøttsektoren og å utnytte beiteressursane.

Auka berekraft i verdikjeda for mat

Regjeringa styrkjer berekrafta i verdikjeda for mat gjennom verkemiddel både innanfor og utanfor jordbruksavtalen. Særleg viktige område er jordvern, klima- og miljøarbeidet i jordbruket, berekraftige fôrråvarer, plante- og dyrehelse, dyrevelferd og mattryggleik. Regjeringa legg òg vekt på medverknad og samarbeid med landbruket gjennom jordbruksavtalen.

Sosial, økonomisk og miljømessig berekraft heng tett saman og skal bidra til å oppnå berekraftsmåla til FN. Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å koordinere det nasjo-

nale arbeidet med berekraftsmål 2; Utrydde svolt, og har delansvar under fleire andre mål, mellom anna berekraftsmål 12; Ansvarleg forbruk og produksjon og mål 15; Livet på land. Status og nasjonal oppfølging av berekraftsmåla til FN er omtalt i del III av proposisjonen.

Landbruks- og matdepartementet har vidare ei koordinerande rolle nasjonalt med oppfølging av det FN-initierte arbeidet med utvikling av eit meir berekraftig matsystem. Regjeringa deltek aktivt i globale fora for matsikkerheit og berekraftige matsystem, for å fremje internasjonalt samarbeid og å utveksle erfaringar om arbeid nasjonalt.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval om framtidens matsystem som ei oppfølging av Stortinget sitt vedtak nr. 560 av 18. april 2024. Vedtaket blei fatta i samband med Stortinget si handsaming av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmogleheitene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

Landbruket som del av løysinga for klima og miljø

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine, og for å medverke til at vi når dei nasjonale klima- og miljømåla. For ein samla omtale av prioriteringar på klima- og miljø, sjå Prop. 1 S (2025–2026) frå Klima- og miljødepartementet.

Eit aktivt landbruk over heile landet er ein føresetnad for å vareta kulturlandskapet med eit stort mangfald av naturtypar, kulturminne og kulturmiljø. Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal bidra til å halde ved lag kulturlandskapet og redusere miljøbelastninga. Regjeringa sin intensjonsavtale med organisasjonane i jordbruket om å arbeide for reduserte utslepp og auka opptak av karbon i jordbruket, ligg til grunn for klimaarbeidet i sektoren. Gjennom Bionova har regjeringa styrkt arbeidet med klimatiltak i landbruket og utviklinga av den sirkulære bioøkonomien. Bionova er eit viktig verktøy for grøn omstilling i landbruket, og for omstilling til ein meir sirkulær bioøkonomi i næringslivet generelt.

I jordbruksoppgjøret 2025 blei miljø- og klima-innsatsen i jordbruket styrkt ytterlegare. Denne satsinga skal bidra til å følgje opp klimaavtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket og til arbeidet med å nå andre miljømål, til dømes innan vassmiljø og kulturlandskap, bruk av beite og artsmangfald. Oppfølging av planen *Helhetlig tiltaksplan for en ren og rik Oslofjord med*

et aktivt friluftsliv, er òg prioritert i forhandlingane dei siste åra. Regjeringa fastsette nytt gjødselregelverk i januar 2025. Sentralt i regelverket er å sørge for at gjødsel blir spreidd til rett tid, i rett mengd, og med rett kvalitet. Regjeringa vil etablere eit verktøy til forvaltning av nytt gjødselregelverk. Verktøyet vil òg vere til hjelp for at næring og forvaltning kan vareta si plikt til rapportering mellom anna av resultat frå jordprøver.

Reduksjon av matsvinn er òg eit sentralt tiltak for auka berekraft og reduksjon av klimautslepp. Etter framlegg frå regjeringa har Stortinget vedteke ei ny lov om førebygging og reduksjon av matsvinn. Formålet med lova er å betre utnyttinga av ressursane ved å hindre at næringsmiddel går ut av verdikjeda. Det er vedteke fleire krav som skal bidra til å førebyggje og redusere matsvinnet. Regjeringa vil òg styrkje bransjeavtalen om reduksjon av matsvinn.

Regjeringa har òg mål om å auke CO₂-opptaket i norsk skog. Igangsette og planlagde klimatiltak i skog og på anna areal, er omtalte i *Regjeringens klimastatus og plan*. Tettare skogplanting, gjødsling av skog, ungskogpleie og skogplantevedling er sentrale tiltak. Det er særleg viktig å prioritere ungskogpleie, sidan dette tiltaket både styrkjer skogen sitt karbonopptak, og bidreg til ein meir klimatilpassa og robust skog som toler klimapåkjenningar og klimaskadar. Elles ligg Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*, til grunn for klimapolitikken for skog- og arealbrukssektoren.

Meir berekraftig fôr

Matsikkerheita er under press som følgje av befolkningsvekst, auka press på areal og ressursar, klimaendringar og meir usikre forsyningslinjer. Dei globale matsystema står for over éin tredel av klimagassutsleppa. Auka bruk av norske, berekraftige råvarer til fiskefôr og kraftfôr til husdyr, er viktig for sjølvforsyning og beredskap, og for å redusere presset på klima og miljø.

På bakgrunn av dette har regjeringa lansert eit målretta samfunnsoppdrag om berekraftig fôr. Målet er at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr skal komme frå berekraftige kjelder og bidra til å redusere klimagassutsleppa i matsystema innan 2034. Samfunnsoppdraget skal bidra til å bevare naturmangfald, utvikle ein sterk føringrediensindustri og auke forsyningsikkerheita i Noreg.

Innsatsen på området er styrkt, og det er nedsett ei styringsgruppe som skal gi faglege råd om korleis vi skal nå dei måla som er sette.

Eit sterkt importvern er avgjerande for norsk matproduksjon

Regjeringa set ambisiøse mål for norsk landbruk og matindustri. Eit solid importvern er ein føresetnad for å nå måla om auka sjølvforsyning, betre inntektsmoglegheiter og landbruk over heile landet. Regjeringa forhandlar om rammevilkår for handel med jordbruksvarer i WTO, EØS og som ein del av EFTA. I slike forhandlingar legg regjeringa vekt på at det ikkje blir gitt konsesjonar for sensitive norske jordbruksvarer som til dømes meieri- og kjøttvarer. Regjeringa legg vidare vekt på retten til å innføre tiltak som påverkar handelen av omsyn til folke-, plante- og dyrehelse.

Levande landbruk og jordvern styrkjer beredskapen

Regjeringa vil at matjorda skal bli brukt til matproduksjon, og vil leggje til rette for eit levande landbruk i heile landet gjennom verkemidla i eigedomslovgivinga. Departementet vil i 2026 halde fram med lovutviklingsarbeidet som er sett i gang, mellom anna i jordlova. Forslag til nye reglar for omdisponering frå skog til beite vil bidra til at plikta om forynging etter hogst ikkje blir omgått. Det er vidare sett i gang arbeid med reglar for eit sterkare vern av dei viktigaste jordbruksareala.

Dyrka mark er ein knapp ressurs. Ved å ta vare på dyrka mark, styrkjer ein beredskapen. Ein ny nasjonal jordvernstrategi blei lagt fram i Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.)* Strategien fastset at målet for omdisponering av dyrka mark skal vere maksimalt 2 000 dekar per år. Målet skal vere nådd innan 2030. Regjeringa vil i 2026 fortsetje å følgje opp strategien.

Dyrevelferda og plante- og dyrehelsa skal varetakast

Dyrevelferda og plante- og dyrehelsa skal vere god. Dette er avgjerande for at bøndene skal kunne produsere trygg mat og for at matproduksjonen skal ha eit godt omdømme.

Regjeringa har lagt fram ei ny dyrevelferds-melding, som gjeld for alle dyr som er omfatta av dyrevelferdslova, inkludert fisk. Ny kunnskap om dyrevelferd og utviklinga i norsk dyrehald, husdyrproduksjon og havbruk har stått sentralt i dette arbeidet. Regjeringa legg i meldinga opp til at arbeidet med dyrevelferd kan utviklast vidare på ein kunnskapsbasert måte, samstundes som ein tek omsyn til næringane sine behov for føresielege rammevilkår. Mattilsynet har ei viktig

rolle med å overvake dyrevelferda og å utvikle regelverket. Innsatsen på dette området har blitt styrkt dei siste åra.

Helsesituasjonen i norsk husdyrhald er god. Samtidig har det dei siste åra vore fleire utbrott av smittsam dyresjukdom. Utbrotta viser behovet for kontinuerleg arbeid, overvaking og god beredskapsevne. Også plantehelsa er god, men meir import av planter og plantemateriale aukar risikoen for nye sjukdommar og skadegjerarar. Tilsyn med kontrollrutinane hos importørane er difor viktig. Mattilsynet arbeider med å utvikle planverk og tiltak, overvakar og handterer hendingar på plante- og dyrehelseområdet. Dette arbeidet er avgjerande for å styrkje og bevare den gode plante- og dyrehelsa i Noreg.

Det er utfordringar med tilgang på veterinærtenester i jordbruket. Tilstrekkeleg tilgang på slike tenester er vesentleg av omsyn til dyrehelsa, dyrevelferda, mattryggleiken og landbruk i heile landet. På oppdrag frå departementet har ei arbeidsgruppe laga ei utgreiing. I oppfølginga av utgreiinga er det mellom anna tildelt midlar til eit pilotprosjekt som skal bidra til å få nyutdanna til å etablere seg i produksjonsdyrpraksis i distrikta. Ein viktig del av prosjektet er mellom anna å etablere ei mentorordning for veterinærar.

Næringsmiddelindustrien og jordbruket

Det er om lag 40 000 arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i Noreg. Mange av verksemdene ligg i distrikta, og har stor verdi for verdiskaping, sysselsetjing og busetjing.

Jordbruket er avhengig av ein livskraftig næringsmiddelindustri for å kunne foredle råvarer. Samtidig er industrien avhengig av norske råvarer i produksjonen. Til saman dekkjer jordbruket og industrien heile verdikjeda for matproduksjon. Regjeringa har lagt fram Meld. St. 16 (2024–2025) *Industrien – konkurransekraft for en ny tid*, som er ei oppdatering av dei samla utfordringane og moglegheitene for heile industrien, og inneheld tiltak innanfor rammevilkåra som har størst innverknad for industrien. I meldinga blir det slått fast at for å sikre framleis vekst, vil regjeringa føre ein aktiv næringspolitikk som bidreg til auka verdiskaping, legg til rette for lønsamme private investeringar og eit meir omstillingsdyktig næringsliv. I tråd med Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, la regjeringa fram eit vegkart for næringsmiddelindustrien 16. juni 2025. Vegkartet skal bidra til å leggje til rette for ein robust, inno-

vativ og marknadsretta industri som avtakar av norske råvarer.

Importvernet for jordbruksvarer bidreg til å oppretthalde ein levedyktig industri. Auka konkurranse stiller samtidig krav til omstillingsevne, effektivisering og innovasjon i verksemdene. Jordbruksavtalen har ordningar som skal kompensere for prisforskjellar på jordbruksråvarer mellom Noreg og utlandet, slik at næringsmiddelindustrien i Noreg kan produsere og omsetje industrielt foredla jordbruksvarer basert på norskproduserte jordbruksråvarer.

Auka rekruttering til mat- og måltidsbransjen

Regjeringa føreslår å styrkje samarbeidet mellom aktørane i verdikjeda for mat med 10 mill. kroner, med mål om auka rekruttering til matfagleg utdanning og auka rekruttering til mat- og måltidsbransjen. Det er ein relativt høg del unge vaksne som står utanfor utdanning og arbeidsliv, samstundes som det er eit aukande behov for fagarbeidarar i alle bransjar, også innan landbruks- og matsektoren. Interessen for matfaga i vidaregåande skule og i høgare utdanning, har gått jamt nedover over tid. For at primærlandbruket, lokalmatprodusentar, reiselivsbedrifter og næringsmiddelindustrien skal levere nok mat av god kvalitet, og saman byggje *Matnasjonen Noreg*, er ein avhengig av rekruttering til utdanning og næring i alle delar av denne verdikjeda.

Matnasjonen Noreg

Matnasjonen Noreg er ei felles ramme for arbeid med næringsutvikling og verdiskaping innan verdikjeda for mat, basert på ressursar frå hav og land. Arbeidet med *Matnasjonen Noreg* skal styrkje norsk matproduksjon, synleggjere norsk matkultur og -tradisjonar, fremje berekraft i heile verdikjeda og styrkje samarbeidet mellom ulike aktørar.

Det blei i 2025 lagt fram både ei *Oppskrift for mer lokalmat og -drikke* og ein ny *Nasjonal strategi for økologisk jordbruk*. Samtidig blir det arbeidd med ei offentleg utgreiing om framtidas matsystem, som skal vurdere berekrafta i det norske matsystemet.

Skogen skaper verdier

Regjeringa la i 2023 fram eit oppdatert *Veikart 2.0 Grønt industriløft*, der skog- og trenæringa og anna bioøkonomi er eitt av satsingsområda. Bioressursane frå hav og land skal bli brukte til

klimavenlege og lønsame produkt, inkludert biodrivstoff, og bidra til å utvikle industriarbeidsplassar og lange verdikjeder i Noreg.

Eit berekraftig skogbruk, saman med ein lønsam foredlingsindustri, gir positive nærings-, energi- og klimabidrag. Hovudprioriteringane er auka planting, gjødsling av skog, ungsogpleie og skogplanteforedling for større produksjon av trevirke og auka opptak av CO₂ i skogen. Målet er at skogbruket skal kunne gi større bidrag til verdiskaping og grøn omstilling av økonomien.

Avskogingsforordninga

Avskogingsforordninga blei vedteken i EU i 2023. Forordninga erstattar tømmerforordninga, som er gjennomført i norsk rett, der Landbruksdirektoratet er ansvarleg myndigheit for innanlands produksjon og omsetning av tømmer, og Miljødirektoratet er ansvarleg myndigheit for import. Målet med avskogingsforordninga er å minske EU sitt globale fotavtrykk som følgje av avskoging og skogforringing. Forordninga skal sikre at produkt som blir omsett i EU eller eksportert til land utanfor, ikkje bidreg til avskoging og skogforringing. Regjeringa har vedteke at Noreg skal gjennomføre dei delane av forordninga som er EØS-relevante. Landbruksdirektoratet sitt budsjett blir styrkt i 2026 for å førebu gjennomføring av forordninga. Det blir òg lagt fram for Stortinget ein samtykkeproposisjon og forslag til forskriftsheimel i jordlova. Forskriftsheimelen vil saman med naturmangfaldlova vere heimel for gjennomføring av forordninga som forskrift i norsk rett.

Haustbare viltressursar, rekreasjon og næringsutvikling

Regjeringa vil leggje til rette for ei berekraftig forvaltning av dei haustbare viltartane og gode rammer for jakt og fangst. Regjeringa sitt framlegg til ny viltressurslov blei handsama av Stortinget våren 2025, jf. Prop. 78 L (2024–2025) *Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)*, og Innst. 301 L (2024–2025). Arbeidet med å følgje opp oppmodingsvedtak frå Stortinget og føresegner til den nye lova er starta opp. Regjeringa tek sikte på at lova skal tre i kraft i 2026.

Ei berekraftig reindriftsnæring

Reindriftsnæringa nyttar marginale utmarksressursar og er avgjerande for å bevare samisk kultur og språk. I heile verdikjeda frå vidde til bord har det vore ei positiv utvikling dei siste åra. Utvik-

linga i prisen per kilo kjøtt til reineigaren har vore svært god i perioden fram til 2022. Marknadssituasjonen for reinkjøtt har i seinare tid blitt meir krevjande. I denne situasjonen er det avgjerande at ein nyttar dei etablerte ordningane over reindriftsavtalen på ein god måte for å leggje til rette for ei god utvikling i marknaden til reinkjøtt. Potensialet for auka inntening i og i tilknytning til reindriften, er framleis stort. Dette gjeld særleg innanfor vidareforedling av reinkjøtt, det reindriftsbaserte reiselivet og lærings- og omsorgsbaserte tenester.

Reindriftsavtalen 2025/2026 legg til rette for vidareutvikling av ei berekraftig næring. Viktige prioriteringar er dei direkte tilskotta, ivaretaking av reindriften sine areal, rådgiving og klimatilpassing og beredskap. Avtalen vidarefører prioriteringa av dei som har reindrift som hovudverksemd.

Ei velfungerande reindriftslov er viktig både for reindriftnæringa, forvaltninga og andre interesser i samfunnet. Regjeringa la våren 2025 fram Prop. 63 L (2024–2025) *Endringar i reindriftsloven og jordskiftelova*. Etter Stortingets handsaming, jf. Innst. 256 L (2024–2025), tredje endringane i kraft 1. juli 2025. Med desse endringane får reindriftnæringa betre styringsverktøy, nye reglar for reduksjon av reintal og tilgang til verkemidla i jordskiftelova, på tilnærma lik line med andre rettshavarar til fast eigedom. Det er lagt opp til at reindriften sitt skadebotansvar i så stor grad som mogleg blir likestilt med andre beitenæringar. Reindriftslova legg med desse endringane til rette for ei positiv utvikling for alle dei reindriftpolitiske måla om ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift.

Ei berekraftig reindrift er avhengig av naudsynte areal. Areal er ein knapp ressurs, og det er aukande konkurranse om areala. Konfliktnivået mellom reindrift og utbyggingsinteresser, til dømes fornybar energi, har dei siste åra vore høgt. Særleg har dette vore tydeleg etter Høgsterett sin dom i Fosen-saka. Regjeringa arbeidar no med oppfølging av staten si forplikting etter meklingsavtalane i Fosen-saka, og har starta arbeidet med å leggje til rette for eit tilleggsareal for Fosen reinbeitedistrikt. Regjeringa arbeider vidare med å følgje opp tiltaka i tiltakspakka for reindrift og energi.

Reindriften er ei næring som i stor grad blir påverka av klimaendringane. Årlege hendingar med låste beite i store område gir eit behov for langsiktig klimatilpassing i reindriften, samstundes som ein må handtere beitekrisene som oppstår. Dette er avgjerande for å nå målet om ei berekraftig reindrift som har god produksjon og lønsemd.

Dei genetiske ressursane må forvaltast godt

Dei genetiske ressursane hos husdyr og matvekstar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon og for å tilpasse den til klimaendringar. For å ta vare på det genetiske forrådet for mat- og landbruksproduksjonen i framtida, vil departementet følgje opp den nasjonale tiltaksplanen for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk. Omstrukturering av bevaringsarbeidet med etablering av klonbankar for fem vekstgrupper er ei høgt prioritert oppgåve.

Landbruk i nord gir god beredskap

Landbruk og næringsmiddelindustri i Nord-Noreg er viktig for totalberedskapen i landsdelen. Regjeringa har hatt ei sterk satsing på landbruket i Nord-Noreg på fleire område. Jordbruksavtalen i 2025 byggjer vidare på denne satsinga med ei prioritering av Nord-Noreg, noko som bidreg til å betre produsentøkonomien. Det er sett av ei rekrutteringskvote på 4 mill. liter kumjolk i Troms og Finnmark, og satsane for distrikts-tilskott er auka. For investeringsverkemidla er tilskottsandelen for investeringar i omlegging til lausdrift og i svineproduksjon heva til 65 pst. i heile Nord-Noreg. I tillegg er satsinga på *Bærekraftig matproduksjon og verdiskaping i nord*, vidareført. Satsinga skal bidra til å styrkje sårbare produsentmiljø i Finnmark, Troms og Nordland, motverke nedgang i tal bruk og fremje regionale fortrinn og moglegheiter knytte til det arktiske landbruket.

Kunnskap er ein føresetnad for eit berekraftig landbruk

Landbruks- og matforskinga skal byggje opp under næringa sine kunnskapsbehov, og bidra til at dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla blir nådde. I tillegg til løyvingar til Noregs forskingsråd, gir midlar til kunnskapsutvikling hos dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta viktige bidrag til utvikling av relevant kunnskap til næring og forvaltning. Rekruttering til landbruksutdanningane, på alle nivå, vil òg vere avgjerande for at næringa skal ha tilgang til naudsynt kompetanse.

Forsking og ny kunnskap skal bidra til sunn og trygg mat basert på norske ressursar og til auka sjølvforsyning i tråd med ambisjonane i Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av*

inntektsmoglegheitene i jordbruket. Samtidig skal landbruket tilpassast eit klima i endring, klimagassutsleppa frå jordbruket reduserast, opptaket av karbon aukast og miljøet varetakast. Kunnskap og teknologiutvikling legg òg grunnlaget for best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar og auka verdiskaping i dei landbaserte bionærin-gane.

Internasjonalt samarbeid

Dei store globale utfordringane med ustabile forsyningar og klima- og miljøkriser, krev eit forpliktande internasjonalt samarbeid.

Noreg har eit ansvar for å bidra til global matsikkerheit, både gjennom eigen produksjon og ved å støtte opp om internasjonalt arbeid på området. Regjeringa har dei globale berekraftsmåla som utgangspunkt for sitt internasjonale engasjement i dette arbeidet. Matsikkerheit er prioritert i utviklingspolitikken, både multilateralt og bilateralt.

Noreg er aktivt med i ei rekkje internasjonale forum på landbruks- og matområdet, både innanfor og utanfor FN-systemet. Mandatet for FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) omfattar global matsikkerheit, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar. Auka utfordringar for matsikkerheit globalt inneber stor merksemd på FAOs mandat. Noreg følgjer aktivt opp arbeidet i organisasjonen. Noreg er i 2025 gjesteland i G20 under Sør-Afrika sitt formannskap, og er mellom anna med i ei arbeidsgruppe for landbruk. Ei overordna prioritering for Sør-Afrika er global matsikkerheit og styrking av matproduksjonen blant land i sør, i tillegg til auka produksjon i landbruket, velfungerande handel og teknologisk utvikling.

Innanfor skogområdet deltek Noreg i FN sitt skogforum (UNFF) som har fastsett mål for forvaltning av skogane i verda, og legg overordna premisser for berekraftig skogforvaltning globalt.

Noreg har vidare slutta seg til ei rekkje internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, mattryggleik, plante- og dyrehelse, skog, klima og forskning.

Regelverket på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Noreg deltek i WTO/SPS-avtalen, som regulerer medlemsstatane si moglegheit til å vedta tiltak for å verne om folke-, dyre- og plantehelse, og i dei standardsetjande organa Codex Alimentarius Commission (Codex), Verdas dyrehelseorganisasjon (WOHA) og i Verdas plantehelseorganisasjon (IPPC).

Gjennom EØS-avtalen er det etablert eit omfattande harmonisert regelverk på matområdet, mellom anna for mat, dyr og innsatsvarer. Regelverket på matområdet utgjer ein stor del av regelverket som blir teke inn i EØS-avtalen. Land-

brukspolitikken er ikkje omfatta av EØS-avtalen, men blir i aukande grad påverka av anna regelverk som blir teke inn i EØS-avtalen, til dømes regelverk på klima- og miljøområdet.

2 Oversikt over budsjettframlegget for Landbruks- og matdepartementet

Utgifter fordelt på programkategoriar

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Budsjettets stilling pr. 1. halvår	Forslag 2026
15.00	Administrasjon m.m.	202 001	207 993	212 493	216 027
15.10	Matpolitikk	1 588 693	1 649 295	1 765 289	1 701 152
15.20	Forsking, innovasjon og kunnskaps- utvikling	1 016 174	1 054 784	938 790	1 052 982
15.30	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak	29 232 077	30 700 667	30 966 473	31 876 127
Sum programområde 15		32 008 945	33 612 739	33 883 045	34 846 288

Løyvinga til Veterinærinstituttet har bytta programkategori frå 2026. Frå 2026 blir løyvinga flytta frå programkategori 15.10 til programkategori 15.20. Tal for saldert budsjett 2025 og rekneskap 2024 på programkategorinivå, er også korrigert for dette.

Inntekter fordelt på programkategoriar

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert bud- sjett 2025	Budsjettets stilling pr. 1. halvår	Forslag 2026
15.00	Administrasjon m.m.	3 763	146	146	151
15.10	Matpolitikk	240 807	239 446	239 446	245 722
15.20	Forsking, innovasjon og kunnskaps- utvikling	20 935	21 437	21 437	
15.30	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak	378 682	394 611	394 611	403 817
15.40	Forretningsdrift	209 296	53 800	58 300	34 000
Sum programområde 15		853 483	709 440	713 940	683 690

Programkategori 15.00

Programkategori 15.00 *Administrasjon m.m.* omfattar drift av Landbruks- og matdepartementet

og diverse andre løyvingar forvalta av departementet. Forslag til utgiftsløyving under denne kategorien utgjør 216,0 mill. kroner, noko som er ein auke på 3,9 pst. frå saldert budsjett 2025. End-

ringane gjeld stort sett løns- og prisjusteringar. Sjå omtale av programkategorien i del II av proposisjonen.

Programkategori 15.10

Programkategori 15.10 *Matpolitikk* omfattar løyving til Mattilsynet. Forslag til utgiftsløyving under denne kategorien utgjer 1 701,2 mill. kroner, noko som er ein auke på 3,1 pst. frå saldert budsjett 2025. Endringane gjeld stort sett løns- og prisjusteringar. Løyvinga til Veterinærinstituttet er flytta frå programkategori 15.10 til 15.20 frå 2026. Sjå omtale av programkategorien i del II av proposisjonen.

Programkategori 15.20

Programkategori 15.20 *Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling* omfattar løyving til Veterinærinstituttet, Norsk institutt for bioøkonomi, forskingsaktivitet i regi av Forskningsrådet og andre løyvingar til forsking og innovasjon i landbruks- og matsektoren. Løyvinga til Veterinærinstituttet er flytta til programkategorien frå 2026. Forslag til utgiftsløyving under denne kategorien utgjer 1 053,0 mill. kroner, noko som er ein reduksjon på 0,2 pst. frå saldert budsjett 2025. Reduksjonen i løyvinga gjeld i stor grad tekniske nedjusteringar i løyvinga til NIBIO og grunnløyvingar under Forskningsrådet. Desse tekniske justeringane påverkar ikkje aktivitetsnivået på desse postane i

2026. Sjå omtale av programkategorien i del II av proposisjonen.

Programkategori 15.30

Programkategori 15.30 *Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak* er den største programkategorien under Landbruks- og matdepartementet. Programkategorien omfattar løyvingane til gjennomføring av jordbruksavtalen og reindriftsavtalen. Andre større område som inngår er løyving til drift av Landbruksdirektoratet og diverse tilskottsordningar forvalta av direktoratet, løyving til Bionova og løyving til naturskadeerstatningar. Forslag til løyving under denne kategorien utgjer 31 876,1 mill. kroner, noko som er ein auke på 3,8 pst. frå saldert budsjett 2025. Auken gjeld stort sett inngått jordbruks- og reindriftsavtale, i tillegg til løns- og prisjusteringar. Det er òg estimert større behov for løyving til straumstøtte og naturskade i 2026. I motsett retning trekk redusert behov for løyving til kompensasjon ved avviking av pelsdyrhald. Sjå omtale av programkategorien i del II av proposisjonen.

Programkategori 15.40

Programkategori 15.40 *Forretningsdrift* omfattar inntektsløyvingar frå avdrag, renter og utbytte i Statskog SF. Sjå omtale av programkategorien i del II av budsjettproposisjonen.

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	2 159 491	2 312 665	2 412 666	4,3
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	13 902	15 786	16 216	2,7
50–89	Overføringer til andre	29 835 547	31 284 288	32 417 406	3,6
Sum under departementet		32 008 945	33 612 739	34 846 288	3,7

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Sal av varer og tenester	282 127	289 653	299 140	3,3
30–49	Inntekter i samband med nybygg, anlegg o.a.	24 685	21 437		-100,0
50–89	Overføringar frå andre	536 671	388 350	374 550	-3,6
90–99	Attendebetalningar o.a.	10 000	10 000	10 000	0,0
	Sum under departementet	853 483	709 440	683 690	-3,6

3 Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak

Tabell 3.1 viser ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Landbruks- og matdepartementet.

I siste kolonne i tabellen nedanfor går det fram om departementet legg opp til at rapporteringa på

oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet òg vil rapportere på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2024–2025	1248	Midlar til handverksysting ved fagskulen Vestland	Ja
2024–2025	1123	Konfliktførebyggjande tiltak i framtidige reindriftsavtalar	Ja
2024–2025	1122	Rammevilkår for lokalmatproduksjon og agroturisme	Nei
2024–2025	1121	Opphavsmarking av produkt	Nei
2024–2025	1120	Reduksjon av nitrogentilførsel i Oslofjorden	Nei
2024–2025	1117	Tang, tare og mikroalgar i dyrefôr	Ja
2024–2025	1116	Rammevilkår for miljøvenleg gjødsel, jordforbetring og bioenergi	Nei
2024–2025	1115	Utvikling av grøntsektoren i norsk matproduksjon	Ja
2024–2025	1114	Sikre at inntektsgapet held fram å vere tetta framover	Ja
2024–2025	1113	Auka verdiskaping i grøntsektoren	Ja
2024–2025	1112	Styrkje satsinga på produksjon av plantevekstar til mat	Ja
2024–2025	1095	Vidareføre straumstøtte for jordbruks- og veksthusnæringa	Ja
2024–2025	772	Lov om førebygging og reduksjon av matsvinn	Nei
2024–2025	747	Regulering av jakttid for elg i Finnmark	Ja
2024–2025	746	Bruk av termiske siktemiddel ved hjortejakt	Ja
2024–2025	745	Bruk av drone ved ettersøk av påskutt storvilt	Ja
2024–2025	744	Krav om merking av feller ved bruk av jegernummer	Ja
2024–2025	743	Bandtvang for førar- og servicehundar	Ja
2024–2025	716	Matkornpartnerskapet	Ja
2024–2025	715	Strategi for å styrkje innovasjon og agritech i norsk landbruk	Nei
2024–2025	700	Reindriftslova og tvangsmulkt	Nei
2024–2025	645	Lagring av korn på gardsbruk	Ja

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2024–2025	568	Ta vare på villgeitene	Ja
2024–2025	566	Naturleg lys i fjørfefjøs	Nei
2024–2025	565	Fiksring av svin	Nei
2024–2025	564	Fødebingar for svin	Nei
2024–2025	563	Gjennomgå og endre forskrift om hald av svin	Nei
2024–2025	561	Faktorar som skal liggje fast i talgrunnlaget	Ja
2024–2025	560	Prioritering av Nord-Noreg i jordbruksoppgjeret	Ja
2024–2025	559	Tiltak for auka etterspørsel økologisk mat	Ja
2024–2025	558	Produksjonsmål økologisk mat	Ja
2024–2025	557	Jordbrukskonto	Ja
2024–2025	556	Offentleg utval om inntekter i jordbruket	Ja
2023–2024	850	Tiltakspakke for å redusere jordbruksareal ute av drift	Ja
2023–2024	847	Prinsipp for berekning av inntekt i jordbruket	Ja
2023–2024	846	Prisutjamningsordninga for mjølk	Ja
2023–2024	569	Gjennomgang av tilskottsystemet i jordbruket	Ja
2023–2024	567	Revidert strategi for økologisk landbruk	Ja
2023–2024	566	Plan for meir plantebasert mat	Ja
2022–2023	702	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Ja
2022–2023	701	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Ja
2022–2023	700	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	519	Innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog	Nei
2022–2023	95	Utval matkastelov	Ja
2021–2022	754	Bransjeavtalar for biogassproduksjon	Ja
2021–2022	381	Melding til Stortinget om dyrevelferd som byggjer på oppdatert kunnskap	Ja
2021–2022	382	Dyrevelferda i svinenæringa	Nei
2021–2022	383	Konkrete tiltak i melding til Stortinget om dyrevelferd	Ja
2021–2022	384	Alternativ til CO ₂ -bedøving av dyr	Ja
2017–2018	489	Fremje forslag til ein matkastelov	Ja

3.1 Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2024–2025

Midlar til handverksysting ved fagskulen Vestland

Vedtak nr. 1248, 20. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen tilføre utdannings-tilbudet innen håndverksysting i regi av fagskolen Vestland 2 mill. kroner for 2025.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 2 (2024–2025) *Revidert nasjonalbudsjett*, jf. Innst. 540 S (2024–2025).

Vedtaket er følgt opp gjennom overføring av midlar til Vestland fylkeskommune med kriterium for bruk av midlane og krav til rapportering på desse i 2026. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 1248, 20. juni 2025, med dette er følgt opp.

Konfliktforebyggjande tiltak i framtidige reindrifts-avtalar

Vedtak nr. 1123, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen prioritere konfliktforebyggjande tiltak i framtidige reindriftsavtalar og legge til rette for å etablere sperregjerder i beitegrenser der det er en konflikt mellom grunn-eier og reindrift, selv om en av partene ikke ønsker det.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 143 S (2024–2025) *Reindriftsavtalen 2025/2026*, jf. Innst. 533 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp prioritering av konfliktforebyggjande tiltak i forhandlingane om reindriftsavtale for 2026/2027. Landbruks- og matdepartementet har etablert eit utval for sameksistens mellom reindrift og jordbruk, som mellom anna vurderer behovet for sperregjerde i Nord-Østerdalen. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Rammevilkår for lokalmatproduksjon og agroturisme

Vedtak nr. 1122, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen styrke rammevilkårene for lokalmatproduksjon og agroturisme for å bidra til økt regional verdiskaping og bosetting.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjæret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa vil bidra til å styrkje rammevilkåra både for lokalmatprodusentar og turisme basert på garden sine ressursar gjennom oppfølging av *Oppskrift for meir lokalmat og -drikke*. Regjeringa vil følgje opp vedtaket, og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Opphavsmerking av produkt

Vedtak nr. 1121, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen innføre krav om opprinnelsesmerking av produkter slik at forbrukerne kan ta opplyste valg.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjæret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Reduksjon av nitrogentilførsel i Oslofjorden

Vedtak nr. 1120, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen sikre at det i arbeidet med «Helhetlig plan for bærekraftig bruk av nitrogen i jordbruket» foreslås løsninger som raskt reduserer nitrogentilførselen i Oslofjorden.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjæret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket ved å supplere mandatet for arbeidet med *Helhetlig plan for bærekraftig bruk av nitrogen*. Arbeidet har frist 15. mars 2026 for oppfølging i jordbruksoppgjæret 2026. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i samband med jordbruksoppgjæret 2026.

Tang, tare og mikroalgar i dyrefôr

Vedtak nr. 1117, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen vurdere tiltak for å legge til rette for økt bruk av tang og tare til dyrefôr, og muligheten for å utvikle mikroalger til bruk i dyrefôr for å redusere metanutslipp i landbruket.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjæret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa har sett i gang eit samfunnsoppdrag med mål at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr skal komme frå berekraftige kjelder, og bidra til å redusere klimagassutsleppa i matsystema innan 2034. Eventuelle tiltak for å leggje til rette for auka bruk av tang, tare og mikroalgar i dyrefôr er relevante for samfunnsoppdraget, og anna forskings- og utviklingsaktivitet på området. Forskingsinnsatsen på fôrområdet er styrkt, og det er nedsett ei styringsgruppe for samfunnsoppdraget som skal gi faglege råd om korleis ein kan nå dei måla som er sette. Ein første rapport frå styringsgruppa er forventa i november 2025. Ei vurdering av ulike fôrråvarer med omsyn til auka berekraft i matsystema, inkludert reduserte klimagassutslepp, vil inngå i det vidare arbeidet med samfunnsoppdraget. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Rammevilkår for miljøvenleg gjødsel, jordforbetring og bioenergi

Vedtak nr. 1116, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen bedre rammevilkårene for utvikling av miljøvennlig gjødsel, jordforbedring og bioenergi.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjæret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa har i januar 2025 fastsett nytt gjødselregelverk. Regjeringa rustar no opp rettleiings- og støtteverktøy som skal setje føretak og forvaltning i stand til å følgje opp regelverket på ein god måte. I jordbruksoppgjæret 2025 var det semje om auka løyvingar til mellom anna tilskott til miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel. I dag blir det gitt tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg, og det skal no greiast ut om ordninga skal leggjast om til ei teknologinøytral ordning. Bruk av fangvekstar bidreg til jordforbetring, og dei siste åra er det innført både krav og tilskott for å fremje bruk av fangvekstar.

Regjeringa vil følgje opp vedtaket vidare og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Utvikling av grøntsektoren i norsk matproduksjon

Vedtak nr. 1115, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at grøntsektoren skal utvikles til å spille en større rolle i norsk matproduksjon frem mot 2035, og at dette skal reflekteres i målformuleringene og prioriteringene i jordbruksforhandlingene fremover.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjæret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp dette mellom anna i jordbruksoppgjæret i 2026, og departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Sikre at inntektsgapet held fram å vere tetta framover

Vedtak nr. 1114, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen sikre at inntektsgapet mellom bønder og andre grupper i samfunnet forblir tettet fremover.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjæret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp dette i dei årlege jordbruksoppgjæra, og departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Auka verdiskaping i grøntsektoren

Vedtak nr. 1113, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for økt verdiskaping i grøntsektoren gjennom målrettede tiltak som styrker denne sektorens konkurransevne.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjæret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp dette mellom anna i jordbruksoppgjæret i 2026, og departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Styrkje satsinga på produksjon av plantevekstar til mat

Vedtak nr. 1112, 18. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen fremover styrke satsingen på produksjon av plantevekster til mat, for å øke selvforsyningen.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjeret 2025*, jf. Innst. 534 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp dette mellom anna i jordbruksoppgjeret i 2026, og departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Vidareføre straumstøtte for jordbruks- og veksthusnæringa

Vedtak nr. 1095, 16. juni 2025:

«Stortinget ber regjeringen om å vidareføre strømstøtteordningen for jordbruks- og veksthusnæringen til 31. desember 2029»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 148 L (2024–2025) *Lov om Norgespris og strømstønad til husholdninger*.

Regjeringa har følgd opp dette gjennom endring i forskrift, og vil følgje opp vidare gjennom løyvingar i dei årlege statsbudsjetta. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 1095, 16 juni 2025 med dette er følgd opp.

Lov om førebygging og reduksjon av matsvinn

Vedtak nr. 772, 27. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen gjøre de nødvendige tiltak for å sikre at det ikke lønner seg for virksomheter å destruere mat, fremfor å gi maten bort.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga Prop. 130 L (2024–2025) *Lov om førebygging og reduksjon av matsvinn*, jf. lovvedtak 68 (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Regulering av jakttid for elg i Finnmark

Vedtak nr. 747, 26. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om nødvendige endringer i viltressursloven §§ 10 og 42 som gjør at Finnmarkseiendommen, etter forslag fra den enkelte kommune, kan regulere jakttida for elg i perioden 1. september-23. desember i Finnmark.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 78 L (2024–2025) *Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)*.

Regjeringa vil følgje opp vedtaket gjennom ei lov- og forskriftsendring. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Bruk av termiske siktemiddel ved hjortejakt

Vedtak nr. 746, 26. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen raskt utforme forskrift som fortsatt tillater bruk av termisk sikte i hjortejakt.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 78 L (2024–2025) *Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)*.

Regjeringa vil følgje opp vedtaket gjennom ei endring i forskrift av 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Bruk av drone ved ettersøk av påskutt storvilt

Vedtak nr. 745, 26. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til nødvendige endringer i viltressursloven § 29 slik at jegere på land kan ha anledning til å benytte luftfartøy (drone) ved ettersøk av påskutt storvilt, tilsvarende som ved ettersøk av påskutt sjøfugl.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 78 L (2024–2025) *Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)*.

Regjeringa vil følgje opp vedtaket gjennom ei lovendring. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Krav om merking av feller ved bruk av jegernummer
Vedtak nr. 744, 26. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til nødvendige endringer i viltressursloven § 25 slik at det innføres krav om merking av feller ved bruk av jegernummer. Merkingen skal sikre oppsynets mulighet for identifisering og at eiers navn blir unntatt offentlighet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 78 L (2024–2025) *Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven)*.

Regjeringa vil følgje opp vedtaket gjennom ei lovending. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Bandtvang for førar- og servicehundar
Vedtak nr. 743, 26. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen, senest innen 1. oktober 2025, forskriftsfeste unntak fra sikringsreglene for servicehundar.»

Vedtaket blei fatta ved handsaming av Dokument 8:160 L (2024–2025) *Representantforslag om likestilling av førar- og servicehundar i spørsmål om bandtvang*, jf. Innst. 309 L (2024–2025) Regjeringa følgjer opp vedtaket med eit forslag til forskriftsfesting. Landbruks- og matdepartementet sendte *Forskrift om unntak fra bandtvang for servicehundar* på offentleg høyring i juni 2025, med høyringsfrist 10. august 2025. Forskrifta blei fastsett 20. august 2025. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 743, 26. mai 2025, med dette er følgt opp.

Matkornpartnerskapet

Vedtak nr. 716, 22. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen videreføre Matkornpartnerskapet etter 2030.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:234 S (2024–2025) *Representantforslag om å styrke innovasjon og AgriTech i norsk landbruk*, jf. Innst. 293 S (2024–2025).

Matkornpartnerskapet er eit forpliktande samarbeid mellom aktørar i verdikjeda for matkorn og planteprotein, og staten er ikkje ein del av dette partnerskapet. Regjeringa er positive til det gode

arbeidet som blir gjort for å leggje til rette for auka produksjon og forbruk av norsk matkorn og planteprotein gjennom Matkornpartnerskapet. Regjeringa har gjennom dei siste jordbruksoppgjera prioritert kornproduksjon og særleg tiltak for å auke delen norsk matkorn. Regjeringa legg til grunn at det er aktørane som har etablert partnerskapet som kan føre dette vidare, utan at staten kan styre dette initiativet. Regjeringa har arbeidd med å leggje til rette for auka produksjon av matkorn gjennom jordbruksforhandlingane. I den siste jordbruksavtalen blei det mellom anna prioritert satsing på matkveite.

Regjeringa er oppteken av at Matkornpartnerskapet blir ført vidare for å kunne bidra til å nå målsetjingane for auka verdiskaping og sjølvforsyning med norsk matkorn.

Regjeringa vil komme tilbake til tiltak for auka norsk matkornproduksjon gjennom dei årlege jordbruksoppgjera, og departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Strategi for å styrkje innovasjon og agritech i norsk landbruk

Vedtak nr. 715, 22. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en egen strategi for hvordan Norge kan lykkes med agritech, herunder styrke utvikling, forskning, økt kommersialisering av agritech i Norge og økt adaptasjon i landbruket.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av *Representantforslag om å styrkje innovasjon og agritech i norsk landbruk* (Dokument 8:234 S (2024–2025), jf. Innst. 293 S (2024–2025)).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket. Departementet vil starte arbeidet med å utarbeide ein strategi og kjem tilbake til Stortinget på eigna måte.

Reindriftslova og tvangsmulkt

Vedtak nr. 700, 20. mai 2025:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til nødvendige lov- og forskriftsendringer som medfører at det er Landbruksdirektoratet eller statsforvalteren, og ikke reindriftsstyret, som har kompetanse til å fatte vedtak om pålegg etter reindriftsloven § 75 og illegge tvangsmulkt etter reindriftsloven § 76 i konfliktsaker mellom reindrift og landbruk som gjelder ulovlig beiting, herunder på innmark.»

*Dette inkluderer nødvendige lov- og forskrifts-
endringer som medfører at Landbruks- og mat-
departementet er klageinstans for Landbruks-
direktoratets vedtak i slike saker.».*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 63 L (2024–2025) *Endringer i reindriftsloven og jordskifte-
lova (distriktsstyring, reintallsreduksjon, erstatning
og tilgjengeliggjøring av jordskiftelova på interne for-
hold i reindriften)*, jf. Innst. 256 L (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Lagring av korn på gardsbruk

Vedtak nr. 645, 6. mai 2025:

*«Stortinget ber regjeringen legge til rette for
mindre, lokale anlegg for spredt lagring av korn
på gårdsbruk.»*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen. Forberedt
på kriser og krig.*

Regjeringa følgjer opp dette i dei årlege jordbruksoppgjera, mellom anna i jordbruksoppgjeret i 2026, og departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Ta vare på villgeitene

Vedtak nr. 568, 10. april 2025:

*«Stortinget ber regjeringa ta initiativ til at Mat-
tilsynet, i staden for å avvikle heile villgeitflokk
innan fristen som no er sett, arbeider vidare for
å finne løysingar som sikrar dyrevelferda til
Kvistgeitene og tar vare på genressursane i
vidare husdyrhald.»*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:95 S (2024–2025) som omhandlar *Representant-
forslag om å ta vare på villgeitene*, jf. Innst. 192 S (2024–2025).

Landbruks- og matdepartementet har vore i dialog med Mattilsynet om saka, og legg til grunn at Mattilsynet finn gode løysingar i samarbeid med andre interessantar. Desse interessentane er eigar av flokken, Norsk genressursenter ved Norsk institutt for bioøkonomi og verten for ei planlagd bevaringsbesetning. Det går føre seg arbeid for å etablere ei bevaringsbesetning og å avvikle resten av den forvilla geiteflokk. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 568, av 16. april 2025, med dette er følgd opp.

Naturleg lys i fjørfeffjøs

Vedtak nr. 566, 10. april 2025:

*«Stortinget ber regjeringen innføre krav om
naturlig lys i eksisterende fjørfeffjøs og alle nye
fjørfeffjøs. I eksisterende fjørfeffjøs kan LED-lys
med dagslysspekter erstatte naturlig lys.»*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*, jf. Innst. 200 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Fiksering av svin

Vedtak nr. 565, 10. april 2025:

*«Stortinget ber regjeringen avvikle unntakene
om fiksering av svin og avslutte bruken av fikse-
ring senest innen utgangen av 2027.»*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*, jf. Innst. 200 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Fødebinger for svin

Vedtak nr. 564, 10. april 2025:

*«Stortinget ber regjeringen endre totalareal i
fødebinger for svin slik at det fastsettes til minst
7,5 m² for nybygg.»*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*, jf. Innst. 200 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Gjennomgå og endre forskrift om hald av svin

Vedtak nr. 563, 10. april 2025:

*«Stortinget ber regjeringen snarest gjennomgå og
endre forskrift om hald av svin for å øke dyrevelfer-
den i svinenæringen, med formål om å innføre
økt krav til areal og krav til mykt underlag og
bedre miljøberikelse og stille strengere krav til
dyrevelferd ved oppgraderinger av driftsbyg-
ninger eller ved nybygg.»*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*, jf. Innst. 200 S (2024–2025).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket med ei forskriftsendring og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Faktorar som skal liggje fast i talgrunnlaget

Vedtak nr. 561, 8. april 2025:

«Stortinget ber regjeringa leggje til grunn at normeringsfaktoren, avsetning til investeringar i avskrivbar egenkapital og samanlikningsgruppe ligg fast i talgrunnlaget slik det vart nytta ved jordbruksoppgjæret 2024, men at timetalet per årsverk i jordbruket vert redusert med 50 timar til 1 700 timar i to like trinn med verknad for kalenderåra 2026 og 2027.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipp for talgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*, jf. Innst. 197 S (2024–2025).

Vedtaket blei lagt til grunn i jordbruksoppgjæret 2025, og vil bli lagt til grunn for oppgjæret i 2026. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 561, 8. april 2025, med dette er følgt opp.

Prioritering av Nord-Noreg i jordbruksoppgjæret

Vedtak nr. 560, 8. april 2025:

«Stortinget ber regjeringa ha ei kraftig prioritering av Nord-Noreg i jordbruksoppgjæret 2025.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipp for talgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*, jf. Innst. 197 S (2024–2025).

Regjeringa la i jordbruksoppgjæret 2025 opp til ei kraftig prioritering av Nord-Noreg, mellom anna gjennom aukingar i tilskott for produksjon og areal, oppretting av ei eiga rekrutteringskvote for mjølk og auke av tilskottsdelen for investeringar i omlegging til lausdrift for storfe og svineproduksjon.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 560, 8. april 2025, med dette er følgt opp.

Tiltak for auka etterspørsel etter økologisk mat

Vedtak nr. 559, 8. april 2025:

«Stortinget ber regjeringa våren 2025, i «Nasjonal strategi for økologisk jordbruk», kome med

framlegg til korleis ein kan auke etterspurnaden etter økologisk mat gjennom ulike konkrete tiltak som legg til rette for auka etterspurnad både frå private og det offentlege. Det skal mellom anna vurderast om det er tiltak i Danmark og Sverige som kan nyttast i Noreg. Det skal vere eit særleg fokus på at norsk økologisk produksjon skal kunne møte ein auka etterspurnad.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipp for talgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*, jf. Innst. 197 S (2024–2025).

Regjeringa la våren 2025 fram strategien *Fra økologisk jord til middagsbord. Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2025–2032* i tråd med Stortinget sitt vedtak. Strategien er utgangspunkt for regjeringa si satsing på økologisk jordbruk, og er omtalt og følgt opp i jordbruksoppgjæret 2025, jf. Prop. 149 S (2024–2025) og Innst. 534 S (2024–2025). Strategien skal følgjast vidare opp fram mot 2032. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 559, 8. april 2025, med dette er følgt opp.

Produksjonsmål økologisk mat

Vedtak nr. 558, 8. april 2025:

«Stortinget ber regjeringa leggje til grunn følgjande målsetting om produksjon av økologisk mat: Eit produksjonsmål der 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2032, kombinert med verkemiddel som stimulerer til auka omsetnad av og etterspurnad etter økologisk mat i marknaden.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipp for talgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*, jf. Innst. 197 S (2024–2025).

Regjeringa la våren 2025 fram strategien *Fra økologisk jord til middagsbord. Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2025–2032*. Mål for strategien er det same som målformuleringa i vedtak nr. 558, og ligg til grunn for regjeringa sitt arbeid med økologisk jordbruk. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 558, 8. april 2025, med dette er følgt opp.

Jordbrukskonto

Vedtak nr. 557, 8. april 2025:

«Stortinget ber regjeringa våren 2025 kome med framlegg til jordbrukskonto, med verknad frå og med inntektsåret 2025.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipp for talgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*, jf. Innst. 197 S (2024–2025).

Regjeringa har fremja forslag til jordbrukskonto med verknad frå og med inntektsåret 2025. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 557, 8. april 2025, med dette er følgt opp.

Offentleg utval om inntekter i jordbruket

Vedtak nr. 556, 8. april 2025:

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig sette ned et offentlig utvalg som skal vurdere inntektene i jordbruket i forhold til inntektene til sammenlignbare næringsdrivende.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipp for talgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*, jf. Innst. 197 S (2024–2025).

I NOU 2022: 14 *Inntektsmåling i jordbruket* blei det gjort vurderingar av om inntektene i jordbruket kunne samanliknast med andre næringsdrivande. NOU-en gav òg omfattande statistikk over inntekter på personnivå for jordbruk samanlikna med andre grupper i samfunnet. Departementet viser til at statistikken korkje har tilstrekkeleg detaljnivå eller ei løpande måling av arbeidsforbruket hos andre næringsdrivande, noko som gjer at ho ikkje kan nyttast til å følgje opp inntektsmålet for jordbruket.

Departementet meiner at eit nytt utval ikkje vil kunne gi ny informasjon som vil forbetre grunnlaget for å gjere ei inntektssamanlikning mellom jordbruket og andre grupper.

Regjeringa tilrår difor at oppmodingsvedtaket blir oppheva jf. forslag til vedtak.

3.2 Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2023–2024

Tiltakspakke for å redusere jordbruksareal ute av drift

Vedtak nr. 850, 21. juni 2024:

«Stortinget ber regjeringen frem til jordbruksoppgjøret for 2025 utrede en tiltakspakke for å redusere jordbruksareal som er ute av drift.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjøret 2024*, jf. Innst. 448 S (2023–2024).

Vedtaket blei følgt opp i jordbruksoppgjøret i 2024 og 2025, med utprøving av eit teigbasert tilskott. Det er sett i gang ei prøveordning i utvalde kommunar i Nord-Noreg med stor andel areal som det ikkje blir søkt tilskott til. Landbruksdirektoratet har ansvar for prosjektet, og skal rapportere på resultata frå prosjektet til avtalepartane våren 2026. Evaluering og utvikling av tilskottet vil bli følgt opp i jordbruksoppgjøret i 2026. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 850, 21. juni 2025, med dette er følgt opp.

Prinsipp for berekning av inntekt i jordbruket

Vedtak nr. 847, 21. juni 2024:

«Stortinget ber regjeringen innen februar 2025 på nytt komme tilbake med egen sak med forslag til prinsipper for beregning av inntekt i jordbruket og sammenligning med andre grupper, for å sikre demokratisk forankring av tallgrunnalet til bruk i jordbruksoppgjørene og legitimitet til forhandlingsinstituttet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjøret 2024*, som eit laust forslag til Innst. 448 S (2023–2024).

Den 8. april 2025 handsama Stortinget Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipper for tallgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*. Stortinget sitt vedtak 561, 8. april 2025, avklarar dei politiske premissa for talgrunnlaget:

«Stortinget ber regjeringa leggje til grunn at normeringsfaktoren, avsetning til investeringar i avskrivbar egenkapital og samanlikningsgruppe ligg fast i talgrunnlaget slik det vart nytta ved jordbruksoppgjøret 2024, men at timetalet per årsverk i jordbruket vert redusert med 50 timar til 1 700 timar i to like trinn med verknad for kalenderåra 2026 og 2027.»

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 847, 21. juni 2024, med dette er følgt opp.

Prisutjamningsordninga for mjølk

Vedtak nr. 846, 21. juni 2024:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at ny markedsordning for melk har fungert minst ett år, før det vurderes å gjennomføre reduksjon av de konkurransefremmende tiltakene i prisutjevningsordningen for melk.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjøret 2024*, som eit laust forslag til Innst. 448 S (2023–2024).

Det blei gjort vesentlege endringar i marknadsordninga for mjølk frå 1. november i 2024, då målprismodellen blei avvikla og volummodellen for mjølk blei innført. Den 1. november i 2025 har denne modellen verka eitt år, og det er ikkje gjort endringar i dei konkurransefremjande tiltaka i prisutjamningsordninga for mjølk i denne perioden. Departementet legg med det til grunn at vedtaket er følgt opp.

Gjennomgang av tilskottssystemet i jordbruket

Vedtak nr. 569, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen gå gjennom tilskuddssystemet for å vurdere om overføringene til jordbruket fører til en styrking av norsk selvforsyning, og at mer jord i Norge tas i bruk til matproduksjon.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmogleighetene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

Dei årlege jordbruksoppgjera inneber ein gjennomgang av alle tilskottsordningane i jordbruket, med sikte på å styrkje produksjonen av norske jordbruksprodukt og jordbruk over heile landet. I Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjøret 2025*, er det ei liste over tiltak i jordbruksavtalen som særskild bidreg til auka sjølvforsyning. Ei partssamansett arbeidsgruppe leverte ein gjennomgang av korn- og kraftfôrpolitikken 7. mars 2025. Rapporten blei følgt opp i jordbruksoppgjøret 2025. Regjeringa har nedsett eit offentleg utval som skal lage ei utgreiing om framtidens matsystem. Utvalet skal levere sin rapport 1. november 2026.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 569, 18. april 2025, med dette er følgt opp.

Revidert strategi for økologisk landbruk

Vedtak nr. 567, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen revidere strategien for økologisk landbruk i 2024.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntekts-*

mogleighetene i jordbruket, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

Regjeringa la våren 2025 fram strategien *Fra økologisk jord til middagsbord. Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2025–2032*. Dette dokumentet erstattar strategien om økologisk jordbruk frå 2018, og er den gjeldande nasjonale strategien for økologisk jordbruk fram til 2032. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 567, 18. april 2024, med dette er følgt opp.

Plan for meir plantebasert mat

Vedtak nr. 566, 18. april 2024:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget våren 2025 med en plan for mer plantebasert mat, hvor målet er at den samlede norske plantebaserte produksjonen skal styrkes og sammenhengen mellom de ulike leddene i verdikjeden skal økes.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmogleighetene i jordbruket*, jf. Innst. 258 S (2023–2024).

I tråd med Meld. St. 11 (2023–2024), skal alle tiltak i jordbrukspolitikken framover vurderast opp mot korleis dei påverkar målet om auka sjølvforsyning. I Prop. 149 S (2024–2025) *Jordbruksoppgjøret 2025*, er det ei liste over tiltak i jordbruksavtalen som særskilt bidreg til auka sjølvforsyning. Dette blir følgt opp mellom anna i dei årlege jordbruksoppgjera. I jordbruksoppgjera i 2024 og 2025 har partane blitt samde om å auke tilkotta til produksjon av plantebasert mat substansielt. Regjeringa har nedsett eit offentleg utval som skal lage ei utgreiing om framtidens matsystem. Utvalet skal levere sin rapport 1. november 2026.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 566, 18. april 2025, med dette er følgt opp.

3.3 Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2022–2023

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 702, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen sikre at Mattilsynet i større grad anmelder alvorlige brudd på dyrevelferdsloven.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023),

som omhandlar representantforslag om strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet.

Mattilsynet har styrkt arbeidet med dyrevelferdskriminalitet og har utarbeidd retningslinjer for samarbeid mellom politiet og Mattilsynet. Tal på meldingar til politiet har auka dei siste åra, og dette vil bli følgt opp vidare framover. Temaet er òg omtalt i dyrevelferdsmeldinga som er handsama i Stortinget. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 702, 25. mai 2023, med dette er følgt opp.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 701, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen sikre at dyreeiere som ikke etterkommer pålegg fra Mattilsynet etter alvorlige og gjentatte brudd på dyrevelferdsloven, lettere fratas retten til å drive med husdyrhold.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023), som omhandlar representantforslag om strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet.

Oppfølging av kronisk dårlege dyrehald har vore eit prioritert område for Mattilsynet dei siste åra, og retningslinjer for oppfølging av desse dyrehalda er reviderte. Departementet har motteke fleire innspel om tilsynet sin verkemiddelbruk, og temaet er omtalt i Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd* som er handsama i Stortinget. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodningsvedtaket som avslutta.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 700, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen fremme lovforslag om å inkludere dyrevelferdsloven § 37 i opp-listingen i straffeprosessloven § 216 b første ledd bokstav b.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023) som omhandlar representantforslag om strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet.

Dyrevelferdskriminalitet og strafferamma etter dyrevelferdslova, er omtalt i Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*. Det er varsla i meldinga at regjeringa vil greie ut ein auke i strafferamma ved grove brott på dyrevelferdslova, i tillegg til konsekvensar og lovtekniske spørsmål som utfor-

ming og plassering av ei slik endring. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog

Vedtak nr. 519, 14. mars 2023:

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå dagens metode for innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdier i norsk skog, og vurdere tiltak for å sikre at intensjonen med miljøregistrering er ivarettatt, og at miljøregistreringen har tilstrekkelig kvalitet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:40 S (2022–2023), jf. Innst. 191 S (2022–2023) som omhandlar representantforslag om ein ny skogpolitikk.

Landbruks- og matdepartementet gav i mai 2023 Landbruksdirektoratet i oppdrag å setje i gang ein feltkontroll av miljøregistreringar i skog. Landbruksdirektoratet har, saman med Landskogtakseringa ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), utvikla eit kontrollopplegg. Opplegget blei starta opp i feltsesongen 2024 og er vidareført i 2025. NIBIO har òg gått gjennom instruksen for miljøregistreringar i skog, med sikte på å kunne evaluere både instruksen og oppfølginga av den etter over 20 år med miljøregistreringar. Målet er å slutføre dette arbeidet i feltsesongen 2025. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når arbeidet er slutført.

Utval matkastelov

Vedtak nr. 95, 1. desember 2022:

«Stortinget ber regjeringen sette ned et utvalg for å utrede matkastelov med mål om at loven skal tre i kraft i 2024.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Regjeringa sette i februar 2023 ned eit utval som skulle greie ut heilskapleg tiltaks- og verkemiddelbruk for å nå målet om 50 pst. reduksjon av matsvinnet innan 2030, og korleis ei matkastelov skal inngå i ein samla verkemiddelbruk. Rapport frå utvalet kom i januar 2024.

Regjeringa la i april 2025 fram forslag til lov om førebygging og reduksjon av matsvinn for Stortinget, og lova blei vedteke av Stortinget i juni 2025. Det er òg sett i gang utgreiingsarbeid for å

få på plass utfyllande forskrifter med sikte på at desse trer i kraft i løpet av 2026. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 95, 1. desember 2022, med dette er følgt opp.

3.4 Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2021–2022

Bransjeavtaler for biogassproduksjon

Vedtak nr. 754, 10. juni 2022:

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til å opprette bransjeavtaler med landbruket og fiskeri- og havbruksnæringen med mål og tiltak for å øke leveransen av råstoff til biogassproduksjon. Klynge samarbeid på tvers av bionæringene vil spille en viktig rolle i dette arbeidet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 36 (2020–2021) og Meld. St. 11 (2021–2022) *Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiressurser*, jf. Innst. 446 S (2021–2022). Eit breitt spekter av verkemiddel bidreg til å fremje bruk og produksjon av biogass i Noreg. Som omtalt i Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035*, er kostnader for biogasshandsaming og utfordringar med å skaffe avsetning for den næringshaldige bioresten viktige barrierar for auka biogassproduksjon. Gjennom arbeidet som er sett i gang med samfunnsoppdrag sirkulærøkonomi, og oppfølging av ekspertutval sirkulærøkonomi, vil regjeringa gjennomgå verkemiddel for å oppnå meir sirkulære verdikjeder. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Melding til Stortinget om dyrevelferd som byggjer på oppdatert kunnskap

Vedtak nr. 381, 15. februar 2022:

«Stortinget ber regjeringen legge fram en dyrevelferdsmelding som bygger på oppdatert kunnskap om dyrevelferd med utgangspunkt i faglige og faktiske forhold. Meldingen bør se faglig og politisk på problemstillinger knyttet til dyrehold, og gi oversikt over det vi gjør bra i dag, og om det er noe som kan gjøre annerledes og bedre i framtida. Det er sammenheng mellom menneskevelferd og dyrevelferd. Meldingen bør omtale dette.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:25 S (2021–2022), jf. Innst. 130 S (2021–2022)

som omhandlar representantforslag om å styrkje dyrevelferda for produksjonsdyr.

Meld. St. 8 (2024–2024) *Dyrevelferd*, blei lagd fram for Stortinget 20. desember 2024 og handsama i Stortinget 8. april 2025. I tråd med oppmodingsvedtaket byggjer meldinga på oppdatert kunnskap med utgangspunkt i faglege og faktiske forhold. Relevante problemstillingar er vurderte både fagleg og politisk. I meldinga er det gjort greie for positive sider ved norsk dyrehald. Det er òg gitt konkrete tilvisingar på kva som kan og bør forbetrast. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 381, 15. februar 2022, med dette er følgt opp.

Dyrevelferda i svinenæringa

Vedtak nr. 382, 15. februar 2022:

«Stortinget ber regjeringen se på insentiver som vil øke dyrevelferden i svinenæringen, særlig med hensyn til areal, underlag og miljøberikelse, og stille strengere krav til dyrevelferd ved oppgraderinger av driftsbygninger eller nybygg.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:25 S (2021–2022), jf. Innst. 130 S (2021–2022), som omhandlar representantforslag om å styrkje dyrevelferda for produksjonsdyr.

I Meld. St. 8 (2024–2024) *Dyrevelferd*, blir det varsla fleire tiltak for å betra dyrevelferda i svinenæringa, mellom anna å greie ut korleis areal og kvaliteten på areal til svin kan aukast og utviklast for framtidens driftssystem i svineproduksjonen. Det blir gjort framlegg om å innføre forbod mot fiksering av purker i fødebingar etter ei overgangstid for eksisterande driftsbygningar. Landbruks- og matdepartementet arbeider no med å følgje opp dette, og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Konkrete tiltak i melding til Stortinget om dyrevelferd

Vedtak nr. 383, 15. februar 2022:

«Stortinget ber regjeringa legge fram ei heilskapleg stortingsmelding om dyrevelferd som omfattar både produksjonsdyr i landbruket, kjæledyr og fiskeoppdrett, seinast i vårsesjonen 2023. Regjeringa vert beden om å greie ut og foreslå konkrete tiltak i meldinga både for betra dyrevelferd generelt og for spesifikke artar/grupper av dyr, herunder følgjande tema:

- *å greie ut korleis økonomiske verkemiddel i landbrukspolitikken kan innrettast på ein måte som løner god dyrevelferd.*

- å greie ut korleis norsk regelverk vil måtte endrast ved implementering av EU sitt varsla forbod mot hald av dyr i bur og trange bingar.
- å greie ut Mattilsynet sin kontroll- og rettleiingsfunksjon og trong for ressursar for å sikre tilstrekkeleg oppfølging av dyrevelferden i landbruket.
- å greie ut merkeordningar som gjer det lettare for forbrukaren å velje dyrevenlege produkt. Ei slik merkeordning kan vere statleg eller privat.
- å greie ut korleis grisar kan sikrast betre tilgang til uteareal, til dømes gjennom tilskots- eller merkeordningar, eventuelt gjennom endringar i lovverket.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:25 S (2021–2022), jf. Innst. 130 S (2021–2022), som omhandlar representantforslag om å styrkje dyrevelferda for produksjonsdyr.

Meld. St. 8 (2024–2024) *Dyrevelferd*, blei lagd fram for Stortinget 20. desember 2024 og handsama i Stortinget 8. april 2025. Dyrevelferds-meldinga gir, i tråd med oppmodingsvedtaket, ein heilskapleg gjennomgang av dyrevelferda og omfattar både produksjonsdyr i landbruket, kjæledyr og fiskeoppdrett. Konkrete tiltak blir utgreidd og foreslått, både for å forbetre dyrevelferda generelt og for spesifikke artar og grupper av dyr.

- Innretning av økonomiske verkemiddel i landbrukspolitikken blir avklart i dei årlege jordbruksforhandlingane og fell etter vurderinga til regjeringa utanfor rammene av stortingsmeldinga. Det blir i dag ytt investeringsmidlar over jordbruksavtalen mellom anna til omlegging av mjølkeproduksjonen til lausdrift.
- Potensielle endringar i norsk regelverk som følgje av eventuelt endra EU-regelverk, er ikkje utgreidd fordi det ikkje er klart korleis EU-regelverket i tilfelle blir utforma. Meldinga omtalar likevel ulike tiltak for å fase ut burhald og gi dyr større plass.
- Meldinga drøftar forhold som kan styrkje Mattilsynet sin kontroll- og rettleiingsfunksjon, under dette forbetre oversikta over tilstanden i dyrehalda og styrking av Mattilsynet sine verkemiddel. Ressursspørsmål for Mattilsynet vil bli handtert i den ordinære budsjettprosessen.
- Moglege merkeordningar, i statleg eller privat regi, for å gjere det lettare for forbrukarane å velje dyrevenlege produkt, er drøfta, jf. meldinga sitt kap. 7.4.1 om dyrevelferdsmerking.
- Meldinga signaliserer at departementet vil greie ut korleis areal og kvaliteten på areal til

svin kan aukast og utviklast for framtidige driftssystem i svineproduksjonen.

Landbruks- og matdepartementet arbeider no med å følgje opp meldinga. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 383, 15. februar 2022, med dette er følgt opp.

Alternativ til CO₂-bedøving av dyr

Vedtak nr. 384, 15. februar 2022:

«Stortinget ber regjeringa sørge for at det vert forska på alternativ til CO₂-bedøving av dyr i slakteri og kverning av hanekyllingar (maserasjon), med mål om at det vert innført betre metodar for avliving, og at det på sikt kan innførast eit forbod mot dagens praksis.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:25 S (2021–2022), jf. Innst. 130 S (2021–2022), som omhandlar representantforslag om å styrkje dyrevelferda for produksjonsdyr.

Det går føre seg internasjonal forskning på alternativ til bedøving av dyr med CO₂ og alternative metodar til kverning av daggamle hane-kyllingar. Landbruks- og matdepartementet følgjer med på denne forskinga. Metodar for avliving av dyr er regulerte i EØS-harmonisert regelverk. Så langt synest det krevjande å identifisere fullgode alternativ til CO₂-bedøving. I Noreg har eitt av to verpehønerugerier installert sorteringsmaskin som sorterer ut egg med hanekyllingar tidleg i rugeprosessen, slik at hanekyllingembryo blir avliva i egget. I stortingsmeldinga uttrykkjer regjeringa støtte til satsinga til næringa på metodar for kjønnsortering i egget, og signaliserer at det skal arbeidast for eit europeisk forbod mot kverning av daggamle kyllingar. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 384, 15. februar 2022, med dette er følgt opp.

3.5 Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2017–2018

Fremje forslag til ei matkastelov

Vedtak nr. 489, 27. februar 2018:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag til en matkastelov som omfatter næringsmiddel-industrien og matvarebransjen. Loven bør omfatte påbud om å donere all spiselig overskuddsmat til veldedige formål og sekundært til dyrefôr, samt påbud om å offentliggjøre nøkkel-

tall knyttet til matsvinn og reduksjon av matsvinn.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. Innst. 127 S (2017–2018).

Regjeringa sette i februar 2023 ned eit utval som skal greie ut heilskapleg tiltaks- og verkemiddelbruk for å nå målet om 50 pst. reduksjon av matsvinnet innan 2030, og korleis ei matkastelov skal inngå i ein samla verkemiddelbruk. Rapport frå utvalet kom i januar 2024.

Landbruks- og matdepartementet har følgd opp saka i samråd med Helse- og omsorgs-

departementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Klima- og miljødepartementet og Barne- og familiedepartementet. Regjeringa la fram forslag til lov om førebygging og reduksjon av matsvinn for Stortinget i april 2025, og lova blei vedteken av Stortinget i juni 2025. §§ 4 og 5 i lova følgjer opp del 2 av oppmodingsvedtaket om påbod om offentliggjerding av nøkkeltal og donasjon av overskottsmat. Det er òg sett i gang utgreiingsarbeid for å få på plass utfyllande forskrifter med sikte på at desse trer i kraft i løpet av 2026. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 489, 27. februar 2018, med dette er følgd opp.

4 Oversiktstabellar for budsjettet

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Administrasjon m.m.				
1100	Landbruks- og matdepartementet	202 001	207 993	216 027	3,9
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>202 000</i>	<i>207 993</i>	<i>216 027</i>	<i>3,9</i>
	Matpolitikk				
1115	Mattilsynet	1 558 693	1 649 295	1 701 152	3,1
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>1 588 693</i>	<i>1 649 295</i>	<i>1 701 152</i>	<i>3,1</i>
	Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling				
1135	Veterinærinstituttet	113 008	115 994	118 494	2,2
1136	Norsk institutt for bioøkonomi	272 785	278 450	279 978	0,5
1137	Forsking og innovasjon	630 381	660 340	654 510	-0,9
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>1 016 174</i>	<i>1 054 784</i>	<i>1 052 982</i>	<i>-0,2</i>
	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak				
1138	Støtte til organisasjonar m.m.	72 757	72 534	77 414	6,7
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	34 828	34 535	34 558	0,1
1140	Haustrbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.	77 886	85 890	85 890	0,0
1141	Haustrbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	12 971	13 306	13 565	1,9
1142	Landbruksdirektoratet	1 131 992	886 550	847 648	-4,4
1148	Naturskade – erstatningar	105 732	136 300	173 100	27,0
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	133 261	113 044	93 932	-16,9
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	27 308 922	28 925 568	30 083 683	4,0
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	199 966	225 000	250 000	11,1

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1152	Bionova	119 959	173 247	185 000	6,8
1161	Myndigheitsoppgåver og sektor- politiske oppgåver på statsgrunn	33 800	34 693	31 337	-9,7
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>29 232 077</i>	<i>30 700 667</i>	<i>31 876 127</i>	<i>3,8</i>
	Sum programområde 15	32 008 945	33 612 739	34 846 288	3,7
	Sum utgifter	32 008 945	33 612 739	34 846 288	3,7

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Administrasjon m.m.				
4100	Landbruks- og matdepartementet	3 763	146	151	3,4
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>3 763</i>	<i>146</i>	<i>151</i>	<i>3,4</i>
	Matpolitikk				
4115	Mattilsynet	240 807	239 446	245 722	2,6
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>240 807</i>	<i>239 446</i>	<i>245 722</i>	<i>2,6</i>
	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling				
4136	Norsk institutt for bioøkonomi	20 935	21 437		-100,0
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>20 935</i>	<i>21 437</i>		<i>-100,0</i>
	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak				
4141	Haustrbare viltressursar – jeger- prøve, tilskott til organisasjonar m.m.	4 486	4 680	4 900	4,7
4142	Landbruksdirektoratet	50 463	52 381	55 367	5,7
4150	Til gjennomføring av jordbruks- avtalen m.m.	1 688	50	1 050	2000,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	322 045	337 500	342 500	1,5
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>378 682</i>	<i>394 611</i>	<i>403 817</i>	<i>2,3</i>

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Forretningsdrift				
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	10 000	10 000	10 000	0,0
5652	Statskog SF – renter og utbytte	199 296	43 800	24 000	-45,2
	<i>Sum kategori 15.40</i>	<i>209 296</i>	<i>53 800</i>	<i>34 000</i>	<i>-36,8</i>
	Sum programområde 15	853 483	709 440	683 690	-3,6
	Sum inntekter	853 483	709 440	683 690	-3,6

Under Landbruks- og matdepartementet blir stikkordet «kan overførast» foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30–49.

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2025	Forslag 2026
1100	21	Spesielle driftsutgifter	11 253	20 645
1137	70	Innovasjonsaktivitet m.m.	0	2 993
1137	71	Forskingsaktivitet – Noregs forskingsråd	0	198 200
1138	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar	468	1 000
1139	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak	812	9 669
1140	21	Spesielle driftsutgifter	22	33 183
1140	71	Tilskott til viltformål	53	38 578
1141	23	Jegerprøve m.m.	533	4 900
1142	71	Tiltak for berekraftig reindrift	4 426	5 900
1142	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald	575 011	50 000
1149	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	1 019	37 932
1149	73	Tilskott til skog- og klimatiltak	2 019	56 000
1150	21	Spesielle driftsutgifter	1 901	39 200
1150	70	Marknadstiltak	11 492	317 550
1150	74	Direkte tilskott	16 190	17 886 445
1150	77	Utviklingstiltak	19 398	452 791
1150	78	Velferdsordningar	14 922	2 041 741
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	8 205	153 300
1151	79	Velferdsordningar	617	4 400

Del II
Budsjettframlegg

5 Nærare omtale av løvingsforslaga

Programområde 15 Landbruk og mat Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.

Utgifter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1100	Landbruks- og matdepartementet	202 001	207 993	216 027	3,9
	Sum kategori 15.00	202 001	207 993	216 027	3,9

Inntekter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4100	Landbruks- og matdepartementet	3 763	146	151	3,4
	Sum kategori 15.00	3 763	146	151	3,4

Mål

Programkategorien omfattar Landbruks- og matdepartementet (LMD). Departementets ansvarsområde dekkjer heile verdikjeda frå primærproducent til forbrukar, medrekna juridiske og økonomiske verkemiddel for mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren, nye landbruksbaserte næringar og haustbare viltressurser. Departementet har som mål at landbruks- og matforvaltninga skal vere effektiv. Det inneber at forvaltninga og drifta i underliggjande verksemdar skal vere effektiv. Verksemdene skal tilby enkle og brukarvenlege løysingar, og tenestene skal vere kjenneteikna av god kvalitet og tillit hos brukarane. I tillegg skal forvaltninga ha gode system for samfunnstryggleik og beredskap.

Landbruks- og matforvaltninga skal halde fram med å tilby brukarvenlege digitale tenester.

Digitale tenester skal bidra til å gi innbyggjarar og næringsdrivande ein enklare kvardag, samstundes som dei skal leggje til rette for at stat og kommune kan løyse oppgåvene sine meir effektivt. Digitalisering av interne arbeidsprosessar kan gi innsparingar og betre utnytting av ressursane, og betre tenester i tillegg til auka kvalitet på arbeidet.

Målet om ei effektiv forvaltning blir følgt opp i etatsstyringa med krav om forenkling og forbetring av organisering, prosessar, oppgåver og system, der det er potensial for dette. Denne forenklinga og forbetringa skal gi reduserte kostnader og betre tenester i framtida. For 2026 fører departementet vidare ambisjonen om å redusere husleigeutgifter som staten har i den private leigemarknaden. Det er òg lagt opp til forventningar til effektivisering på mange postar i budsjettet for 2026 for å finansiere andre høgt prioriterte tiltak.

Rapportering på mål

Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Ei effektiv forvaltning ligg til grunn for departementet og dei underliggjande verksemdene sitt arbeid og drift. Departementet stiller klare krav til underliggjande verksemder til at dei skal ha ei effektiv drift, formålstenleg organisering og effektive tenester. Alle underliggjande verksemder skal nytte tilgjengelege ressursar på ein mest mogleg formålstenleg og kostnadseffektiv måte. Det er eit mål å redusere husleigeutgiftene som staten har i den private marknaden, og i budsjettet for 2025 blei det lagt inn justeringar av løyvingane til underliggjande verksemder og forventningar til generell effektivisering på budsjettpostar der dette var aktuelt. Departementet følgjer opp at underliggjande verksemder etterlever krav til effektiv drift gjennom årleg rapportering og dialog i styringsmøta.

Digitalisering

Departementet følgjer opp at underliggjande verksemder etterlever digitaliseringspolitikken, gjennom rapportering og i styringsdialogen.

Digitale tenester retta mot brukarane er sentrale i Mattilsynets vidareutvikling. Mattilsynet legg vekt på at brukarane, både internt og eksternt, i størst mogleg grad skal kunne løyse behova sine digitalt, slik at kvardagen blir enklare og meir effektiv. Digitalisering og elektronisk utveksling av eksportsertifikat er eit døme på dette. I 2024 blei omtrent 50 pst. av alle sertifikat utferd i Eksportløysinga (55 438 sertifikat i 2024,

noko som er ein auke på om lag 13 000 sertifikat frå året før).


Landbruksdirektoratet tok i 2024 nye steg for å forbetre dei digitale løysingane. Sentrale tiltak var at direktoratet inngjekk avtale om bruk av NAV si skyplattform NAIS, og utviklinga av *Reindig*, som er eit nytt digitalt system for reindriftnæringa.

Institutta under Landbruks- og matdepartementet legg òg vekt på digitalisering. I 2024 var det vesentlege framsteg innan digitalisering. Prioriterte område i Veterinærinstituttet er mellom anna digital arbeidsplass, skybasert plattform og eit digitalt økosystem for dyrehelsesdata. Veterinærinstituttet er òg i gang med eit omfattande prosjekt for innføring av eit nytt laboratorieinformasjonssystem (LIMS), som vil gå over fleire år og vere ei stor investering for instituttet. Norsk institutt for bioøkonomi sine digitaliseringstiltak i 2024 har i hovudsak handla om ulike geografiske informasjonstenester, basert på effektiv dataforvaltning, nasjonalt geodatasamarbeid og utvikling av nettbaserte tenester. NIBIO har i 2024 òg forbetra intern infrastruktur og tenester for styrkt sikkerheit, auka effektivitet og betre brukaroppleving.

For rapportering på sikkerheit og beredskap, sjå del III av proposisjonen.

Organisering

Departementet har ansvaret for fire underliggjande verksemder, der departementet har det overordna administrative ansvaret og budsjettansvaret.



Figur 5.1 Organisering

Mattilsynet og Landbruksdirektoratet er ordinære statlege forvaltningsorgan som er brutto-budsjetterte. Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet er forvaltningsorgan med

særskilde fullmakter, og dei er nettobudsjetterte. Institutta har i tillegg egne styre oppnemnt av departementet.

Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	180 352	184 546	192 050
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	11 657	20 111	20 645
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	1 792	3 026	3 022
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	8 200	310	310
	Sum kap. 1100	202 001	207 993	216 027

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer lønsutgifter og andre utgifter til drift av Landbruks- og matdepartementet. Posten dekkjer alle resultatområde på departementet sitt ansvarsområde. Det kan òg bli tildelt midlar til underliggjande verksemder ved behov for særskilde utgreiingar og andre oppgåver. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 192,1 mill. kroner.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 180,4 mill. kroner på posten. Om lag 75 pst. av utgiftene var lønsrelaterte utgifter, mens om lag 17 pst. var relatert til husleige og lokale. Resten av løyvinga blei nytta til andre driftsutgifter, til dømes kjøp av IKT-utstyr og andre utgifter for drift og utvikling av IKT, reiser, kurs for tilsette og abonnement. Per 31. desember 2024 hadde departementet 115 utførte årsverk.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekkjer løn og drift i særskilde prosjekt og utgreiingsutval med meir. Det kan òg bli tildelt midlar til underliggjande verksemder ved behov for særskilde utgreiingar og andre oppgåver. Dei største tiltaka som er aktuelle å dekkje på posten for 2026, er tiltak mot skrantesjuka og oppfølging av statens plikt til å skaffe til vege tilleggsareal for vinterbeite for Fosen reinbeitedistrikt. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 20,6 mill. kroner.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 11,7 mill. kroner på posten. Dei prosjekta det blei brukt mest midlar på var kampen mot skrantesjuka (CWD) i regi av Mattilsynet og nye fagsystem for reindrifta.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, kan overførast, kan nyttast under post 50

Løyvinga dekkjer investeringar i departementet og utgifter til vedlikehald av eigedommane til departementet. Løyvinga dekkjer òg delvis finansiering av investeringar i underliggjande verksemder og utgifter/arbeid i samband med sal og taksering av eigedommar. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,0 mill. kroner. Posten kan overskridast ved sal av statleg eigedom, jf. framlegg til vedtak II, og posten kan nyttast under kap. 1100, post 50.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 1,8 mill. kroner på post 45. Midlane blei i all hovudsak nytta til større oppgraderingar og vedlikehald ved eigedommar som departementet eig. Løyvinga på posten kan nyttast under post 50, og det blei nytta 8,2 mill. kroner på post 50. Midlane på post 50 blei i hovudsak tildelt Norsk institutt for bioøkonomi, til verdivurderingar og ekstraordinære vedlikehaldstiltak ved eigedommane som instituttet forvaltar.

I tråd med Landbruks- og matdepartementets Prop. 1 S for 2024, kan departementet overskride løyvinga på posten ved sal av eigedom avgrensa

opp til 25,0 mill. kroner, jf. rapportering på kap. 4100, post 40.

departementet. Posten må sjåast i samanheng med post 45. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 310 000 kroner.

Post 50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Løyvinga dekkjer delfinansiering av innkjøp og vedlikehald i dei nettobudsjetterte institutta under

Rapport 2024

Posten må sjåast i samanheng med post 45. Sjå også rapportering under post 45.

Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Refusjonar m.m.	13	146	151
40	Sal av eigedom	3 750		
	Sum kap. 4100	3 763	146	151

På kapittelet blir det ført tilfeldige inntekter, refusjonar og inntekter ved sal av eigedom. Inntektene er budsjettert til 151 000 kroner for 2026.

Post 40 Sal av eigedom

Rapport 2024

Inntektene i 2024 blei 3,8 mill. kroner, og kjem frå sal av ein eigedom i Asker.

Programkategori 15.10 Matpolitikk

Utgifter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1115	Mattilsynet	1 558 693	1 649 295	1 701 152	3,1
	Sum kategori 15.10	1 558 693	1 649 295	1 701 152	3,1

Inntekter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4115	Mattilsynet	240 807	239 446	245 722	2,6
	Sum kategori 15.10	240 807	239 446	245 722	2,6

Mål

Programkategorien omfatter Mattilsynet. Når det gjeld løyving til oppgaver innanfor kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap ved Veterinærinstituttet, blir det vist til kat. 1520. Landbruks- og matdepartementets mål som gjeld programkategorien er hovudmålet om matsikkerheit og beredskap med tilhøyrande delmål om å sikre forbrukarane trygg mat, god dyre- og plantehelse og god dyrevelferd.

Programkategorien er òg viktig for arbeidet med å nå *matpolitiske mål*, og skal særleg bidra til å nå formåla i matlova, dyrevelferdslova, dyrehelsepersonellova, husdyravsløva, planteforedlarlova og matsvinnlova. Ein del av dette arbeidet har ikkje direkte samanheng med matproduksjon. Kategorien omfatter i tillegg arbeidet til Mattilsynet for å nå formålet i kosmetikklova.

Det faglege ansvaret på matområdet er delt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Matpolitikken til regjeringa dekkjer heile matproduksjonskjeda frå jord og fjord til bord. Målstrukturen på dette politikkområdet kjem i tillegg til målstrukturen til Land-

bruks- og matdepartementet som er omtalt under andre programkategoriar.

Hovudmåla på det matpolitiske området er

- å sikre trygg mat og trygt drikkevatt
- å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos dyr

Andre sentrale omsyn er

- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt
- sunt kosthald og gode matopplevingar
- nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping
- langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon
- forsvarleg husdyravl
- forebygging og reduksjon av matsvinn

Regjeringa legg vekt på at maten skal vere trygg, og tilfredsstille ønskje og behov hos forbrukarane. Ein mangfaldig matmarknad og lovfesta matinformasjon som er rett, relevant og lett tilgjengeleg, er føresetnader for at forbrukarane skal kunne ta informerte val, setje saman eit sunt kosthald og utøve makt i matmarknaden.

Regjeringa legg vekt på at rammevilkåra for næringsaktørane, mellom anna regelverk og kontroll, blir fastsette og følgt opp på ein slik måte at det ikkje oppstår unødige konkurransevridingar. Samstundes må næringsaktørane kunne nytte fleksibiliteten som ligg i regelverket.

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene, krev eit sterkt internasjonalt samarbeid. Handelen må skje i samsvar med internasjonale avtaler og vere basert på internasjonale standardar. Varene vi importerer skal vere trygge og oppfylle krava frå forbrukarane. Dette er òg vesentleg for å fremje god plante- og dyrehelse. For at norsk eksport ikkje skal bli hindra av urettvise krav frå importlanda, må Noreg vere leiande innan overvaking, risikovurderingar og forskning, særleg for sjømat og fiskehelse. Aktiv norsk deltaking i internasjonale forum er naudsynt, både for å påverke innhaldet i standardar, og regelverk og for å utveksle og utvikle kunnskap og erfaring.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt samarbeid på matområdet. Dette gjeld mellom anna i *Codex Alimentarius Commission*, som er FN's organisasjon for matvarestandardar oppretta av FN's organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) og Verdsheleorganisasjonen (WHO). I tillegg er Noreg aktiv i Verdens dyrehelseorganisasjonen (WOAH), Den internasjonale plantevernkonvensjonen (IPPC) og Den internasjonale vinorganisasjonen (OIV). Organisasjonane utviklar standardar som blir lagde til grunn i avtaleverket om mattryggleik og matkvalitet, helse og miljø under Verds handelsorganisasjonen WTO (SPS-avtalen og TBT-avtalen). Desse avtalene legg òg premisser for regelverket i EU/EØS.

Hovuddelen av regelverket på matområdet er harmonisert innanfor EØS. EØS-avtalen er basert på at regelverket i EU og Noreg så raskt som mogleg skal vere det same. Effektive og gode EØS-rutinar er difor svært viktige. Regjeringa legg vekt på tidleg involvering av interessentane, tydelege posisjonar og målretta innsats i regelverksutviklinga under Europakommisjonen, der EØS-avtalen gir Noreg best tilgang mellom anna ved utviklinga av nytt regelverk. Ved større eller sentrale rammerettsakter som blir handsama i Europaparlamentet eller Rådet for den europeiske union, arbeider regjeringa inn mot desse organa, for å fremje norske synspunkt.

Mattilsynet er ein sentral offentleg aktør i gjennomføringa av matpolitikken. Oppgåvene omfattar regelverksutvikling, offentleg kontroll, rettleiing, kartlegging og overvaking i heile matproduksjonsskjeda, frå innsatsvarer og primærproduksjon til omsetnad til forbrukarane.

Mattilsynet arbeider kontinuerleg med å gjennomføre tiltak for å betre forvaltningskvaliteten i heile verksemda. Fleire og betre digitale tenester, større grad av brukarorientering og god dialog med næringsaktørane, vil gjere tilsynet meir målretta og effektivt.

God kunnskap og vitenskapleg dokumentasjon er avgjerande for å nå måla i matpolitikken. Som ledd i regelverksutviklinga på matområdet, utfører *Vitenskapskomiteen for mat og miljø* (VKM) uavhengige faglege risikovurderingar for Mattilsynet. Arbeidet krev god samhandling med Mattilsynet og andre kunnskapsinstitusjonar og god kontakt med Den europeiske myndigheita for næringsmiddeltryggleik (European Food Safety Authority – EFSA). Sjå òg Prop. 1 S (2025–2026) frå Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 745.

God fagleg beredskap, kunnskapsutvikling og formidling er avgjerande for å nå matpolitiske mål og for å sikre ei kunnskapsbasert forvaltning. Veterinærinstituttet, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for bioøkonomi og Folkehelseinstituttet har sentrale roller i dette arbeidet.

Rapportering på Landbruks- og matdepartementets mål

Overordna mål: Matsikkerheit og beredskap

Landbruks- og matdepartementet har desse delmåla knytte til det overordna målet om matsikkerheit og beredskap på programkategorien:

Delmål

- Sikre forbrukarane trygg mat
- God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

Rapportering og omtale vidare omfattar meir enn berre LMDs mål på matområdet.

Målet om å sikre trygg mat og trygt drikkevann

Når det gjeld førekomst av matboren sjukdom, er situasjonen i Noreg god samanlikna med andre land. Det er naudsynt med kontinuerleg innsats for å halde oppe god mattryggleik. Arbeidet for trygg mat må stadig tilpassast nye trendar, endra klimatiske forhold og utviklinga i den globale matvaremarknaden og forsyningskjedene. Endringane kan skape nye moglegheiter, som til dømes at nye ressursar kan nyttast til mat, fôr og gjødsel, men òg nye trugslar, som auka fare for utvikling av antimikrobiell resistens eller overføring av sjukdom frå dyr til menneske.

Innsatsvarene og matvarene skal vere trygge. Regelverket og kontrollen skal leggjast opp slik at ein gjennom innsats i alle ledd i matproduksjonskjeda, bidreg til at sluttprodukta er trygge. I arbeidet for å sikre trygg mat er det avgjerande å redusere risikoen for sjukdom eller helseskade som kan oppstå på grunn av smittestoff eller framandstoff i innsatsvarer, mat og drikkevatn.

Det er næringsaktørane som har ansvaret for å etterleve regelverket slik at maten er trygg, og for å sikre god hygiene i heile matproduksjonskjeda. Det er viktig med effektive hygienetiltak og gode arbeidsrutinar, og då særleg i verksemdar som framstiller lettskjemd mat eller handterer mat som ikkje er innpakka.

Vassforsyning er kritisk infrastruktur. Forureining av drikkevatn og bortfall av vatn fører til risiko for liv og helse, og kan få store konsekvensar for samfunnet. Særleg i ei tid med auka internasjonal uro er det naudsynt å ha robust vassforsyning med stor merksemd på sikring og beredskap. Drikkevatnet i Norge er i hovudsak trygt, men høg lekkasjegrad og låg fornyingstakt av leidningsnett, gjer at det er risiko for bortfall og forureining av drikkevatnet. Tørke både sommar- og vinterstid og intensiverte nedbørsperiodar, utfordrar både leveringstryggleiken og råvasskvaliteten. Nokre stader er det behov for auke leveringstryggleiken for drikkevatn ut frå andre omsyn. For å møte denne utfordringa lanserte regjeringa i februar 2024 nye *Nasjonale mål for vatn og helse med gjennomføringsplan*, og er dessutan i gang med å følgje opp planen, jf. Prop. 1 S (2025–2026) frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Fleire tilfelle dei siste åra viser den nære samanhengen mellom sjukdom hos dyr og sjukdom hos menneske. Tal frå WHO viser at om lag 75 pst. av nye eller kjende infeksjonar som har auka hos menneske dei siste 30 åra, kjem av smittestoff frå dyr. Å ta vare på den gode norske dyrehelsa, som er eit resultat av systematisk arbeid gjennom mange år, er sentralt både for mattryggleiken og for god helsetilstand hos menneske og dyr.

Overvaking av inntaket av næringsstoff og framandstoff er viktig i folkehelsearbeidet og som grunnlag for faglege risikovurderingar. Mattilsynet samarbeider med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for å oppdatere inntaksdata om kor mykje folk et av ulike matvarer, og data om innhaldet av næringsstoff og framandstoff i matvarene. I dette samarbeidet blir *Matvaretabellen* med opplysningar om innhald av næringsstoff i matvarer utvida og forbetra kontinuerleg. Det er òg viktig med kunnskap om innhaldet av

framandstoff i innsatsvarer og råvarer, og om miljøforureiningar eller andre uønskte stoff i vatn eller jordsmonn som kan påverke innhaldet av framandstoff i fisk, landdyr og planter. Dette er nærare omtalt under kap. 1115.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
Kosthald- og ernæringsarbeidet er omtalt i Prop. 1 S (2025–2026) frå Helse- og omsorgsdepartementet, og ligg i hovudsak hos helsestyresmaktene. Arbeidet med å leggje til rette for eit kosthald som er i samsvar med kostråda, blir følgt opp av mange aktørar. Mattilsynet har ei sentral rolle i dette arbeidet, særleg for regelverk og tilsyn knytt til merking av mat, til dømes om ingrediensar og allergen, næringsinnhald, ernærings- og helsepåstandar og anna frivillig sunnheitsmerking, slik som *Nøkkelhølet*. Nøkkelhølet gir forbrukarane betre informasjon om matvarer som kan bidra til eit sunnare kosthald. Rett merking er naudsynt for at forbrukarane skal kunne gjere informerte val og handtere maten rett i samsvar med matinformasjonsforskrifta.

Målet om å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos dyr

Det er viktig med god overvaking og høg beredskap mot mange plante- og dyresjukdommar, planteskadegjerarar og sjukdommar som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar). Det er òg viktig å følgje med på effektar av klimaendringar på naturmiljø, som til dømes utbreiing av visse sjukdommar.

Noreg har generelt god plantehelse, men aukande import av planter og plantemateriale aukar risikoen for introduksjon av nye sjukdommar og skadegjerarar. Tilsyn med importørane sine kontrollrutinar er difor viktig. Helsesituasjonen i norsk husdyrhald er god. Dette er ein viktig bakgrunn for låg bruk av antibiotika i innanlandsk matproduksjon, noko som igjen har positiv innverknad for minst mogleg utvikling og spreiding av resistente mikrobar i Noreg. Regjeringa lanserte i 2024 *Nasjonal en-helse-strategi mot antimikrobiell resistens 2024–2033*. Målet med strategien er å redusere risikoen for at resistensproblema aukar, og avgrense konsekvensane antimikrobiell resistens kan ha for helse, kostnader og produktivitet. Strategien er tversektoriell, og har eit perspektiv på ti år. Det er sett i gang arbeid med å utarbeide sektorvise handlingsplanar der det er behov for det.

Eit prioritert arbeid er den langsiktige forvaltninga av hjortevilt sjukdommen skrantesjuka,

chronic wasting disease (CWD)). Sentrale oppgåver er å kartlegge utbreiinga og leggje til rette for å etablere ein ny villreinflokk i Nordfjella sone 1, og i tillegg å følgje opp klassisk skrantesjuka på Hardangervidda.

For å sikre størst mogleg samla verdiskaping innan berekraftige rammer i havbruket, er det behov for å løyse utfordringane med sjukdommar. Kontroll med sjukdom, inkludert lakselus, vil òg bidra til å sikre god velferd, minke smittepresset i miljøet, og redusere bruk og utslepp av medikament. Det døyr for mange oppdrettsfisk i dag. Regjeringa har eit mål om at dødelegheita skal ned mot 5 pst., jf. Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*. Målet skal bli nådd gjennom systematisk arbeid frå både næring og forvaltning. Som del av oppfølginga av Meld. St. 24 (2024–2025) *Fremtidens havbruk*, skal regjeringa utgreie avgift på tapt fisk. Dette vil òg kunne bidra til at målsetjinga kan bli nådd. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Arbeidet med å fremje god dyrevelferd og gode haldningar til dyr, held fram. Det trengst auka merksemd både på hald av produksjonsdyr (inkludert fisk) og kjæledyr. Utvikling av kunnskap om korleis avlstiltak og ulike driftsformer påverkar dyrevelferda, er ein viktig føresetnad.

Dyrevelferda i Noreg er gjennomgåande god, sjølv om det òg er utfordringar. Systematisk arbeid med dyrevelferdsprogram, regelmessige veterinærbesøk, kontroll på slakteri og helseregistreringssystem er døme på kontrollsystem som bidreg til god dyrevelferd. Med dette vil teikn på avvik bli raskare avdekt, og tidlege tiltak for å sikre dyrevelferda kan setjast inn i husdyrproduksjonane. Mattilsynet gjennomfører i tillegg tilsynskampanjar for å kunne setje i verk ytterlegare forbetringstiltak der det er naudsynt. Godt samarbeid mellom Mattilsynet og næringa, mellom anna med landbruket sine HMS-tenester og slakteria, bidreg òg til at vanskjømte dyrehald kan bli oppdaga tidleg.

Verkemidla for å fremje dyrevelferd er styrkte dei seinare åra, mellom anna gjennom innføring av eit administrativt gebyr ved enkelte brott på regelverket. Mattilsynet har inngått ein samarbeidsavtale med politiet, og det er etablert dyrekrimeringar i heile landet.

Andre omsyn

Tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt

God kontakt med relevante styresmakter i andre land er avgjerande for å sikre og betre marknadstilgangen. Norsk sjømat skal vere trygg og av høg

kvalitet slik at han blir føretrekt på den globale marknaden. Dei seinare åra har krava til dokumentasjon av mattryggleiken auka. For Noreg, som ein av verdas største eksportørar av sjømat, er det sentralt å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda. Det er òg viktig å bidra til føreseielege og stabile rammevilkår for eksporten. Her spelar Mattilsynet ei nøkkelrolle gjennom sitt tilsynsarbeid og den faglege dialogen med styresmaktene i importlanda. Dette arbeidet er avgjerande for å byggje og tryggje tilliten til norske produkt.

Ein viktig del av Mattilsynets innsats er å forhandle fram avtalar, som til dømes Memorandum of Understanding (MoUer), og å bidra i forhandlingar om krav til helsesertifikat i land utanfor EØS-området. Dette er sentrale verkemiddel for å opne og halde ved lag marknader for både sjømat og landbruksprodukt.

Den gode norske dyrehelsa er ein viktig konkurransefordel i eksportmarknaden, og blir nytta aktivt, mellom anna ved den aukande eksporten av avlsmateriale frå husdyr. Marknadstilgang til utlandet er òg viktig for ein del andre landbruksprodukt, og Mattilsynet bidreg til dette gjennom fagleg og internasjonalt samarbeid.

Sunt kosthald og gode matopplevingar

Fagleg og vitskapleg basert informasjon om samanhengen mellom kosthald og helse, både for kvar enkelt og for folkehelsa, må nå fram til forbrukarane på ein tenleg måte. Nye nasjonale kostråd for god helse blei lansert av Helsedirektoratet i 2024.

Arbeidet for å leggje til rette for eit sunnare kosthald må vere basert på kva mat forbrukaren ønskjer, på matglede og god matkvalitet. Det må òg leggjast til rette for innovasjon og produktutvikling av sunnare produkt som kan gjere det lettare for forbrukaren å velje sunn mat.

Folkehelsepolitikken legg mellom anna vekt på tiltak for å gjere det enklare å velje sunt, og å leggje til rette for gode mat- og måltidsvanar i barnehagar, skular/SFO og hos eldre, jf. Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. Regjeringa har i 2025 fastsett forskrift om forbod mot marknadsføring av visse næringsmiddel særskilt retta mot born og forskrift om forbod mot sal av energidrikk til born under 16 år. For nærare omtale av folkehelsearbeidet, sjå Prop. 1 S (2025–2026) frå Helse- og omsorgsdepartementet. Innsatsen på folkehelseområdet må òg sjåast i samanheng med tiltak i strategien *Matnasjonen Norge*,

Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene – status, utfordringer og veien videre*, Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimameldingen 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*, og regjeringa sin ambisjon om å gradvis innføre eit dagleg sunt, enkelt skulemåltid.

I arbeidet med å utvikle og synleggjere *Matnasjonen Norge*, er mat- og måltidsglede ein del av dette. Det er eit sektorovergripande område som omhandlar mellom anna helse, ivaretaking av mattradisjonar, brukarinvolvering, berekraftig innkjøp av mat og drikke og lokale arbeidsplassar.

Auka sjømatkonsum er blant tiltaka for betre kosthald. Regjeringa vil fremje havet som matfat og verdien av mat frå havet i arbeid med mat sikkerheit og ernæring. Blant tiltaka er mellom anna kosthalsprogrammet *Fiskesprell*, som skal gi born og unge smaken på sjømat. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping

Innovasjon og næringsutvikling i produksjon av mat med lokal identitet er sentralt for å kunne ha sterke og innovative små og store verksemdar. Regjeringa vil bidra til å auke tilgangen til lokale matprodukt for forbrukarane.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å informere betre om regelverket og gjere det meir tilgjengeleg. Å kommunisere og dele kunnskap med verksemdar, bransjeorganisasjonar og kompetansenettverk er sentralt for utviklinga på lokalmatområdet.

Langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon

Det er aukande merksemd nasjonalt og internasjonalt på utvikling av berekraftige matsystem.

Matproduksjon kan ha påverknad på klima og tap av naturmangfald. Samtidig vil klimaendringane kunne påverke norsk matproduksjon, både på kort og lang sikt, gjennom reduserte og mindre stabile avlingar, svakare og meir uvisse produktivitetsutvikling og auka førekomst av skadegjerarar og sjukdommar i planteproduksjon og husdyrhald. Noreg må førebu seg på å møte dei utfordringane klimaendringar fører til for det norske matsystemet.

Som oppfølging av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmogleghetene i*

jordbruket, jf. Innst. 258 S. (2023–2024), er det sett ned eit offentleg utval som skal bidra til å få meir heilskapleg kunnskap om det norske matsystemet sett opp mot FN sine definisjonar av eit berekraftig matsystem, der alle dei tre dimensjonane av berekraft blir vurderte. Utvalet skal gjere greie for moglegheiter og utfordringar, og gi tilrådingar for framtid sitt matsystem med frist 1. november 2026.

Det vil bli arbeidd med å redusere bruk og risiko for negative helse- og miljøeffektar ved bruk av plantevernmidde, i tråd med gjeldande *Handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmidde*. I dette arbeidet er bruk av integrert plantevern eit sentralt element, der ein i størst mogleg grad nyttar alternativ til kjemiske plantevernmidde. Godt samarbeid mellom næringa, rådgivingstenesta, kunnskapsinstitusjonar og styresmakter er sentralt for å kunne nå måla i handlingsplanen.

Regjeringa tek utgangspunkt i at berekraftig fiskeri og havbruk, sunn og trygg sjømat vil bidra til at mat frå havet blir ei sentral kjelde til mat sikkerheit og ernæring, og slik kan bidra til å oppfylle FN sine berekraftsmål. Skal Noreg lukkast som sjømatnasjon framover, må vi mellom anna sikre god marknadstilgang og finne løysingar på berekraftsutfordringar. Her spelar berekraftig fôr, god fiskehelse og -velferd og dokumentasjon om sunn og trygg sjømat ei nøkkelrolle.

Ytterlegare omtale av arbeidet for å sikre langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon, finst under kat. 15.20 og 15.30.

For nærare omtale av sjømat, sjå i Prop. 1 S (2024–2025) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Lov om forebygging og reduksjon av matsvinn (matsvinnlova)

Matsvinn er identifisert som ei av utfordringane på nasjonalt nivå for å oppfylle FN sine berekraftsmål om å halvere matsvinnet per innbyggjar på verdsbasis innan 2030. Bransjeavtalen om redusert matsvinn frå 2017 dannar grunnlag for samarbeid mellom styresmakter, og alle ledd i matverdikjeda om å fremje betre utnytting av ressursar og råstoff gjennom å førebyggje og redusere matsvinn i heile matkjeda. Som eit nytt verkemiddel i tillegg til bransjeavtalen, vedtok Stortinget ei ny lov om førebygging og reduksjon av matsvinn (matsvinnlova) 20. mai 2025. Landbruks- og matdepartementet følgjer opp arbeidet i samarbeid med HOD, NFD, KLD og BFD.

Lov om forsvarleg hundehald (hundelova)

Landbruks- og matdepartementet vil arbeide vidare med forskrifter under lova. Arbeid med

retteleiing av kommunar og hundehaldarar er òg i gang. Departementet har endra *Forskrift om unntak fra båndtvang for servicehunder*, frå 20. august 2025.

Kap. 1115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	1 542 475	1 630 585	1 681 919
22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	12 236	14 517	15 040
71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	3 982	4 193	4 193
	Sum kap. 1115	1 558 693	1 649 295	1 701 152

Landbruks- og matdepartementet har det overordna administrative og budsjettmessige ansvaret for Mattilsynet, og samarbeider med Nærings- og fiskeridepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet i etatsstyringa av Mattilsynet.

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 681,9 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Mattilsynet.

Mattilsynet har hovudansvaret for å utvikle regelverk og føre kontroll med at regelverket om mattryggleik, drikkevatn, plantehelse, dyrehelse, dyrevelferd, kvalitet og forbrukaromsyn blir etterlevd i heile matproduksjonskjeda.

Mattilsynet fører òg kontroll med at regelverket blir etterlevd på andre område. Dette gjeld mellom anna regelverk om dyrehelsepersonell, planter og dyr som ikkje inngår i matproduksjon, husdyravl, kosmetikk og kroppsspleieprodukt, omsetnad av reseptfrie legemiddel utanom apotek og matsvinn.

Mattilsynet har òg oppgåver knytte til regelverksutvikling og internasjonalt arbeid. Området er sterkt påverka av internasjonale rammevilkår.

Det er verksemdene sjølve som har ansvar for å kjenne til og etterleve regelverket. God rettleiing frå Mattilsynet om regelverket er sentralt. Mattilsynet vil bruke dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde når det er naudsynt for å sikre etterleving av regelverket.

Mattilsynet vil arbeide etter desse måla

- sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatn
- fremje god helse hos planter og dyr
- fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
- fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- vareta miljøvenleg produksjon
- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt
- førebyggje og redusere matsvinn

Hovudverkemidla i arbeidet er å:

- utvikle regelverk
- rettleie om regelverk
- handheve regelverk
- overvake status og utvikling på området
- ha god beredskap for handtering av hendingar og kriser

Folkehelseinstituttet, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet yter kunnskapsstøtte til Mattilsynet, og har ein fagleg beredskap med grunnlag i løyvingar frå dei ansvarlege departementa.

Mattilsynet innhentar uavhengige risikovurderingar frå *Vitskapskomiteen for mat og miljø* når det trengst i regelverksarbeidet og den utøvande forvaltninga.

Regelverksutvikling og internasjonalt arbeid

Regelverket på matområdet er i stor grad harmonisert over landegrensene. Codex Alimentarius

Commission, WOAH og IPPC legg sentrale premisser for regelverksutviklinga internasjonalt. Mattilsynet vil følgje aktivt med i dei sentrale delane av arbeidet i desse organisasjonane.

Som følgje av EØS-avtalen blir grunnlaget for det norske regelverket hovudsakeleg utvikla i EU. Nærare 90 pst. av alle nye forskrifter og forskrifts- endringar på Mattilsynets ansvarsområde er knytte til oppfølging av EØS-avtalen. Helse- og omsorgs- departementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet legg vekt på samordna og godt førebudd deltaking i internasjonale forum. I det internasjonale regelverksarbeidet er det viktig med tidleg og god dialog med relevante interessentar. Mattilsynet vil ta aktivt del i arbeidet i EU med å utvikle nytt regelverk i samsvar med norske synspunkt, og vil prioritere regelverksområde der Noreg kan ha særlege interesser.

Mattilsynet skal òg bidra til å følgje opp dei internasjonale pliktene til rett tid, slik at gjennomføringa i norsk rett skjer på ein mest mogleg formålstenleg og brukarvenleg måte.

Mattilsynet har ei viktig rolle med å bidra til å fremje innspel til EUs regelverk tilpassa ein meir sirkulær gjenbruk og utnytting av nye ressursar, noko som mellom anna er sentralt for det målretta samfunnsoppdraget om berekraftig før, jf. omtale under kat. 15.20. Som ei konkret oppfølging av samfunnsoppdraget er Mattilsynets arbeid på området styrkt med 5,0 mill. kroner årleg frå 2023. Styrkt innsats på området skal leggje til rette for at restråstoff og biprodukt frå land og hav kan bli nytta til før.

Regjeringa legg vekt på forenkling for næringsaktørane der det er mogleg utan at det går ut over dei omsyna og måla som Mattilsynet har for sitt arbeid.

Når det gjeld arbeidet med regelverksutvikling for økologisk landbruk, er 300 000 kroner overført frå LUF, kap. 1150, post 50, til Mattilsynet kap. 1115, post 01.

Rettleiing, kontroll og områdeovervaking

Regelverket for offentlig kontroll krev at det skal vere eit effektivt, einskapleg og heilskapleg tilsyn. Tilsynet skal vere risikobasert og skje på det leddet i matproduksjonskjeda der verknaden er størst. Dette krev god kunnskap om tilstanden på dei ulike områda. Nasjonale kontrollplanar skal ligge til grunn for prioritering og rapportering. Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å sikre god kvalitet på tilsynsarbeidet.

God kjennskap til regelverket er ein føresetnad for å kunne etterleve det. Mattilsynet vil

halde fram arbeidet med å styrkje dialogen med næringane og forbrukarane med meir og betre rettleiing. Dette inneber betre rettleiing om kva for reglar som gjeld, korleis regelverket skal tolkast, og kva Mattilsynet vil ha særskild merksemd på ved tilsyn.

Nærleik til verksemdene og god kunnskap om lokale forhold og aktuell risiko skal sikre eit effektivt, målretta og godt synleg tilsyn. Mattilsynet vil vere løysingsorientert i møte med verksemdene, samstundes som ein praktiserer mest mogleg lik handsaming av verksemdene ved rettleiing, tilsyn og kontroll. Det er verksemdene sjølve som har ansvaret for å kjenne til regelverket, og finne løysingar som gjer at dei etterlever det. Mattilsynet fører kontroll med at regelverket blir etterlevd.

Aktørane i matkjeda, inklusiv drikkevassområdet, treng digitale tenester for rapportering og tilgang til data som bidreg til auka effektivitet både for verksemdene og Mattilsynet, og dermed auka verdiskaping i næringa og i samfunnet. Ein betre digital dialog med aktørane i matkjeda vil føre til at desse får betre tenester ved deling av data. Mattilsynet kan med dette òg målrette og effektivisere den offentlege kontrollen, mellom anna på drikkevass- og dyrevelferdsområdet.

Mattilsynet legg vekt på å ha effektive og målretta kontrollar med færre kontrollpunkt. Slike tilsyn kan vere ein del av den faste tilsynsrutinen eller danne grunnlag for utvikling av store og små tilsynskampanjar. Smilefestilsynet i serveringsverksemdar er eit døme på dette og Mattilsynet vil vidareutvikle denne ordninga.

Mattilsynet forvaltar òg regelverk som ikkje er direkte knytt til risiko for helsa til folk, dyr eller planter, til dømes at merking av mat ikkje villeier forbrukarane. På desse områda vil ein òg ha målretta og effektiv kontroll. Mattilsynet vil innrette arbeidet med kartlegging og overvaking slik at arbeidet blir målretta og kostnadseffektivt. Overvakings- og kontrollprogram som følgjer av internasjonale avtalar eller norske tilleggsgarantiar, vil ha prioritet. Så langt det let seg gjere, vil programma bli tilpassa slik at dei skal fange opp det aktuelle risikobiletet i Noreg. Mattilsynet vil arbeide vidare for å motverke matsvindelen nasjonalt og internasjonalt, og følgje opp EUs arbeid på dette området. Norsk hestesenter utfører fleire oppgåver for Mattilsynet, mellom anna drift av norsk hesteregister i tillegg til forvaltningsstøtte knytt til godkjenning av avlsorganisasjonar. Om lag 1,0 mill. kroner frå posten overførast til Norsk hestesenter for desse oppgåvene.

Målet om å sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt

Arbeidet med å etterleve regelverket og halde oppe gode hygieniske forhold i alle verksemdene i matproduksjonskjeda, krev at verksemdene har kontinuerleg merksemd på dette området. I tillegg krevst det aktivt og målretta arbeid av Mattilsynet.

Regelverket om hygiene og kontroll legg vekt på at verksemdene sjølve har ansvaret for å etterleve krava og ha naudsynte system, rutinar og tiltak som sikrar mattryggleiken i heile matproduksjonskjeda frå primærproduksjon til omsetnad til forbrukarane. Dette gjeld òg ved import.

Mattilsynet vil vidare halde fram arbeidet innan atomberedskap på matområdet.

Mattilsynet vil føre tilsyn med at vassforsyningsverksemdene og kommunane følgjer opp krava i drikkevassforskrifta for å vareta samfunnstryggleiken. Mattilsynet vil på sine område følgje opp dei nye nasjonale måla for vatn og helse og den tverrsektorielle gjennomføringsplanen. Mattilsynet vil leie *Utval for vassforsyning* som omtalt i Meld. St. 5 (2023–2024) *En motstandsdyktig helseberedskap*, og følgje opp aktuelle tiltak med sikte på å styrkje tryggleiken i vassforsyninga. Mattilsynet vil dessutan delta i arbeidet innan sitt ansvarsområde med å følgje opp vassforvaltningsplanane.

Målet om å fremje god helse hos planter og dyr

God plante- og dyrehelse er føresetnader for produksjon av trygg mat og for verdiskaping i næringane. Det er naudsynt med gode tiltak og rutinar hos næringsaktørane for å førebyggje introduksjon og spreining av sjukdom og skadegjerarar.

Mattilsynet vil arbeide for at helsetilstanden hos planter og dyr skal vere god. Førebyggjande tiltak og god beredskap mot dei mest frykta planteskadegjerarane og smittsame sjukdommane hos dyr er viktig. Dette er òg viktig for å hindre utbrott av dyresjukdommar som òg kan gi sjukdom hos menneske (zoonosar). Mattilsynet må òg handtere andre hendingar på sitt ansvarsområde.

Overvaking og tiltak som held antimikrobiell resistens i norsk husdyrhald og havbruk på eit lågt nivå, vil halde fram. Mattilsynet vil ha ei rolle i arbeidet med sektorvise handlingsplanar mot antimikrobiell resistens. Mattilsynet vil vidare følgje opp arbeidet knytt til antimikrobiell resistens i internasjonale forum.

Mattilsynet vil prioritere arbeidet mot skrantesjuka. Sentrale oppgåver er å utforme den lang-

siktige forvaltninga av skrantesjuka gjennom mellom anna å kartleggje utbreiinga, leggje til rette for å etablere ein ny villrein flokk i Nordfjella og følgje opp klassisk skrantesjuka på Hardangervidda.

Utbrottet av den alvorlege sjukdomen *afrikansk svinepest* i Sverige i november 2023, var eit sentralt bakteppe for at regjeringa fatta nytt mål om å utrydde villsvin i Noreg. Mattilsynet og Miljødirektoratet har føreslått forsterka innsats som kan byggje opp under det nye målet. I 2026 blir tiltaka mot villsvin difor vidareført.

Mattilsynet vil framleis prioritere arbeidet med fiskehelse og biotryggleik, mellom anna gjennom arbeidet med biotryggleiksplanar, konsernrevisjonar, arbeidet for å redusere førekomsten av lakselus og kampen mot sjukdommane PD og ILA.

Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr

Mattilsynet vil leggje vekt på tilsyn med dyrevelferd, og vil utnytte verkemidla i dyrevelferdslova for å fremje god dyrevelferd.

Mattilsynet samarbeider med politiet om ordninga med dyrekrimfunksjonar i alle dei tolv politidistrikta i landet. Målet er best mogleg handsaming av saker som gjeld alvorleg vanrøkt og overgrep mot dyr, slik at alvorleg kriminalitet mot dyr fører til ei eventuell straffesak og domfelling.

Mattilsynet vil framleis ha merksemd på risikobasert tilsyn med dyrevelferd i heile landet. Det er dyrehaldar som skal sørge for god dyrevelferd for dyra sine. Det kjem stadig nye dyrevelferdsprogram for hald av produksjonsdyr på land, slik at fleire dyreartar blir omfatta. Dessa programma inneber eit tettare samarbeid mellom produsentar og veterinærar for å sikre god dyrevelferd, og gode rutinar og dokumentasjon av dyrehaldet.

Mattilsynet vil òg framleis følgje opp dyrevelferd hos kjæledyr, dels gjennom å føreslå nytt regelverk, ved tilsyn og ved å følgje opp uro-meldingar om slike dyrehald.

Mattilsynet vil føre vidare den gode samhand-linga med miljøstyresmaktene ved tap på grunn av rovvilt, jf. rovviltforliket i Stortinget i 2011 og Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*.

Både dyrevelferdsmeldinga, Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*, og havbruksmeldinga, Meld. St. 24 (2024–2025) *Fremtidens havbruk*, viser at det er behov for å betre fiskevelferda vesentleg. Mattilsynet vil prioritere arbeidet med å sikre god fiskevelferd og redusere dødelegheit i produksjonen.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn Mattilsynet vil arbeide for at mat, drikkevatt og innsatsvarer har rett kvalitet og rett innhald, og at regelverket om merking og heiderleg omsetnad, blir følgt. Regelverket om merking av mat skal sikre at forbrukarane har tilgang til rett informasjon om eigenskapane til maten.

For å verne born mot negative helseeffektar etter inntak av energidrikk, er det frå 1. januar 2026 innført 16-års aldersgrense på sal av energidrikk. Rettleiing og tilsyn vil inngå i Mattilsynets arbeid med å sikre trygg mat.

Mattilsynet har òg oppgåver i ernæringsarbeidet, særleg for tilsyn med merking, mellom anna ernærings- og helsepåstandar og frivillig sunnheitsmerking (*Nøkkelhølet*) og arbeid med *Matvaretabellen*, jf. Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. Mattilsynet vil framleis overvake om det er genmodifisert materiale i fôr og næringsmiddel.

Målet om å vareta miljøvenleg produksjon

Mattilsynet vil bidra til at formålet i matlova om å vareta miljøvenleg produksjon, blir oppfylt. Kvaliteten på og bruken av innsatsvarer som såvarer, gjødsel, plantevernmiddel og fôrvarer er avgjerande for ein miljøvenleg produksjon, og verkar også inn på mattryggleiken og kvaliteten på maten.

Arbeidet for å redusere bruken av og risikoen ved bruk av plantevernmiddel vil bli ført vidare med utgangspunkt i gjeldande *Handlingsplan for bærekraftig bruk av plantevernmidler*. Mattilsynet vil følgje opp aktuelle tiltak som er knytte til planen.

Mattilsynet vil medverke i oppfølginga av den nasjonale strategien for økologisk landbruk på relevante område.

Tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt

Mattilsynet vil ta aktiv del i arbeidet med å styrkje marknadstilgangen for norske produkt. Eit godt og føreseieleg samarbeid med matstyresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgang.

Krava til dokumentasjon på at norske produkt er trygge, har rett kvalitet og kjem frå produk-

sjonskjeder med god dyrehelse, har auka dei siste åra. For Noreg, som er ein av verdas største sjømateksportørar, er det avgjerande å kunne leggje fram slik dokumentasjon.

Mattilsynet utferdar årleg over 100 000 helse-sertifikat, hovudsakleg knytte til eksport av sjømat. Vesentlege ressursar blir nytta på å oppretthalde og vidareutvikle eksporten til viktige marknader. For å unngå at sertifikatarbeidet skaper unødige hinder for eksporten, vil Mattilsynet halde fram med å effektivisere sertifikatarbeidet. Digitalisering av sertifikatløysningar har starta opp, og arbeidet vil bli vidareført i 2026.

Andre område

Matsvinn

Mattilsynet skal føre tilsyn med den nye matsvinnlova, og vil leie arbeidet med å utarbeide regelverk til den nye matsvinnlova, i samarbeid med Fiskeridirektoratet, Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Forbrukerrådet.

Dyrehelsepersonell

Mattilsynet forvaltar lovgivinga som skal sikre for-svarleg yrkesutøving hos dyrehelsepersonell, og vil leggje vekt på at dyrehelsepersonell driv for-svarleg verksemd, særleg i samband med utle-ving og bruk av antimikrobielle midlar. Registeret over bruken av legemiddel til dyr (VetReg) er eit godt verkemiddel i overvakinga av bruken av anti-mikrobielle midlar til dyr, og korleis dyrehelse-personell føreskriv medisin. Mattilsynet skal følgje opp arbeidet med å utvikle VetReg.

Kosmetikk

Mattilsynet vil føre tilsyn og følgje opp arbeidet med å utvikle regelverket som skal sikre at kos-metikk og kroppspleieprodukt er helsemessig trygge for menneske og dyr. Mattilsynet vil bidra i arbeid med endringar av kosmetikklova der det er naudsynt. Mattilsynet vil òg samarbeide med Folkehelseinstituttet om å overvake helseskade-lege biverknader ved bruk av kosmetikk og kroppspleieprodukt.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 1 542,5 mill. kroner på posten.

Resultatmål knytt til samfunnsmåla

Sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatn

Trygg mat

Campylobacteriose, E. coli-infeksjonar og salmonellose er framleis dei største utfordringane når det gjeld smitte frå mat og vatn. Innsatsen blei mellom anna styrkt med fleire tilsyn og revisjonar, i tillegg til rettleiing, informasjon og dialogmøte med produsentar og næringa om hygiene-standarar. Det blei òg sett i gang overvaking og kartlegging av listeria i røykelaks. Eit stort multi-nasjonalt utbrott av Salmonella, der det var over 200 smitta personar i Noreg, blei handtert i samarbeid med europeiske folkehelsestyresmakter. Mattilsynet lanserte òg ei dataløysing for smilefjestilsyna, som gjer det enklare for forbrukarane å sjå resultata av inspeksjonane. Ei betre teneste for blåskjellvarsel blei òg lansert. Auken i over-skridding av restar av plantevernmiddel i nærings-middel, blei tett følgt opp av overvåkings- og kontrollprogram. Vidare lanserte Mattilsynet ei ny digital løysing for prøveregistrering i over-våkingsprogrammet for framandstoff for landdyr for å betre effektiviteten og datakvaliteten.

Trygt drikkevatn

Det er naudsynt å styrkje leveringstryggleik og beredskap for forsyninga av drikkevatn, mellom anna oppgradering av leidningsnettet. Det er opp-retta eit nasjonalt tverrsektorielt utval for bered-skap i vassforsyninga. Som grunnlag for vidare arbeid er det gjennomført dialog med næringa og ei spørjeundersøking retta mot vassverka.

Mattilsynet har i dag avgrensa tilgang til opp-daterte og pålitelege drikkevassdata. Den manu-elle rapporteringsløysinga fører til feil og manglar, noko som medfører høg ressursbruk til kvalitets-sikring, og tilsvarende mindre tid til viktige til-synsoppgåver. Mangelen på sanntidsdata gjer det vanskeleg å følge utviklinga og vurdere målopp-nåing på drikkevassområdet. Mattilsynet har òg avgrensa oversikt over relevante drikkevassdata frå andre etatar som NVE, NGU og Miljødirekto-ratet. Ifølgje Riksrevisjonen fører dette til dårleg datakvalitet, unødig ressursbruk og redusert sty-ring og kontroll med drikkevassforsyninga.

Fremje god helse hos planter, fisk og landdyr

Plantehelse

Mattilsynet har levert forslag til endringar i for-skrift om plantehelse. Bakterien *pærebrann* har spreidd seg til nye kommunar trass høg ressurs-

bruk for å hindre dette. I samarbeid med næringa for planteskular er forvaltningspraksisen endra. Dette inneber at planteskular som ikkje fullt ut oppfyller dagens krav til omsetnad, likevel kan omsetje planter på visse vilkår. *Digitalisering av plantesunnheitssertifikat* (DigiPlant) er utvikla for å få betre kontroll med import av planter. Alle søk-nadar om å godkjenne biologiske middel for plan-tevern er handsama, men mangel på kapasitet til sakshandsaming av søknadar om viktige plante-vernmiddel er framleis ei utfordring. Mattilsynet har òg utforma ein rettleiar om å nytte robot for å sprøyte med godkjende ugrasmiddel.

Dyreheelse

Noreg har få smittsame dyresjukdommar, lite pro-duksjonssjukdommar, låge dødstal på landdyr og lågt forbruk av antimikrobielle middel og andre medisinar. MRSA er ikkje påvist i svinehald sidan 2019. Mattilsynet har handtert fleire smitte-utbrott, mellom anna *blåtungevirus*, *fugleinfluenza*, og *skrantesjuka*. Mattilsynet følgjer nøye med på smitte av fugleinfluenza til pattedyr i samarbeid med Folkehelseinstituttet og Veterinærinstituttet. Vidare har Mattilsynet laga ein beredskapsplan for høgpatogen fugleinfluenza hos tamme patte-dyr. Det er òg laga ein beredskapsplan for hand-tering av mistanke og påvising av skrantesjuka på tamrein, og levert forslag til oppdaterte tiltak i Handlingsplanen mot villsvin. Handtering av store smitteutbrott kan gå utover gjennomføring av andre viktige oppgåver.

I oppdrettsnæringa minka dei meldepliktige sjukdommane *infeksjøs lakseanemi (ILA)*, *pankreas sjukdom (PD)* og *bakteriell nyresjuka (BKD)* i 2024. Mattilsynet har følgt med på utviklinga i *piscirickettsiose* og sjukdommen blei gjort melde-pliktig i juni 2025. I sjøfasen er sår frå sjukdom, infeksjonar eller skadar eit vesentleg problem. Skadar frå avlusing er den hyppigaste årsaka. Dødelegheit, enten akutt eller over tid, oppstår ofte etter hyppige handteringar i kombinasjon med underliggjande sjukdommar.

Overvaking av lakselus på vill laksefisk viser at situasjonen framleis er alvorleg for utvandrande fisk i fleire lakseførande vassdrag. Elleve elvar i Noreg er infisert med *Gyrodactylus salaris*.

Det er gjennomført systemrevisjon med verifi-kasjonstilsyn på åtte oppdrettselskap. Arbeidet med revisjonar av konsern held fram og blir utvida. Mattilsynet har i 2024 mellom anna betra innmeldingsskjema for mistanke om sjukdom og velferdshendingar på oppdrettsfisk, og laga ram-meverk for risikoklassifisering og gjennomføring

av akvakulturtilsyn i tråd med dyrehelseforordninga (EU 2016/429).

Fremje god dyrevelferd og respekt for dyr

Behandling for å få lusenivåa ned, er ei utfordring for oppdrettslaksen si helse og velferd. Mattilsynet følgjer opp anlegg som overskrider den fastsette lusegrensa gjennom varsel og eventuelt vedtak om tvangsmulkt. Det er laga nytt rettleingsmateriell om dyrevelferd ved avlusing, og ei teneste for deling av lakselusdata er lansert. Som følgje av høge sjøtemperaturar auka talet på overskridingar av tillate nivå for lakselus i Midt- og Nord-Noreg hausten 2024. Samla sett førte situasjonen til dårleg velferd for fisken, og synleggjorde utfordringar knytte til brønnbåtkapasitet og dårleg beredskap i næringa.

Bruken av reinsefisk går framleis nedover. For å få betre velferd og helse hos reinsefisken, blir det arbeidd med ei ny rapporteringsløyning. Det blei òg gjort ei forskriftsendring i mars 2025 om krav til utsortering av reinsefisk før mellom anna avlusing.

Uromeldingar om dyrevelferd hos landdyr auka òg i 2024. Eit nytt digitalt skjema på *mattilsynet.no* gjer det lett å melde uro. Eit nytt system for vurdering og sakshandsaming av uromeldingar er lansert. Utfordringa er ressursar til å handtere meldingane sidan Mattilsynet må prioritere pålagde oppgåver, pågåande saker og hendingar innan dyrehelse. Særleg dyrehald med vedvarande utfordringar krev ekstra mykje ressursar. Fleire slike dyrehald blei anten avvikla eller oppnådde varig betring.

For å trappe opp innsatsen, både når det gjeld å avdekkje dyrehald med vedvarande utfordringar og målretta oppfølging, er Mattilsynet avhengig av å ha tilgang til tilstrekkeleg med ressursar over tid og nok kapasitet i organisasjonen. Dette er ikkje tilfelle i dag.

Fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn

Mattilsynet har arbeidd med betre merking av allergenar i mat, og har mellom anna gjennomført ei spørjeundersøking blant produsentar av bake- og konditorvarer og samansette produkt for å finne forbettringsområde. Det blei òg gjennomført eit utval tilsyn.

Av 17 produkt hadde 13 avvik knytt til merkekrav, noko som inneber manglar ved språk, ingrediensliste, påstandar og rett bruk av varsel. Registreringsprosessen for nye importørar, distributørar og produsentar av kosmetikk og

kroppsspleieprodukt, er betra. Eit nytt skjema i Altinn gjer registreringa enklare for aktørane, samstundes som Mattilsynet får betre oversikt over verksemdene. Det var nedgong i tal på meldingar om biverknader frå kosmetikk eller tatoveringsprodukt, frå 130 meldingar i 2023 til 85 meldingar i 2024.

Som følgje av mangel på norske egg, blei det importert over 1000 tonn egg frå EU. For at forbrukarane skal vere trygge på at egg frå EU-land er like trygge som norske egg, er det krav til importørane om dokumentasjon på salmonellagaranti ved innførsel. Mattilsynet gjennomførte dokumentkontrollar som avdekte mellom anna ugyldige sertifikat, og at mange produsentar ikkje oppfyller dei krava som salmonellegarantien set.

Vareta miljøvenleg produksjon

Ein digital vegvisar for trygg bruk av berekraftige og sirkulære bioressursar til fôr og gjødsel blei lansert. Det blei òg laga ei rettleing om krava i regelverket, som skal gjere det enklare å produsere, importere eller bruke biokol til fôr og gjødselvarer.

Ivareta omsynet til aktørane langs heile matproduksjonskjeda, medrekna marknadstilgang i utlandet

Mattilsynet sørgjer for at norske varer får tilgang til om lag 120 marknader utanfor EU/EØS-området, mellom anna ved å gi helsesertifikat for eksport. Talet på sertifikat auka frå 95 765 i 2023 til 109 983 i 2024. For sjømat åleine blei det laga 100 637 sertifikat. Mykje av eksportprosessen er digitalisert, og om lag 50 pst. av alle sertifikat blir no sendt ut frå digital løyning. Også utveksling av sertifikat skjer i større grad elektronisk, med ein auke frå 10 pst. til 23 pst. Digitalisering vil gjere eksportprosessen meir effektiv og standardisert.

Kina blei opna som marknad for levande snøkrabbe. Fristatus for *contagious bovine pleuropneumonia* (CBPP) blei oppnådd, noko som vil gi enklare marknadstilgang for enkelte produkt frå storfe, inkludert avlsmateriale.

Aktivitetar av meir generell karakter

Digitalisering forenklar, forbetrar og fornyar tenestene

Arbeidet med brukarretta digitale tenester er sentralt i utviklinga av Mattilsynet. Modellen for smidig utvikling, med tverrfaglege, myndiggjorte team, god brukarinnsikt og fagkunnskap, bidreg

til betre tenester og kontinuerlege forbetringar. Eit team for designsystem er oppretta, i partnar-skap med Digitaliseringsdirektoratet. Samtidig ser Mattilsynet at det er krevjande å finne tilstrekkeleg med ressursar til å opprette team som kan levere på digitalisering av dei prioriterte områda til Mattilsynet som står att, til dømes drikkevatt og marknadstilgang. Det kan bli naudsynt å omprioritere ressursar til dette framfor andre oppgåver framover.

Klagesakshandsaming

I 2024 blei det oppretta eit felles innsynsteam for regionane, noko som meir enn halverte talet på innsynsklager etter offentleglova. Talet på nye klagesaker etter forvaltningslova auka med 16 pst., samanlikna med året før. Andelen omgjeingar var på 20 pst. for klagesaker etter forvaltningslova og 32 pst. på klagesaker om innsyn. Ambisjonen er at 9 av 10 påklaga førsteinstansvedtak er fatta på rett måte med god grunngiving, godt dokumenterte fakta og korrekt forståing av regelverket. I 2024 var 8 av 10 klagesaker rett handsama etter forvaltningslova, og 6,8 av 10 rett handsama for klagesaker etter offentleglova.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 433 dagar. Årsaka til dette er at Mattilsynet løyste fleire gamle saker.

Meldingar til politiet og straffesaker

Talet på meldingar til politiet gjekk noko ned frå året før. Nedgangen gjeld særleg brott på dyrevelferdslova, og regelverket for dyre- og fiskehelse. Brott på dyrevelferdslova er likevel det området der Mattilsynet mottek flest meldingar.

Mattilsynet ser òg ein auke i meldingar om trugslar, sjikane og vald mot inspektørar når dei er på tilsyn etter dyrevelferdslova.

I 2024 blei 49 straffesaker handsama i domstolane eller ved at det er gitt bøter. 46 saker blei lagde bort.

Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser

På posten blir det ført utgifter Mattilsynet har til reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 15 mill. kroner for 2026.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 12,2 mill. kroner på posten.

Post 71 Tilskott til erstatningar, overslagsløyving

På posten blir det ført utbetalingar til personar som har gitt naudhjelp til dyr etter dyrevelferdslova § 4 om hjelpeplikt, og til veterinærar som har ytt naudhjelp til dyr etter dyrehelseperso-nellova § 14 om naudhjelp. På posten vil det òg bli ført utgifter for tiltak som er sette i verk av Mattilsynet i medhald av matlova, dyrehelseperso-nellova og dyrevelferdslova i dei tilfella der kostnaden ikkje kan drivast inn frå ein eigar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,2 mill. kroner for 2026.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 4,0 mill. kroner på posten.

Kap. 4115 Mattilsynet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyr m.m.	211 898	225 795	231 891
02	Driftsinntekter og refusjonar m.m.	15 267	6 651	6 831
85	Gebyr og tvangsmulkt m.m.	13 642	7 000	7 000
	Sum kap. 4115	240 807	239 446	245 722

Post 01 Gebyr m.m.

Inntektene i 2024 blei 211,9 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 231,9 mill. kroner for 2026.

På posten blir det ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet gjer for konkrete brukarar, og gebyr for visse tilsyns- og kontrolloppgåver der desse eintydig rettar seg mot konkrete brukarar. Ved budsjetteringa er det lagt til grunn ordinær prisjustering av gebyrsatsane.

Post 02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.

Inntektene i 2024 blei 15,3 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,8 mill. kroner for 2026.

På posten blir det mellom anna ført diverse driftsinntekter frå oppgåver som Mattilsynet gjer for anna forvaltning, til dømes for tilsyn med omsetnad av reseptfrie legemiddel utanom apotek, og oppgåver knytt til miljøretta helsevern for kommunane. Her blir det ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet av omsyn til næringsutøvarane gir utanom ordinær arbeidstid.

Post 85 Gebyr og tvangsmulkt m.m.

Inntektene i 2024 blei 13,6 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,0 mill. kroner for 2026.

På posten blir det ført inntekter frå overtredelsesgebyr, tvangsmulkt m.m., pålagde av Mattilsynet.

Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1135	Veterinærinstituttet	113 008	115 994	118 494	2,2
1136	Norsk institutt for bioøkonomi	272 785	278 450	279 978	0,5
1137	Forsking og innovasjon	630 381	660 340	654 510	-0,9
	Sum kategori 15.20	1 016 174	1 054 784	1 052 982	-0,2

Inntekter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4136	Norsk institutt for bioøkonomi	20 935	21 437		-100,0
	Sum kategori 15.20	20 935	21 437		-100,0

Mål

Landbruks- og matdepartementets midlar til forskning og innovasjon skal byggje opp under næringa og forvaltninga sine kunnskapsbehov og bidra til å nå dei fire landbruks- og matpolitiske hovudmåla; matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

Departementet legg vekt på målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon, at kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning, og ein effektiv og sterk instituttsektor i samspel med andre. I tillegg er ei tett kopling mellom forskning og næringsliv sentralt for effektiv og berekraftig utnytting av dei fornybare biologiske ressursane som finst i Noreg.

Dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta (Veterinærinstituttet og Norsk institutt for bioøkonomi), skal utvikle kunnskapsgrunnlag for politikktutforming og bidra til berekraftig utvikling og omstilling gjennom forskning av høg kvalitet og relevans. Institutta, og særskilt Veterinærinstitut-

tet, har òg ei sentral rolle innan beredskap. Institutta må vere kostnadseffektive og bruke ressursane på dei kunnskapsbehova som er strategisk viktige for norsk landbruk framover.

Nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, strategiske løyvingar og systematisk oppbygging av kompetanse skal leggje til rette for høg kvalitet i forskinga. Departementet er òg oppteke av at det er ei god kopling mellom samfunnsvitskapleg og naturvitskapleg forskning, og eit godt samarbeid med andre relevante forskingsinstitusjonar om tverrsektoriell og tverrfaglig kunnskapsutvikling.

Rapportering på mål

Midlane frå Landbruks- og matdepartement til forskning, innovasjon, og kunnskapsutvikling støttar nærings- og forvaltningsretta forskning knytt til heile den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon til forbrukar.

Ny kunnskap har gitt viktige bidrag til nok og trygg mat av god kvalitet. Forsking på desse

områda dekkjer breitt, frå husdyravl og sorts-utvikling til metodar for å betre mattryggleiken i næringsmiddelindustrien. Kunnskap om dyrehelse, plantehelse, dyrevelferd og antimikrobiell resistens har gitt viktige bidrag til å halde ved lag den gode posisjonen som Noreg innan mattryggleik. Det same gjeld samanhengen mellom plantehelse, dyrehelse, folkehelse, matproduksjon og miljø (*Éi-helse*).

Forskningsinnsatsen på områda klimatilpassa produksjon, forbedra agronomisk praksis, auka bruk av beiteressursane og teknologiutvikling har gitt viktige bidrag til auka og meir berekraftig matproduksjon basert på norske ressursar.

Tilsvarande har ny kunnskap og nye innovasjonar bidrege til reduserte klimagassutslepp frå husdyrproduksjon, og auka opptak av karbon frå jord

og skog. Ny teknologi har òg bidrege til utvikling av klimanøytrale veksthus og presisjonsjordbruk som reduserer bruk av gjødsel og sprøytemidlar.

Ny kunnskap har òg vore sentralt for å leggje til rette for auka utnytting av landbruket sine mange fornybare ressursar i sirkulære krinsløp, som grunnlag for auka verdiskaping.

Utfordringane og kunnskapsbehova landbruks- og matsektoren står overfor, er i stor grad dei same som i andre land, både i Europa og elles. Norske landbruks- og matforskningsmiljø deltek aktivt på den internasjonale arenaen, og leverer forskning av både høg kvalitet og relevans. Dei norske landbruks- og forskingsmiljøa har godt gjennomslag i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, *Horisont Europa*, og er attraktive som samarbeidspartnarar.

Kap. 1135 Veterinærinstituttet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap	113 008	115 994	118 494
	Sum	113 008	115 994	118 494

Veterinærinstituttet (VI) er eit biomedisinsk forskingsinstitutt, og Noregs leiande kunnskapsleverandør for nasjonal beredskap innan fiskehelse, dyrehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik. Instituttet leverer forvaltningsstøtte og forskingsbasert kunnskap og utfører oppdrag i marknaden. Instituttet sin viktigaste funksjon er beredskap og kompetanseutvikling for å avverje og kjempe mot helsetrugsalar hos dyr, fisk og menneske gjennom diagnostikk, overvaking, risikovurdering, rådgiving og formidling.

Instituttet mottek løyvingar til oppgåver innan dyrehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik frå Landbruks- og matdepartementet. Oppgåvene innan fiskehelse og enkelte område innan sjømattryggleik blir finansierte over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet, og blir omtalte i Prop. 1 S (2025–2026) frå Nærings- og fiskeridepartementet. VI inngår i den statlege ordninga med grunnløyvingar til forskingsinstitutt, og mottek i tillegg til løyving frå Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet, òg grunnløyving frå Noregs forskingsråd. Sjå nærare omtale under kap. 1137, post 72. For ei samla oversikt over inntektskjeldene til instituttet, sjå tabell 1.5 i vedlegg 1.

Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap

Formålet med løyvinga er beredskap og utvikling av kunnskap innan dyrehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik, og at ny kunnskap blir tilgjengeleg for næring og forvaltning. Arbeidet til instituttet skal verne om den gode dyrehelsa og mattryggleiken vi har i Noreg.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 118,5 mill. kroner.

Løyvinga skal nyttast til arbeid med kunnskapsutvikling, rådgiving, diagnostisk arbeid og laboratoriestøtte for å førebyggje, oppklare og handtere alvorlege smittsame sjukdommar hos tamme og ville landdyr, og sjukdom som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar). Kunnskap knytt til samanhengen mellom dyrehelse, helsa til menneske og tilstanden til økosystema dei lever i (*Éi helse*), er ein sentral del av dette.

Den gode landdyrhelsa i Norge blir kontinuerleg utfordra. Overvaking og kunnskap om korleis globalisering og klimaendringar påverkar førekomst og overføring av ulike sjukdommar, vil vere sentralt.

Instituttet skal leggje vekt på kunnskapsutvikling som sikrar og vidareutviklar den nasjonale beredskapen mot kjende og nye helsetrugs mål, med særleg vekt på konkrete førebyggjande tiltak i næring og forvaltning.

Løyvinga skal òg bidra til instituttet sitt arbeid med førebygging og handtering av kriser som kjem av smittestoff og andre helseskadelege stoff i fôr og mat.

Mattilsynet er instituttet sin største oppdragsgivar, jf. omtale under kat. 15.10. Det er sentralt å vidareutvikle samhandlinga mellom aktørane i matforvaltninga, både offentlege aktørar, relevante kunnskapsorganisasjonar og næringa. I arbeidet med å førebyggje sjukdom og å tryggje god dyrehelse, er det avgjerande at VI òg gir råd til veterinærar, næring og forvaltning innan smittevern og biotryggleik.

VI sitt arbeid for god beredskap skal i hovudsak bli retta mot meldepliktige/listeførte sjukdommar definerte i forskrift, og andre alvorlege kjende eller ukjende tilstandar.

Vidareutvikling av dyrevelferdsregelverket og betre driftssystem krev kunnskap og kompetanse hos både privatpersonar og profesjonelle aktørar. VI er eit sterkt kompetansemiljø på området, og skal bidra med kunnskapsutvikling og forvaltningsstøtte til styresmaktene og samfunnet. Løyvinga skal bidra til kunnskapsformidling til næringa, fagpersonell og dyreeigarar, i tillegg til samarbeid med styresmakter og næringsliv for å utvikle ein berekraftig bioøkonomi i Noreg.

Løyvinga dekkjer òg investeringar innan IKT, utstyr, infrastruktur mv. som er naudsynt for å følgje opp dei faglege oppgåvene. VI er sekretariat for *Norecopa*, og drift av *Norecopa* blir òg dekt av posten.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 113,0 mill. kroner på posten.

I internasjonal samanheng vurderer instituttet status for norsk landdyrhelse og mattryggleik som god, og det er lite smitte med zoonosar frå vatn, mat og dyr til menneske i Noreg.

Veterinærinstituttet (VI) har overvaka og formidla kunnskap om nasjonal sjukdomsførekomst og helsestatus. Instituttet byggjer kunnskap gjennom overvaking på oppdrag frå Mattilsynet og Miljødirektoratet, frå prøver i samanheng med oppklaring av sjukdomsutbrott eller mistanke om sjukdom, i tillegg til gjennom oppdrag frå næringane. Overvakinga utgjer ein viktig del av den samla nasjonale beredskapen.

For 2024 var den totale prøvetilgangen til nærma lik som for 2023. Instituttet undersøkte totalt 172 000 prøver. Av desse var om lag 15 900 av prøvene som følgje av mistanke om meldepliktige sjukdom hos landdyr, mens om lag 97 000 blei undersøkte som ein del av overvaksingsprogramma.

VI har i 2024 hatt særleg stor aktivitet knytt til beredskap og overvaking. For første gong sidan 2009 blei *blåtungevirus* påvist i Noreg, med eit stort utbrott i september. På bakgrunn av fagleg nettverk og informasjon om utvikling i Europa, var instituttet godt førebudd. Året var òg prega av arbeidet med *høypatogen fugleinfluenza*, i tillegg til ei rekkje andre sjukdommar og hendingar.

Det var i 2024 fleire nasjonale matborne utbrott, der VI støtta Mattilsynet og Folkehelseinstituttet i arbeidet med å oppklare sakene. I overvaksingsprogrammet for skrantesjuke (CWD) blei det analysert prøver frå nærare 11 000 hjortedyr, der om lag ein tredel var tamrein. Instituttet gir òg kontinuerleg fagleg støtte til forvaltningsstyresmaktene i arbeidet med å overvake, handtere og førebyggje spreiding av CWD i Noreg.

VI har støtta forvaltninga, i første rekkje Mattilsynet, med kunnskapsstøtte, rådgiving og diagnostikk. Instituttet har òg støtta politi og påtalestyresmakta med rettsmedisinske obduksjonar og undersøkingar og med faglege utgreiingar i samband med rettssaker innan dyrevern og miljøkriminalitet.

VI si årlege *Dyrehelserapport* er eit viktig bidrag til kunnskapsgrunnlaget, og gir ein heilskapeleg oversikt over sjukdomsstatus i Noreg. Vidare utarbeider instituttet *Zoonoserapporten*, i samarbeid med Folkehelseinstituttet og Mattilsynet.

VI er ei viktig forvaltningsstøtte og ein viktig kunnskapsleverandør på antimikrobiell resistens (AMR). Dei koordinerer òg NORM-VET (Norsk overvaksingsprogram for antibiotikaresistens i mikrober fra fôr, dyr og næringsmidler), eit av Mattilsynets overvaksingsprogram. Instituttet er også ansvarleg for oppsummering av resultata i den årlege NORM/NORM-VET rapporten.

VI sin internasjonale aktivitet på Landbruks- og matdepartementets område rettar seg mot FN's berekraftsmål gjennom å bidra til å betre dyrehelsesituasjonen i land på fleire kontinent. Gjennom Verdas dyrehelseorganisasjon (WOAH) samarbeider VI med andre land spesielt på områda diagnostikk, sjukdomslære og epidemiologi.

Løyvinga har òg blitt brukt til å vareta VIs sekretariatsfunksjon for *Rådet for dyreetikk* og

Norecopa, og til medlemskap i *Forsøksdyrkomiteen*.

Helsetenesta for rein blei i 2024 gjort permanent og lagd til instituttet sitt kontor i Tromsø.

Tenesta arbeider med formidling om reinhelse, reindrift og tradisjonell kunnskap knytt til rein.

Kap. 1136 Norsk institutt for bioøkonomi

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap	272 785	278 450	279 978
	Sum kap. 1136	272 785	278 450	279 978

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er eit nasjonalt leiande institutt for forskning og utvikling av kunnskap om bioøkonomi. Verksemda skal bidra til mattryggleik, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innanfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringar. Instituttet arbeider med kunnskapsstøtte, forskning og oppdrag i marknaden, og instituttet er finansiert av fleire kjelder enn denne løyvinga.

NIBIO inngår i den statlege ordninga med grunnløyvingar til forskingsinstitutt, og mottek i tillegg til løyving på post 50, òg grunnløyving frå Noregs forskingsråd. Sjå nærare omtale under kap. 1137, post 72. For ei samla oversikt over inntektskjeldene til instituttet, sjå tabell 1.2 i vedlegg 1.

Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap

Formålet med løyvinga er å utvikle kunnskap som støttar opp under dei landbruks- og matpolitiske måla, og at denne kunnskapen blir gjort tilgjengeleg for næring og forvaltning. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 280,0 mill. kroner.

Prioriterte oppgåver i 2026 er å vidareutvikle klimarelevant kompetanse innanfor jordbruk, skogbruk og reindrift.

Innan mat- og planteproduksjon skal instituttet bidra til utvikling av kunnskap om auka produktivitet, betre kvalitet og lønsam planteproduksjon under ulike dyrkings- og klimaforhold. I dette ligg òg utvikling av kunnskap som gir redusert bruk og redusert risiko ved bruk av kjemiske plantevernmiddel, og meir bruk av alternative metodar til erstatning for plantevernmiddel. Løyvinga skal òg nyttast til å utvikle kunnskap som bidreg til auka bruk av norske fôrressursar, noko som er

avgjerande for auka sjølvforsyning korrigert for import av fôrråvarer. NIBIO skal prioritere kunnskap om planteskadegjerarar, og ha beredskap for å kunne handtere sjukdommar og skadeorganismar som trugar den gode plantehelsa i Noreg.

God nasjonal kunnskap om jordbruksjord er ein føresetnad for å drive matproduksjon på ein måte som både er produksjonseffektiv og berekraftig. NIBIO har ei viktig rolle når det gjeld innsamling av data og overvake utviklinga av tilstanden til jordsmonnet og endring i lagring og utslepp av karbon frå jordbruksjord.

På området skog skal løyvinga nyttast til å vidareutvikle eit berekraftig og konkurransedyktig skogbruk. Viktige oppgåver er Landsskogtakseringa, miljøregistreringar i skog, utvikling av skogbruksplanlegginga, feltforsøk og utvikling av kartløysingar som gir informasjon om ressursar og miljø. NIBIO skal òg vareta beredskapsoppgåver knytte til skogbrann og skadegjerarar i skog. Instituttet skal føre vidare arbeidet knytt til berekraftig forvaltning og bruk av utmarksressursar og næringsutvikling på dette området.

Innan arealforvaltning skal løyvinga nyttast til vedlikehald av det nasjonale arealressurskartet AR5, Landsskogtakseringa, Arealrekneskapen for utmark og reindriffta sine arealbrukskart.

Det er viktig for norsk landbruk at produsentane i framtida har eit tilstrekkeleg genetisk mangfald å hauste av når mat og andre landbruksprodukt skal produserast. NIBIO skal bidra med kunnskap for ei effektiv forvaltning av dei genetiske ressursane i landbruket, og bidra til å setje i verk *Nasjonal tiltaksplan for bevaring og berekraftig bruk av landbruket sine genressursar*.

Løyvinga skal òg nyttast til å utvikle nettbaserte kart- og geodatenester ut frå behova til ei rekkje aktørar i samfunnet. Vedlikehald av arealressurskarta, løysinga for *Noreg i bilete* og

regelmessig nasjonal omløpsfotografering, skal samla sett bidra til god dekning av detaljerte kart og flybilete over jord- og skogareala. Vidare har instituttet ansvar for landbruket sitt bidrag til Geovekstsamarbeidet. Instituttet skal òg bidra til det internasjonale arbeidet knytt til kart og geodata.

NIBIO har eit særskild ansvar for økonomisk statistikk, utgreiing og forskning som omfattar både eit samfunnsøkonomisk og eit føretaksøkonomisk perspektiv på landbruket. Instituttet skal levere eit viktig kunnskapsgrunnlag for økonomiske og politiske avgjerder i sektoren. Andre viktige oppgåver er å utarbeide materiale som grunnlag for arbeidet til *Budsjettnemnda for jordbruket*, og vere sekretariat for nemnda etter avtale med departementet.

Løyvinga kan òg nyttast til å dekkje investeringsringar innan IKT, utstyr, infrastruktur med vidare som er naudsynt for å følgje opp dei faglege oppgåvene.

Fram til 2025 har NIBIO motteke midlar frå Utenriksdepartementets kap. 118, post 21, til fagleg aktivitet i nordområda. Nordområdemidlar frå Utenriksdepartementet blir overført til andre departement frå 2026. Det blir difor overført 2,0 mill. kroner til Landbruks- og matdepartementet. I tillegg blir posten auka med 5,0 mill. kroner til NIBIO-Svanhovd sine prosjekt i nordområda. Til saman blir løyvinga på kap. 1136, post 50, auka med 7,0 mill. kroner knytt til aktiviteten på Svanhovd.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 272,8 mill. kroner på posten.

NIBIO har i 2024 vidareført ei omfattande sortsutprøving av korn, frø- og hagebruksvekstar i tillegg til grovfôr. Formålet er å teste ut sortar sine eigenskapar og potensial i norsk jord- og hagebruksproduksjon. Det har òg vore arbeid med effektar av klimaendringar på planteproduksjonen og behov for tilpassing. NIBIO har hatt stor fagleg aktivitet for å fremje god agronomi og dyrkingspraksis. Dette må sjåast i samanheng med målet om å auke norsk matproduksjon. Gjennom NIBIOs senter for arktisk landbruk i nord, var det stor aktivitet for å støtte opp under matproduksjon i nordområda. Vidare har instituttet utført eit omfattande arbeid for departementet med å utgreie berekrafta i norsk jordbruk.

Program for jord- og vassovervaking i landbruket er vidareført, og ny teknologi er teken i bruk for å få betre overvakingsdata. Kunnskap om tap av jord, næringsstoff og plantevernmiddel i jordbruksområde, har blitt formidla til landbruks-

næringa og forvaltninga gjennom fagdagar og seminar. Vidare arbeider NIBIO med korleis jordhelse blir påverka av landbruksdrift og klima. Instituttet har òg formidla kunnskap om nitrogen- og fosfortilførsel til Oslofjorden og tiltak mot tap av næringsstoff frå jordbruksområde. Det er stor interesse i landbruksnæringa for klimatiltak i jordbruket, og instituttet har hatt stor aktivitet innan kunnskapsutvikling og formidling på området.

Bortfall og mangel på plantevernmiddel er ei aukande utfordring i landbruket. Bruk av ulike plantevernstrategiar er difor eit viktig innsatsområde for NIBIO, og instituttet gir faglege råd til Mattilsynet om dette. Instituttet bidreg òg med kunnskapsstøtte og informasjon om resistens mot plantevernmiddel. Eit anna viktig innsatsområde er å bidra til friske planter i jord-, skog- og hagebruk gjennom sikker diagnostisering av skadegjerarar, varslings- og rådgiving. Tenesta *Varsling Innan Planteskadegjerarar* (VIPS) er til stor nytte for næringa. Instituttet har ei viktig rolle som eit nasjonalt kompetansemiljø innan framandstoff i jord- og gjødselvarer og innan genmodifiserte organismar.

Innanfor området skog og utmark har NIBIO vidareført arbeidet med *Miljøregistreringar i skog* og *Landsskogtakseringa*. Data frå *Landsskogtakseringa* er avgjerande for å utarbeide prognosar og framskrivingar av hogstvolum for ulike treslag. Instituttet sine langsiktige feltforsøk i skog, gir moglegheit for mellom anna kontrollerte skogbehandlingsmetodar og kunnskap om langsiktige effektar av desse. Vidare er det nasjonale skogressurskartet SR16 oppdatert. Dette er landsdekkjande, og blir brukt aktivt av store delar av skognæringa og forvaltninga som beslutningsstøtte i planleggingsoppgåver. NIBIO har òg ein viktig funksjon med å overvake skogskadar og ulike skadegjerarar som til dømes *granborkbilla*. Det har vore aukande billefangst i dei områda som blei ramma av storm i 2021. Instituttet er òg ein viktig rådgivar for planteskular innan frø og frøforsyning.

NIBIO utarbeider årleg data og berekningar som inngår i den norske klimagassrekneskapen, og har oppretta eit program for nasjonal jordkarbonovervaking. Dette arbeidet følgjer opp FN's krav knytte til skogsjord i klimagassrekneskapen.

På reindriftsområdet har NIBIO ferdigstilt eit større arbeid med å vurdere og vise fram viktige omsyn knytte til konsekvensutgreiingar. Vidare har instituttet utgreidd status, behov og organisering når det gjeld rådgiving i reindrifta. Arbeidet med uttesting av ei teknologisk løysing for individmerking i reindrifta er òg ferdigstilt.

Arbeidet med jordsmonnkartlegging i kommunane er vidareført med data knytte til jordvern, miljøomsyn, klimatilpassing m.m. Det same gjeld arbeidet med arealrekneskap for utmark og Beite-lagskart på nett. Instituttet overvakar jordbruket sitt kulturlandskap for å dokumentere endringar i arealbruk og for ulike miljøverdiar. I 2024 har NIBIO utført beitegransking i ei rekkje kommunar og drive formidling og rådgiving knytt til utmarksbeite. Instituttet støttar SSBs arbeid med nasjonal arealstatistikk og EEA sitt arbeid med europeisk arealovervaking.

Norsk genressurssenter i NIBIO har bidrege til god forvaltning av genetiske ressursar innan husdyr, nytteplanter og skogtre. Senteret gir råd og deltek i nordiske og internasjonale organisasjonar. Årleg publiserer instituttet ein nøkkeltalsrapport som viser status og utvikling i dei genetiske ressursane i landbruket.

NIBIO har stor fagleg aktivitet innan kart, satellittovervaking og geodata. Det nasjonale arealressurskartet skildrar tilstanden for arealressursane knytte til jord- og skogbruk. Instituttet tilbyr

og gode digitale brukartenester som Gårdskart, Kilden, Arealressursstatistikk og Arealbarometer. NIBIO deltek og i Geovekst med å vedlikehalde dei mest nøyaktige kartdata i Noreg. NIBIO samarbeider med Norsk romsenter om jordobservasjon av landområde, og deltek i nasjonalt brukarforum for romprogrammet Copernicus.

Gjennom *Driftsgranskingar for jord- og skogbruk*, har NIBIO utarbeidd oppdatert informasjon om den økonomiske utviklinga i landbruket og på gardsbruk der ein vesentleg del av inntekta kjem frå jord- og skogbruk. Driftsgranskingane gir ein årleg status for inntekter, kostnader, investeringar og arbeidsinnsats. Dette gir grunnlag for å evaluere innverknaden av både politiske vedtak og andre rammevilkår på gardsnivå for ulike produksjonsformer. I tillegg leverer driftsgranskingane datagrunnlaget for *Budsjettmemnda for jordbruket* sine referansebruksberekningar. NIBIO er sekretariat for Budsjettmemnda for jordbruket, og har saman med memnda utarbeidd talmaterialet som jordbruksforhandlingane byggjer på.

Kap. 4136 Norsk institutt for bioøkonomi

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
30	Husleige	20 935	21 437	
	Sum kap. 4136	20 935	21 437	

Posten gjeld husleige for eigedommar NIBIO har leigd av Landbruks- og matdepartementet. Inntektene i 2024 var 20,9 mill. kroner. Instituttet har

frå 2026 aktivert desse eigedommane i balansen sin, og skal frå 2026 ikkje lenger betale husleige til departementet.

Kap. 1137 Forsking og innovasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
54	Næringsretta matforsking m.m.	235 545	240 000	245 000
70	Innovasjonsaktivitet m.m., <i>kan overførast</i>	2 920	2 997	2 993
71	Forskinsaktivitet – Noregs forskingsråd, <i>kan overførast</i>	184 156	204 327	198 200
72	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt – Noregs forskingsråd	207 760	213 016	208 317
	Sum kap. 1137	630 381	660 340	654 510

Post 54 Næringsretta matforskning m.m.

Løyvinga skal dekkje forskning innanfor produksjon av nærings- og nytingsmiddel, i tillegg til produksjon av førkorn til husdyr. Løyvinga skal i hovudsak tildelast næringsrelevante forskingsprosjekt etter open utlysing og konkurranse. Nofima AS sine fleirårige strategiske program blir òg dekte av løyvinga. Løyvinga er finansiert av forskingsavgifta på landbruksprodukt, jf. kap. 5576, post 70, og blir forvalta av eit styre samansett av representantar frå heile verdikjeda for mat.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 245,0 mill. kroner. Departementet gjer òg framlegg om ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 1137, post 54 og kap. 5576, post 70, jf. framlegg til vedtak II.

Rapport 2024

Avgiftsinnbetalinga i 2024 blei 235,5 mill. kroner, noko som er ein auke på om lag 7,4 mill. kroner frå 2023. Nærare 232 mill. kroner blei utbetalt som tilskott til ulike prosjekt. I 2024 auka talet på søknader med over 30 pst., frå 125 til 167 søknader. Styret har dei seinare åra prioritert frukt, bær og grønsaker i sine utlysingar. Likevel har tilfanget av gode søknader innan vegetabil vore låg. Produktgruppa vegetabil fekk difor ekstra merksemd i 2024. I 2024 fekk matforskningsinstituttet Nofima AS 79,5 mill. kroner frå fondet til fire fleirårige strategiske program. Programma tek for seg område som sunnare mat, ein berekraftig matindustri, auka innovasjon i industrien for auka, og trygg og haldbar mat.

**Post 70 Innovasjonsaktivitet m.m.,
kan overførast**

Løyvinga skal dekkje innovasjonsaktivitet i landbruks- og matsektoren. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,0 mill. kroner som tilskott til landbruket sitt klima- og energisenter ved Mære landbruksskole.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 3,0 mill. kroner på posten. Dette blei gitt som tilskott til landbruket sitt klima- og energisenter ved Mære landbruksskole for å vidareutvikle senteret som ein FoU-arena der nye klimaløysingar, for og med landbruket, skal utviklast og visast fram. Tilskottet er brukt til å leggje til rette for demonstrasjonsanlegg, forskning, utviklingsprosjekt og kompetanseformid-

ling. Mjølkefjøsa på Mære har blitt godkjende som forsøksfjøs av Mattilsynet, noko som styrkjer moglegheitene for å drive forskings- og utviklingsprosjekt på garden.

**Post 71 Forskingsaktivitet – Noregs
forskringsråd, kan overførast**

Løyvinga skal dekkje forskingsaktivitet i regi av Noregs forskingsråd og bidra til å nå hovudmåla på landbruks- og matområdet.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 198,2 mill. kroner på posten for 2026. Departementet gjer òg framlegg om ei tilsegnfullmakt på 595,2 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak IV. Dette inneber at Forskringsrådet kan gi 260,8 mill. kroner til nye forskingsprosjekt i 2026 (tilsegnsskramma). Inkludert i tilsegnsskramma er om lag 24 mill. kroner i unytta avsetjing som følgje av omlegging til bruttobudsjettering av Forskringsrådet.

Departementet legg særleg vekt på forskning og ny kunnskap som bidreg til sunn og trygg mat basert på norske ressursar, og til auka sjølvforsyning i tråd med ambisjonane i Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*. Samtidig skal ny kunnskap og nye innovasjonar bidra til reduserte klimagassutslepp frå husdyrproduksjon, og auka opptak av karbon frå jord og skog.

Ny kunnskap skal leggje grunnlag for teknologiutvikling, auka produktivitet og best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, inkludert kunnskap innan agronomi og om korleis landbruket blir påverka av og best kan tilpassast eit endra klima. For å utnytte det norske ressursgrunnlaget fullt ut, er det avgjerande med nye og forbetra produksjonsmetodar og kunnskap som gjer det mogleg å tilpasse produksjonen til regionale forhold.

I tillegg skal midlane bidra til kunnskap for å oppretthalde god dyrehelse og dyrevelferd, eit lågt forbruk av antimikrobielle midlar, og trygg bruk av ulike bioressursar i sirkulære kretsløp. Også kunnskap om samanhengen mellom plantehelse, dyrehelse, folkehelse, matproduksjon og miljø (*Éi-helse*) inngår i departementet sine prioriteringar. Forsking og utvikling innan dyrevelferd skal støtte opp under Meld. St. 8 (2024–2025) *Dyrevelferd*.

Det er framleis viktig å følgje opp samfunnsoppdraget om berekraftig fôr, med mål om at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr skal komme frå berekraftige kjelder, og bidra til å redusere klimagassutsleppa i matsystema innan 2034.

Ny kunnskap skal òg bidra til auka foredling og meir effektiv utnytting av landbruket sine mange fornybare biologiske ressursar, og med det nye grøne arbeidsplassar over heile landet. Auka utnytting av dei biologiske ressursane set òg krav til oppdatert kunnskap om berekraftig bruk av areal, der omsyn til miljø og klima blir balansert mot omsyn til næringsutvikling.

I tillegg skal forskingsbasert kunnskap liggje til grunn for politikkutvikling og forvaltning. Dette krev tilgang på oppdatert kunnskap. Samfunnsvitskapleg forskning på landbruks- og matområdet skal gi kunnskap om rolla til landbruket, og kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket.

Midlane skal òg bidra til internasjonalt forskningssamarbeid, mellom anna EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, *Horisont Europa*, og partnerskap som støttar opp under dei landbruks- og matpolitiske måla.

Midlane skal sjåast i samanheng med tildelingar frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og forskingsmidlar over jordbruksavtalen, jf. kap. 1137, post 54, og kap. 1150, post 50.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 184,2 mill. kroner på posten. Noregs forskingsråd (Forskringsrådet) har i 2024 følgt opp departementet sine føringar om bruk av midlane både gjennom utbetaling til pågåande forskingsprosjekt og tildeling til nye forskingsprosjekt. Løyvingar til forskning på Landbruks- og matdepartementets budsjett har i hovudsak blitt disponert av porteføljen *Mat og bioressursar*, som hadde 184 aktive prosjekt. Porteføljen består av kompetanse- og samarbeidsprosjekt, forskarprosjekt og innovasjonsprosjekt i næringslivet. Desse prosjekta følgjer opp departementet sine prioriteringar retta mot forskning, innovasjon og teknologiutvikling som bidreg til nok, sunn og trygg mat basert på norske ressursar, og med det auka sjølvforsyningsgrad av norske jordbruksvarer. I tillegg har innsats vore retta mot å redusere klimagassutslepp frå jordbruket og auka opptak av karbon, i tillegg til kunnskap som skal bidra til å tilpasse produksjonen til eit endra klima og sørge for mest mogleg effektiv og berekraftig utnytting av tilgjengelege ressursar.

Løyvinga har òg vore nytta til forskning for å oppretthalde god dyrehelse og dyrevelferd, og eit lågt forbruk av antimikrobielle middel i norsk husdyrproduksjon. Det same gjeld kunnskap om samanhengar mellom plantehelse, dyrehelse, folkehelse, matproduksjon og miljø (*Èi-helse*).

Tildelingane frå Landbruks- og matdepartementet følgjer opp dei langsiktige prioriteringane i Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032*. Departementet sine midlar omhandlar fleire fag- og temaområde, og er særleg relevante for oppfølging av det overordna målet *Styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne*, og dei tematiske prioriteringane *Mogleggjerande og industrielle teknologiar* og *Klima, miljø og miljøvenleg energi*.

Auka internasjonalisering står sentralt i tildelingar over departementet sitt forskingsbudsjett. Ei vesentleg støtte blei gitt til norsk deltaking i nordiske og europeiske forskingsnettverk. Landbruks- og matforskning har hatt vesentleg gjennomslag i utlysingane til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, *Horisont Europa*, i 2024, mellom anna innan områda mat og sirkulær bioøkonomi. Noreg deltek i ei rekkje europeiske partnerskap som er retta mot store utfordringar som Noreg deler med samarbeidslanda og som ikkje kan løysast aleine. Midlane frå Landbruks- og matdepartementet blir nytta i internasjonale forskningssamarbeid mellom anna innan klima- og miljø, mattryggleik, dyrehelse og dyrevelferd, og omstilling til eit grønar samfunn.

For å sørge for ei heilskapleg forvaltning av dei samla forskingsmidlane i landbrukssektoren, samarbeider Forskringsrådet med styret for *Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter* og styret for *Forskringsmidler over jordbruksavtalen*, mellom anna om samordning av prioriterte innsatsområde. Dei to forskingsstyra sine midlar er omtalte under kap. 1137, post 54, og kap. 1150, post 50.

Post 72 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt – Noregs forskingsråd

Løyvinga skal dekkje grunnfinansiering m.m. av Norsk institutt for bioøkonomi, Veterinærinstituttet og Institutt for rural- og regionalforskning. Grunnfinansieringa dekkjer langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging og stimulerer til høg vitenskapleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid innan heile breidda av institutta sine faglege aktiviteter. Dei skal òg bidra til ein sterk instituttsektor i landbruks- og matsektoren som kan tilby forskning av høg internasjonal kvalitet til næringslivet og forvaltninga. Løyvinga skal nyttast i tråd med retningslinene for statlege grunnløyvingar til forskingsinstitutt. Forskringsrådet har ansvaret for fordelinga av grunnfinansieringa.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 208,3 mill. kroner. Dette er ein nedgang frå 2025

og reduksjonen i løyvinga gjeld i stor grad tekniske justeringar i løyvinga. Desse tekniske justeringane påverkar ikkje aktivitetsnivået på posten i 2026. Éin prosent av grunnløyvinga til dei landbruks- og matfaglege institutta skal vere resultatbasert, og tildelast ut ifrå institutta sine skår på indikatorar for kvalitet og relevans.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 207,8 mill. kroner på posten.

Norsk institutt for bioøkonomi

I 2024 finansierte grunnfinansieringa 23 strategiske instituttsatsingar, såkalla Framtidssatsingar. Gjennom desse prosjekta utviklar instituttet kompetanse for å kunne svare på framtidige kunnskapsbehov i landbruks- og matsektoren. Grunnfinansieringa har òg blitt brukt til vitenskapleg publisering som ikkje kan gjennomførast innanfor ordinære prosjektrammer. Dette bidreg til formidling av viktige resultat, til kompetansebygging internt og til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) sitt nasjonale og internasjonale omdømme. Rettleiing av doktorgradsstipendiatar og mastergradsstudentar, i tillegg til kvalitetssikring av vitenskapleg arbeid, har vore mogleg ved bruk av grunnløyvinga.

Vidare er det brukt midlar til nettverksbygging og posisjoneringstiltak for å styrkje konkurranseevna i samband med utlysingar frå Noregs forskingsråd og i EU. Ein del av midlane er brukt til samhandling på tvers av fagområde internt i NIBIO, og til å byggje kompetanse blant ulike forskargrupper. Dette har gitt suksess i form av tilslag på fleire større søknader innanfor desse fagområda. Som tidlegare år er nokre midlar brukte til å finansiere deltaking på fagmøte med næringsaktørar og på ulike konferansar og seminar nasjonalt og internasjonalt. Tiltak for nettverksbygging, internasjonalisering og kvalitetssikring av forskninga har i 2024 òg omfatta samarbeidsavtalar med eksterne internasjonalt anerkjende gjesteforskarar innanfor ulike fagfelt. Grunnfinansieringa har òg blitt brukt som eigenandel i nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. På NIBIOs lokalitet på Tjøtta er det investert i vitenskapleg utstyr som gir moglegheit for å dokumentere klimagassutslepp frå husdyrproduksjon. I Steinkjer blei det opna ein ny proteinfabrikk som opnar for meir samarbeid mellom grøn og blå sektor. NIBIO har òg brukt grunnfinansieringa til å utvikle eit nasjonalt

leiande laboratorium for tang- og tareanalysar i Bodø. Det er vidare brukt midlar på enkelte oppgraderingar av utstyr til laboratorium og vitenskapleg utstyr i samband med feltforsøk.

Veterinærinstituttet

Grunnfinansieringa er brukt til å finansiere to strategiske instituttsatsingar og til eigenandel i fleire nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. Vidare blei to interne pilotprosjekt gjennomførte i 2024 med mål om å styrkje den vitenskaplege og teknologiske kompetansen innan innovative felt som direkte påverkar utføringa av instituttet sitt samfunnsoppdrag. Pilotprosjektordninga aukar sjansane for å lukkast i konkurransen om eksterne, konkurranseutsette midlar.

Veterinærinstituttet hadde ni tilsette i eit doktorgradsløp i 2024, der éin disputerte. Grunnløyvinga blir i hovudsak nytta til utdanningsaktivitetane i doktorgradsprogramma, men i nokre tilfelle finansierer grunnløyvinga større delar av doktorgradsarbeidet.

Vidare prioriterer instituttet midlar til nettverksbygging og kompetansefremjande tiltak for forskarar og forskingsadministrativ stab. Dette er mellom anna COST Actions og ulike strategiske og tematiske fora der instituttet er representert. Instituttet har òg prioritert å byggje kompetanse om Horisont Europa og finansieringsinstrument innan EU.

Institutt for rural- og regionalforskning

Grunnfinansieringa har finansiert tre pågåande strategiske instituttprosjekt. Desse bidreg til ny kunnskap om tidsaktuelle problemstillingar knytt til rurale forhold og bygdesosiologi. Vidare er grunnløyvinga brukt som eigenandel i to forskingsprosjekt. Det eine prosjektet analyserer korleis ulike jordbruksproduksjonsmodellar i Ukraina blir påverka av krigen. Prosjektet bidreg med kunnskap om matsikkerheit og ulike jordbruksproduksjonsmodellar si evne til å produsere og levere mat i kriser som krig. Det andre prosjektet tek for seg effektar av ulike praksisar for jordbearbeiding på klima, miljø og samfunn. Instituttet har òg brukt grunnfinansieringa til nettverksbygging og kompetanseutvikling, mellom anna deltaking på konferansar og kurs, i tillegg til å dekkje kostnader knytte til doktorgradsstipendiatar.

Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1138	Støtte til organisasjonar m.m.	72 757	72 534	77 414	6,7
1139	Genressursar, miljø- og ressurs- registreringar	34 828	34 535	34 558	0,1
1140	Haukbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.	77 886	85 890	85 890	0,0
1141	Haukbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	12 971	13 306	13 565	1,9
1142	Landbruksdirektoratet	1 131 992	886 550	847 648	-4,4
1148	Naturskade – erstatningar	105 732	136 300	173 100	27,0
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	133 261	113 044	93 932	-16,9
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	27 308 922	28 925 568	30 083 683	4,0
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	199 966	225 000	250 000	11,1
1152	Bionova	119 959	173 247	185 000	6,8
1161	Myndigheitsoppgåver og sektor- politiske oppgåver på statsgrunn	33 800	34 693	31 337	-9,7
Sum kategori 15.30		29 232 077	30 700 667	31 876 127	3,8

Inntekter under programkategori 15.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4141	Hautbare viltressursar – jeger- prøve, tilskott til organisasjonar m.m.	4 486	4 680	4 900	4,7
4142	Landbruksdirektoratet	50 463	52 381	55 367	5,7
4150	Til gjennomføring av jordbruks- avtalen m.m.	1 688	50	1 050	2000,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	322 045	337 500	342 500	1,5
	Sum kategori 15.30	378 682	394 611	403 817	2,3

Mål

Budsjettframlegget under programkategori 15.30 omfattar næringsavtalar, verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket, miljøtiltak, Landbruksdirektoratet, erstatning for naturskade, forvaltning av statsgrunn i skog og utmark, forvaltning av hautbare viltressursar og støtte til organisasjonar.

Programkategorien rettar seg særleg mot desse hovudmåla; landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar, jf. omtale av dei landbrukspolitiske måla i del I av proposisjonen. I tillegg rettar programkategorien seg mot delar av målet om matsikkerheit og beredskap.

Rapportering på mål

Overordna mål: Matsikkerheit og beredskap

Landbruks- og matdepartementet har desse delmåla knytte til det overordna målet om matsikkerheit og beredskap på programkategorien:

Delmål

- Auka matvareberedskap
- Satse på avl, forskning og utdanning for auke bruken av dei biologiske ressursane

Auka matvareberedskap

Matsikkerheit og matvareberedskap i dag og framover blir vareteke gjennom løpande innanlands matproduksjon, velfungerande handel og ivaretaking av produksjonsgrunnlaget. Regjeringa arbeider for å auke matberedskapen i urolege

tider. Regjeringa sitt mål for sjølvforsyningsgrad av norske jordbruksmatvarer, korrigert for import av førråvarer, er 50 pst. I 2024 la regjeringa fram Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*. Hovudstrategien som blir lagd til grunn for arbeidet med auka sjølvforsyning, er å forbetre og auke produksjonen av planteprodukt, både til mat og til fôr, på ein måte som styrkjer jordbruket si konkurransekraft mot import. Stortinget vedtok ved handsaminga av meldinga eit mål om 50 pst. sjølvforsyningsgrad av norske jordbruksvarer korrigert for førimport innan 2030.

Styrkt konkurransekraft i matsektoren er avgjerande for å oppretthalde og auke norskandelen i heimemarknaden i tråd med etterspørselen. Jordbruksavtalen for 2024–2025 inneheld tiltak som gir betre økonomi i kornproduksjon, auka matkornproduksjon, ei vesentleg satsing på frukt og grønt, styrking av det grovfôrbaserte husdyrhaldet og auka støtte til beredskapslagring av såkorn. Beredskapslager for matkorn er etablert og blir bygd gradvis opp.

Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane

Systematisk avls- og foredlingsarbeid bidreg til ein meir effektiv og berekraftig matproduksjon, med auka sjølvforsyningsgrad basert på norske ressursar og lågare klimagassutslepp. Forsking og teknologiutvikling legg til rette for at vi har eit plante- og dyremateriale som er godt tilpassa norske forhold og eit endra klima. Landbruks- og matdepartementets løyvingar til forskning har over fleire år bidrege med finansiering av forskingspro-

sjekt innan husdyravl, der avlsorganisasjonane Geno og Norsvin er sentrale aktørar.

Norsk avlsarbeid, med Geno og Norsvin i spissen, har gjennom mange tiår lagt stor vekt på fleire eigenskapar enn berre auka produksjon av mjølk og kjøtt i avlsmåla sine.

Dei seinare åra har GENO og samarbeidspartnarar, med mellom anna midlar over jordbruksavtalen, greidd ut moglegheitene for å inkludere lågare metangassutslepp i avlsarbeidet på NRF-mjølkekyr. Arvbarheita på metanutslepp er vesentleg, og moglegheita for direkte seleksjon på metan er lovande.

Bioteknologi og forskning står sentralt i bioøkonomien. Regjeringa fremjer bioøkonomien ved å leggje vekt på tiltak som aukar verdiskaping og sysselsetjing, reduserer klimagassutslepp, og meir effektiv og berekraftig utnytting av dei fornybare biologiske ressursane. Samfunnsoppdraget om berekraftig fôr, med mål om auka bruk av norske råvarer i fôr til oppdrettsfisk og husdyr, vil stå sentralt i dette. Landbruks- og matdepartementets løyvingar til forskning gir sentrale bidrag til vidareutvikling av bioøkonomien, og departementet er oppteke av å auke rekrutteringa til relevant utdanning på alle nivå, jf. omtale under målet Landbruk over heile landet.

Overordna mål: Landbruk over heile landet

Landbruks- og matdepartementet har desse delmåla knytte til det overordna målet om landbruk over heile landet:

Delmål

- Leggje til rette for bruk av jord- og beite-ressursane
 - Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing
 - Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling
 - Leggje til rette for rekruttering i heile landet
 - Ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift
-

Leggje til rette for bruk av jord- og beite-ressursane

I Noreg er berre 3 pst. av arealet dyrka mark, og klimatiske forhold avgrensar avlingsmoglegheitene og kva for vekstar som kan dyrkast. Regjeringa vil leggje til rette for bruk av jord- og beite-ressursane i heile landet. Det gjeld både jordbruk og reindrift, og der reindrift er særskild omtalt i

slutten av kapittelet. Verkemiddel for eit mangfaldig landbruk med variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling, bidreg til sjølvforsyninga gjennom å utnytte dei samla produksjonsmoglegheitene i landet. I jordbruksoppgjeret blei det semje om auka investeringsstøtte mellom anna til lausdrift og i Nord-Noreg, og nye verkemiddel for å styrkje setringa.

Det registrerte jordbruksarealet i drift i landet har vore stabilt over mange år, på i underkant av 10 mill. dekar. Arealet til oljevekstar og belgvekstar og grønsaker har auka jamt dei seinare åra, men utgjer samla mindre enn 200 000 dekar. Delen av storfe og sau som er på beite har òg vore relativt stabil over tid, men med ein liten auke frå 2023 til 2024.

Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Aktiviteten knytt til landbruket og landbrukseigedommane bidreg til busetjing, sysselsetjing, verdiskaping og levande bygder i store delar av landet.

I ein ny rapport på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet, har Menon analysert ringverknadene av landbruket i distrikta. Dei observerte at landbruket, inkludert næringa sine ringverknader, sysselsette i underkant av 65 000 årsverk i 2023 og hadde ei verdiskaping (inkludert tilskott) på i underkant av 50 mrd. kroner. Rapporten inneheld også vurderingar av landbruket sin verdi for busetjing og sysselsetjing i distrikta. Landbruket utgjer relativt meir av det private næringslivet desto lågare sentralitetsklasse. Rapporten drøftar òg effektar av ein eventuell nedgang i landbruket. I vurderinga av nettoeffektar på verdiskaping i Noreg, finn Menon at det er sannsynleg at strukturendringar kan gi effektivisering og auka produktivitet, men at gevinsten i stor grad vil hamne i meir sentrale jordbruksområde. Av rapporten til Menon går det fram at nettoeffektane på busetjing sannsynlegvis vil vere mest kritiske i dei små kommunane der landbruket utgjer ein stor del av økonomien.

Tal frå SSB viser at det var registrert 5 550 203 innbyggjarar i Noreg i første kvartal 2024. Av dei var 349 894 fast busette på ein landbrukseigedom.

Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Den geografiske fordelinga av produksjon i landbruket heng saman med målet om landbruk over heile landet. Kanaliseringspolitikken bidreg òg til høgare samla jordbruksproduksjon gjennom å leggje til rette for at korn og andre matplanter blir

produsert der dei klimatiske forholda ligg best til rette for det, og at produksjon av gras til drøvtyggjarar blir produsert i resten av landet. Ein variert bruksstruktur med drift tilpassa natur- og jordgrunnlaget er viktig for å halde mest mogleg av det samla jordbruksarealet i hevd.

Statistikk frå SBB viser at det var 182 528 registrerte landbrukseigedommar i 2024. Dette er eigedommar som har minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktiv skog. Av landbrukseigedommane med eigd jordbruksareal, viser tal frå SSB at hovudtyngda (70 pst.) av eigedommane hadde mellom 5 og 100 dekar jordbruksareal. For eigedommane med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, var den gjennomsnittlege arealstorleiken på jordbruksarealet om lag 69 dekar.

Tal frå SSB viser at det i 2024 var registrert 36 790 jordbruksverksemdar. Det er eit stort omfang av leigejord, og 60 pst. av jordbruksverksemdene driv landbruksproduksjon med både leigd og eigd jordbruksareal. Om lag 30 pst. av jordbruksverksemdene driv produksjon berre på eigd jordbruksareal, mens 7 pst. driv landbruksproduksjon berre med leigd jordbruksareal.

Tal frå KOSTRA for 2024 viser at 2 045 fekk samtykke til å dele ein landbrukseigedom. Av desse skulle om lag 27 pst. selje jorda som tilleggsjord til andre landbrukseigedommar.

Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen inneheld sentrale rammevilkår, og gir grunnlag for auka lønsemd i landbruket, noko som er viktig for rekrutteringa til landbruket.

Norsk landbruk er ei kunnskapsintensiv og kompetansekreivande næring. Det er naudsynt å leggje til rette for eit godt utdanningssystem i landbruket. Nær alle fylka i landet tilbyr landbruksutdanning i vidaregåande opplæring under utdanningsprogrammet Naturbruk. Fleire fylke har fagskuletilbod i ulike landbruksfag, og i høgare utdanning er det tilbod om landbruksutdanning på tre ulike stader i landet – ved Nord universitet, Universitetet i Innlandet og Norges miljø- og biovitenskapelige universitet. Det er stor interesse i heile landet for agronomi- og gartnaropplæringa for vaksne knytt til den nasjonale modellen for vakse-nagronomen. Samtidig varierer interessa for landbruksfaga i ordinær vidaregåande skule. Det same gjeld i høgare utdanning, men der skogfaga har utmerka seg med ein klar auke i søkjartal dei siste åra. For fagskulane har rekrutteringa til landbruks-

fag gått opp dei par siste åra. For matfaga er tala små og meir varierte på alle utdanningsnivå. Rekruttering av rett og god kompetanse er sentralt i heile verdikjeda for mat. Matindustrien og resten av mat- og måltidsbransjen rapporterer om stort behov for fagpersonar.

Ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift

Hovudmålet for reindriftspolitikken er ei berekraftig reindrift, med delmåla økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Ei berekraftig reindrift gir dagens reindriftsutøvarar moglegheit til å utøve reindrift samstundes som den ikkje øydelegg framtidige generasjonar sine moglegheiter til å utøve reindrift. Det er fastsett 14 kriterium for berekraftig reindrift som skal gjere det mogleg å vurdere måloppnåing for dei reindriftspolitiske måla. Denne rapporteringa er gjort i Prop. 143 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Reindriftsavtalen 2025/2026)*.

Tilgang på naudsynte areal er ein føresetnad for ei berekraftig reindrift. Regjeringa arbeider med å følgje opp tiltakspakka for reindrift og energi, som skal leggje til rette for både utbygging av energi og ivaretaking av reindriften. I Prop. 143 S (2024–2025) er det gitt ein status for oppfølging av tiltaka for alle departementa.

Landbruks- og matdepartementet skal følgje opp statens forplikting til å skaffe eit tilleggsareal for Fosen reinbeitedistrikt. Det vil bli gjennomført ei konsekvensutgreiing for å sjå nærare på kva for konsekvensar bruk av området som vinterbeite for Fosen reinbeitedistrikt vil ha for andre interesser.

Overordna mål: Auka verdiskaping

Landbruks- og matdepartementet har desse delmåla knytte til det overordna målet om auka verdiskaping:

Delmål

- Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter
- Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjeda for mat
- Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine ressursar
- Vidareutvikle Noreg som matnasjon
- Leggje til rette for bonden sine inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden
- Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter

For å utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter må jordbruket produsere varer som forbrukarane etterspør, og som er konkurranse-dyktige overfor import. Jordbruket har i aukande grad tilpassa produksjonen til etterspørsel i marknaden, med særleg vekst innan segment som lokalmat, økologisk produksjon og kvalitetsprodukt. Konkurranseskraft er avhengig av fleire faktorar, mellom anna pris, kostnader, kvalitet og evna til å respondere på kort- og langsiktige endringar i forbrukartrendar gjennom produktutvikling både i primærproduksjonen og i næringsmiddelindustrien. Regjeringa har støtta tiltak som fremjer innovasjon og produktutvikling, og bidrege til betre marknadstilgang gjennom merkeordningar og rådgiving.

Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjeda for mat

Ein konkurransedyktig matsektor er avgjerande for å auke verdiskapinga og oppretthalde ein høg heimemarknadsdel. Det er ei gjensidig binding mellom norsk næringsmiddelindustri og norsk landbruk, og effektivitet i heile verdikjeda er avgjerande for konkurransekrafta. Tilstrekkeleg konkurransekraft i heile verdikjeda er fundamentet for eit aktivt og variert norsk jordbruk, ein sterk jordbruksbasert næringsmiddelindustri og eit breitt utval av god norskprodusert kvalitetsmat.

Regjeringa vil leggje til rette for at landbruket skal ha føreseielege rammevilkår som kan bidra til at den samla lønsemda i næringa aukar. Regjeringa si kraftfulle satsing på at næringsutøvarane i landbruket skal ha dei same inntektsmoglegheitene som andre grupper, og auka investerings-tilskott, bidreg til auka økonomisk handlingsrom for investeringar mellom anna i teknologiske løysingar. Verdikjeda for mat blir styrkt gjennom investeringar i teknologi, logistikk og samarbeid mellom aktørar, og effektivisering i produksjon og foredling gir betre ressursutnytting og reduserte kostnader. Regjeringa har lagt til rette for dette gjennom målretta verkemiddel og støtteordningar, med vekt på berekraft og lønsemd i heile verdikjeda.

Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine ressursar

For å få til ei auka verdiskaping er det naudsynt å nytte dei samla ressursane på garden på ein løn-

sam måte. Å utnytte det totale ressursgrunnlaget er viktig både økonomisk, gjennom å utnytte kapasitet og ressursar, og for å bidra til fleire arbeidsplassar i landbruket. Verkemidla må difor leggje til rette for å drive både tradisjonelt jord- og skogbruk og andre landbruksbaserte næringar. Det er ei gjensidig binding mellom det tradisjonelle landbruket og andre næringar basert på landbruket sine ressursar, der andre landbruksbaserte næringar kan komme i staden for eller i tillegg til tradisjonelt landbruk. Landbruksbaserte næringar er til dømes produksjon av lokalmat og -drikke, gardsutsal, overnattingsverksemd og servering, tilbod av velferdstenester, fiske- og jakt-turisme, leigekøyring og vedproduksjon.

Over jordbruksavtalen er det ei rekkje verkemiddel som skal støtte opp om landbruksbaserte næringar, mellom anna Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping, Investerings- og bedriftsutviklingsmidla (IBU) og kompetansetilbod til lokalmatprodusentar. Ordningane har medverka til auka profesjonalisering særleg innan lokalmatområdet, men òg på område som reiseliv og Inn på tunet. I 2024 blei i underkant av 8 pst. av dei totale løyvingane over IBU-ordninga gitt til investeringar innan andre landbruksbaserte næringar.

Driftsgranskingane frå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) gir kunnskap om utvikling og lønsemd innanfor andre landbruksbaserte næringar. Av dei 938 bruka som var med i driftsgranskingane for 2023, hadde 85 pst. omsetnad knytt til anna landbruksbasert næring. Dette er på same nivå som i 2022. 72 pst. hadde ein omsetnad på meir enn 20 000 kroner frå tilleggsnæringar, og ein finn flest av desse på Austlandet og færrast i Nord-Noreg. Driftsoverskottet frå desse næringane var i gjennomsnitt 135 900 kroner for alle deltakarbruka med tilleggsnæring, noko som er ein auke frå 2022. Bidraget frå tilleggsnæringane til driftsoverskottet auka i alle regionane i 2023.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Matnasjonen Noreg er ein måte å tenkje heilskap på, og visjonen for Matnasjonen Noreg famnar breitt, både mellom sektorar og langs heile verdikjeda for mat. Produksjonen og utviklinga innan lokalmat og -drikke går på mange måtar framføre i utviklinga av berekraftige lokale matsystem. Lokale handverkstradisjonar for matproduksjon blir haldne i hevd, matmangfaldet aukar og ein større del av dei menneskelege og materielle ressursane på landbrukseigedomen blir tekne i bruk. Bedriftene er ofte små, men bidreg til lokale

arbeidsplassar og skaper stoltheit og omdømmebygging for eige lokalsamfunn. Det er sett ned eit ekspertutval som hausten 2026 skal levere ei offentleg utgreiing om berekraftige matsystem. Sjå omtale av departementet sitt arbeid med berekraftige matsystem i del III av proposisjonen.

Arbeidet med Noreg som matnasjon skjer gjennom å utvikle det tradisjonelle jordbruket, auke sjølvforsyninga og utvikle andre landbruksbaserte næringar. Dei årlege jordbruksforhandlingane er med å leggje grunnlaget for dette. Arbeidet byggjer opp under dei fire prioriterte innsatsområda i strategien *Matnasjonen Noreg*:

1. Produksjon av og tilbod om, berekraftig, trygg og sunn mat av høg kvalitet
2. Skape grunnlag for vekst og verdiskaping i heile landet
3. Innovasjon og mangfald
4. Kompetanse, rekruttering og omdømmebygging

Arbeidet med *Matnasjonen Noreg* skal styrkje norsk matproduksjon, synleggjere norsk matkultur og -tradisjonar, fremje berekraft i heile verdikjeda og styrkje samarbeidet mellom ulike aktørar. Det blei i 2025 lagt fram både ei *Oppskrift for meir lokalmat og lokal drikke* og ein ny nasjonal strategi for økologisk jordbruk. Oppfølginga av desse inngår i arbeidet med Matnasjonen Noreg.

Leggje til rette for bonden sine inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden

Regjeringa starta opptrappinga av inntektsmoglegheitene i jordbruket allereie hausten 2021. I Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, blei målet for inntektsopptrappinga definert som å leggje til rette for at nivået på inntektsmoglegheitene i jordbruket kan kome på nivå med løn for samanlikningsgruppa innan 2027. Meldinga gjorde også greie for avgrensingar og føresetnader knytt til opptrappingsplanen. Dei politiske prinsippa for talgrunnlaget blei stadfesta ved handsaminga av Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipper for tallgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*. Normaliserte rekneskap og budsjett for aktive jordbruksbedrifter frå Budsjettmemnda for jordbruket, viser at inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper, kan bli tetta allereie i 2025. Årets jordbruksoppgjær legg til rette for at det kan forbli tetta i 2026.

Budsjettmemnda sitt budsjett for 2025 viser til at bruttoinvesteringane i jordbruket målt i faste prisar kan auke att samanlikna med 2024. Sikrere

tal vil først vere tilgjengelege når SSB har gjennomført årets undersøking av investeringar i jordbruket. Løyvingane til investeringstilskott er sterkt auka dei seinare åra, seinast i årets jordbruksoppgjær og i revidert nasjonalbudsjett for 2025. Det vil ta nokre år før alle midlane er omsette til mellom anna bygging av nye fjøs.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Skogbrukslova med tilhøyrande regelverk er eit sentralt verkemiddel for å sikre berekraft i skogbruket. Dei økonomiske verkemidla i skogpolitikken er mellom anna skogfond og tilskott til nærings- og miljøtiltak, skogbruksplanlegging med miljøregistreringar, skogplanteforedling og produksjon av bioenergi.

Det blei i alt avverka nær 12 mill. kubikkmeter tømmer for sal til industrien i 2024, noko som er åtte pst. meir enn i 2023. Det har aldri før blitt hogd så mykje tømmer til industriformål. Det blei eksportert rundt 4,6 mill. kubikkmeter tømmer, noko som er ein oppgang på sju pst. frå året før. Den årlege tilveksten i norske skogar var i 2024 om lag 24,6 mill. kubikkmeter tømmer. Tilveksten nådde toppen tidleg på 2000-talet, men har sidan gått ned. Dette skuldast mellom anna at mykje av skogen er blitt eldre, og at hogsten har auka, særleg hogst av gran på god mark. Skogen har òg blitt svekt etter tørkesommaren i 2018, noko som har ført til større naturleg avgang. Tilveksten minkar òg fordi dei siste tiåra har vore mindre investeringar i tiltak som fremjer skogproduksjonen, som planting og stell av ungsog. Framskrivingar tyder på vidare nedgang i tilveksten, noko som vil redusere evna til å ta opp CO₂ i framtida. Forynging og skogkultur må difor få høg prioritet dersom ein skal snu denne utviklinga.

Overordna mål: Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Landbruks- og matdepartementet har desse delmåla knytte til det overordna målet om berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar:

Delmål

- Redusert forureining frå landbruket
- Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og gode klimatilpassingar
- Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal og ressursgrunnlag
- Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet

Redusert forureining frå landbruket

Tiltak for å avgrense forureininga

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevern-middel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Samla gjennomføring av ulike jordarbeidingstiltak, grasdekte areal med meir i kornområda, har redusert erosjonsrisikoen på dyrka areal, men ikkje tilsvarende det som har vore forventet effekt av tiltaka. Resultata frå analyse av 25 år med overvakingsdata i JOVA-programmet til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), viser at nedbør og temperatur er av dei faktorane som avgjer jord- og fosfortap, og at det er effekt av jordarbeiding på fosfortap og fosforkonsentrasjonar. Effekten er størst når det er mykje nedbør, stor avrenning og store jordtap. NIBIO viser til at jord- og fosfortap i eit nedbørfelt blir påverka av mange faktorar som bidreg til å tilsløre effekten av jordarbeiding. Dei siste jordbruksoppgjera har hatt ei ytterlegare kraftfull satsing på vannmiljøtiltak i område som drenerer til Oslofjorden, «Oslofjordfylkene» (Oslo, Akershus, Buskerud, Østfold, Innlandet, Vestfold og Telemark). Det er òg innført forskrifter om regionale miljøkrav for jordbruket i denne regionen. Tilskott til drenering blei innført i 2013. Godt drenert jord reduserer faren for jordpakking og utslepp av lystgass frå jordbruksjord. Siden 2013 har det blitt gitt tilskott for å drenere om lag 570 000 dekar jordbruksjord. Nitrogengjødsel frå mineral- og husdyrgjødsel er avgjerande for plantevekst, men samtidig ei kjelde til skadelege utslepp av ammoniakk (NH₃), lystgass og nitrat. Rett spreiemengd, sprietidspunkt og spreiemetode er difor viktig for å få ned utsleppa. I 2024 blei det gjennomført tiltak på miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel på om lag 2,9 mill. dekar. I januar 2025 fastsette regjeringa nytt gjødselregelverk, noko som vil bidra til reduserte utslepp av næringsstoff til jord og vatn.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og gode klimatilpassingar

Reduserte utslepp av klimagassar

Utsleppet av klimagassar frå jordbruket var i 2024 på 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, og utgjorde 10 pst. av dei samla norske utsleppa. Utsleppa frå jordbruket er reduserte med 10,3 pst. frå 1990 til 2024. Jordbruksaktivitetar og særleg husdyrhald er opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Om lag 97 pst. av klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren i klimagassrekneskapen er metan frå natur-

lege prosessar hos husdyr som storfe og sau, og lystgass frå husdyrgjødsel. Færre storfe, på grunn av auka produktivitet i mjølkeproduksjonen og redusert bruk av gjødsel, er blant hovudårsakene til nedgangen i utsleppet frå jordbruket. I juni 2019 inngjekk regjeringa Solberg, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag ein intensjonsavtale om klimamål for jordbruket. Avtalen handlar om utsleppskutt og auka opptak, som samla skal utgjere 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar for perioden 2021–2030. Klimaavtalen mellom jordbruket og staten legg opp til at partane òg skal følgje utsleppa av dei ulike klimagassane separat. Det er etablert ei rekneskapsgruppe som følgjer opp klimaavtalen. Den viktigaste oppgåva for jordbruket i klimasamanheng er å redusere utsleppa frå jordbruket utan at klimaomstillinga fører til karbonlekkasje, noko som vil seie å redusere utsleppa per produsert eining. Klimaavtalen ligg til grunn for omtalen av jordbruk i Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*.

Ein stor del av utsleppa frå jordbruket er den kortleva gassen metan. Stabile eller svakt fallande utslepp bidreg ikkje til ytterlegare oppvarming. Kortleva gassar har stor verknad den tida dei er i atmosfæren. Av den grunn har kvar auke i utslepp eller kutt i utslepp ein raskare, men samstundes meir forbigåande, verknad på temperaturen. Denne verknaden held seg difor berre så lenge auken i utsleppa eller kutt i utsleppa held fram. Dette til forskjell frå langleva gassar som til dømes CO₂. CO₂ blir ikkje broten ned, men hopar seg opp i atmosfæren til utsleppa blir tekne opp i havet eller på landjorda.

Auka opptak av CO₂ og karbonlagring i skog og jord

Ved siste rapporteringa i 2023 stod norske skogar for eit nettoopptak på 19,3 mill. tonn CO₂ (National Inventory Report 2025). Når alt anna areal er teke med, blir nettoopptaket på om lag 15,1 mill. tonn, noko som svarar til om lag ein tredel av dei samla norske utsleppa av klimagassar.

Netto karbonopptak i skog er eit resultat av skilnaden mellom brutto opptak i form av tilvekst og utslepp som følgje av hogst og naturleg avgang. Som følgje av generelt lågare investeringar i skogbruket dei siste tiåra, auka hogst, redusert tilvekst og auka avgang etter tørkesommaren 2018, viser netto karbonopptak i eksisterande skog ein nedgåande trend.

Trenden med reduksjon i tilveksten og karbonopptaket kan betrast ved å styrkje langsiktige investeringar i planting og ungskogpleie.

Omfang av bruk av tre i varige konstruksjonar

Auka bruk av tre i varige konstruksjonar er eit grunnlag for landbasert industriutvikling i alle regionar, og er ei av løysingane for reduserte klimagassutslepp i byggjenæringa. Bioøkonomiordninga under Bionova kan støtte prosjekt som bidreg til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring, og som bidreg til verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare biologiske ressursar frå land og hav.

Resultatet frå arbeidet knytt til trebygg er auka kompetanse om bruk av tre i store konstruksjonar i Noreg og vekst i marknadsdelar for tre i fleire kategoriar bygg. Fleire industrialiseringsprosjekt, med vekt på effektivisering, digitalisering av produksjonsprosessar, ny eller betre utnytting av restråstoff, ombruk og gjenbruk av materiale og nye fabrikkar, gir grunnlag for vekst. Kompetansen og produkta frå dette arbeidet er etterspurde internasjonalt.

I 2024 blei det løyvd 251,5 mill. kroner til 91 utviklingsprosjekt i biobaserte verdikjeder.

Produksjon og bruk av bioenergi

Landbruket har vist stor interesse for å gjennomføre klima- og miljøinvesteringar innanfor bioenergi dei siste åra. Totalt blei det innvilga 153,8 mill. kroner til 208 prosjekt i 2024 gjennom *Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologi i landbruket*. Ordninga er ein del av Bionova.

Omlegging til fornybar energi bidreg til ein årleg reduksjon av klimagassutslepp med om lag 144 400 tonn CO₂-ekvivalentar. Volumet auka med 10 400 tonn som ei følgje av prosjekta i 2024. Det er forventa at prosjekta som blei finansierte i 2024, bidreg til ein energiproduksjon på 55 GWh.

Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sitt areal- og ressursgrunnlag

Nydyrking og omdisponering av areal

For 2024 viser KOSTRA-tala frå SSB at det blei omdisponert 2 499 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk, noko som er den lågaste omdisponeringa sidan registreringa blei starta i 1967. Omdisponeringa av dyrkbar jord var på 2 722 dekar, noko som er den nest lågaste omdisponeringa sidan denne KOSTRA-rapporteringa starta i 2005.

KOSTRA-tala viser ein auke på nesten 3 000 dekar i godkjent areal for nydyrking frå 2023 til

2024. I 2024 blei det gitt løyve til å nydyrke om lag 12 800 dekar, mot om lag 9 900 dekar i 2023. Frå og med 2014 har i gjennomsnitt om lag 19 300 dekar blitt godkjent nydyrka årleg.

Økologisk produksjon og forbruk

Utgangspunkt for arbeidet med økologisk jordbruk er målet om at 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2032, samtidig som det skal stimulerast til auka omsetnad og etterspørsel i marknaden, jf. Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipper for tallgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken* og Innst. 197 S (2024–2025). Regjeringa la våren 2025 fram strategien *Frå økologisk jord til middagsbord. Nasjonal strategi for økologisk jordbruk (2025–2032)*. Økologisk jordbruk viser ekstra omsyn til miljø og berekraft i produksjonen og har positiv verknad for biologisk mangfald, jordkvalitet og jordstruktur, samstundes som det blir stilt ekstra krav til dyrevelferd. Erfaringar og kunnskap frå økologiske driftsformer kan overførast til det konvensjonelle jordbruket.

Storleiken på det økologiske arealet har vore relativt stabil dei siste åra, og utgjorde 421 350 dekar i 2024. Dette var om lag 4,6 pst. av det samla jordbruksarealet (medrekna areal under omlegging). Omsetnaden av økologiske landbruksvarer i daglegvarehandelen var på 3,6 mrd. kroner i 2024, noko som er ein auke på 7,8 pst. frå året før.

Genressursane i landbruket

Det genetiske mangfaldet i landbruket gir høve til å tilpasse og forbetre produksjonen til endra forutsetningar i klima, sjukdomstrykk, produksjonsvilkår og forbrukarpreferansar. Den genetiske variasjonen innan artar av kulturplanter, husdyr og skogtre er viktige ressursar for samfunnet. Sikring av dette genetiske materialet styrkjer vår beredskap og vår evne til å forsyne befolkninga med mat i framtida. Dei genetiske ressursane er ein naturkapital som kan styrkje vår evne til effektive og biobaserte innovasjonar i norsk matproduksjon og bidra til auka verdiskaping. Både FNs berekraftsmål 2.5 og naturavtalen sitt mål 4 forpliktar Noreg til å sikre berekraftig bruk og bevaring av husdyrrasar og plantesortar som eit av tiltaka for å utrydde svolt. I Noreg blir *Nasjonal strategi for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk* frå 2019, lagd til grunn for oppfølginga av berekraftsmålet og naturavtalen. 2024 var første året for gjennomføring av den nasjonale tiltaksplanen som operasjonaliserer den nasjonale strategien.

I 2024 blei potensielle klonbankar for sentrale vekstgrupper identifiserte. Klonbankane vil vere navet i det omstrukturerte bevaringsprogrammet for vegetativt formerte kulturplanter i Noreg. I 2024 var det i alt 25 klonarkiv og feltgenbankar som bevarte meir enn 4 500 aksesjonar av frukt, bær, grønsaker, potet, medisins- og krydderplanter, prydplanter og grøntanleggsplanter. Gjennom drifta av Nordisk genressurscenter (NordGen), under Nordisk ministerråd, samarbeider Noreg med dei andre nordiske landa om bevaring av nordiske plantesortar som kan frøformeirast.

I Noreg er 37 av dei 49 nasjonale husdyrrasane rekna som verneverdige. I 2024 er ingen av dei verneverdige storfe-, sau-, geit- og hesterasane karakteriserte som kritisk truga. Ein anteken sterk motivasjonsfaktor for eigarane av dei bevaringsverdige husdyrrasane, er tilskottssatsene pr. dyr i produksjonstilskott til bevaringsverdige husdyrraser. Om lag 30 artar av skogtre høyrer naturleg heime i Noreg. Det er eit langsiktig arbeid å oppretthalde dei 32 etablerte bevaringsområda for skogtregenetiske ressursane i Noreg.

Svalbard globale frøhvelv er i dag det største sikkerhetslageret i verda for biologisk mangfald innanfor vekstar. Det er eit norsk tiltak av stor verdi for den globale matforsyninga. Dette spesialbygde fryselageret husar sikkerheitskopiar av frø frå nasjonale og internasjonale frøsamlingar. I 2024 sendte 54 genbankar 64 331 nye frøpøver til frøkvelvet, 21 av desse for første gong. Ved utgangen av 2024 sikrar kvelvet på Svalbard 1 331 458 sikkerheitskopiar av frø frå i alt 123 institusjonar verda over. Noreg gav også i 2024 eit årleg bidrag tilsvarende 0,1 pst. av omsetnaden av såvarer i Noreg til Fondet for fordelssdeling under *Den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk*, og støttar samtidig opp om arbeidet for bønder sine rettar med sikte på å styrkje lokal forvaltning av plantegenetisk mangfald.

God agronomi

God agronomi er viktig for å ta ut avlingspotensialet, heve kvaliteten i produksjonen og for å redusere klima- og miljøbelastninga frå landbruket. Det er naudsynt med oppdatert kunnskap om agronomi, klimatilpassing og miljøomsyn både hos den enkelte bonden og i apparatet rundt norsk matproduksjon. Forsking på klimatilpassa og berekraftig matproduksjon har høg prioritet. Det har blitt gitt støtte til fleire forskingsprosjekt dei seinare åra, i tillegg til støtte til utvikling og

det å ta i bruk ny teknologi for å møte utfordringane.

Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet

Det er eit mål å vareta og utvikle kulturlandskapet. Over jordbruksavtalen er det sett av midlar gjennom dei regionale miljøprogramma, der mellom anna regionale prioriteringar ligg til grunn for tiltak for å ta vare på viktige miljøverdiar. Tilskott til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket bidreg, saman med midlar frå Klima- og miljødepartementet, til å ta vare på særskilde landskap over heile landet, med stort biologisk mangfald i tillegg til kulturminne og kulturmiljø. For å støtte landbruket og oppretthalde kulturlandskapet i verdsarvområda Vegaøyan, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Cirkumferensen inkludert buffersona, er det òg sett av særskilde midlar, saman med midlar frå Klima- og miljødepartementet.

Overvakingsprogrammet 3Q (Tilstandsovervåking og resultatkontroll i jordbruket sitt kulturlandskap), er ei nasjonal utvalskartlegging som dokumenterer arealbruk og endringar i jordbrukslandskapet. Programmet viser at det dei siste 26 åra ikkje har skjedd store og dramatiske endringar på nasjonalt nivå, men resultata tydeleggjør ein tendens til aukande ulikskap mellom regionar i Noreg, mellom anna når det gjeld tap av jordbruksareal. Mange karakteristiske landskapselement, som til dømes steingjerde og einslege tre, blir tekne vare på. For fuglar, humler og dagsommarfuglar, har landskap med meir variasjon generelt fleire artar.

Nasjonal pollinatorstrategi blir følgd opp på fleire måtar i verkemiddelsystemet i jordbruket. Frå og med 2019 er det lagt til rette for tilskott for tilsåing og skjøtsel av soner med pollinatorvenlege frøblandingar på jordbruksareal gjennom dei regionale miljøprogramma. Element frå strategien blir òg følgde opp gjennom ordningar over jordbruksavtalen. Norsk Landbruksrådgiving formidlar kunnskap om gode tiltak for pollinerande insekt til bønder i heile landet. Tiltaksplan for ville pollinerande insekt (2021–2028), presenterer statens samla innsats innan og mellom sektorane.

Regjeringa følgjer opp *Strategi for urbant landbruk* (2021). At fleire i samfunnet får kunnskap om matproduksjon og at fleire areal i byar og tettstadar blir haldne i hevd, gir lokalt eigarskap til matjorda, og bidreg til matsikkerheit og beredskap.

Tverrgående mål: Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar*Handelsavtalar*

Dei sentrale avtalane for handel med landbruksvarer er WTO-avtalen, EØS-avtalen og Noregs frihandelsavtalar gjennom EFTA. I samsvar med artikkel 19 i EØS-avtalen, skal Noreg og EU gjennomgå vilkåra for handelen med basis jordbruksvarer med mål om gradvis liberalisering. Avtalen skal vere til fordel for begge partar, og oppdateringar skal skje innanfor rammene av landbrukspolitikken til kvar av partane. Artikkel 19 har ført til auka gjensidig marknadstilgang for landbruksvarer, der ost og kjøtt er dei viktigaste produkta det blir forhandla om. Noreg og EU har inngått tre slike avtalar, den siste i 2018.

EFTA har dei siste åra forhandla med ei rekkje land om handelsavtalar. I juli 2025 blei EFTA og Mercosur – eit økonomisk samarbeid mellom Argentina, Brasil, Paraguay og Uruguay – samde om ein frihandelsavtale. Avtalen er førebels ikkje formelt godkjend, men er venta å tre i kraft i 2026. Ein frihandelsavtale mellom EFTA og India blei ferdigforhandla våren 2024. Det er ikkje gitt bilaterale importkvotar, med unntak av to kvotar på til saman 300 tonn kylling til Mercosur-landa, i tillegg blir GSP-kvoten på 500 tonn (666 tonn med bein) overført til Mercosur. Frå norsk side er det òg gitt tollfridom ved ikraftsetjing av avtalane, innanfor visse WTO-kvotar. Desse er eksisterande globale kvotar og blir i stor grad nytta allereie i dag. India vil òg behalde sin status som GSP-land med redusert toll så lenge landet oppfyller dei økonomiske vilkåra for GSP-behandling i tråd med OECDs DAC-liste.

Ein avtale med Thailand blei signert under World Economic Forum (WEF) i Davos i januar 2025. Stortinget har gitt samtykke til ratifikasjon av frihandelsavtalen mellom EFTA-landa og Thailand. I tillegg signerte Noreg og dei andre EFTA-landa ein ny frihandelsavtale med Kosovo under WEF. Avtalen omfattar handel med både varer og tenester, og er eit viktig bidrag for å knyte Kosovo tettare til Europa og for å fremje stabilitet på Vest-Balkan. Avtalen vil tre i kraft i løpet av hausten 2025. Under EFTAs minstermøte i juni, signerte også EFTA-statane og Malaysia ein omfattande handelsavtale mellom Noreg (gjennom EFTA) og Malaysia etter tretten år med forhandlingar. EFTA forhandlar òg om ein ny handelsavtale med Vietnam.

I april 2025 signerte Noreg og dei tre andre EFTA-landa ein ny og modernisert frihandelsavtale med Ukraina i Kyiv. Avtalen skal styrkje

Ukrainas politiske og økonomiske integrasjon med Europa, og bidra til økonomisk utvikling og vekst i landet. Avtalene inneber framleis vern av sensitive norske jordbruksprodukt.

Noreg, saman med EFTA-landa, arbeider òg for å oppdatere avtalen med den palestinske staten etter anerkjenninga av Palestina. Den eksisterande frihandelsavtalen blei inngått med dei palestinske sjølvstyresmaktene og sett i verk i 1999.

Marknadstilgang for landbruksprodukt er eit sentralt tema i EFTA-forhandlingane. Forhandlingar og reforhandlingar av eksisterande avtalar vil òg framover ha høg prioritet for å sikre at desse ikkje trugar dei grunnleggjande interessene til norsk landbruk, og samtidig varetek Noregs offensive interesser. Når det gjeld landbruksvarer, er målet til regjeringa at konsesjonar berre blir gitt der importen ikkje vil kunne erstatte norsk produksjon.

Noregs primære handelspolitiske interesse er å bevare og styrkje det multilaterale handelssystemet. Dei siste åra har det vore liten framgang i WTO-forhandlingane. Under minstermøtet i WTO i Abu Dhabi i februar 2024, blei det ikkje semje om eit arbeidsprogram fram mot neste minstermøte. Det blei heller ikkje fatta vedtak som endrar medlemslanda sine plikter knytte til landbruksstøtte og tollvern. Neste WTO-minstermøte skal haldast i 2026 i Kamerun.

Samla sett utgjer dei internasjonale handelsavtalane eit omfattande sett av plikter som Noreg må etterleve når det gjeld importvern og omfanget og innretninga av landbruksstøtta. Verkemiddelbruken i landbrukspolitikken må tilpassast slik at Noreg held seg innanfor dei gjeldande rammene for støtte. Pliktene inneber òg ei omfattande årleg rapportering til WTO. Både forhandlingane og oppfølginga av WTO-pliktene krev aktiv deltaking i WTO for å vareta norske interesser.

Noreg deltek i 2025 som gjesteland i G20 under Sør-Afrika sitt leiarskap. Hovudprioriteringane for Sør-Afrika er auka matproduksjon, innovasjon i verdikjeda for mat, inkluderande marknader, klimatilpassing og likestilling i landbruket. Landbruks- og matdepartementet leier den norske deltakinga i arbeidsgruppa for landbruk og i gruppa for jordbruksforskning. Dette gjer det mogleg å medverke til utforminga av G20-politikken, og til å synleggjere den norske landbruksmodellen og dei ambisiøse måla regjeringa har for norsk landbruk. Mange landbrukseksporterande land deltek i G20, og det er viktig å fremje norske handelspolitiske posisjonar i samarbeid med like sinna land i slike fora.

Mattryggleik

Eit stort omfang av handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt internasjonalt samarbeid om regelverk og tilsyn. Dette er naudsynt for å sikre trygg mat som oppfyller krava forbrukarane stiller, og for å kunne fremje god plante- og dyrehelse. Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er naudsynt for å påverke utviklinga av standardar og regelverk for å vareta norske synspunkt, og for å bidra til utvikling og utveksling av kunnskap.

Krava på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Hovuddelen av det norske regelverket på matområdet er EØS-basert. Ifølgje NOU 2012: 2 *Utanfor og innanfor: Norges avtaler med EU*, så er matområdet det kvantitativt største området under EØS-avtalen med om lag 40 pst. av rettsaktene. Regjeringa legg vekt på ein aktiv Europa-politikk. Som del av oppfølginga utarbeider Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, som alle har fagansvar på matområdet, sams prioriteringar for arbeidet retta mot EU.

Regjeringa legg vekt på å vareta norske interesser ved å medverke tidleg i prosessar og politikktutforming i EU. Dette kan vere løysingar som er tilpassa våre naturgitte forhold eller andre nasjonale behov, og som trengst for å kunne oppfylle dei ulike måla for landbruks- og matpolitikken.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt arbeid mellom anna i Codex Alimentarius Commission, ein organisasjon for matvarestandardar som ligg under FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO) og Verdsheelseorganisasjonen (WHO), Verdsdyrehelseorganisasjonen (WOAH) og Verdsplanteheelseorganisasjonen (IPPC). Desse organisasjonane utviklar standardar som blir lagde til grunn i WTO/SPS-avtalen for handel, og som legg premisser for regelverket i EU. Noreg vil følgje og påverke det internasjonale arbeidet mot antimikrobiell resistens innanfor rammeverket for *Êi-helse*.

Matsikkerheit

Koronapandemien, regionale konflikhtar, krigen i Ukraina og klimautfordringane har bidrege til at over 120 millionar fleire menneske no står overfor svolt globalt enn i 2019. Prisaukingar og tilbodssvikt frå sentrale eksportørar av matvarer og innsatsvarer, har komme på toppen av lokale og globale kriser. Samstundes har det blitt meir utford-

rande for bønder over heile verda å produsere mat, fordi prisane på drivstoff, energi og kunstgjødsel har vore høge. Vilkåra for jordbruket blir vidare endra som følgje av klimaendringar og manglande tilgang på jord og vatn i mange område. Plantesjukdommar og skadedyr på planter er òg ein aukande trussel som fører til store økonomiske tap. Det er òg aukande merksemd på sjukdommar som kan overførast mellom dyr og menneske (zoonosar). Summen av utfordringar er ein aukande trussel for mange importavhengige og politisk ustabile land – humanitært, sosialt og sikkerheitspolitisk.

Ifølgje FAO var om lag 295 millionar menneske i 53 land råka av akutt svolt i 2024, noko som er ein auke på nesten 14 millionar samanlikna med 2023. Konflikter er den viktigaste årsaka til akutt svolt. Svolt er stadfesta i Sudan, og Gaza, Sør Sudan, Haiti og Mali er òg råka. Det er ei særskild bekymring at tala har vore høge fem år på rad, utan betring. Om lag 900 millionar menneske opplever alvorleg utryggleik og opplever svolt og underernæring. Afrika er framleis den hardest råka regionen, der ein av fem personar står overfor svolt og underernæring. Enkelte regionar er på veg mot å nå nokre av ernæringsmåla for 2030, mellom anna i Latin Amerika der program og målretta tiltak er sett i verk. Det er eit stort behov for auka innsats, auka investeringar, og styrkt samarbeid på tvers av sektorar og landegrenser for å sikre nok og trygg mat.

Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er naudsynt for å møte dei store utfordringane globalt. FAOs mandat er breitt, og omfattar mellom anna mattryggleik, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar, inkludert land, skog, vatn, luft og genetiske ressursar. FAO er ein særorganisasjon i FN og spelar ei viktig rolle for å utvikle teknisk kunnskap, standardar og normer innan mat og landbruk. Det er ei prioritering for Noreg at FAO følgjer opp sitt mandat som kunnskapsorganisasjon og fremjer løysingar som bidreg til sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, mellom anna gjennom innsats for å styrkje menneskerettane og rammeverk som betrar småskala produsentar sin posisjon i verdikjeda. Antimikrobiell resistens, klima og biologisk mangfald er andre prioriterte arbeidsområde for Noreg i FAO. Noreg vil òg støtte opp om initiativ i FAO for å avhjelpe dei direkte matutfordringane. Noreg arbeider aktivt for at FAO skal vere ein effektiv organisasjon og ein tilretteleggjar av møte og prosessar for medlemslanda. Innsamling av data og statistikk, og iverksetjing av gode tiltak i ulike land, er blant sentrale oppgåver

for FAO. Kapasitetsbygging for å kunne utnytte kunnskap er sentralt, og FAO hjelper land med å lage planar for mattryggleik og arbeid med klima og naturmangfald.

Innsatsen for ivaretaking, berekraftig bruk og rettferdig deling av genetiske ressursar er ei sentral prioritering for Noreg. Dette er følgt opp i FAOs kommisjon for genetiske ressursar og i den internasjonale plantetraktaten for mat og landbruk. Noreg vil framleis vere eit aktivt medlem i desse organa, med særskild merksemd på mellom anna rettane til bønder. Noreg vil òg aktivt følgje opp arbeidet i Komiteen for matsikkerheit (CFS), som utarbeider planar for matsikkerheit og samlar ekspertar på området.

Matsikkerheit står sentralt på 2030-agendaen som eitt av dei 17 berekraftsmåla FN vedtok i 2015. FNs berekraftsmål er ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling fram mot år 2030. Toppmøtet om berekraftige matsystem i 2021 la fram ei lang rekkje løysingar og initiativ som skal medverke til ei berekraftig utvikling og synleggjere det tiåret der verda skal nå berekraftsmåla. Noreg vil aktivt følgje opp FNs berekraftsmål, sjå òg eiga rapportering om FNs berekraftsmål i denne proposisjonen. Noreg deltek her aktivt i ei rekkje internasjonale fora på landbruks- og matområdet, både innanfor og utanfor FN-systemet.

Internasjonalt skogsamarbeid

Landa i Europa samarbeider om berekraftig skogforvaltning gjennom FOREST EUROPE, og vil utvikle dette samarbeidet vidare. Tyskland avslutta sin leiarskapsperiode med ministerkonferansen i Bonn i oktober 2024 der Noreg deltok. Der blei det vedteke ei erklæring og ein resolusjon om det vidare samarbeidet om berekraftig skogforvaltning i Europa, og medlemmene støtta skipinga av eit særskilt samarbeid for å handtere skogskadar i Europa, organisert gjennom Pan-European Forest Risk Facility (FoRISK). Etter konferansen i Bonn har Sverige teke over leiinga av prosessen. FNs skogforum (UNFF) er ein sentral arena i arbeidet med å fremje forståinga av berekraftig skogforvaltning globalt. I dei siste åra

er det arbeidd med å implementere den strategiske planen for arbeidet med skog i FN som blei vedteken i 2017. Den strategiske planen skal sikre ei heilskapleg tilnærming til berekraftig skogforvaltning i FN for å nå dei globale skogmåla. Det regionale skogsamarbeidet i FN-regi skjer gjennom FNs økonomiske kommisjon for Europa (UNECE) og FAOs europeiske skogkommisjon. Noreg deltek òg her. I tillegg til arbeidet med matsikkerheit er FAO ein sentral aktør for å fremje berekraftig skogforvaltning, og har ei sentral rolle i samarbeidet med land om ressursoversikter og kartlegging av utviklinga i forvaltning av skogressursane. FAO fremjer kunnskap om den rolla skogen spelar innanfor matsikkerheit. FAO leiar og koordinerer samarbeidet mellom dei ulike organa i FN og andre institusjonar som er engasjerte i skogspørsmål, det såkalla Collaborative Partnership on Forests (CPF). Noreg støttar opp om arbeidet i European Forest Institute (EFI), som er eit forskingsnettverk basert på ein mellomstatleg konvensjon der Noreg er part. Instituttet forskar mellom anna på utviklinga av skognæringa i Europa, og gjer eit omfattande arbeid knytt til rammevilkår for sektoren. EFI produserer eit sentralt kunnskapsgrunnlag for europeiske styresmakter innanfor økonomi, klima, andre rammevilkår og internasjonal konkurranse i skognæringa.

Nordisk samarbeid

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) arbeider for berekraftig og konkurransedyktig bruk av naturressursar. Det er eit mål å skape meirverdi og nordisk nytte for dei enkelte landa og innbyggjarane gjennom sams nordisk innsats. Statsministrane sin visjon om at Norden skal bli verdas mest berekraftige og integrerte region, og dei strategiske prioriteringane for eit grønt, konkurransedyktig og inkluderande Norden, ligg til grunn for arbeidet. Aktiviteten i MR-FJLS fell naturleg inn under denne visjonen og desse prioriteringane. Ministerrådet prioriterer arbeid knytt til beredskap og matforsyningsikkerheit høgt.

Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Støtte til organisasjonar	56 462	53 751	51 460
71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	1 350	1 453	1 000
72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk	9 715	9 972	9 406
73	Nasjonalt senter for fjellandbruk	4 230	4 358	4 358
74	Opplysningstiltak i landbruket	1 000		
75	Dyrsku'n		3 000	1 190
76	Rekruttering til mat- og måltidsbransjen			10 000
	Sum kap. 1138	72 757	72 534	77 414

Post 70 Støtte til organisasjonar

Løyvinga skal dekkje støtte til organisasjonar på nasjonalt nivå som arbeider innanfor Landbruks- og matdepartementets målområde. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 51,5 mill. kroner.

- Løyvinga er innretta mot organisasjonar som
- formidlar kunnskap og fremjar forståing for verdien av landbruk, matproduksjon og matkultur
 - synleggjer yrkesmoglegheiter knytte til garden sine ressursar
 - fremjer berekraftig landbruk og matsystem, verdiskaping og landbruksbasert næringsutvikling

Løyvinga skal medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane, og bidra til eit levande og aktivt organisasjonsliv lokalt, regionalt og nasjonalt.

Departementet gjer framlegg om løyvingar til organisasjonar direkte i budsjettproposisjonen. Det blir sett krav om årsrapportering i form av årsmelding/årsberetning og revisorgodkjend rekneskap. Dette er grunnlag for oppfølging og kontroll, og skal sendast departementet innan 1. juni påfølgjande år. For organisasjonar som mottok tilskottsbeløp mindre enn 200 000 kroner, er det ikkje sett krav om at rekneskapen skal vere revisorgodkjend.

Ordninga skal forvaltast slik at ho er i tråd med reglane for statsstøtte i EØS-avtalen.

Oversikt over løyving i 2025 og framlegg til løyving i 2026 går fram av tabell 5.1.

Tabell 5.1 Støtte til organisasjonar i 2025 og budsjettframlegg for 2026 (i kroner)

Organisasjon	Løyving 2025	Løyving 2026
4H Norge	7 500 000	7 300 000
Det Kongelige selskap for Norges Vel	980 000	860 000
Det Norske Hageselskap	950 000	835 000
Det norske Skogselskap	1 700 000	1 480 000
Dyrebeskyttelsen	600 000	620 000
Dyrevernalliansen	700 000	620 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 500 000	1 325 000
Foreningen Norske Etologer	50 000	50 000
GMO-nettverket	1 370 000	1 210 000
HANEN	2 030 000	1 785 000
Hest og Helse	390 000	345 000
Jordvern Norge	0	315 000
Kvinner i skogbruket	160 000	140 000
Mat og helse i skolen	350 000	0
Matsentralen Norge	25 007 000	25 007 000
Matvett	500 000	440 000
Norges Birøkerlag	235 000	205 000
Norges Bygdekvinnelag	500 000	440 000
Norges Bygdeungdomslag	400 000	350 000
Norsk Bioenergiforening NOBIO	100 000	88 000
Norsk Fruktvinnettverk	0	85 000
Norsk Gardsost	350 000	310 000
Norsk Kulturarv	0	270 000
Norsk Seterkultur	249 000	220 000
Norske Lakseelver	600 000	525 000
Regenerativt Norge	80 000	70 000
Spire	100 000	87 000
Stiftinga Geitemyra matkultursenter for barn	1 375 000	1 215 000
Stiftelsen Bondens Marked	525 000	453 000
Ungt Entreprenørskap	500 000	440 000
Vitenparken Campus Ås	2 100 000	1 850 000
Økologisk Norge	2 850 000	2 520 000
Totalt	53 751 000	51 460 000

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 56,5 mill. kroner på posten, jf. tabell 5.2.

Tabell 5.2 Støtte til organisasjonar i 2024 (i kroner)

Organisasjon	Løyving 2024
4H Norge	7 300 000
Det Kongelige Selskap for Norges Vel	1 275 000
Det Norske Hageselskap	825 000
Det Norske Skogselskap	1 500 000
Dyrebeskyttelsen Norge	600 000
Dyrevernalliansen	700 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 500 000
Foreningen Norske Etologer	50 000
GMO-Nettverket	1 370 000
HANEN – Næringsorganisasjonen for bygdeturisme, gårdsmat og innlandsfiske	2 030 000
Hest og Helse	350 000
Jordvern Norge	350 000
Kvinner i skogbruket	160 000
Mat og helse i skolen	300 000
Matsentralen Norge	25 007 000
Matvett AS	390 000
Norges Birøkerlag	235 000
Norges Bygdekvinnelag	415 000
Norges Bygdeungdomslag	300 000
Norsk Bonde- og Småbrukarlag, prosjekt «Slipp oss til – Ungdom inn i landbruket»	130 000
Norsk Gardsost	350 000
Norsk seterkultur	200 000
Norske Lakseelver	540 000
Spire	100 000
Stiftinga Bondens marked Norge	500 000
Stiftinga Geitmyra matkultursenter for barn	1 375 000
Stiftinga Norsk Kulturarv	300 000
TreSenteret i Trondheim	0
Ungt Entreprenørskap Norge	360 000
Vitenparken Campus Ås	2 100 000
Økologisk Norge	2 850 000
Dyrsku'n ¹	3 000 000
Sum	56 462 000

¹ Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024.*

Post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, kan overførast

Løyvinga skal dekkje medverknad i internasjonale skogpolitiske prosessar og anna internasjonalt skogsamarbeid. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,0 mill. kroner.

Noreg deltek i FN's skogforum (UNFF), det europeiske skogpolitiske samarbeidsforumet *FOREST EUROPE* og det regionale skogsamarbeidet i FN-regi som skjer gjennom United Nations Economic Commission for Europe (UNECE) og FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO). Skog og skogbruk er òg ein del av samarbeidet i Nordisk ministerråd. Noreg er dessutan medlemsstat og deltek i styrande organ i det europeiske instituttet for skogforskning (EFI).

Hovuddelen av løyvinga vil bli nytta til å føre vidare eit bidrag til arbeidet i EFI. Løyvinga vil òg bli nytta til å støtte opp om arbeidet i Forest Europe og det europeiske samarbeidet for å handtere skogskadar gjennom ForISK, som blei etablert etter ministerkonferansen til Forest Europe i Bonn i 2024. Ut over dette må løyvinga sjåast i samanheng med løyvinga til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på kap. 1136, post 50, som skal dekkje bidrag frå instituttet til internasjonalt skogpolitisk samarbeid.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 1,4 mill. kroner på posten.

Noreg bidrog i 2024 med 850 000 kroner til arbeidet i *Policy Support Facility* under det europeiske instituttet for skogforskning (EFI), og gav 500 000 kroner i støtte til *The International Union of Forest Research Organizations* (IUFRO) sin verdskongress i Sverige.

Post 72 Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk

Løyvinga skal dekkje tilskott til Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK). Departementet gjer framlegg om ei løyving på 9,4 mill. kroner til NORSØK for 2026. NORSØK er ei sjølvstendig stifting som arbeider med økologisk landbruk, miljø, berekraft og fornybar energi gjennom forskning, utvikling og rådgiving. Midlane skal nyttast til kunnskapsutvikling og formidling om produksjon og forbruk av økologisk mat. Ein mindre del av midlane kan gå til forskingsretta arbeid. Bruk

av løyvinga skal støtte opp om *Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2025–2032*. NORSØK skal òg vidareføre samarbeidet med Norsk Landbruksrådgiving om å utvikle faglege nettverk for økologisk jordbruk, og styrkje innsatsen med fagområda økologisk produksjon innan produksjonane frukt og bær, grønsaker, potet, korn, mjølk og kjøtt, i tillegg til arbeid med jord og jordhelse.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 9,7 mill. kroner på posten. I 2024 formidla NORSØK kunnskap om økologisk landbruk gjennom kurs, foredrag, forskingsartiklar, populærvitenskaplege artiklar, rapportar, informasjonsfilmar og digitale kanalar som *Agropub.no* og *Organic e-print*. NORSØK deltok i ulike FoU-prosjekt og faglege nettverk, og bidrog til kunnskapsutvikling og erfaringsdeling.

Post 73 Nasjonalt senter for fjellandbruk

Løyvinga skal dekkje tilskott til eit nasjonalt senter for fjellandbruk på Løken gard i Øystre Slidre kommune. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,4 mill. kroner.

Formålet med løyvinga er å fremje eit lønsamt og berekraftig landbruk i fjellområda, med utgangspunkt i fjellbygdene sine særtrekk og fortrinn. Midlane skal gå til senteret sine aktivitetar, som rådgiving, formidling av kunnskap og bygging av nettverk.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 4,2 mill. kroner på posten. Det blei gjennomført fleire webinar og konferansar i regi av senteret. Senteret har blitt ein viktig samarbeidspartnar for fleire aktørar i næringa. Senteret har fått ei sentral rolle i å koordinere informasjon og initiere samarbeid på tvers i fjellregionen, og er ein pådrivar for lokalt og regionalt samarbeid.

Post 74 Opplysningstiltak i landbruket*Rapport 2024*

Det blei i 2024 nytta 1,0 mill. kroner på posten som gjekk til eit utval prosjekt etter søknad. Posten blei avvikla frå og med 2025, og løyvinga skulle dekkje tilskott til opplysningstiltak i landbruket.

Post 75 Dyrsku'n

Løyvinga dekkjer tilskott til Dyrsku'n. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,2 mill. kroner til Dyrsku'n for 2026.

Arrangementet er ein viktig, nasjonal samlings- og formidlingsarena for dei som har interesse for norsk matproduksjon, handelsverksemd, jordbruk, skogbruk, lokalmat og reiseliv. Arrangementet framhevar dessutan viktige kvalitetar ved norsk landbruk og matproduksjon, og kan dermed stimulere til auka rekruttering til landbruksnæringa. Løyvinga skal bidra til at Dyrsku'n i større grad skal ha aktivitetar for å fremje lokalmat og aktivitetar knytte til husdyr, og andre utvalde jordbruksaktivitetar. Aktivitetane som kan dekkjast av løyvinga skal vere knytte til varer som ikkje er omfatta av EØS-avtalen, slik at tildelinga ikkje kjem i konflikt med EØS-avtalen sine reglar for statsstøtte.

Post 76 Rekruttering til mat- og måltidsbransjen

Løyvinga skal styrkje rekrutteringa til restaurant- og matfag og bidra til å utdanne fleire faglærte kokkar. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 10,0 mill. kroner. Posten er ny frå 2026.

Regjeringa vil styrkje rekrutteringa til fag som arbeids- og næringslivet har behov for, og ønskjer med løyvinga å forsterke verdiskapinga frå norsk

matproduksjon og lokale tradisjonar frå Noreg ytterlegare.

Lokale råvarer frå norsk landbruk, reindrift, fiskeri og oppdrett er verdsett av norske kokkar. Løyvinga skal forsterke ungdom sine moglegheiter for å få læreplassar gjennom opplæringskontor og verksemdar som representerer mattradisjonane frå kyst, fjell/innland og Nord-Norge. Satsinga er òg verdifull for auka verdiskaping i reiselivet.

Tilskottsordning for opplæringskontor innan restaurant og matfag

Det blir etablert ei ny tilskottsordning for opplæringskontor innan restaurant og matfag, som har ein overordna heilskapleg plan for rekruttering av elevar, lærlingar og lærebedrifter som bidreg til viktig kompetanse for å utvikle *Matnasjonen Noreg*. Målgruppa er opplæringskontor som tek eit regionalt ansvar i samarbeid med medlemsbedrifter, kommunar og fylkeskommunar.

Midlane skal fordelast på tre opplæringskontor som bruker lokale råvarer og representerer tre mattradisjonar frå kyst, fjell/innland og Nord-Noreg.

Opplæringskontora som skal kunne kvalifisere for ordninga, må sikre eit tilbod med seriositet i arbeidslivet og gode faglege opplegg i verksemdene dei samarbeider med.

Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
21	Spesielle driftsutgifter – Svalbard globale frøhvelv	12 488	12 249	12 300
50	Miljøregistreringar i skog	4 824	4 951	4 945
70	Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante- og skogtregenetiske ressursar	7 436	7 654	7 644
71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	10 080	9 681	9 669
	Sum kap. 1139	34 828	34 535	34 558

Post 21 Spesielle driftsutgifter – Svalbard globale frøhvelv

Løyvinga skal dekkje drift av Svalbard globale frøhvelv, under dette husleige, driftsutgifter, koordinering av frømottak og informasjon til depositørar

og til omverda. Løyvinga kan òg nyttast til tiltak under *Den internasjonale plantetraktaten*. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 12,3 mill. kroner.

Det globale tryggingslageret for frø på Svalbard har god oppslutning frå genbankane i verda.

Landbruks- og matdepartementet har inngått avtale både med internasjonale jordbruksforsknings-sentre, nasjonale frøbevaringsinstitusjonar og private frøsamlingar om langsiktig sikringslagring av frø på Svalbard. Frøkvelvet blir drifta i eit samarbeid mellom departementet, Nordisk genressurs-senter (NordGen) og den internasjonale organisasjonen Global Crop Diversity Trust. Internasjonale aktørar, det internasjonale panelet for frøkvelvet og partsmøte i Den internasjonale plantetraktaten, er støttespelarar i drifta av frøkvelvet.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 12,5 mill. kroner på posten.

Løyvinga blei nytta til å dekkje leigekostnader og drift til Statsbygg og til NordGens arbeid med frøhandtering og kontakt med media og depositorar. Det internasjonale fondet for fordelsdeling fekk òg sitt årlege bidrag på 1,1 mill. kroner på denne posten.

I 2024 blei det lagt inn totalt 64 331 nye sikkerheitskopiar av frø frå i alt 54 genbankar rundt om i verda. 21 nye genbankar (frå mellom anna Kazakhstan, Benin, Palestinsk territorium og Chad) tok i bruk frøkvelvet for første gong. På slutten av 2024 var frøkvelvet teke i bruk som sikringslager for frø av 123 genbankar, og i alt 1 331 458 variantar av frø av det totale globale mangfaldet av mat- og jordbruksplanter er sikra på Svalbard.

Post 50 Miljøregistreringar i skog

Løyvinga skal dekkje utgifter til kunnskapsutvikling og metodeutvikling innanfor miljøregistreringar i skog. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,9 mill. kroner.

Løyvinga blir nytta til gjennomføring av prosjektet Miljøregistreringar i skog (MiS) ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO).

Landbruksdirektoratet, som nasjonal fagstyresmakt, har ansvaret for kartleggingsmetodikken og verkemiddelbruken retta mot mellom anna skogbruksplanlegging med miljøregistreringar. NIBIO skal, på oppdrag frå Landbruksdirektoratet, forvalte MiS-data i ein eigen database, og vise dei saman med anna, relevant miljøinformasjon frå ulike kjelder i karttenesta Skogportalen. Dette er eit viktig kunnskapsgrunnlag for gjennomføring av eit berekraftig skogbruk.

Departementet, Landbruksdirektoratet og MiS-prosjektet ved NIBIO samarbeider om å følgje opp rapporten *Den eldste skogen og nøkkelbiotopene* (2021). Landbruksdirektoratet skal i

samarbeid med Landsskogtakseringen ved NIBIO følgje opp oppmodingsvedtak nr. 519, jf. dokument 8:40 S (2022–2023) om å sikre at intensjonen med miljøregistreringane er oppfylt, og at miljøregistreringane har tilstrekkeleg kvalitet.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 4,8 mill. kroner på posten. Om lag 77 000 nøkkelbiotopar med eit samla areal på rundt 1,3 mill. dekar er til no sett til side av skogeigarane, i hovudsak som ikkje-hogstområde.

Post 70 Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante- og skogtregenetiske ressursar

Løyvinga skal dekkje tilskott til bevaring og berekraftig utvikling og bruk av husdyr-, plante- og skogtregenetiske ressursar som har eller kan få verdi for mat og landbruk i Noreg, jf. forskrift om tilskott til genressurstiltak. Midlane blir forvalta av Landbruksdirektoratet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,6 mill. kroner.

Forskrift om tilskott til genressurstiltak opnar for å gi tilskott til prosjekt i inntil tre år. Forskrifta har òg ein regel om at minst 25 pst. av tilskottet skal haldast tilbake til prosjektet er fullført, og sluttrapport og sluttrekneskap er godkjende. Det er difor knytt ei tilsegnfullmakt til posten på 7,5 mill. kroner, jf. tabell 5.3 og framlegg til vedtak IV.

Tabell 5.3 Løyving og tilsegnfullmakt for tilskott til genressurstiltak i 2026 (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2025	7,2
+ Venta tilsegn i 2025	8,1
= Sum	15,3
- Venta utbetalningar i 2025	7,7
= Venta ansvar 31.12.2025	7,6
+ Venta nye tilsegn i 2026	7,5
= Sum	15,1
Framlegg til løyving i 2026	7,6
Tilsegnfullmakt i 2026	7,5

Det er ei sentral målsetjing for bruken av midlane å sikre langsiktig bevaring av genetiske ressursar og bidra til iverksetjing av *Nasjonal tiltaksplan for genetiske ressursar for mat og landbruk (2024–*

2028) i tråd med *Nasjonal strategi for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk (2019)*. I 2026 vil det bli lagt vekt på at midlane skal støtte opp om eit heilskapleg nasjonalt bevaringsprogram for bevaringsverdige husdyr, nytteplanter og skogtre, der etablering av klonbankar og drift av klonarkiv er høgt prioritert.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 7,4 mill. kroner på posten.

Det blei innvilga tilskott til i alt 55 drifts- og prosjekttiltak. Døme på dette er tilskott til avslag, bevaringsbesetningar og klonarkiv som tek hand om truga husdyrrasar, og plante- og skogtregenetiske ressursar i samarbeid med Norsk genressurssenter. Det blei som tidlegare gitt støtte til drifta av genbanken for verpehøns på Hvam. Den norske delen av medlemskontingentar i dei europeiske landa sine samarbeidsorgan for genetiske ressursar innanfor nytteplanter (ECPGR), husdyr

(ERFP) og skogtre (EUFORGEN), blei dekte av posten.

Post 71 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, kan overførast

Løyvinga skal dekkje støtte til tiltak innanfor målet om berekraftig bruk og eit sterkt vern av areal og ressursgrunnlag i landbruket. Fordeling av løyvinga på tiltak går fram av tabell 5.4. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 9,7 mill. kroner.

Fleire tiltak som blir finansierte over denne posten bidreg til å oppfylle Noregs bidrag til FNs mål for berekraftig utvikling og bidra til iverksetjing av den Nasjonale tiltaksplanen for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk i tråd med *Nasjonal strategi for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk; Forråd av gener – muligheter og beredskap for framtidens landbruk*.

Tabell 5.4 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak (i 1 000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Genressursforvaltning, inkl. Nordisk genressurssenter (NordGen)	1 850	1 850
Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest og Norsk Fjordhestsenter	5 100	5 100
Stiftinga Det norske arboret	411	410
Oppfølging av den nasjonale jordvernstrategien	2 200	2 200
Kulturlandskapspris o.a.	120	109
Sum	9 681	9 669

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 10,1 mill. kroner på posten. Av dette gjekk nær 5,0 mill. kroner til Norsk Fjordhestsenter og Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest. Nordisk genressurssenter

(NordGen) fekk 1,8 mill. kroner i øyremerkte midlar. Det blei òg gitt tilskott til Stiftinga Det norske arboret og til kommunale jordvernstrategiar, og delt ut ein nasjonal kulturlandskapspris til *Verdsarvbøndene i Undredal*.

Kap. 1140 Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	13 229	14 129	14 129
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	26 802	33 183	33 183
71	Tilskott til viltformål, <i>kan overførast</i>	37 856	38 578	38 578
	Sum kap. 1140	77 886	85 890	85 890

Løyvingane under kap. 1140

Kapittelet omfattar utgifter til tiltak innanfor viltforvaltninga.

Kvart år betaler jegerane inn jeger- og fellingsavgifter til Viltfondet. Desse midlane blir inntektsførte på kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet, post 72 Jeger- og fellingsavgifter, og blir nytta til tiltak som skal fremje viltforvaltninga, jf. viltlova § 43.

Inntektsløyvingane på kap. 5576 finansierer utgifter til viltforvaltning på kap. 1140 og 1142 under Landbruks- og matdepartementet, og utgifter til nasjonal jaktstatistikk i SSB på kap. 1620, post 01, under Finansdepartementet. For nærare omtale av avgiftene og disponering av inntektene til Viltfondet, sjå kap. 5576.

Løn og godtgjersler til fast tilsette innanfor det statlege verksemdsområdet, når det gjeld arbeidet med haustbare viltressursar, blir ikkje dekte av kap. 1140, men av kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, kap. 1142 Landbruksdirektoratet og kap. 525 Statsforvaltarane.

Bruken av midlane i Viltfondet blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Dette må sjåast i samanheng med at arbeidet med konkrete tiltak i mange tilfelle krev innsats frå dei frivillige organisasjonane, og at dei sentrale ledda i desse organisasjonane skal kunne ha synspunkt på disponeringa.

Løyvingane skal nyttast til oppgåver under Landbruks- og matdepartementet når tiltaka er retta mot dei haustbare viltartane, men òg til oppgåver under Klima- og miljødepartementet når tiltaka er retta mot artar som ikkje er rekna som haustbare. Budsjettmidlane blir fordelte mellom haustbare og ikkje-haustbare artar basert på erfaringstal.

Post 01 Driftsutgifter

Formålet med løyvinga er å dekkje utgifter til løn og godtgjersler for dei statlege villreinnemndene og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltninga, som det nasjonale Jegerregisteret i Brønnøysund, og utvikling og drift av betalingstenesta for jegeravgifta. Midlane på posten er i hovudsak retta mot dei haustbare viltressursane. Oppfølging av Meld. St. 18 (2023–2024) *Ein forbetra tilstand for villrein*, vil krevje auka innsats frå villreinnemndene. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 14,1 mill. kroner.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 13,2 mill. kroner på posten.

Villreinnemndene arbeider for ei langsiktig og berekraftig forvaltning av villrein og leveområda deira. Arbeidet i villreinnemndene er ført vidare. For enkelte av nemndene krev skrantesjuke (CWD) auka innsats. Arbeidet i *Jegerregisteret* held fram og registeret blir utvikla vidare gjennom fleire digitaliserte tenester.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga skal dekkje utgifter til faglege prosjekt og oppdrag i viltforvaltninga. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 33,2 mill. kroner.

Midlane på posten er retta mot større nasjonale tiltak, mellom anna kjøp av tenester. Dette gjeld mellom anna nasjonale overvaksingsprogram, digitaliseringsprosjekt, forskning og utgreingar.

Løyvinga i 2026 blir prioritert til nasjonale overvaksingsprogram innanfor viltelhelse og viltbe-

standar, drift og utvikling av Hjorteviltregisteret, og naudsynt forskning og utvikling. Hjorteviltregisteret er sentralt for ivaretaking og bruk av data om hjortevilt, både for kommunar og andre. Ved overføringa av ansvar for dei haustbare viltressursane til Landbruksdirektoratet må løysinga for Hjorteviltregisteret tilpassast til Landbruksdirektoratets IT-plattform. Løyvinga må sjåast i samanheng med midlane som blir tildelte som tilskott under post 71.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 26,8 mill. kroner på posten.

Utgifter til drift og utvikling av Hjorteviltregisteret blir dekte av denne posten. Hjorteviltregisteret er bygd opp for å sikre opplysningar om jegerobservasjonar og felte dyr under jakt. Kommunen er pålagt å nytte dette i si forvaltning og rapportering av data til statistiske formål, mellom anna til SSB. Registeret er òg sentralt i formidling av data om skrantesjukeanalyser. Data frå bestandsovervakingssystemet for hjortevilt blir lagra i registeret. Her blir òg informasjon om alle tilfelle som gjeld fallvilt registrert, mellom anna viltpåkøyrslar på veg og bane. Utgifter til ulike forskingsprosjekt på haustbare artar i regi av forskingsinstitusjonar er førte på posten, i tillegg til drift av program for bestandsovervaking av hjortevilt og helseovervaking av vilt. Arbeidet med å digitalisere jegerdokumentasjonen held fram i dialog med brukarinteressene.

Post 71 Tilskott til viltformål, kan overførast

Formålet med løyvinga er å byggje opp kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av viltressursane og auka næringsutvikling. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 38,6 mill. kroner.

Tilskottsordninga er innretta med sikte på å bidra til at det blir eit haustingsverdig overskott av vilt, og til å ta vare på produktiviteten og mangfaldet i naturen regionalt og nasjonalt, jf. *Forskrift om tilskudd til viltformål av 19. desember 2018*.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 37,9 mill. kroner på posten.

For 2024 blei det levert 681 søknader i Miljødirektoratets elektroniske søknadssenter. Av desse var 133 stila til Miljødirektoratet, mens resten blei handsama regionalt. Nokre søknader er sende til fleire mottakarar. Det blei gitt tilskott til dei fleste aktørar og grupperingar som arbeider med viltforvaltning. Ordninga med elektronisk innlevering av søknader fungerer godt, og det er gitt tilskott til ulike tiltak i regi av enkeltpersonar, organisasjonar og lag. Løyvinga på posten har òg gjort det mogleg at søkjarar kan medverke i prosjekt der andre har ansvar for hovudfinansieringa, til dømes prosjekt under Noregs forskingsråd. Ordninga er vidare nytta til støtte til studentar som har gjennomført prosjekt med fagleg relevans for viltforvaltninga.

Det er eit mål at resultata frå bruken av tilskottsmidlane skal bli tilgjengelege for alle interesserte. Rapportar frå prosjekt og oppnådde resultat er tilgjengelege under søknadsarkiv i Miljødirektoratets elektroniske søknadssenter. Det er for ein stor del dei same som betaler avgift som søker om tilskott, og som nyttar resultata. Dette fører til ein god samanheng mellom tiltakstypar og årlege behov for resultat. Dei som nyttar tilskottsordningane eller resultata har eigeninteresse i å oppnå dei nasjonale måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne halde oppe haustinga og ha eit tilstrekkeleg kunnskapsunderlag for forvaltninga.

Kap. 1141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2024	budsjett 2025	2026
23	Jegerprøve m.m., kan overførast	4 567	4 680	4 900
75	Organisasjonar – haustbare viltressursar	8 404	8 626	8 665
	Sum kap. 1141	12 971	13 306	13 565

Post 23 Jegerprøve m.m., kan overførast

Formålet med løyvinga er å dekkje drift av ordninga med obligatorisk jegerprøve. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,9 mill. kroner.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4141, post 01, jf. framlegg til vedtak II.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 4,6 mill. kroner på posten.

Gebyrinntektene frå kap. 4141, post 01, dekkjer utgiftene under posten, som til dømes vedlikehald av undervisningsmateriell, utdanning av jeger-

prøveinstruktørar, drift av e-læring, eksamensordningar, elektronisk betalingsløysing for eksamensgebyret og vidareutvikling av jegerprøva.

Post 75 Organisasjonar – haustbare viltressursar

Formålet med løyvinga er å fremje jaktbasert friluftsliv, og andre tiltak som kan gi grunnlag for auka næringsutvikling og verdiskaping basert på haustbare viltressursar. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 8,7 mill. kroner.

Fordeling av løyvinga på tiltak går fram av tabell 5.5.

Tabell 5.5 Fordeling av midlar på kap. 1141, post 75 (i 1 000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Tiltak for barn og unge – bruk av utmarksressursar	1 206	1 239
Norges Jeger- og Fiskerforbund	5 200	5 344
Stiftinga Norsk Hjortesenter	2 220	2 082
Sum kap. 1141, post 75	8 626	8 665

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 8,4 mill. kroner på posten. Av dette blei det nytta 1,2 mill. kroner til tilskott til tiltak som kan gi barn og unge auka forståing for bruk av utmarksressursane. Norges Jeger- og

Fiskerforbund fekk tildelt 5,0 mill. kroner til sine aktivitetar knytte til jakt og fangst på haustbare viltressursar og Stiftinga Norsk Hjortesenter fekk tildelt 2,2 mill. kroner for å halde fram som kompetansesenter for hjort – både viltlevande og i oppdrett.

Kap. 4141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Jegerprøve, gebyr m.m.	4 486	4 680	4 900
	Sum kap. 4141	4 486	4 680	4 900

Post 01 Jegerprøve, gebyr m.m.

Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarende utgiftene under kap. 1141, post 23, til å drifte ordninga med jegerprøve, jf. forskrift av 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst. Kvar kursdeltakar som gjennomfører jegerprøveeksamen må betale eit eksamensgebyr på 390 kroner per eksamensforsøk. Gebyret blei sist endra i 2025.

Inntektene er budsjetterte til 4,9 mill. kroner for 2026.

Kap. 1141, post 23, kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. framlegg til vedtak II.

Rapport 2024

Inntektene blei 4,5 mill. kroner.

I jaktåret 2024/2025 var det til saman 10 947 kandidatar som bestod jegerprøva, noko som var ein nedgang på 543 frå førre jaktår.

Kap. 1142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	283 212	298 230	317 800
21	Spesielle driftsutgifter – Beredskapslagring av korn	60 764	70 935	81 500
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 110	12 760	13 194
50	Arealressurskart	8 039	8 251	8 000
60	Tilskott til veterinærdekning	195 638	201 779	207 032
61	Tilskott til skrantesjukeprøver frå fallvilt			1 326
70	Tilskott til fjellstuer	862	885	885
71	Tiltak for berekraftig reindrift, <i>kan overførast</i>	3 106	5 926	5 900
72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	590	630	630
73	Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	25 210	55 610	55 610
74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt		1 000	500
75	Støtte til jordbruks- og veksthusnæringa for ekstraordinære straumutgifter, <i>overslagsløyving</i>	58 965	59 544	79 000
77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	466 014	150 000	50 000
78	Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	11 602		
79	Tilskott til reindrifta for del av verdiskaping frå vindkraft	5 879	6 000	6 271
80	Beredskapslager matmjøl		1 000	
81	Tilskott til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark		14 000	
83	Tiltak for sameksistens mellom reindrift og jordbruk			20 000
	Sum kap. 1142	1 131 992	886 550	847 648

Landbruksdirektoratet er eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske og handelspolitiske verkemidla på landbruksområdet. Hovudoppgåvene til Landbruksdirektoratet er samordna, heilskapleg og effektiv forvaltning

av økonomiske og juridiske verkemiddel retta mot primærlandbruket, landbruksbasert næringsmiddelindustri og handel. Direktoratet er lokalisert i Oslo, Steinkjer og Alta.

Post 01 Driftsutgifter

Hovudformålet med løyvinga er drift av Landbruksdirektoratet.

Verkemidla som Landbruksdirektoratet forvaltar på området skal bidra til god måloppnåing innanfor hovudmåla for landbruks- og matpolitikken. Landbruksdirektoratet skal gjennom rettleiing og kontroll bidra til å sikre at verkemidla blir forvalta forsvarleg og effektivt i samsvar med regelverket. Direktoratet har vidare oppgåver innanfor samfunnstryggleik og beredskap som omfattar handtering av hendingar og kriser på områda matforsyning, reindrift, skog, naturskade og produksjonssvikt.

Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over utviklingstrekk i ressursgrunnlaget og heile verdikjeda. Dei skal bidra til erfaringsutveksling med næringa og samarbeid med anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatrealisering opp mot gjeldande politiske mål. Dei skal òg gi innspel til departementet om utvikling av verkemiddel, under dette forenkling. Direktoratet skal drive formidling av fag- og forvaltningskompetanse og formidling av kunnskap om landbruks- og matpolitikk til regional og lokal forvaltning.

Landbruksdirektoratet har desse forvaltningsområda:

- areal, skogbruk, haustbare viltressursar, ressursforvaltning, klima, miljø og økologisk jordbruk
- reindrift
- inntekts- og velferdspolitiske tiltak
- marknadstiltak, handel og industri
- digitalisering og organisasjon

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 317,8 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Landbruksdirektoratet. Departementet gjer òg framlegg om ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 1142, post 01, og kap. 4142, post 01, jf. forslag til vedtak II.

Landbruksdirektoratets budsjett blir styrkt i 2026 for å forberede iverksetjing av avskogingsforordninga.

Nedanfor følgjer ei nærare omtale av sentrale oppgåver på dei enkelte forvaltningsområda i 2026.

Areal, skogbruk, haustbare viltressursar, ressursforvaltning, klima, miljø og økologisk landbruk

Landbruksdirektoratet vil i 2026 halde fram arbeidet med å styrkje og samordne det faglege arbeidet med arealbruken i landbruket. Dette gjeld mellom anna oppgåver innanfor beredskap, klima-

endringar, klimatilpassing og miljø. Landbruksdirektoratet vil føre vidare arbeidet med å bidra til eit aktivt og berekraftig skogbruk.

Landbruksdirektoratet vil leggje til rette for ein berekraftig jordbruksproduksjon gjennom målretta tiltak som skal gi minst mogleg utslepp til luft og vatn, og som tek vare på naturmangfald og kulturminneverdiar, er tilpassa klimaendringar og gir god matsikkerheit. Direktoratet vil føre vidare arbeidet med implementering av gjødselbrukforskrifta.

Landbruksdirektoratet vil føre vidare samarbeidet med Miljødirektoratet på klima- og miljøområdet og haustbare viltressursar. Merksemd på jordvern er sentralt for å ta vare på god matjord. Jordvern er òg eit viktig klimatilpassingstiltak.

Reindrift

Landbruksdirektoratet vil i 2026 halde fram med å styrkje arbeidet med reindrift og arealforvaltning. Landbruksdirektoratet skal vidareutvikle desse fagmiljøa, og bruke dei aktivt i arbeidet med å vareta areala til reindriften.

Landbruksdirektoratet vil arbeide for å vareta grunnlaget for ei berekraftig reindrift ved å sikre at reintalet ikkje overstig fastsett øvre reintal.

Landbruks- og matdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under posten med opp til 500 000 kroner ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. framlegg til vedtak III.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Landbruksdirektoratet sitt arbeid med å effektivisere forvaltninga av dei økonomiske verkemidlane skal halde fram. Direktoratet vil i 2026 arbeide vidare med å styrkje grunnlaget for ei god forvaltning av produksjonstilskotta i jordbruket, tilskott til avløyning, husdyrkonsesjonsregelverket, pristilskotta, og verkemidla til næringsutvikling og kompetanseutvikling.

Marknadstiltak, handel og industri

Landbruksdirektoratet vil i 2026 arbeide for ei effektiv forvaltning av dei ulike marknadsordningane for jordbruksråvarer, der like konkurransevilkår for aktørane står sentralt.

Direktoratet vil forvalte importvernet for landbruksvarer i tråd med internasjonale forpliktingar, der avsetnad for norske landbruksvarer er eit prioritert mål.

Landbruksdirektoratet vil føre vidare arbeidet med faglege analysar og grunnlagsmateriale, mellom anna dei som er til bruk i internasjonale for-

handlingar (WTO, EU, EFTA), og rapportering i samsvar med internasjonale forpliktingar.

Direktoratet vil halde fram med å følgje med på konkurransesituasjonen til verdikjeda for mat. Landbruksdirektoratet vil vidare følgje med på dei nasjonale og internasjonale marknadene for landbruksvarer, sørgje for å ha relevant og oppdatert informasjon om forsyningssituasjonen, og analysere og rapportere på utviklinga.

Landbruksdirektoratet vil bygge opp kunnskap om politikk og regelverksutvikling i EU og ha oversikt over kva for konsekvensar EØS-avtalen har for forvaltning av dei økonomiske og juridiske verkemidla direktoratet forvaltar.

Digitalisering og organisasjon

Landbruksdirektoratet vil utvikle styringssystema i verksemda, og halde fram arbeidet med å effektivisere verksemda og tenestene. Direktoratet satsar målretta på å styrkje kompetansen i verksemda med eit eige kompetanseprogram.

Landbruksdirektoratet skal vere ein effektiv og brukarretta organisasjon som leverer gode tenester til brukarane, har høg grad av tillit og finn nye løysingar på utfordringane i samarbeid med brukarane og samarbeidspartnarar. Digitalisering er eit sentralt verkemiddel for å nå dette målet.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 283,2 mill. kroner på posten.

Direktoratet la i 2024 vekt på å vidareutvikle verksemda og tenestene sine. I 2024 leverte Landbruksdirektoratet eit omfattande utgreiingsmateriale og prognosar til jordbruksoppgjeret og til forhandlingane om reindriftsavtalen. Direktoratet har òg vore ein sentral bidragsytar i ulike utval og arbeidsgrupper.

Areal, skogbruk, haustbare viltressursar, ressursforvaltning, klima, miljø og økologisk jordbruk

På naturskadeområdet har direktoratet hatt stor arbeidsmengd i heile 2024 som følgje av ekstremvêret *Hans* hausten 2023.

Direktoratet leverte i 2024 utgreiinga om konsekvensane ved bakkemonterte solkraftanlegg for jord- og skogbruksareal, publiserte rettleiing om oppfølging av landbrukseigedom i dødsbu og om oppfølging av brott på jord-, konsesjons- og skogbrukslovgivinga.

I 2024 arbeidde Landbruksdirektoratet vidare med klimatilpassing i landbruket, og etablerte eit

tverrgåande team for å kunne vareta framtidige oppgåver på feltet.

Landbruksdirektoratet arrangerte saman med Riksantikvaren, Miljødirektoratet og regionale og lokale styresmakter 15-årsjubileum for ordninga *Utvalde kulturlandskap i jordbruket*.

Landbruksdirektoratet har i 2024 ført vidare dialogen med statsforvaltarane på vassmiljøområdet når det gjeld oppfølging av arbeidet med fastsetjing av regionale vassmiljøkrav og oppfølging av *Heilskapleg plan for Oslofjorden*.

I 2024 utbetalte direktoratet regionale miljøtilskott til 21 823 jordbruksføretak. Mest tilskott gjekk til tiltak for å redusere avrenning til vassdrag og kyst, og til å vareta kulturlandskap.

Direktoratet har gjennomført fleire utgreiingsoppdrag og delteke aktivt i arbeidet for å styrkje kunnskapsgrunnlaget som basis for vidareutvikling av miljø- og klimatiltak i jordbrukssektoren. Viktige tema som direktoratet har arbeidd med er tilskott til levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg, tiltak for god jordhelsepraksis, og forvaltningsstøtte til spreiearealkravet for husdyrgjødsel. Direktoratet har i 2024 vidareført arbeidet i sekretariatet for *Regnskapsgruppa for klimaavtalen* mellom regjeringa og jordbruksnæringa.

I 2024 har Landbruksdirektoratet i samarbeid med Miljødirektoratet førebudd seg på flyttinga av ansvaret for å forvalte haustbare viltressursar frå Miljødirektoratet til Landbruksdirektoratet frå 1. januar 2025. Ein eigen seksjon er oppretta og nye medarbeidarar er tilsette. Vidare var det i 2024 eit omfattande arbeid med å førebu overføring av IT- og avtaleporteføljen, som støttar opp under fagområdet frå Miljødirektoratet.

Landbruksdirektoratet har saman med Miljødirektoratet følgt opp utgreiinga av kunnskapsgrunnlaget om den økologiske tilstanden i norsk skog, og sørgt for etableringa av eit offentleg tilgjengeleg kart over naturskog. Direktoratet har vidare levert ein rapport om vurdering av konsekvensar ved heil eller delvis innlemming av avskogingsforordninga (EUDR). Vidare har direktoratet bidrege til eit kapittel om skog- og arealbruk i Miljødirektoratets årlege oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om korleis Noreg kan redusere dei nasjonale klimagassutsleppa og auke karbonbindinga.

Landbruksdirektoratet har ansvaret for forvaltning av erstatnings- og kompensasjonsordningar etter avvikling av hald av pelsdyr. Ressursinnsatsen i 2024 blei hovudsakleg brukt til å gi endelege tilbod til søkjarar om erstatning. Arbeidet held fram i 2025.

Direktoratet har i 2024 arbeidd med å ta vare på den landbruksfaglege sida (husdyr og rein) i den todelte målsetjinga i rovviltpolitikken. Direktoratet har delteke i ulike kontaktforum på nasjonalt nivå.

Reindrift

Arbeidet med å sikre at reintalet er tilpassa beitegrunnlaget blei ført vidare i 2024. Fleire reinbeitedistrikt i Øst- og Vest-Finnmark er framleis over sitt fastsette øvre reintal, og Landbruksdirektoratet har i 2024 halde fram oppfølginga av desse distrikta. Det blei i 2024 fatta vedtak i Reindrifststyret om reduksjon av reintal i to av desse reinbeitedistrikta.

Landbruksdirektoratet har vidareført arbeidet med å byggje opp eit fagmiljø for arealforvaltning og reindrift. Arbeidet med å styrkje beredskapen i reindriften er ført vidare. Landbruksdirektoratet har prioritert den koordinerande rolla i beredskapsarbeidet, og har arrangert felles årleg møte for beredskapsutvala.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Direktoratet har i 2024 halde fram med å forbetre arbeidet knytt til kontroll med tilskottsforvaltninga som er lagd til lokal og regional forvaltning. Direktoratet har i 2024 hatt kontakt med statsforvaltaren for å formidle fag- og forvaltningskompetanse.

Den mellombelse straumstøtteordninga for jordbruks- og veksthusnæringa, blir forvalta av Landbruksdirektoratet. Vel 15 000 jordbruksføretak, 200 veksthus og 15 vatningslag har søkt om støtte gjennom ordninga.

Marknadstiltak, handel og industri

Forvaltninga av importvernet er viktig for å sikre avsetnaden av norsk produksjon og stabile prisar i den norske marknaden. Samtidig skal direktoratet gjennom forvaltninga leggje til rette for import, der norsk produksjon ikkje dekkjer behovet i marknaden. Det siste året har mellom anna høge prisar på egg internasjonalt ført til større etterspørsel etter norske egg og underskott i marknaden. Tollavgiftssatsen på egg har difor vore sett ned i store delar av året.

Året 2024 blei ein milestolpe for beredskapslagring av matkorn då det blei inngått kontrakt med fire ulike aktørar om lagring med opp-

start hausten 2024 og 2025. Samla blei det gjort avtale om å lagre 15 000 tonn matkorn.

Direktoratet har i 2024 greidd ut, førebudd og bidrege til implementering av volummodellen for mjølk. Arbeidet har vore omfattande både med tanke på marknadsmessige effektar, juridisk innretning og forankring i meieriindustrien.

Samfunnstryggleik og beredskap har fått auka merksemd, og det blei naudsynt med auka innsats i 2024, mellom anna som følgje av klimaendringar og krigen i Ukraina. Auka kostnader, forsyningsutfordringar og stigande matvareprisar har prega marknaden òg i 2024.

Digitalisering og organisasjon

I utviklinga av digitale tenester i Landbruksdirektoratet er det behovet til brukaren som står i sentrum, og direktoratet har arbeidd med å utvikle korleis ordningane og regelverket blir innretta for å sikre at tenestene blir enklast mogleg for brukarane av systema.

Landbruksdirektoratet har gjennomført fleire prosjekt om digitalisering. Nye digitale løysingar for reindrifsutøvarane og for reindriftsforvaltninga blei ferdigstilte i 2024. I tillegg har direktoratet slutført modernisering av løysinga for produksjonstilskott. Vidare har direktoratet utvikla eit nytt system for tilskott og avgifter på egg levert til eggpakkeri og digitalisert ordningar for tilskott til nye vekstgrupper ved produksjonssvikt i planteproduksjon, tilskott til matkorn, søknad om nydyrking og tilskott til gjødselleveransar for biogassproduksjon. I 2024 har direktoratet arbeidd vidare med å få til digitalisering av konsesjonsprosessen, saman med mellom andre Kartverket, KS og Eiendom Norge.

På slutten av 2024 inngjekk direktoratet ein avtale med NAV om å bruke den skybaserte applikasjonsplattforma deira. Målet med skystrategien er å migrere alle fagsystema og digitale tenester til den nye skyplattforma innan første kvartal 2026.

Landbruksdirektoratet har ansvaret for drift av Landbruks- og matCERT, som er miljøet til sektoren for handtering av kritiske IKT-hendingar, og som inngår i det nasjonale responsmiljøet. Verksemdene Landbruksdirektoratet, Norsk institutt for bioøkonomi, Mattilsynet og Veterinærinstituttet møtest kvar veke for å gå gjennom varsel eller aktuelle hendingar. I 2024 har Landbruks- og matCERT gjennomført ei øving med deltaking frå desse verksemdene.

**Post 21 Spesielle driftsutgifter
– Beredskapslagring av korn**

Formålet med løyvinga er å finansiere beredskapslagring av matkorn for å gi auka sikkerheit i forsyninga av matkorn til den norske marknaden. Dette arbeidet er viktig for å stå betre rusta om det skulle oppstå forstyrningar i verdikjedene, til dømes som følgje av store miljøydeleggingar eller sikkerheitspolitiske kriser. Ordninga er innretta slik at staten kjøper lagertenester av driftsoperatørane i marknaden.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 81,5 mill. kroner til kjøp av matkorn og lagertenester i 2026. Planen for 2026 er å vidareføre arbeidet med leige av lagertenester og innkjøp av matkorn med eit mål om at det innan 2029 skal vere på plass eit beredskapslager tilsvarande tre månaders forbruk av matkorn. Ordninga inneber at staten inngår fleirårige kontraktar med private aktørar.

I 2025 har departementet hatt ei bestillingsfullmakt frå Stortinget på 1,8 milliardar kroner for å inngå kontraktar om framtidige kjøp av matkorn og lagertenester. Arbeidet er i rute, og det er ikkje behov for å vidareføre bestillingsfullmakta i 2026.

Rapport

Det blei i 2024 nytta 60,8 mill. kroner på posten. Det blei inngått kontraktar med fire aktørar om lagring med oppstart hausten 2024 og 2025. Det blei kjøpt inn og lagra 15 000 tonn korn hausten 2024.

Konkurransane er gjennomførte i tråd med lov om offentlige anskaffelser ved utlysing på Doffin. I juni 2024 underteikna Landbruksdirektoratet kontraktar for 2024 og 2025, for heile den utlyste mengda på 30 000 tonn korn. I februar 2025 blei kontraktar for oppstart i 2026 og 2027 underteikna, også denne gongen for totalt 30 000 tonn korn. I mars 2025 blei siste runde med konkurranse om kontraktar med oppstart i 2028 og 2029 lyst ut, for lagring av høvesvis 15 000 tonn og 7 500 tonn. Signeringa av dei siste kontraktane blei kunngjort i august 2025. Samla sett er det berekna at kostnadane ved lagring, innkjøp av korn og administrasjon i 25 års perioden vil bli om lag 1 380 mill. kroner.

**Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald,
kan overførast**

Løyvinga skal mellom anna dekkje utgiftene til oppfølging av Noregs ansvar ved gjennomføringa

av internasjonale avtalar, og til oppføring og vedlikehald av grensegjerde mot Russland, Finland og Sverige. Oppfølging av norsk-finsk reingjerdekonvensjon skjer gjennom norsk-finsk reingjerdekommisjon. Løyvinga skal dekkje kostnader til møta i kommisjonen. Posten skal vidare dekkje utgiftene til oppfølging av reinbeiteavtalar i Røros-regionen og til vedlikehald av gjerde i Hemsedal og Lærdal. I tillegg skal posten dekkje større utstyrsjøp og vedlikehald knytt til reindriftsforvaltning. Posten skal òg dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske og russiske styresmakter i samsvar med gjeldande reingjerdekonvensjon og avtaler.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 13,2 mill. kroner.

Det er eit stort behov for vedlikehald av gjerde mot Finland og Russland, og dette skal prioriterast i 2026.

Rapport 2024

I 2024 blei det nytta 12,1 mill. kroner på posten. Utgiftene til kritisk vedlikehald av reingjerde mot Russland, Finland og Sverige blei dekte av posten, i tillegg til vedlikehald av gjerda i Røros-regionen og i Hemsedal og Lærdal. Vidare blei det utbetalt erstatning til finske styresmakter for norsk rein som kryssa grensa til Finland, utgifter til norsk/finsk reingjerdekommisjon og utgifter til vedlikehald av hytter. Utover dette er ein del av kostnadene knytt til digitalisering av reindriftsforvaltninga dekte over posten. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har fått dekt drift og vedlikehald av feltkøyretøy og feltutstyr, og kostnader i samband med bistand til direktoratet knytt til feltoppdrag som gjaldt oppfølging av norsk/finsk reingjerdekonvensjon og reingjerde mellom Noreg og Russland.

Post 50 Arealressurskart

På posten blir det gitt støtte til vedlikehald av arealressurskart (AR5), som gir næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 8,0 mill. kroner.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 8,0 mill. kroner på posten.

Løyvinga er brukt til arbeidet med oppdatering og vedlikehald av arealressurskarta (AR5) hos Norsk institutt for bioøkonomi. Karta blir

viste mellom anna i løysinga *Gårdskart* på nett, og er sentrale ved kontroll i samband med tilskottsordningar.

Post 60 Tilskott til veterinærdekning

Løyvinga skal bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 207,0 mill. kroner.

Den største delen av løyvinga på posten er tilskott til klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid. I framlegget til løyving er det òg sett av midlar til kostnader med å administrere veterinærvakt for kommunane. Tilskotta blir fordelte til kommunane ut frå ei fastsett vaktinndeling. Landbruksdirektoratet deler midlane ut til kommunane.

Framlegget til løyving omfattar òg stimuleringstiltak som kommunane kan bruke til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. Midlane vil bli prioriterte til kommunar som har problem med å få stabil tilgang på veterinærtjenester, og som legg planar for gode lokale løysingar. Departementet legg til grunn at om lag ein firedel av kommunane vil oppfylle kriteria for å kunne søkje om midlar frå denne delen av løyvinga. Eit mindre beløp kan tilsvarende brukast på Svalbard.

Tilstrekteleg tilgang på veterinærtjenester er viktig av omsyn til dyrehelse, dyrevelferd og mattryggleik, og for å kunne ha eit aktivt landbruk i heile landet.

Departementet føreslår at det blir sett av inntil 4,0 mill. kroner av stimuleringsmidlane i 2026 for å følgje opp tiltak som kan gi betre tilgang til veterinærtjenester i distrikta, jf. råda i rapporten om tilgangen på veterinærtjenester i 2023, frå ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruks- og matdepartementet. Eitt tilradd tiltak var å etablere ei mentorordning for nyutdanna og nyttilsette veterinærar for å få fleire til å ville arbeide med produksjonsdyr i distrikta. Eit pilotprosjekt har utgreidd dette, og leverer i løpet av 2025 ei tilråding om korleis ei nasjonal mentorordning kan utformast.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 195,6 mill. kroner på posten.

Midlane til klinisk veterinærvakt er fordelte til kommunane. Eit mindre beløp på posten blei nytta til veterinærtjenester på Svalbard. Tilskott til stimuleringstiltak har i hovudsak gått til driftsstøtte til veterinærar, og til etableringsstøtte og etablering og drift av kommunale stillingar for veterinærar.

Post 61 Tilskott til skrantesjukeprøver frå fallvilt

Posten skal dekkje utgifter kommunar har med prøvetaking og kartlegging av skrantesjuke frå fallvilt av hjortedyr. Fallvilt er viltlevande dyr som dør av andre årsaker enn gjennom ordinær jakt. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,3 mill. kroner.

Mål

Målsetjinga med tilskottsordninga er å auke kunnskapen om skrantesjuke og halde oversikt over spreinga av sjukdommen.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskottsordninga medverkar til auka prøvetaking og kartlegging av skrantesjuke hos fallvilt av hjortevilt.

Tildelingskriterium

Tilskottet kan berre bli gitt til kommunar. For å få tilskott må kommunen ta prøver av dyret og registrere fallviltet og prøver i *Hjorteviltregisteret*. I tillegg må Veterinærinstituttet og Norsk institutt for naturforskning (NINA) bekrefte at prøver er sende inn slik ordninga krev. Det blir gitt ein fast sats per registrert og godkjend prøve. I nokre område med innsamling av kjevar for aldersfastsetjing, blir det òg gitt ein fast sats per kjeve.

Oppfølging og kontroll

Landbruksdirektoratet gjennomfører oppfølging og kontroll.

Rapport 2024

Midlane til skrantesjukeprøver frå fallvilt av hjortevilt er med verknad frå 2026 overførte frå Klima- og miljødepartementet til Landbruks- og matdepartementet. For rapportering for 2024, sjå Prop. 1 S (2025–2026) frå Klima- og miljødepartementet.

Post 70 Tilskott til fjellstuer

Formålet med løyvinga er å drifte dei tre stats-eigde fjellstuene Joatka, Mollisjok og Ravnastua. Fjellstuene bidreg til å halde oppe tryggleiken i veglaust terreng, mellom anna for reingjetarar, og

har plikt til å halde ope heile året. Landbruksdirektoratet inngår kontrakt med dei som driv fjellstuene. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 885 000 kroner.

Rapport 2024

I 2024 blei det gitt tilskott til alle dei tre fjellstuene, og totalt blei det utbetalt 862 000 kroner. I tillegg til det faste driftstilskottet blei det òg gitt eit variabelt tilskott til innkjøp av naudsynt utstyr.

Post 71 Tiltak for berekraftig reindrift, kan overførast

Formålet med løyvinga er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift. Reinteljing og oppfølging av godkjende bruksreglar er sentrale tiltak, i tillegg til kontrolltiltak retta mot grensekryssande reinbeite mellom Noreg og Sverige. Løyvinga på posten skal nyttast til kontroll og oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar. Løyvinga skal òg nyttast til kontroll av grensekryssande reinbeite og handheving av beitetider og bruk av beiteområde.

Betre kunnskap om produksjon og tap er avgjerande både for å dempe konflikter og for ei berekraftig forvaltning av reindriftnæringa. Kostnader ved slik kunnskapsutvikling blir dekte av posten. Løyvinga kan òg nyttast til å dekkje overvakingsprogrammet for Finnmarksvidda, enkelte utviklings- og utgreiingskostnader og arealbrukskart for reindrifta.

Oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar, saman med kontrolltiltak retta mot grensekryssande reinbeite mellom Noreg og Sverige, er prioriterte oppgåver i 2026.

Løyvinga skal òg dekkje kostnader ved tiltak i reindriftnæringa ved radioaktivt nedfall.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 5,9 mill. kroner.

Rapport 2024

I 2024 blei det utbetalt 3,1 mill. kroner på posten. Landbruksdirektoratet gjennomførte eit utviklingsprosjekt for reinteljing med drone. Vidare har Statsforvaltaren i Troms og Finnmark gjennomført reinteljing i eitt distrikt i Finnmark. Ulike kontrolltiltak knytte til grenseoverskridande reindrift mellom Noreg og Sverige, og tiltak for berekraftig reindrift i Finnmark, er òg dekte over posten.

Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen, jf. føresetnadene i overskjønnet heimla av Frostating lagmannsrett 2. september 1999, og beiteleige ut frå inngåtte reinbeiteavtalar med grunneigarane i Trollheimen.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 630 000 kroner for å dekkje inngåtte avtalar.

Rapport 2024

Det blei utbetalt erstatning til 44 grunneigarar i Trollheimen. Beiteleige til Trollheimen/Igelfjellet reinbeiteforening for driftsåret 2023/2024 er òg dekt over denne posten. Det blei totalt utbetalt 590 000 kroner på posten.

Post 73 Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, overslagsløyving

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 55,6 mill. kroner på posten

Formålet med løyvinga er å gi produsentar erstatning for tap og dekning av visse utgifter i samband med pålagde tiltak mot sjukdommar, smittestoff og skadegjerarar hos dyr og planter, jf. § 22 i Ot.prp. nr. 100 (2002–2003) *Om lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matlova)*. Løyvinga skal òg dekkje tap i samband med tiltak som blir sette i verk som følge av resistente bakteriar (MRSA) i svinehaldet, tiltak for å redusere innhaldet av radioaktivitet i storfe og småfe og enkelte andre kompensasjonar for å lette etterleving av krava i matlova og plikter i primærproduksjonen, jf. matlova § 31. Landbruksdirektoratet kan, etter søknad og i spesielt krevjande saker, dekkje heile eller delar av statsforvaltaren sine kostnader ved kjøp av spesialistvurderingar som trengst for å handsame erstatningssakene på denne posten.

Situasjonen i Ukraina fører til auka behov for innkjøp av giesesalt til beredskapslager. Det går føre seg ein regodkjenningsprosess av tilsetningsstoffet giesesalt i EU. Vidare bruk av dette tilsetningsstoffet føreset at stoffet blir regodkjent som tilsetningsstoff. Godkjenningsprosessen kan utløyse ytterlegare kostnader i 2026.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta om lag 25,2 mill. kroner på posten.

Det blei utbetalt i underkant av 2,1 mill. kroner i erstatning etter offentlig pålegg i planteproduksjon i 2024. Erstatningsutbetalingane gjaldt tiltak mot *Phytophthora ramorum*, *tospovirus*, *kvit ring-råte* og *pærevisnesjuka*.

I 2024 blei det utbetalt om lag 19,3 mill. kroner i samband med erstatning etter pålagde tiltak i husdyrbesetningar. Store delar av utbetalingane gjekk til dekning av kostnader ved sanering for *Aviær influenza* og *Storfetuberkulose*.

Forureininga etter atomulykka i Tsjernobyl skaper lite problem for beitebruken no, men enkelte stader på indre Austlandet og i Midt-Noreg har framleis spor av nedfallet. For å redusere opp-taket beitedyra har av radioaktivt cesium frå utmarksbeite, blir det brukt giesesalt (Berliner-blått) anten som fôrtilsetning eller i form av salt-slikkestein tilsett giesesalt på slutten av beite-sesongen. I 2024 blei det ikkje gitt pålegg om ned-fôring, og det blei utbetalt berre litt under 25 000 kroner.

I 2024 heldt prosessen med EU-godkjenning av fôrtilsetningsstoffet giesesalt fram, då ein ønskjer å oppretthalde moglegheita for nedfôring. I samband med denne prosessen blei det mellom anna naudsynt å gjennomføre ytterlegare to min-dre studiar. Direktoratet har inngått ein rammeav-tale for bistand med å gjennomføre godkjenning-prosessen, og arbeidet med regodkjenning fort-sett. Totalforbruk for lagerhald av giesesalt og saltslikkesteinar tilsett giesesalt, i tillegg til regod-kjenningprosessen, var på om lag 3,0 mill. kroner i 2024.

Post 74 Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt

Løyvinga på posten blir brukt til å gi dyreeigarar økonomisk kompensasjon når Mattilsynet som følgje av fare for rovviltangrep, har gjort vedtak om beiterestriksjonar for storfe og småfe med heimel i dyrevelferdslova.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 500 000 kroner.

Rapportering 2024

Det blei ikkje nytta midlar på posten i 2024.

Post 75 Støtte til jordbruks- og veksthusnæringa for ekstraordinære straumutgifter, overslagsløyving

Primærprodusentar i jordbruket, veksthus og vatningslag fekk frå desember 2021 ei mellombels

ordning med straumstøtte. Formålet med straum-støtteordninga for jordbruks- og veksthusnæringa, som følgje av ekstraordinære straumutgifter, er å bidra til at norsk matproduksjon og norsk produk-sjon i veksthus kan oppretthaldast trass i dei ekstra-ordinære utgiftene til straum. Løyvinga kan òg bli brukt til administrative kostnader i samband med ordninga.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 79,0 mill. kroner for 2026. Straumstøtteordninga for jordbruket gjeld for primærprodusentar, og har ei grense for maksimalt forbruk på 60 000 kWt per føretak per måned. Straumstøtteordninga for veksthus og vatningslag har inga avgrensing på forbruk.

Rapport 2024

Det blei nytta 59,0 mill. kroner på posten i 2024, inkludert kostnader til administrasjon og utvikling av eit system for forvaltning av ordninga. Ord-ninga er forvalta av Landbruksdirektoratet.

Post 77 Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, kan overførast

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 50,0 mill. kroner.

Formålet med løyvinga er å gi kompensasjon etter avvikling av pelsdyrhald. Stortinget vedtok i 2019 eit forbod mot hald av pelsdyr etter 1. februar 2025. Den opphavelige kompensasjons-ordninga er endra som følgje av lovvedtak i juni 2021. Dei nye reglane tredde i kraft i mars 2022. Oppdrettarane har no rett på erstatning utmålt anten etter utmålingsreglane i ekspropriasjons-erstatningslova så langt dei passar, eller ut frå ned-skriven gjenkjøpsverdi. I tillegg blir kostnader til riving og opprydding av pelsdyranlegg ført på posten. Ordningane knytt til kompensasjon for forventa lågare framtidig alderspensjon som følgje av forbodet mot pelsdyrhald og kompensasjon til pelseri og førkjøkken, blir òg ført på posten.

Ein mindre del av løyvinga kan bli brukt til administrative kostnader i samband med ord-ninga. Dette omfattar òg kostnader til taksering av pelsdyranlegg og eventuelle kostnader til skjønns-prosessar.

Kompensasjonen er ei regelstyrt ordning, og det vil bli gjort framlegg om auka løyving dersom utbetalingane blir større enn tilgjengelege midlar på posten. Den enkelte vil få utmålt og utbetalt kompensasjon etter eit fastsett regelverk.

Det er usikkert korleis utbetalingar på posten vil fordele seg mellom år. Det blir difor gjort fram-

legg om ei tilsegnfullmakt på 94,6 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 466,0 mill. kroner på posten.

Det blei utbetalt om lag 359,3 mill. kroner i erstatning etter lov om forbod mot hald av pelsdyr. Vidare blei det utbetalt om lag 89,7 mill. kroner som kompensasjon for riving og opprydding av pelsdyrhus, 1,5 mill. kroner i kompensasjon for lågare årleg alderspensjon og 4,5 mill. kroner i kompensasjon til pelseri og førkjøkken. Det blei òg nytta 2,2 mill. kroner til taksering av pelsdyranlegg.

Post 78 Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald, kan overførast

Formålet med løyvinga er å lette omstillinga for pelsdyroppdrettarar i samband med forbod mot hald av pelsdyr, jf. Prop. 99 L (2018–2019) *Lov om forbod mot hold av pelsdyr*. Dette omfattar i hovudsak ei ordning med tilskott til omstilling som blir forvalta av Innovasjon Norge. Løyvinga blir òg nytta til tilskott til arbeidsretta kompetanseheving for pelsdyroppdrettarar, forvalta av Landbruksdirektoratet.

Ein mindre del av løyvinga kan bli brukt til administrative kostnader i samband med ordningane.

Departementet gjer ikkje framlegg om ei løyving på posten i 2026. Det er gitt tilsegn om alle midlar som tidlegare er løyvd på posten, men utbetaling skjer i takt med gjennomføring av tiltaka.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 11,6 mill. kroner på posten.

Post 79 Tilskott til reindrifta for del av verdiskaping frå vindkraft

Formålet med løyvinga er å overføre ein del av verdiskapinga frå vindkraftproduksjon til reindrifta som blir påverka av denne. Tilskottet blir gitt til reinbeitedistrikt eller siidaer der eit vindkraftprosjekt, aleine eller sett i samanheng med andre tiltak, kan ha negative konsekvensar for reindrifta. Ordninga omfattar vindkraftproduksjon frå anlegg som er konsesjonspliktige etter energilova. Løyvinga for 2026 er berekna på grunnlag av vindkraftproduksjonen i 2024. Tilskottet blir gitt på grunnlag av ei konkret vurdering av for kva siida/reinbeitedistrikt vindkraftverket, aleine eller sett i samanheng med andre tiltak, kan få negative

konsekvensar. Landbruksdirektoratet skal forvalte ordninga. Midlane skal overførast til distriktsfond eller siidafond, og skal disponerast etter vedtektene for dei respektive fonda.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,3 mill. kroner for 2026.

Rapport 2024

Det er utbetalt 5,9 mill. kroner i tilskott i 2024, fordelt på elleve tilskottsmottakarar. Det er utbetalt tilskott til alle reinbeitedistrikt eller siidaer, der vindkraftverk har negative konsekvensar for reindrifta.

Post 80 Beredskapslager matmjøl

Posten blei oppretta i 2025-budsjettet. Ordninga blir avvikla frå 2026, og det blir ikkje gjort framlegg om løyving på posten for 2026.

Post 81 Tilskott til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark

Posten blei oppretta i 2025-budsjettet. Tilskottsordninga blir avvikla frå 2026 og det blir ikkje gjort framlegg om løyving på posten for 2026.

Post 83 Tiltak for sameksistens mellom reindrift og jordbruk

Posten er ny. Formålet med løyvinga er å gjennomføre tiltak som kan leggje til rette for sameksistens mellom reindrift og jordbruk. Landbruks- og matdepartementet etablerte i januar 2024 eit utval for betre sameksistens mellom reindrift og jordbruk. Bakgrunnen for at utvalet er etablert er prosessen med å leggje til rette for tilleggsareal for Fosen reinbeitedistrikt, men utvalet er ikkje involvert i denne prosessen. Utvalet skal sjå nærare på kva som er utfordringane mellom reindrift og jordbruk i Nord-Østerdalen, knytt til den sør-austlege grensa for det samiske reinbeiteområdet.

Utvalet skal kartleggje eksisterande utfordringar og kva som er grunnlaget for desse. På bakgrunn av denne kartlegginga skal utvalet gjere framlegg om tiltak som kan bidra til betre sameksistens, og leggje til rette for både dialog og tillit mellom næringane. Utvalet skal levere ein rapport til Landbruks- og matdepartementet innan 1. desember 2025.

Løyvinga på posten er ei ramme for å gjennomføre tiltak som utvalet gjer framlegg om.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 20,0 mill. kroner.

Kap. 4142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsinntekter, refusjonar m.m.	50 463	52 381	55 367
	Sum kap. 4142	50 463	52 381	55 367

Post 01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.

Inntektene i 2024 blei 50,5 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 55,4 mill. kroner for 2026.

Posten gjeld driftsinntekter som Landbruksdirektoratet har i samband med mellom anna

sekretariatet for Omsetningsrådet, styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, og styret for Utviklingsfondet for skogbruket, administrasjon av ulike fond, prisutjanningsordninga og kvoteordninga for mjølk.

Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	104 515	136 300	173 100
72	Tilskott til opprydding av avfall etter flaumhendin- gane i Sør-Noreg hausten 2023, <i>kan overførast</i>	1 216		
	Sum kap. 1148	105 732	136 300	173 100

Post 71 Naturskade – erstatningar, overslagsløyving

Løyvinga skal dekkje erstatningar for naturskade.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 173,1 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 197,5 mill. kroner, jf. tabell 5.6 og framlegg til vedtak IV.

Tabell 5.6 Løyving og tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar i 2026 (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2025	137,2
+ Venta tilsegner i 2025	193,5
= Sum	330,7
- Venta erstatningsutbetalingar i 2025	153,3
= Venta ansvar 31.12.2025	177,4
+ Venta nye tilsegner i 2026	181,2
+ Takseringskostnader, IKT-vedlikehald o.a.	12,0
= Sum	370,6
Forslag til løyving i 2026	173,1
Forslag til tilsegnfullmakt i 2026	197,5

Ordninga gir erstatning for dei naturskadane det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei ordinær forsikringsordning. Løyvinga skal òg dekkje kostnader ved taksering av skadar, informasjonstiltak og andre tiltak som bidreg til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulukker. Løyvinga skal òg dekkje utgifter som trengst til ekstrahjelp, kompetansetiltak og vedlikehald og vidareutvikling av IKT-systemet for ordninga, og administrative kostnader ved *Klagenemnda for naturskadesaker*.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 104,5 mill. kroner på posten.

I 2024 blei det handsama 1 296 saker. Det blei gitt tilsegner om erstatning for om lag 190,5 mill. kroner. Ansvarer som utgjør gitte, men ikkje inn-

fridde tilsegner om erstatning, var 31. desember 2024 på om lag 137,2 mill. kroner.

Post 72 Tilskott til opprydding av avfall etter flaumhendingane i Sør-Noreg hausten 2023, kan overførast

Formålet med ordninga har vore å dekkje utgifter til opprydding av eigarlaust avfall som blei liggjande på privat grunn som følgje av flaumhendingane i Sør-Noreg i august 2023. Ordninga skulle òg bidra til å redusere negative miljøkonsekvensar av forsøpling. Ordninga blei avslutta i 2024.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 1,2 mill. kroner på posten.

Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 571	3 666	
52	Forsøk fleralderskogbruk	5 000		
71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, kan overførast	53 237	53 603	37 932
73	Tilskott til skog- og klimatiltak, kan overførast	66 453	55 775	56 000
75	Kurs i fleralderskogbruk, kan overførast	5 000		
	Sum kap. 1149	133 261	113 044	93 932

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Utviklingsfondet for skogbruket har til formål å støtte opp om forskning, utvikling, informasjon og opplæring innanfor skogbruket. Fondet skal bidra til prosjekt som utviklar og styrkjer skogbruket som ei rasjonell, økonomisk og berekraftig næring. Landbruksdirektoratet er sekretariat for fondet. Departementet gjer ikkje framlegg om løyving i 2026, og legg opp til at fondet blir avvikla når kapitalen i fondet er brukt opp.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 3,6 mill. kroner på posten.

Post 52 Forsøk fleiralderskogbruk

I samband med Stortinget si handsaming av Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024*, jf. Innst. 447 S (2023–2024), vedtok Stortinget å løyve 5,0 mill. kroner til forsøk med fleiralderskogbruk. Beløpet blei tildelt Norsk institutt for bioøkonomi. Det er etter dette ikkje gitt ny løyving på posten.

Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, kan overførast

Løyvinga skal dekkje tilskott til vidareutvikling av ein betre transportinfrastruktur for skogbruket og andre verdiskapingstiltak i skogbruket. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 38,0 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 23,2 mill. kroner.

Tilskott til investeringar i betre skogsvegar bidreg målretta til aktivt skogbruk og meir kostnadseffektivt transportarbeid i skogforvaltninga, og til betre klimatilpassing. Gjennom tilskott til tømmerkaier har dei mest sentrale kaiene langs kysten no blitt bygde eller er under bygging. Sidan 2012 er 30 tømmerkaier ferdig bygde eller ombygde, fem kaier er under bygging og satsinga nærmar seg slutført. Det kan òg i 2026 vere aktuelt å nytte midlar frå posten til enkelte kaiprojekt.

Tabell 5.7 Løyving og tilsegnfullmakt infrastrukturtiltak i 2026 (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2025	73,1
+ Venta tilsegner i 2025	38,9
= Sum	112,0
- Venta utbetalingar i 2025	52,9
= Venta ansvar 31.12.2025	59,2
+ Venta nye tilsegner i 2026	2,0
= Sum	61,2
Forslag til løyving i 2026	38,0
Forslag til tilsegnfullmakt i 2026	23,2

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 53,2 mill. kroner på posten. Av dette blei det utbetalt 22,7 mill. kroner til tømmerkaier og 30,4 mill. kroner til skogsvegar. Det blei òg gitt tilsegn på 34,1 mill. kroner til tømmerkaier.

Det blei bygd om lag 119 km nye skogsbilvegar og ombygde om lag 224 km eldre skogsbilvegar. Dette er noko høgare nivå enn året før. Aktiviteten må sjåast i samanheng med løyvingane til det same formålet på kap. 1150, post 50. Ansvar på posten 31. desember 2024 var på 73,1 mill. kroner.

Post 73 Tilskott til skog- og klimatiltak, kan overførast

Løyvinga skal dekkje tilskott til skog- og klimatiltak. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 56,0 mill. kroner.

Klimatiltaka i skog er tilskott til tettare skogplanting, gjødsling av skog, ungsogpleie og skogplanteforedling. Skogen tek opp CO₂ og karbon blir lagra i biomassen og i skogsjorda. Klimatiltaka blir rekna som kostnadseffektive og er blant dei billigaste klimatiltaka som kan gjennomførast nasjonalt. Tilskottsordningane til klimatiltaka er baserte på skog- og miljøfaglege kriterium utarbeidde av Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

Det er særleg viktig å prioritere ungsogpleie, sidan dette tiltaket både styrker skogen sitt karbonopptak og bidreg til ein meir klimatilpassa og robust skog som toler klimapåkjenningar og klimaskadar. Auka løyvingar til ungsogpleie vil òg styrkje sysselsetjinga og rekrutteringa til næringa, til dømes gjennom *Job:U-prosjektet*.

Løyvinga skal vidare dekkje tilskott til stiftinga Det norske Skogfrøverk, som er basert på ein avtale frå 1995 med stiftinga om forvaltningsoppgåver. Det blir òg gitt tilskott til arbeid med langsiktig skogplanteforedling og -utvikling som skal møte dei aukande klimautfordringane og behovet for å introdusere nye treslag i frøforsyninga.

Det kan òg vere aktuelt å gi tilskott til enkelte andre, avgrensa prosjekt knytt til mellom anna klimatilpassing av skogbruket.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 66,5 mill. kroner på posten.

50,8 mill. kroner gjekk til klimatiltak for auka opptak av CO₂ i skog. Av dette blei 29,5 mill. kroner nytta til tettare planting etter hogst. Vidare blei det nytta 9,0 mill. kroner til gjødsling av skog og 12,3 mill. kroner til ungsogpleie. I tillegg blei det nytta eit mindre beløp til det no avslutta pilotprosjektet *Planting av skog på nye areal som klimatiltak*.

Det blei òg løyvd 9,0 mill. kroner til stiftinga Det norske Skogfrøverk til forvaltningsoppgåver. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppgåver og informasjons- og opplæringstiltak knytte til anlegg for frøproduksjon. Til klimatiltaket skogplanteforedling blei det løyvd 6,0 mill. kroner.

Det blei òg løyvd 650 000 kroner til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) til prosjektet

PlanteValg. Prosjektet skal gi skogeigaren og rett-leiingsapparatet eit betre grunnlag for å velje best mogleg plantemateriale ved forynging av skog.

Post 75 Kurs i fleiralderskogbruk, kan overførast

I samband med Stortinget si handsaming av Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024*, jf. Innst. 447 S (2023–2024), vedtok Stortinget å løyve 5,0 mill. kroner til forsøk med kurs i fleiralderskogbruk. Beløpet blei tildelt *Skogkurs*. Det er etter dette ikkje gitt ny løyving på posten.

riteringer i statsbudsjettet 2024, jf. Innst. 447 S (2023–2024), vedtok Stortinget å løyve 5,0 mill. kroner til forsøk med kurs i fleiralderskogbruk. Beløpet blei tildelt *Skogkurs*. Det er etter dette ikkje gitt ny løyving på posten.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	11 710	29 500	39 200
50	Tilskott til Landbrukets utviklingsfond	2 389 553	2 548 553	2 640 253
70	Marknadstiltak, <i>kan overførast</i>	310 908	410 500	317 550
71	Tilskott ved produksjonssvikt, <i>overslagsløyving</i>	575 719	104 400	104 400
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	5 676 493	5 903 894	6 601 303
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	16 110 111	17 566 323	17 886 445
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	339 216	397 391	452 791
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 895 212	1 965 007	2 041 741
	Sum kap. 1150	27 308 922	28 925 568	30 083 683

Marknadstiltak og pristilskott

Tilskott for produsert volum og frakt (pristilskott), samt til marknadstiltak blir dekte av fleire ordningar under kap. 1150, post 70 og 73, og i nokon grad under post 77. Satsane er baserte på fastsette kriterium, som produktgruppe, levert volum, distrikt med meir. Grunnlaget for tilskotta som blir utbetalte til produsentane via eit omsetnadsledd, vil normalt vere det same som grunnlaget for oppgjeret mellom omsetnadsledd og produsent. Ordningane utgjer ein viktig del av avtalesystemet, med fleire mål og verkemiddel som verkar saman mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer samla basert på rapportering frå *Budsjettmemnda for jordbruket* (BFJ) i samband med den årlege proposisjonen om jordbruksoppgjeret. I tillegg blir vurderingsrapportar og statusnotat frå heile forvaltninga nytta som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Tilskott som blir utbetalte via eit omsetnadsledd skil seg òg frå normalprosedyren ved at tilskottsmottakarane normalt ikkje søker om til-

skott. Storleiken på tilskotta er ei direkte følge av levert vare til omsetnadsleddet. Omsetnadsledda gjer ikkje eigne vurderingar ved forvaltninga av tilskotta. Dei blir difor ikkje rekna som tilskottsforvaltarar, men som medhjelparar. Vidare blir det ikkje sendt eigne tilskottsbrev til, eller kravd rapport frå tilskottsmottakarane (produsentane). Tilskottsbeløpet går normalt fram av avrekninga for kvar leveranse. Naudsynt kontroll blir sikra gjennom kontroll hos omsetnadsledda som leverer grunnlaget for utbetalingane, og som formidlar tilskottet til den enkelte produsenten. Vanlegvis blir det ikkje utført kontroll hos produsentane, men Landbruksdirektoratet har moglegheit til å kontrollere at rett sone er lagt til grunn for berekninga av tilskottet. Samla sett bidreg dette til ei kostnadseffektiv forvaltning av ordningane.

Direkte tilskott og tilskott til velferdsordningar m.m.

Desse ordningane ligg under jordbruksavtalen kap. 1150, post 74 og 78, og nokre ordningar under post 77. Dei direkte tilskotta er baserte på objektive kriterium slik som talet på dyr, areal,

produksjonstype, mengd og distrikt. Satsane står i forhold til løyvd beløp og prioriteringar mellom ulike produksjonstypar, produksjonsomfang og lokalisering av driftseiningane. Velferdsordningane er i hovudsak tiltak for å refundere kostnader til avløyning for sjukdom og moglegheit for ferie/fritid i verksemdar med husdyrhald. Ein står her overfor den same problemstillinga når det gjeld målformulering og kriterium for måloppnåing, som for tilskott til marknadstiltak og pristilskott. For ordningane med direkte tilskott og velferdsordningar vil resultatrapporteringa òg i hovudsak skje samla basert på rapportering frå BFJ i samband med proposisjonen om jordbruksoppgjeret. Det er heller ikkje for denne gruppa av ordningar aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane. Her kan det ikkje stillast vilkår om kva midlane skal nyttast til, eller krevjast rapportering om bruken av midlane.

Kollektive overføringar

På enkelte område er det administrativt meir effektivt å overføre tilskott samla frå departementet og/eller Landbruksdirektoratet direkte til ein sams mottakar, framfor først å utbetale tilskott til kvar produsent, som så betaler inn til same sluttmottakar. Sjukepengeordninga for bønder, er finansiert gjennom ei kollektiv overføring frå jordbruksavtalen til Folketrygdfondet. Ei anna kollektiv overføring er innbetaling av omsetnadsavgift for frukt og grønt på post 70. Oppfølginga av desse ordningane vil vere å føre over løyvde beløp til rett mottakar. I tillegg må ein regelmessig vurdere om ordningane verkar som tiltenkt, og om overføringane gir eit rett uttrykk for reelle utgifter.

Forvaltning

Hovuddelen av forvaltninga av tilskotta under jordbruksavtalen er delegert til Landbruksdirektoratet som saman med statsforvaltarane, fylkeskommunane og kommunane forvaltar dei økonomiske verkemidla regionalt og lokalt. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løyvingane på kap. 1142, kap. 1520 til statsforvaltaren i budsjettet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, kap. 571 rammetilskottet til kommunane og kap. 572 rammetilskottet til fylkeskommunane frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Løyvinga på kap. 1150, post 21, skal dekkje kostnader i samband med utgreiingar i arbeidsgrupper, evalueringar og

utvikling av nye IKT- og fagsystem i Landbruksdirektoratet for forvaltning av tilskott på kap. 1150. For å kunne ha fleksibilitet kan det òg i nokre høve vere aktuelt å dekkje utviklings- og utgreiingskostnader over tilskottsordningane.

På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom organ som ikkje er ein del av statsforvaltninga. Dette gjeld særleg Innovasjon Norge. Omsetnadsledda har ei medhjelparrolle i utbetalinga av tilskott til produsentane. I tilfelle der ikkje-statlege aktørar er tilskottsforvaltarar har departementet klargjort ansvar og oppgåver for desse aktørane. På nokre område er det fastsett at eit styre, utval eller råd skal tildele tilskottsmidlar, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat og har ansvar for alle dei andre forvaltningsoppgåvene.

Departementet og tilskottsforvaltninga arbeider kontinuerleg med å ha så gode kontrollsystem som mogleg. Det er etablert prosessar for å styrkje statsforvaltaren sin kontrollfunksjon på landbruksområdet, mellom anna krav om at embeta årleg skal utarbeide ein risikobasert kontrollplan og gjennomføre føretakskontroll og forvaltningskontroll av kommunar. Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet følgjer elles opp kommunane gjennom rettleiing og rådgiving, kommunebesøk, og særskilde samlingar og kompetansetiltak. Det målretta arbeidet med kontroll og oppfølging av kontroll dei siste åra har gitt resultat. Det er likevel framleis behov for vidareutvikling av kontrollsystema i landbruksforvaltninga, særleg ved å bidra til at kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar, og at statsforvaltaren og kommunane har ei meir systematisk oppfølging av avvik. Departementet følgjer opp området vidare framover i tråd med det Riksrevisjonen har peika på i fleire samanhengar.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 27 309,0 mill. kroner på kapitlet. Måla for landbrukspolitikken er omtalte i del I og II av proposisjonen. I tillegg til å produsere varer og tenester i marknaden, er norsk matsektor òg leverandør av ei rekkje fellesgode som ikkje kan omsetjast i marknaden, som mellom anna kulturlandskap og landbruksproduksjon i heile landet. Verkemidla bidreg til at måla for landbrukspolitikken blir nådde gjennom produksjon av varer og tenester for ein marknad, i kombinasjon med produksjon av slike fellesgode. Mange av tilskottsordningane verkar inn på fleire av måla samtidig. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon

og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspesifikke vil òg kunne påverke andre mål.

Produksjon av trygg mat er òg ein grunnleggjande føresetnad for næringspolitikken i jordbruket, men dei spesifikke verkemidla er i stor grad av ikkje-økonomisk karakter, og dei matpolitiske verkemidla ligg utanfor avtalen. Det finst òg fleire juridiske verkemiddel som kan verke mot same mål som dei økonomiske. Dessutan er dette tiltak og rammer for sjølvstendige næringsutøvarar. Alt i alt gjer dette at måloppnåinga ikkje kan vurderast ut frå det enkelte tiltak, men på indikatorar som viser utviklingstrekk i næringa samla sett.

Kap. 3 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*, gir ein oversikt over sentrale utviklingstrekk for dei måla som er relevante for dei verkemidla som er omfatta av jordbruksavtalen.

Jordbruksoppgjeret 2025

Jordbruket sitt forhandlingsutval la fram sitt krav på vegner av Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag den 28. april 2025. Den 7. mai la staten fram sitt tilbod. Natt til 16. mai trakk Norsk Bonde- og Småbrukarlag seg frå forhandlingane, og staten forhandla fram ny jordbruksavtale med Norges Bondelag. Nærare omtale av krav, tilbod og gangen i forhandlingane står omtalt i kap. 2 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*.

Jordbruksoppgjeret blei sendt Stortinget, jf. Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*. Proposisjonen blei vedteken av Stortinget den 18. juni 2025 på grunnlag av Innst. 534 S (2024–2025) frå næringskomiteen.

I tråd med Hovedavtalen for jordbruket fastsette Staten og jordbruksorganisasjonane føresegner og tiltak i ein jordbruksavtale, i samsvar med Stortingets handsaming. Jordbruksavtalen omfattar målprisane for perioden frå 1. juli 2025 til 30. juni 2026 og tilskott som blir utbetalt i 2026. Målprisauken blei berekna til 288,0 mill. kroner. Behovet for løyving på kap. 1150 blei estimert til 747,0 mill. kroner, 64 mill. kroner var overførte verdier frå 2023 og auka verdi av jordbruksfradraget utgjorde 8,0 mill. kroner. Den samla økonomiske ramma for jordbruksoppgjeret i 2025 for 2026 var 1 107 mill. kroner. På bakgrunn av volumjusteringar i ettertid, blir det fremja forslag

om å auke løyvingane på statsbudsjettet med 1 158,1 mill. kroner for 2026.

Budsjettframlegg 2026

Departementet gjer framlegg om å auke den samla løyvinga på kap. 1150 med 1 158,1 mill. kroner for 2025. Postane 71 og 73 er overslagsløyvingar der satsar og volum styrer løyvingens behovet.

Den 18. april 2024 handsama Stortinget Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, og den 8. april 2025 handsama Stortinget Meld. St. 10 (2024–2025) *Prinsipper for tallgrunnlag m.m. i jordbrukspolitikken*. Med handsaminga av desse meldingane blei det sett nye mål og lagt viktige premiss for jordbruksforhandlingane i 2025. Regjeringa skulle mellom anna leggje til grunn at normeringsfaktoren, avsetning til investeringa i avskrivbar egenkapital og samanlikningsgruppe skulle liggje fast slik det blei nytta ved jordbruksoppgjeret 2024, men at timetalet i jordbruket skulle reduserast til 1 700 timar i to like trinn med verknad for kalenderåra 2026 og 2027.

Normaliserte rekneskap og budsjett for aktive jordbruksbedrifter frå *Budsjettmemnda for jordbruket*, viser at inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper kan bli tetta allereie i 2025. Den inngåtte jordbruksavtalen legg til rette for ein vekst i inntektsmoglegheitene som vil bidra til å halde inntektsgapet tetta òg i 2026. Partane i jordbruksoppgjeret blei samde om ei samla løyving på kap. 1150 i 2026 tilsvarande 29 673,6 mill. kroner, mot 28 925,6 mill. kroner i saldert budsjett for 2025.

Jordbruksoppgjeret inneber òg i år eit vesentleg bidrag for å styrkje klima-, natur- og miljøarbeidet i jordbruket. Avsetjinga som har klima-, natur- og miljøverknad blei auka med 310,1 mill. kroner frå 2025 til 2026, og totalt er 10 856,9 mill. kroner sett av til desse ordningane i jordbruksavtalen for 2026.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Formålet med løyvinga er å bidra til auka måloppnåing og meir effektiv tilskottsforvaltning gjennom å dekkje kostnader til utvikling av IKT-fagsystem i forvaltninga av tilskott, evalueringar av ordningane og til arbeidsgrupper som er sette ned av avtalepartane eller vedtekne av Stortinget. I nokre tilfelle der kostnadene er direkte relaterte

til konkrete tilskottsordningar, kan dei òg bli finansierte av posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 39,2 mill. kroner. Løyvinga skal mellom anna finansierte vidare utvikling av IKT-system av Husdyrregisteret i samarbeid med Mattilsynet og utvikling av nytt landbruksregister.

Det blei i 2024 nytta 11,7 mill. kroner på posten. Mellom anna blei prosjekt knytt til utvikling av nytt landbruksregister finansierte av posten i 2024.

Post 50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond

Løyvinga til Landbrukets utviklingsfond (LUF) skal nyttast i tråd med vedtektene til LUF. Fondsmidlane kan nyttast til tiltak som styrkjer og byggjer ut næringsgrunnlaget på landbrukseigedommar og aktivitetsfremjande tiltak innan eller knytt til landbruksnæringane. Ordningane under LUF omfattar verkemiddel knytte til næringsutvikling, klima og miljø, kompetanse og rekruttering. Fleire av ordningane er knytte til utvikling og investering innan landbruksnæringa, auka produksjon og omsetnad av lokalmat og -drikke og økologisk mat, i tillegg til utdanning, kompetanseheving og landbruksforskning.

Sentrale mål for verkemidla er å leggje til rette for fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og innovative næringsmiljø i landbruket. Risikoavlastande verkemiddel er eit viktig bidrag til å få ein konkurransedyktig og framtidssretta landbruksproduksjon over heile landet. Fleire av verkemidla har mål om å lette oppstartsutfordringar og bidra til kompetanseutvikling i næringa.

Med bakgrunn i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks-*

og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025) og Stortinget si handsaming, jf. Innst. 534 S (2024–2025), gjer departementet framlegg om ei løyving til LUF på 2 640,3 mill. kroner, noko som er ein auke på 91,7 mill. kroner frå 2025. Tilskottsramma frå fondet aukar med 71,7 mill. kroner til 2 797,7 mill. kroner. Løyvinga til fondet aukar då med 20 mill. kroner meir enn tilskottsramma frå fondet.

Nærare om tilskottsramma i LUF

Tabell 5.8 viser tilskottsramma for LUF i 2026, i tillegg til endring i tilskottsramma frå 2025 til 2026. Det blir nytta 166,8 mill. kroner av ledige midlar for 2025 under LUF. Det er sett av til saman 101,5 mill. kroner til å styrkje ordningane *Drenering*, *Metan-HUB* og *Klimasmart landbruk*, evaluere Stiftinga Norsk Mat sitt arbeid med forbrukerretta informasjon om økologiske varar og til infrastruktur plante-foredling som skal bidra til å realisera Graminors *Speed breeding-plattform* og ein mindre del til investeringar ved Overhalla klonavls-senter. Resterande beløp blir nytta for å styrkje fondskapitalen mellom anna gjennom å innfri gjenstående rentestøtteforpliktingar som skriv seg frå tilskott gitt over investeringsverkemidla fram til 2015. For arbeid med regelverksutvikling for økologisk landbruk blir det rammeoverført 0,3 mill. kroner frå LUF, kap. 1150, post 50, til Mattilsynet kap. 1115, post 01. For 2026 er partane samde om at tilskottsramma for fondet blir auka med 71,7 mill. kroner til totalt 2 797,7 mill. kroner.

For 2026 er investeringstilskott for å imøtekomme dyrevelferdskrav, tilskott og investeringar i setring, ordningar med klima- og miljøinnretning og Nord-Noreg prioriterte.

Tabell 5.8 Tilskottsramme LUF (i mill. kroner)

	2025	Ekstra 2025	2026	Endring 2025–2026
Bedriftsretta midlar til investering og utvikling	1 272,5		1 312,5	40,0
Tilskott til mjølkeseter	0,0		6,0	6,0
Nasjonale tilretteleggingsmidlar	16,0		13,0	-3,0
Det store norske Grøntløftet	5,0		5,0	0,0
Regionale tilretteleggingsmidlar	61,0		64,0	3,0
Områderetta innsats				
Berekraftig matproduksjon i nord	25,0		20,0	-5,0
Fjellandbruket	3,0		4,0	1,0
Rekruttering og kompetanse i landbruket				
Pilotprosjekt vidareutvikling av landbruksutdanning	2,0		3,0	1,0
Nasjonal modell for vaksenagronom	17,0		17,0	0,0
Regionale kompetansenettverk for lokalmat	15,0		21,0	6,0
Forsking og utvikling ¹	91,5		95,5	4,0
PRESIS – Presisjonsjordbruk i praksis	4,0		0,0	-4,0
Stiftinga Norsk mat	78,0	0,5	79,0	1,0
Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping	77,0		61,0	-16,0
Bondens marked og Norsk Gardsost	3,0		3,0	0,0
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	237,0		228,0	-9,0
Skogbruk	275,0		279,0	4,0
Oppfølging av handlingsplan mot villsvin	2,5		2,5	0,0
Midlar til konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift	1,5		3,0	1,5
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	220,0		230,0	10,0
Drenering	148,0	67,0	151,0	3,0
MetanHUB	10,0	4,0	15,5	5,5
Klimasmart landbruk	12,0	12,0	24,0	12,0
Tilskott til tiltak i beiteområde	32,0		41,0	9,0
Handlingsplan for plantevernmidlar	15,0		15,0	0,0
Klima- og miljøprogram	40,0		34,0	-6,0
Biogass	23,0		30,0	7,0
Verdsarvområda og Utvalde kulturlandskap ²	25,0		26,0	1,0
Landbrukets økoløft			2,0	2,0
Utviklingstiltak innan økologisk landbruk	15,0		12,7	-2,3
Infrastruktur planteforedling		18,0	0,0	0,0
Sum tilskottsramme	2 726,0	101,5	2 797,7	71,7

¹ Midlar til norsk-svensk hesteforsking på 2,5 mill. kroner blir forvalta av Landbruksdirektoratet, og blir tildelt Stiftelsen Häst-forskning.

² Auke frå 2025 til 2026 gjeld Røros bergstad og Circumferensen.

For fullstendige føringar for dei enkelte ordningane under LUF, sjå Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet for 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 2 389,6 mill. kroner på posten.

Tabell 5.9 viser ein oversikt over kapitalsituasjonen for LUF i perioden 2024–2029 med utgangspunkt i rekneskap og prognosar for utviklinga av fondet frå Landbruksdirektoratets årsrapport for fondet. Endringane i årets jordbruksavtale er innarbeidd i tabellen. Kapitalsituasjonen til fondet er framleis krevjande og må haldast under oppsyn òg framover i tid. Per 31. desember 2024 var eigenkapitalen til fondet på 1 162,7 mill. kroner.

Fondet har ansvar for innvilga, men ikkje utbetalte tilskott. Ansvar per 31. desember 2024 var berekna til 3 258,4 mill. kroner. I tillegg kjem ansvar for rentestøtteordninga som per 31. desember 2024 var berekna til 61,9 mill. kroner.

Fondsrekneskapen for 2024 viser eit positivt resultat på 158,4 mill. kroner. Dei siste åra har resultatet vore positivt, etter at det har vore gjort fleire tiltak for å styrkje eigenkapitalen til fondet. Dette etter ein periode der fondskapitalen over år blei redusert.

Departementet viser til Prop. 105 S (2023–2024) *Jordbruksoppgjøret 2024 m.m.*, for ei detaljert omtale av dei enkelte ordningane som i 2024 blei finansierte over LUF og Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*, for ei nærare utgreiing om kapitalsituasjonen i fondet.

Tabell 5.9 Kapitalsituasjonen til LUF 2024–2029 (i mill. kroner)

	Regnskap 2024	Prognose 2025	Prognose 2026	Prognose 2027	Prognose 2028	Prognose 2029
Løyving	2 331,6	2 548,6	2 640,3	2 640,3	2 640,3	2 640,3
Eingongsmidlar	58,0	166,8				
Renteinntekter	65,3	60,0	60,0	60,0	60,0	60,0
Andre inntekter ¹	19,8	19,8	19,8	19,8	19,8	19,8
Løyving kap. 1149	42,7	30,0	30,0	30,0	30,0	30,0
<i>Sum inntekter</i>	2 517,3	2 825,2	2 750,1	2 750,1	2 750,1	2 750,1
Utbetalinger av tilskott frå fondet jf. årsrapport 2023	2 316,2	2 439,9	2 503,1	2 511,5	2 558,9	2 564,5
Utbetalinger kap. 1149	42,7	30,0	30,0	30,0	30,0	30,0
Endring i tilskottsramme ²		101,5	72,0			
<i>Sum utbetalinger</i>	2 358,9	2 571,4	2 605,1	2 541,5	2 588,9	2 594,5
<i>Resultat</i>	158,4	253,8	145,0	208,5	161,1	155,6
Utvikling i eigenkapital	1 162,7	1 416,5	1 561,5	1 770,0	1931,1	2086,7
Innestående i Norges Bank, inkl. a konto IN	1 208,2	1 347,9	1 473,6	1 590,7	1 660,2	1 723,7
Utestående investeringslån	1,9	3,3	2,8	2,6	2,5	2,9
Tapsfond risikolån BU	-47,3					
Kortsiktig gjeld	-0,05					

¹ Omfattar overføringar frå to statsforvaltarar til ordninga Verdsarv, i tillegg til overføring frå Reindriftens Utviklingsfond til ordninga konfliktførebyggjande tiltak og overføring frå Miljødirektoratet til ordninga Utvalde kulturlandskap.

² Endring i tilskottsramma for 2025 og 2026 (ut over prognose sett i årsrapport for LUF 2024) kjem truleg ikkje til utbetaling i sin heilskap i 2025 og 2026.

Post 70 Marknadstiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70.11	Tilskott til marknadstiltak grøntsektoren	40 400	47 400	44 900
70.12	Tilskott til råvareprisutjamningsordninga	224 508	315 100	217 650
70.13	Tilskott til avrensordninga poteter	46 000	48 000	55 000
	Sum post 70	310 908	410 500	317 550

Det blei i 2024 nytta 310,9 mill. kroner på posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 317,6 mill. kroner for 2026.

Underpost 70.11 Tilskott til marknadstiltak grøntsektoren

Formålet med marknadstiltaka er å bidra til å nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetjing for produsert vare og bidra til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. I grøntsektoren blir kostnadene ved marknadsregulering, opplysningsverksemd og faglege tiltak dekte av løyvinga til marknadstiltak, mens desse tiltaka blir dekte gjennom omsetnadsavgift for andre produksjonar.

Detaljane i fordelinga går fram av kap. 7 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*. Den samla løyvinga på underposten er på 44,9 mill. kroner for 2026.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisutjamningordninga

Formålet med RÅK-ordninga er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg. Løyvingane på denne ordninga må vere avpassa skilnaden mellom prisar på verdsmarknaden og

norske prisar på råvarer som inngår i ferdigvarene. Prisane på verdsmarknaden er usikre og kan variere mykje. Dei siste åra har det gjennomgåande vore høge internasjonale prisar og svingingar i valutamarknaden som påverkar behov for løyving.

Detaljane i fordelinga går fram av kap. 7 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*. Samla gir dette eit prognosert behov for løyving på underposten på 217,7 mill. kroner for 2026.

Underpost 70.13 Tilskott til avrensordninga poteter

Formålet med ordninga er å sikre avsetjing av norskproduserte avrenspoteter. Dette er fråsorterte poteter som ikkje kan nyttast til mat eller industriproduksjon. Det blir gitt prisnedskrivings-tilskott til produksjon av rektifisert potetsprit eller potetstivelse ved avtale om mottak av avrenspoteter frå godkjente omsetnadsledd i marknadsordninga for poteter. Dette gir redusert matsvinn og lågare klimagassutslepp.

Detaljane i fordelinga går fram av kap. 7 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*. Den samla løyvinga på underposten er på 55,0 mill. kroner for 2026.

Post 71 Tilskott ved produksjonssvikt, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
71	Tilskott ved produksjonssvikt, <i>overslagsløyving</i>	575 719	104 400	104 400
	Sum	575 719	104 400	104 400

Formålet med løyvinga er å redusere økonomiske tap i plante- og honningproduksjon som kjem av klimatiske forhold som det ikkje er mogleg å sikre seg mot.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 104,4 mill. kroner for 2026.

Etter sesongane i 2018 og 2023, med omfattande skadar på avlingane som følge av tørke og flaum, blei det utbetalt store beløp gjennom ordninga tilskott ved produksjonssvikt. Ordninga har blitt gjennomgått fleire gonger dei siste åra, og er blitt justert. Partane i jordbruksoppgjæret er samde om at dette ikkje er ei erstatningsordning, men ei enkel og effektiv ordning både for styresmaktene og produsentane, som raskt kan bidra til å redusere økonomisk tap, gi grunnlag for vidare produksjon og ha låge forvaltningskostnader.

Partane er òg samde om å oppdatere satsane i ordninga kvart tredje år.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 575,7 mill. kroner på posten. Det er meir enn opphavleg vedteke budsjett for 2024, og kjem i hovudsak av tørke og deretter store nedbørsmengder og ekstremvêret «Hans» i 2023, der dei fleste søknadane kom til utbetaling i 2024. Landbruksdirektoratet fekk i underkant av 7 500 søknadar om tilskott ved klimarelatert produksjonssvikt. Tilskott ved produksjonssvikt i honningproduksjon hadde òg noko høgare utbetaling enn prognosert, som følge av eit høgare tal søknadar og meir krevjande og komplekse saker enn det som blei lagt til grunn ved nysalderinga.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
73.11	Pristilskott ull	109 749	117 740	114 000
73.13	Pristilskott mjølk	1 200 405	1 532 928	1 640 986
73.15	Pristilskott kjøtt	1 657 668	1 758 024	1 872 232
73.16	Distriktstilskott egg	5 817	5 400	6 799
73.17	Pristilskott grøntsektoren	354 105	361 052	401 400
73.18	Frakttilskott	484 074	547 000	580 700
73.19	Pristilskott korn	1 864 675	1 581 750	1 985 186
	Sum post 73	5 676 493	5 903 894	6 601 303

Det blei i 2024 nytta 5 676,5 mill. kroner på posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6 601,3 mill. kroner for 2026.

I jordbruksoppgjæret blei det gjort satsendingar som aukar løyvinga på posten med

289,0 mill. kroner frå saldert budsjett 2025 til 2026. I tillegg er det prognosert kvantumsendingar som aukar løyvinga med ytterlegare 408,4 mill. kroner.

Underpost 73.11 Pristilskott ull

Formålet med tilskottet er å bidra til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg bidra til å betre kvaliteten på norsk ull og sikre avsetnad i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

Ved jordbruksoppgjøret blei satsane for ordninga vidareført, og med prognosert produksjon av ull og skinn av sau/lam gir, det ei løyving på 114,0 mill. kroner.

Underpost 73.13 Pristilskott mjølk

Formålet med pristilskott til mjølk er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som er med på å halde oppe busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Fordeling og satsar går fram av vedlegg 1 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*. Samla løyving på underposten er 1 641,0 mill. kroner for 2026, fordelt på grunntilskott geitmjølk 67,4 mill. kroner, grunntilskott økologisk mjølk 27,0 mill. kroner og pristilskott mjølk 1 546,6 mill. kroner.

Underpost 73.15 Pristilskott kjøtt

Ordninga omfattar grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt, kvalitetstilskott for storfekjøtt og kvalitetstilskott for slakt av lam og kje.

Formålet med tilskotta er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling som er med på å halde oppe busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Grunntilskottet skal òg bidra til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren, mens kvalitetstilskotta skal stimulere til ein auke i produksjonen av kjøtt med høg kvalitet.

Distriktstilskott går i hovudsak til kjøtt frå grovfôrbaserte produksjonar differensiert på fem soner. Det blir òg gitt distriktstilskott til produksjon av svinestekjøtt i Nord-Noreg, Agder og Vestlandet med unntak av Rogaland.

Samla løyving på underposten er 1 872,2 mill. kroner for 2026. Av dette utgjer grunntilskottet til sau/lam og geit/kje 110,0 mill. kroner, kvalitetstilskottet til storfekjøtt 516,0 mill. kroner, distriktstilskottet 672,0 mill. kroner og tilskott til lammeslakt og kjeslakt 574,2 mill. kroner.

Underpost 73.16 Distriktstilskott egg

Formålet med ordninga er å bidra til eggproduksjon i heile landet gjennom å jamne ut geografiske skilnader i lønsemda i produksjonen. Tilskottet omfattar Nord-Noreg og Vestlandet utanom Rogaland med ei løyving på underposten på 6,8 mill. kroner for 2026.

Underpost 73.17 Pristilskott grøntsektoren

Formålet med ordninga er å betre inntekta for produsentane innan grøntsektoren og bidra til ein geografisk spreidd produksjon.

Ordninga omfattar distriktsdifferensierte tilskott til konsumproduksjon av eple, pære, plomme, kirsebær, morellar og bær, leveransar av pressfrukt til industri, bær til industri og til produksjon av matpotet og grønsaker i Nord-Noreg. Det blir òg gitt distriktsdifferensierte tilskott til produksjon av salat og veksthusproduksjon av tomat og slangeagurk. Distriktsdifferensieringa følgjer dei same sonene som tilskott for areal- og kulturlandskap. I jordbruksoppgjøret 2025 blei partane samde om å innføre eit pristilskott for økologiske grønsaker, frukt, urter, bær og poteter. Detaljane i ordninga blir utforma av Landbruksdirektoratet, og produsentane kan søkje på tilskottet med grunnlag i produksjonen i 2025-sesongen.

Fordeling og satsar går fram av vedlegg 1 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*. Samla løyving på underposten er etter dette berekna til 401,4 mill. kroner for 2026.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Ordninga omfattar tilskott til frakt av slaktedyr, egg, korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr. Frakttilskotta skal bidra til å jamne ut prisane til produsent og forbrukar. Tilskott til frakt av slaktedyr skal òg bidra til å vareta rammevilkåra for små slakteri. Frakttilskotta er baserte på at råvarekjøparane og produsentane må dekkje ein eigen del av kostnadene.

Fraktkostnadene har auka, og i jordbruksoppgjøret blei satsane auka med 22,0 mill. kroner. Løyvinga på underposten er 580,7 mill. kroner for 2026.

Underpost 73.19 Pristilskott korn

Formålet med ordninga er å sikre avsetnad av norskprodusert korn, erter og oljefrø, og å regulere kostnadene og konkurransekrafta til norsk husdyrproduksjon, i tillegg til å styrkje konkurransekrafta til norsk korn og matmjøl/bakeindustri.

Ordninga omfattar tilskott til prisnedskriving ved kjøp av norskprodusert korn for vidare sal eller tilverking av kraftfôr eller mat, og tilskott til føretak som nyttar norskprodusert korn i tilverking av mjøl eller andre cerealprodukt som blir nytta til mat (matkorntilskott). Gjennom desse

ordningane kan ein regulere prisen på råvarer til kraftfôr og matmjøl, og samstundes halde ein relativ høg kornpris. For å fremje avsetnaden av økologisk korn og erter, blir det gitt høgare satsar for økologisk produsert vare. Den høgare satsen for økologisk produsert vare, bidreg òg til at produsentane av økologisk korn, erter og oljefrø kan få høgare pris enn for konvensjonell vare. Matkorntilskottet kjem i tillegg til prisnedskrivinga.

Fordeling og satsar går fram av vedlegg 1 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*. Den samla løyvinga på underposten er på 1 985,2 mill. kroner for 2026.

Post 74 Direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
74.11	Driftstilskott mjølk og kjøtt	2 791 207	2 925 113	2 926 500
74.14	Tilskott husdyr	4 709 945	4 959 373	5 047 745
74.16	Beitetilskott	1 886 144	2 334 907	2 461 200
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	5 564 220	6 072 052	6 136 300
74.19	Tilskott til regionale miljøprogram	997 366	1 106 100	1 146 100
74.20	Tilskott til økologisk jordbruk	161 229	168 778	168 600
	Sum post 74	16 110 111	17 566 323	17 886 445

Det blei i 2024 nytta 16 110,1 mill. kroner på posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 17 886,4 mill. kroner for 2026.

2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025). Den samla løyvinga på underposten er på 2 926,5 mill. kroner for 2026.

Underpost 74.11 Driftstilskott mjølk og kjøtt

Formålet med driftstilskottet er å styrkje økonomien i mjølkeproduksjonen og i produksjon av storfekjøtt. Tilskottet skal òg jamne ut skilnader i lønsemd mellom føretak av ulik storleik, og har også ei geografisk differensiering. Ordninga består av tilskott til føretak med mjølkeproduksjon og tilskott til føretak med kjøttproduksjon på ammekyr. Satsane er differensierte etter dei same sonene som for tilskott til areal og kulturlandskap. Driftstilskottet til mjølkeproduksjon er like stort per føretak for alle som har fem kyr eller meir.

Fordeling og satsar går fram av vedlegg 1 i Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet*

Underpost 74.14 Tilskott husdyr

Formålet med tilskottet er å styrkje og jamne ut inntektene til føretak med ulike husdyrproduksjonar og etter storleiken på husdyrhaldet. Ordninga skal òg styrkje økonomien i honningproduksjon og bidra til bevaring av gen for gamle husdyrrasar. Tilskottet blir gitt per dyr/slakt/bikube. Satsane per dyreslag blir trappa ned med aukande dyretal per føretak.

Verknaden av endra satsar i jordbruksoppgjøret og tilpassing av løyvingsbehovet til dyretallet, gir ei samla løyving på underposten på 5 047,7 mill. kroner. Av dette er 32,5 mill. kroner sett av til tilskott til genbevaring av husdyrrasar.

Underpost 74.16 Beitetilskott

Formålet med ordninga er å stimulere til pleie av kulturlandskap og å oppnå god utnytting av utmarksbeiteressursane.

Ordninga består av tilskott for dyr som beiter i utmark, og tilskott for dyr som beiter på innmark og/eller i utmark (generelt beitetilskott). Det er krav til minimum beitetid for å få rett til tilskotta. Dei som mottok tilskott for dyr som beiter i utmark, kan òg få det generelle beitetilskottet for dei same dyra.

Satsendringane gir saman med prognosen for talet på beitedyr ei løyving på underposten på 2 461,2 mill. kroner fordelt med 1 554,4 mill. kroner for dyr på utmarksbeite og 906,8 mill. kroner i generelt beitetilskott.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskaps-tilskott

Formålet med tilskottet er å bidra til å skjøtte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å halde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Tilskottet er ein del av det nasjonale miljøprogrammet.

Ordninga omfattar tilskott til kulturlandskap med den same satsen per dekar til alt jordbruksareal som oppfyller vilkåra for arealtilskott. Som eit tiltak for å nå målet om aktivt jordbruk over heile landet, blir det i tillegg gitt eit arealtilskott der satsane per dekar er differensierte ut frå type produksjon og kvar i landet produksjonen skjer. Dette skal bidra til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og mellom distrikt med varierende driftskostnader og avlingsnivå.

Løyvinga til areal- og kulturlandskapstilskott for 2026 er på 6 136,3 mill. kroner, som er fordelt med 2 649,0 mill. kroner i kulturlandskapstilskott og 3 487,3 mill. kroner i arealtilskott.

Underpost 74.19 Tilskott til regionale miljøprogram

Dei regionale miljøprogramma (RMP) gir ei målretting av miljøinnsatsen i jordbruket ut over det som er mogleg gjennom generelle nasjonale ordningar. Programmet skal òg gi føringar for prioriteringar i dei kommunale tiltaksstrategiane for bruk av SMIL-midlar. Kvart fylke har eigne 4-årige miljøprogram som prioriterer innsatsen retta mot miljøutfordringane i fylket. Rapporteringa tyder på stor aktivitet i fylka, og at det gir auka målretting og differensiering av miljøarbeidet. I jordbruksoppgjøret blei det vedteke å auke ramma for ordninga med 40,0 mill. kroner for 2026. Den totale øyremerkinga på 170,0 mill. kroner til vassmiljøtiltak i fylka Oslo, Østfold, Akershus, Buskerud, Vestfold og Innlandet blir ført vidare. Den totale auken skal leggje til rette for at fylka i endå større grad kan målrette miljøinnsatsen innanfor det som er utfordringar i sitt område. Det er teke høgd for auka oppslutnad om miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel som følgje av ny forskrift om gjødselbruk, i tillegg til auka minstesatsar for setring og auka minstesatsar for klimarådgiving.

Den samla løyvinga på underposten blir 1 146,1 mill. kroner for 2026. For øvrige føringar for bruk av RMP-midlar, sjå Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*.

Underpost 74.20 Tilskott til økologisk jordbruk

Formålet med ordninga er å stimulere til at ein større del av jordbruksproduksjonen er økologisk. Ordninga omfattar ekstra arealtilskott og husdyrtilskott til økologisk produksjon. Nivå på tilskottet varierer mellom ulike vekstar og ulike husdyrslag. I jordbruksoppgjøret blei det vedteke ein auke i satsane for fleire av produksjonane innan økologisk jordbruk.

Den samla løyving på underposten blir på 168,6 mill. kroner for 2026.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overføres

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
77.11	Tilskott til dyreavl m.m.	125 157	147 496	157 796
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	16 173	35 560	42 060
77.13	Tilskott til rådgiving	116 000	118 000	151 000
77.15	Tilskott til kvalitetstiltak	59 186	69 635	75 235
77.17	Tilskott til fellesanlegg for frukt	22 700	26 700	26 700
	Sum post 77	339 216	397 391	452 791

Det blei i 2024 nytta 339,2 mill. kroner på posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 452,8 mill. kroner for 2026.

*Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksopp-
gjøret 2025).* Den samla løyvinga på underposten
er på 42,1 mill. kroner for 2026.

Underpost 77.11 Tilskott til dyreavl m.m.

Tilskott til dyreavl m.m. skal bidra til avlsmessig framgang og populasjonar av friske og sunne husdyr tilpassa miljøet. Ordninga skal òg sikre genetisk variasjon i populasjonane og byggje på berekraftige prinsipp basert på ein tilstrekkeleg stor og effektiv avlspopulasjon og inkludering av funksjonelle eigenskapar i avlsmålet. Tilskottet skal bidra til at kostnadene ved inseminering av ku og svin kan haldast på om lag same nivå i heile landet, og til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

Fordeling og satsar går fram av Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksopp-
gjøret 2025)*. Den samla løyvinga på underposten er på 157,8 mill. kroner for 2026.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med ordninga er å fremje frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det er tre typar tilskott under ordninga: Pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. For å sikre tilgang til klimatilpassa såvare blir det òg gitt tilskott til lagring av såkorn mellom kornsesongar. Tilskott til frøavl blir gitt til sertifisert frøavl av godkjende sortar. For å sikre forsyninga av såkorn i år med små volum eller dårleg kvalitet på norsk såkorn, blir det gitt tilskott til beredskapslagring av såkorn mellom avlingsåra.

Fordeling og satsar går fram av Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under*

Underpost 77.13 Tilskott til rådgiving

Tilskott til rådgiving på posten blir fordelt mellom Norsk Landbruksrådgiving, Norsk Gartnerforbund og tilskott til klimarådgiving.

Formålet med tilskotta til Norsk Landbruksrådgiving (NLR) er å bidra til eit likeverdig rådgivingstilbod til alle bønder i heile landet. Dette vil seie at alle bønder skal ha tilgang til fagleg kompetent rådgiving innanfor dei områda som blir støtta i jordbruksavtalen, uavhengig av geografisk tilhøyrle og medlemskap. Tilskotta skal òg bidra til å sikre eit landsomfattande tilbod av krisebistand. Kjerneområde for tilskotta til NLR som blir gitt i jordbruksavtalen, er rådgivings- og kunnskapsutviklingsarbeid innan konvensjonell og økologisk planteproduksjon. I tillegg har Norsk Landbruksrådgiving ei sentral rolle innan fagområdet HMS i landbruket.

Formålet med tilskotta til Norsk Gartnerforbund (NGF) er å redusere bruken av fossil energi i veksthusnæringa og konvertere energibruken til fornybare energikjelder i tråd med NGFs energistrategi og intensjonsavtalen om klima mellom staten og organisasjonane i jordbruket.

Frå 2026 blir det etablert tilskott til klimarådgiving som ei eiga tilskottsordning på post 77.13. Tilskottet har fram til no vore ein del av dei regionale miljøprogramma. Klimarådgiving er viktig for oppslutnad om klimatiltak og oppfylling av intensjonsavtalen om klima mellom staten og organisasjonane i jordbruket.

Fordeling og satsar går fram av Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under*

*Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksopp-
gjøret 2025).* Den samla løyvinga på underposten
er på 151,0 mill. kroner for 2026.

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitetstiltak

Formålet med ordninga er å bidra til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurranse-
dyktige på heimemarknaden og på eksportmark-
nadene. Formålet med framavlsarbeidet og det
offentlege engasjementet i dette, er å skaffe den
norske potet- og grøntnæringa plantemateriale
som er kontrollert for særskilde skadegjerarar, og
med definerte eigenskapar som er tilpassa norske
forhold. Formålet med å gi tilskott til statskontrol-
lert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av
settepoteter av høg kvalitet.

Fordeling og satsar går fram av Prop. 149 S
(2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under
Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksopp-
gjøret 2025).* Den samla løyvinga på underposten
er på 75,2 mill. kroner for 2026.

Underpost 77.17 Tilskott til fellesanlegg for frukt

Formålet med tilskottet er å fremje samarbeid om
lagring, sortering, pakking og omsetnad av frukt
som bidreg til å sikre forbrukarane tilgang på
norsk kvalitetsfrukt.

Fordeling og satsar går fram av Prop. 149 S
(2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under
Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksopp-
gjøret 2025).* Den samla løyvinga på underposten
er på 26,7 mill. kroner for 2026.

Post 78 Velferdsordningar, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
78.11	Tilskott til avløyning	1 539 505	1 572 266	1 634 800
78.12	Tilskott til avløyning ved sjukdom m.m.	178 499	208 749	220 149
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga	39 141	40 900	44 700
78.15	Tilskott til landbruksvikarordninga	73 292	79 092	79 092
78.16	Tilskott til tidlegpensjonsordninga	64 775	64 000	63 000
	Sum post 78	1 895 212	1 965 007	2 041 741

Det blei i 2024 nytta 1 895,2 mill. kroner på
posten. Departementet gjer framlegg om ei løy-
ving på 2041,7 mill. kroner for 2026. Fordeling og
satsar går fram av undervedlegg 1 i Prop. 149 S
(2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under
Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksopp-
gjøret 2025).*

Underpost 78.11 Tilskott til avløyning

Formålet med ordninga er å leggje til rette for at
husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fri-
tid og hjelp til avlasting gjennom å bidra til å finan-
siere leige av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar
per dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag,
men avgrensa til eit maksimalt tilskott per føretak.
Dei som søker om tilskott, skal kunne dokumen-
tere faktiske kostnader til leigd arbeid.

Løyvinga på underposten for 2026 er på
1 634,8 mill. kroner.

Underpost 78.12 Tilskott til avløyning ved sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å bidra til å finansiere
avløyning i føretak med husdyrproduksjon, hon-
ningproduksjon eller veksthusproduksjon og til
føretak med planteproduksjon i onneperiodar.
Brukarar kan få tilskott når dei på grunn av sjuk-
dom, fødsel eller andre særlege grunnar ikkje kan
ta del i arbeidet på bruket.

Grunnlaget for tilskottet blir fastsett ut frå
satsar per dyr, bifolk, dekar planteproduksjon på fri-
land og kvadratmeter veksthusareal som blir nytta
til planteproduksjon. Ut frå dette blir det rekna ut
maksimale dagsatsar for tilskott per føretak. Til-
skottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyning,
opp til maksimal sats per dag per bruk.

Løyvinga på underposten for 2026 er på 220,1 mill. kroner.

Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga

Ordninga er ei kollektiv innbetaling over jordbruksavtalen til NAV for å finansiere differansen i sjukepengar for jordbrukarar frå 80 pst. av sjukepengegrunnlaget, som andre sjølvstendige næringsdrivande får, til 100 pst. ved sjukdom ut over 16 dagar. Tilskottet blir utbetalt av NAV til jord- og skogbrukarar som oppfyller dei generelle vilkåra for utbetaling av sjukepengar. Løyvinga blir fastsett ut frå NAV sine utbetalingar og midlane blir overførde til Folketrygda.

Løyvinga på underposten for 2026 er på 44,7 mill. kroner.

Underpost 78.15 Tilskott til landbruksvikarordninga

Formålet med landbruksvikarordninga er å sikre at primærprodusentane over heile landet har tilgang på arbeidshjelp når dei treng det ved akutt sjukdom eller i andre krisesituasjonar. Det er eit mål at ordninga skal ha eit omfang på 240 årsverk.

Samla løyving på underposten for 2026 er på 79,1 mill. kroner, av dette 1,0 mill. kroner til tilskott til gjennomføring av kurs for avløyssarar.

Underpost 78.16 Tilskott til tidlegpensjonsordninga

Formålet med ordninga er å bidra til eit enklare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Dei som får tidlegpensjon, kan òg få avtalefesta pensjon og arbeidsavklaringspengar, uførepensjon og etterlatnepensjon frå NAV. Løyvinga på underposten for 2026 er sett til 63,0 mill. kroner.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Marknadsordninga for korn	1 688	50	1 050
	Sum kap. 4150	1 688	50	1 050

Post 85 Marknadsordninga for korn

Inntektene i 2024 var 1,7 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,1 mill. kroner på posten for 2026.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
51	Tilskott til Reindriftens utviklingsfond	69 250	73 900	81 800
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	8 100	8 600	10 500
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	118 933	138 400	153 300
79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	3 683	4 100	4 400
	Sum kap. 1151	199 966	225 000	250 000

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

På same måte som for tilskottsforvaltninga under kap. 1150, er det behov for tilpassingar til dei normale prosedyrane for ordningar under kap. 1151. Kostnadssenkande og direkte tilskott under post 75, og velferdsordningar under post 79, er baserte på fastsette kriterium, mellom anna knytt til produksjon. Ordningane er ein del av avtalesystemet med fleire mål og ei rekkje verkemiddel som verkar saman mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla i *Totalrekneskapen for reindriftsnæringa* frå Økonomisk utval for reindrifta, før dei årlege forhandlingane om reindrifftsavtalen. Rapporteringa til Stortinget på måla i reindriftspolitikken skjer gjennom proposisjonen om reindrifftsavtalen.

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Det meste av dei administrative kostnadene til forvaltning av ordningane blir dekte innanfor løyvingane til Landbruksdirektoratet på kap. 1142. For å kunne ha naudsynt fleksibilitet vil det likevel vere aktuelt å dekkje kostnader til utviklings- og utgreiingsoppgåver og større evalueringar på kap. 1151.

På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom Innovasjon Norge. På desse områda har departementet klargjort ansvar og oppgåver for Innovasjon Norge. Vidare forvaltar styret for Reindriftens utviklingsfond ulike ordningar. Dette styret er partssamansett. Styret skal tildele tilskott, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat for styret.

Reindrifftsavtalen

Reindrifftsavtalen er ved sida av reindrifftslova det viktigaste verkemiddelet for å følgje opp måla i reindriftspolitikken. I forhandlingane om reindrifftsavtalen blir dei sentrale økonomiske verkemidla drøfta, mellom anna ut frå dei behova og utfordringane næringa til kvar tid står overfor.

Den 14. februar 2025 blei staten og Norske Reindrifftsamers Landsforbund (NRL) samde om Reindrifftsavtalen 2025/2026. Avtalen har ei ramme på 250,0 mill. kroner. Dette er ein auke på 25,0 mill. kroner samanlikna med Reindrifftsavtalen 2024/2025. Reindrifftsavtalen 2025/2026 fører vidare både prioriteringa av dei utøvarane som har reindrift som hovudverksemd og hovudlinene i tilskottssystemet. Dette gir stabilitet for næringsutøvarane. Siidaandelar som ikkje følgjer opp vedtak

om reduksjon av reintalet, har ikkje rett til tilskott frå avtalen.

Reindrifftsavtalen 2025/2026 er den fjerde reindrifftsavtalen regjeringa Støre inngår med NRL. Semje i avtaleforhandlingane er avgjerande for å støtte opp om avtaleinstituttet og den hovudavtalen som er inngått mellom Landbruks- og matdepartementet og Norske Reindrifftsamers Landsforbund.

Proposisjonen om reindrifftsavtalen 2025/2026 blei handsama av Stortinget 18. juni 2025, jf. Prop. 143 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Reindrifftsavtalen 2025/2026)* og Innst. 533 S (2024–2025). Departementet gjer framlegg om løyvingar under kap. 1151 for 2026 i samsvar med dette.

Post 51 Tilskott til Reindriftens utviklingsfond

Reindriftens utviklingsfond (RUF) skal gjennom bruk av økonomiske verkemiddel bidra til å utvikle reindriftsnæringa i samsvar med dei reindriftspolitiske måla. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 81,8 mill. kroner. Avsetning av ramma til dei ulike ordningane går fram av Prop. 143 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Reindrifftsavtalen 2025/2026)*.

Rapport 2024

Det blei i 2024 utbetalt 69,3 mill. kroner på posten.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Dei store utfordringane reindriftsnæringa står overfor, krev aktiv deltaking frå næringa sjølv. Organisasjonstilskottet skal medverke til at Norske Reindrifftsamers Landsforbund kan delta aktivt i prosessar som er sentrale for reindrifta, og for ei utvikling av reindrifta i samsvar med dei til kvar tid vedtekne politiske mål og retningslinjer i reindriftspolitikken.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 10,5 mill. kroner. Dette er ein auke på 1,9 mill. kroner samanlikna med reindrifftsavtalen 2024/2025.

Rapport 2024

Det blei i 2024 utbetalt 8,1 mill. kroner på posten.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast

Dei kostnadssenkande og direkte tilskotta skal bidra til å fremje berekraft, kvalitet og produktivitet i reindrifta, heve inntekta og verke utjamnande mellom einingar i næringa.

Kostnadssenkande og direkte tilskott er sette saman av fleire ulike ordningar. Ordningane er regulerte i forskrift om tilskott til siidaandelar og reinlag, og i forskrift om tilskott til reinbeitedistrikt og reinlag.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 153,3 mill. kroner i samsvar med reindrifftsavtalen 2025/2026.

Rapport 2024

Det blei i 2024 utbetalt 118,9 mill. kroner på posten. Dei største ordningane er tilskott til reinbeitedistrikt og reinlag, produksjonspremie og kalveslaktetilskott. Til desse tre ordningane blei det utbetalt i underkant av 114,0 mill. kroner i 2024. I tillegg er det andre mindre ordningar som blir dekte over posten.

Post 79 Velferdsordningar, kan overførast

Formålet med løyvinga er å sikre gode velferdsordningar for reindriftnæringa. Posten omfattar

innbetaling av medlemsavgift til Folketrygda og sjukepengeordninga. Posten omfattar òg tidlegpensjon og ei ordning for tilskott til leigd hjelp ved svangerskap, fødsel, adopsjon og dødsfall.

Sjølvstendig næringsdrivande får sjukepengar som svarar til 80 pst. av inntektsgrunnlaget. Den kollektive innbetalinga over reindrifftsavtalen gjer det mogleg for reindrifftsutøvarar å få sjukepengar som svarar til 100 pst. av inntektsgrunnlaget ved sjukdom utover 16 dagar. Fødselspengar blir òg dekte med 100 pst. av inntektsgrunnlaget.

Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overførte til Folketrygda.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,4 mill. kroner i samsvar med reindrifftsavtalen 2025/2026.

Rapport 2024

Det blei i 2024 utbetalt 3,7 mill. kroner på posten. Av dette blei 2,4 mill. kroner utbetalt til tidlegpensjon for reineigarar, 900 000 kroner til tilskott til leigd hjelp og 500 000 kroner til sjukepengeordninga.

Kap. 1152 Bionova

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	119 959	173 247	185 000
	Sum kap. 1152	119 959	173 247	185 000

Post 70 Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket

Løyvinga skal dekkje tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket gjennom Bionova. Departementet gjer framlegg om ei løyving på

185,0 mill. kroner og ei tilsegnsmakt på 309,0 mill. kroner, jf. tabell 5.10 og framlegg til vedtak. Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga i 2026 for å dekkje tidlegare inngåtte forpliktingar som kjem til utbetaling i 2026. Delar av løyvinga vil òg bli nytta til drift av Bionova.

Tabell 5.10 Løyving og tilsegnfullmakt til Bionova i 2026 (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2025	300,9
+ Venta tilsegner og administrative kostnader i 2025	181,3
= Sum	482,2
- Venta utbetalningar i 2025	173,2
= Venta ansvar 31.12.2025	309,0
+ Venta nye tilsegner og administrative kostnader i 2026	185,0
= Sum	494,0
Framlegg til løyving i 2026	185,0
Framlegg til tilsegnfullmakt i 2026	309,0

Bionova er eit verktøy for å nå Noregs klimamål for 2030 og 2035, og målet om at Noreg skal vere eit lågutsleppssamfunn i 2050, ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring.

Bionova har to delmål;

1. Reduksjon av klimagassutslepp og auka opptak og lagring av karbon i jord på gardsnivå,
2. Auka verdiskaping gjennom ein meir ressurs-effektiv og sirkulær bioøkonomi.

Bionova sin portefølje er *Bioøkonomiordninga* og *Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket* (VSP fonybar). Bioøkonomiordninga blir finansiert av kapittel 1152, post 70, og VSP blir finansiert under jordbruksavtalen kap. 1150, post 50. Det er behov for verke-middel både innanfor omlegging til fornybar energi og innfasing av ny teknologi i jordbruket, og verkemiddel som skal byggje opp under verdikjedene for mellom anna fôr, gjødsel og gjenbruk og smarte løysingar for ein effektiv matproduksjon.

Bioøkonomiordninga bidreg til næringsutvikling og verdiskaping i biobaserte verdikjedene gjennom ein marknadsorientert og berekraftig bruk av bioressursar innanfor jordbruk, skog- og trebruk, fiskeri og havbruk. Koplinga mellom blå og grøn sektor er viktig for å utnytte bioressursar, industrielle symbiosar og sidestraumar på tvers av verdikjedane på ein berekraftig måte.


Løyvinga til VSP fornybar over kap. 1150, post 50, på 228 mill. kroner blir òg forvalta av Bionova. For nærare rapportering på VSP fornybar, sjå Prop. 149 S (2024–2025) *Endringer i statsbudsjettet 2025 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2025)*. Løyvinga til Bionova må også sjåast i samanheng med løyvingane til samfunnsoppdrag for berekraftig fôr.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 120,0 mill. kroner på posten. Løyvinga til Bionova i 2024 var 171,2 mill. kroner og posten hadde òg ei tilsegnfullmakt på 309,0 mill. kroner. Innanfor posten si ramme (løyving og tilsegnfullmakt) blei det i 2024 gitt tilsegner på 251,5 mill. kroner til 91 prosjekt. Av dette blei det innvilga 251,1 mill. kroner til 89 utviklingsprosjekt i biobaserte verdikjedene. I tillegg blei det innvilga to prosjekt til fornybar energiproduksjon på gardsbruk på 450 000 kroner over Bioøkonomiordninga grunna stor etterspørsel på VSP fornybar. Løyvinga i 2024 gjekk og til å dekkje Bionova sine kostnader til administrasjon og gjennomføring.

Prosjekta som får støtte frå Bionova er i stor grad fleirårige utviklingsprosjekt der heile tilsegnbeløpet først kjem til utbetaling etter 1–3 år, og det er difor ein differanse mellom utbetaling og innvilga tilsegn.

Prosjekta i Bioøkonomiordninga som fekk innvilga støtte i 2024 treff breitt i verdikjedene innan jord-, skog- og havbruk. Figur 5.2 viser fordelinga av prosjekta mellom land, skog og hav, i tillegg til tematiske fordeling av prosjekta.



Figur 5.2 Fordeling av prosjekta i Bioøkonomiordninga (i mill. kroner)

Kjelde: Innovasjon Norge

Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	15 831	16 250	15 000
75	Oppsyn i statsallmenningar	17 969	18 443	16 337
Sum kap. 1161		33 800	34 693	31 337

Post 70 Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver

Formålet med løyvinga er å dekkje dei kostnadene Statskog SF har med delegerte styresmakt-oppgåver og sektorpolitiske oppgåver, slik dei går fram av ein avtale mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 15,0 mill. kroner.

Avtalen gjeld dei oppgåvene Statskog SF utfører på statens grunn på oppdrag frå departementet, og som ikkje er ein del av Statskog SFs forretningsdrift.

Innanfor skogbruket følgjer oppgåvene av lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift mv. i statsallmenningane, og oppgåvene er særleg knytte til utvising av virke i statsallmenningar til bruksretts-havarar. Vidare utfører Statskog SF oppgåver der føretaket handlar som offentlig styresmakt, hand-samar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova og statsallmenningslova.

I tillegg til dei lovpålagde oppgåvene har Statskog SF ei rekkje oppgåver som har grunn-lag i pålegg og retningslinjer frå departementet. Statskog SF skal vere til stades på eigedommane og ha oppsyn og kontakt med brukarane av areala. Statskog SF har eit eige feltapparat, Fjell-

tenesta, som driv naturoppsyn og tilrettelegging på statsgrunn utanom statsallmenningane. Statskog SF skal leggje til rette for at folk flest kan drive eit aktivt friluftsliv på areala til føretaket. Vedlikehald av eksisterande anlegg og trygg ferdsel for dei som ferdest i statens utmark skal ha høg prioritet. Arbeidet med kartlegging og statusgjennomgang av reindriftsanlegg på statsgrunn vil halde fram. Statskog SF vil også halde fram arbeidet med forvaltningsplanar og tiltak i tråd med desse for verna bygningar i føretaket sitt eige.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 15,8 mill. kroner på posten.

Bruken av midlane er fordelt mellom oppgåver på statsallmenningsgrunn, oppsyn og brukarkontakt utanom statsallmenningar og ulike tiltak som gjeld all statsgrunn.

Rekneskapen viser at det blei nytta om lag 2,6 mill. kroner på skogbruksverksemd i statsallmenningane, 6,1 mill. kroner til oppsyn utanom statsallmenningane, 6,0 mill. kroner på arbeidet med tilrettelegging for friluftsliv og 1,2 mill. kroner på andre oppgåver, slik som arbeidet med å ta vare på kulturhistoriske eigedommar i Statskog SFs eige, kontakt med reindriftsnæringa og deltaking i *Norge digitalt*.

Grunneigarfondet

Statskog SF har ansvaret for forvaltninga av eit fond for grunneigarinntektene frå statsallmenningane. Hovuddelen av inntektene kjem frå feste-kontraktar i statsallmenningane.

Bruken av grunneigarfondet er regulert i § 12 i fjellova. Inntektene skal nyttast til å dekkje utgifter i samband med administrasjonen av statsallmenningane og til støtte til ein fellesorganisasjon for fjellstyra (Norges Fjellstyresamband). Fondet skal òg nyttast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønsame arbeidsplassar.

Inntektene i grunneigarfondet var i 2024 på 44,7 mill. kroner, mot 57,6 mill. kroner i 2023. Kostnadene var på 37,8 mill. kroner. Tilskottet til Norges Fjellstyresamband var på 6,0 mill. kroner, og det blei gitt 7,8 mill. kroner i tilsegn om tilskott til tiltak i statsallmenningane. Årsresultatet for 2024 blei på 9,9 mill. kroner. Behaldninga i grunneigarfondet var 31. desember 2024 på 51,2 mill.

kroner. Det tilsvarande talet i 2023 var 53,2 mill. kroner.

Allmenningsfond

Allmenningsfond i statsallmenningar med virkesrett blir forvalta av Statskog SF og det enkelte allmenningsstyret i fellesskap. Allmenningsfond er delt i tre delar; éin del som skal dekkje investeringar i skogen i allmenningen og dekkje virkesretten der han blir utøvd ved fellesdrift, éin del som er skogfond etter skogbrukslova, og éin del som er erstatningar for vern. Allmenningsfonda var 31. desember 2024 på 178,1 mill. kroner. Av dette utgjer erstatning for vern av skog 115,5 mill. kroner.

Post 75 Oppsyn i statsallmenningar

Formålet med løyvinga er å dekkje delar av kostnadene ved oppsynet fjellstyra fører i statsallmenningane. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 16,3 mill. kroner.

Etter § 36 i fjellova kan fjellstyra tilsetje oppsyn til å føre tilsyn med statsallmenningane. Oppsynet mottek løn av fjellkassa. Når tilsetjinga av oppsyn skjer i samsvar med oppsynsordninga som departementet har godkjent, og innanfor årlege budsjett, har fjellstyra krav på å få refundert halvparten av lønsutgiftene på denne posten. Ordninga skal leggje til rette for å sikre samfunnsinteresser, oppsyn og tilrettelegging der staten som grunneigar har eit særleg ansvar. Forvaltninga av ordninga er delegert til Statskog SF. Det er naudsynt med eit godt samarbeid mellom fjelloppsynet og Statens naturoppsyn.

Rapport 2024

Det blei i 2024 nytta 18,0 mill. kroner på posten. Statskog SF har fordelt midlane på grunnlag av fjellstyra sine tilskottssøknader. Av 93 fjellstyre fekk 62 tilskott i 2024. Fjelloppsynet hadde 69 årsverk i 2024. Av dei er 51 årsverk brukte til oppgåver som gir rett til tilskott. Om lag 44 pst. av tilskottet er brukt på arbeid i felt knytt til oppsyn og skjøtsel, mens dei resterande midlane er brukte til sakshandsaming og anna innarbeid som gir rett til tilskott. Delen brukt til oppsyn er lik delen brukt i 2023. Talet på kontrollar var om lag 6 400 i 2024. Det er rapportert om 84 ulovlege forhold. Dette er noko høgare enn i 2023.

Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Forskingsavgift på landbruksprodukt	235 545	240 000	245 000
72	Jeger- og fellingsavgifter	86 500	97 500	97 500
	Sum kap. 5576	322 045	337 500	342 500

Post 70 Forskingsavgift på landbruksprodukt

Løyvinga skal dekkje forskning innanfor produksjon av nærings- og nyttingsmiddel, i tillegg til produksjon av fôrkorn til husdyr. Sjå motsvarande inntektspost kap. 1137, post 54, for meir utfyllande omtale. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 245,0 mill. kroner for 2026.

Det er uvisse knytt til dei endelege inntektene frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, og departementet gjer difor framlegg om ei meir-inntektsfullmakt mellom kap. 5576, post 70, og kap. 1137, post 54, jf. framlegg til vedtak II.

Rapport 2024

Inntektene i 2024 blei 235,5 mill. kroner.

Post 72 Jeger- og fellingsavgifter

Jeger- og fellingsavgiftene som blir betalte inn til Viltfondet, blir inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten. Inntektene er budsjettert til 97,5 mill. kroner for 2026.

Inntektene på posten dekkjer utgifter under kap. 1140. I tillegg dekkjer posten nokre av utgiftene til forvaltning av ordninga under kap. 1142, post 01, og nasjonal jaktstatistikk i SSB på kap. 1620, post 01, jf. tabell 5.13.

Mål

§ 40 i viltlova fastset at

«den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastset», og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort.»

Gjennom handsaminga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget retningslinene for bruken av midlane i Viltfondet. Av retningslinene går det mellom anna fram:

«Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersørvis.»

Det er ein føresetnad for den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde ovanfor, at om lag halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta, og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein, skal nyttast i villreinforvaltninga.

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggingstiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt, som er vilt som dør av andre årsaker enn ordinær jakt.

Kommunane krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort, og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Det er fastsett ei statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein, er det etablert ei tilsvarende ordning der midlar frå innbetalte avgifter frå året før blir førte tilbake til det enkelte villreinområdet.

Jeger- og fellingsavgiftene blei sist endra i 2025. Satsane for dei ulike avgiftene går fram av tabell 5.11.

Tabell 5.11 viser òg inntektene for kommunane i 2026, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 5.11 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter, 2026 (i kroner)

Type avgift	Storleiken på avgifta i 2025	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt	420	185 000	77 700 000	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt	120	120 000	14 400 000	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk ¹	260	13 400	3 484 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein	370	2 200	814 000	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv	210	1 200	252 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter			96 650 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg	670	16 250	10 887 500	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv	400	9 800	3 920 000	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort	520	38 400	19 968 000	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv	310	16 800	5 208 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter			38 579 500	Kommunane

¹ Innkrevjing skjer etterskottsvis i 2026 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2024/2025.

For 2026 er det budsjettert med eit lågare kapitaluttak frå fondet for å få kapitalen på eit formålstenleg nivå. Kapitaluttaket og inntektene frå

avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabell 5.12.

Tabell 5.12 Berekning av kapital i Viltfondet, 2026 (i 1 000 kroner)

Saldo 31.12.23	2 035
+ Budsjettert innbetalt i 2025 ¹	97 710
- Budsjettert overføring til statsbudsjettet i 2025 (utbetalingar frå fondet)	94 500
= Budsjettert saldo 31.12.25	5 245
+ Budsjettert innbetalt i 2026 ²	97 710
- Budsjettert overføring til statsbudsjettet i 2025 (utbetalingar frå fondet)	97 500
= Budsjettert saldo 31.12.26	5 455

¹ Beløpet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,8 mill. kroner og fallviltinntekter på 0,06 mill. kroner.

² Beløpet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,8 mill. kroner og fallviltinntekter på 0,06 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Landbruksdirektoratet forvaltar Viltfondet på vegner av Landbruks- og matdepartementet, og er ansvarleg for administrasjon og føring av rekneskapen for fondet. Utgiftene i statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet det same året. Dersom inntektene er større enn dette, blir dette overført fondet for bruk seinare år.

Inntektene på kap. 5576, post 72, finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret på kap. 1140, post 01, 21 og 71. Inntektene finansierer òg utgifter til forvaltning av fondet, forvaltning av fondsmidlane og tilskottsforvaltning i Landbruksdirektoratet på kap. 1142, post 01, og nasjonal jaktstatistikk i SSB på kap. 1620, post 01. Planlagd bruk av inntektene går fram av tabell 5.13.

Tabell 5.13 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2026 (i 1 000 kroner)

Formål	
Drift av villreinnemndene, drift av Jegerregisteret og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltning (kap. 1140, post 01)	14 129
+ <i>Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet</i>	1 591
+ Prosjekt, FoU, overvakingsprogram, sentrale fallviltutgifter m.m. (kap. 1140, post 21)	33 183
+ <i>Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet</i>	2 852
+ Hjortevilttiltak, særskilde villreintiltak, lokale vilttiltak, viltovervaking (kap. 1140, post 71)	38 578
+ Forvaltning i Landbruksdirektoratet (kap. 1142, post 01)	4 467
+ Midlar til nasjonale statistikkoppgåver i SSB som er førte under Finansdepartementet (kap. 1620, post 01)	2 700
= Totalsum	97 500

Særskild om hjortevilt og fallvilt

Det er kommunane som har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for fallvilt. Det er òg nasjonale oppgåver innanfor desse felta som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom eit tillegg til jegeravgifta for hjorteviltjegerar. På denne måten medverkar hjorteviltjegerane til finansieringa av naudsynte nasjonale oppgåver.

Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er budsjetterte under kap. 1140, post 21, Spesielle driftsutgifter. For dei artane der fallviltet har ein salsverdi, blir fallviltet omsett til inntekt for Viltfondet.

Rapport 2024

Inntektene blei 86,5 mill. kroner.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordelte på kapitell

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	10 000	10 000	10 000	0,0
5652	Statskog SF – renter og utbytte	199 296	43 800	24 000	-45,2
	Sum kategori 15.40	209 296	53 800	34 000	-36,8

Landbruks- og matdepartementet forvaltar statens eigarinteresser i statsføretaket Statskog SF, og i aksjeselskapa Graminor AS og Kimen Såvarelaboratoriet AS. Selskapa er omtalte i Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap – Statens direkte eierskap i selskaper*, og er der plasserte i kategori 2; selskap med mål om berekraftig og mest mogleg effektiv oppnåing av sektorpolitiske mål. For Statskog SF er det energi- og naturressursar og fellesgode som ligg til grunn for eigarskapet, mens det for Kimen Såvarelaboratoriet AS og Graminor AS er knytt opp mot samfunnstryggleik og beredskap. Det er berre for Statskog SF det blir budsjettert med utbytte, jf. kap. 5652 Statskog SF renter og utbytte. For rapportering for Kimen og Graminor, sjå Statens eierrapport for 2024.

Statskog SF

Mål- og strategiar

Statskog SF forvaltar om lag ein femdel av landarealet i Noreg. Statskog SF er den største skog-eigaren i landet med om lag 7 pst. av det samla skogarealet. Resten av landareala dei forvaltar er fjell- og utmarksareal, for det meste i Troms og Nordland. I Sør-Noreg er ein stor del av arealet (om lag 26 mill. dekar) statsallmenning, der eigedommar med allmenningsrett har rett til å få vist ut tømmer og ved, beite og seter. I statsallmennin-gane er det dei lokale fjellstyra som forvaltar jakt og fiske.

Statskog SF er ein desentralisert organisasjon. Hovudkontoret ligg i Namsos, men føretaket har

18 kontor rundt om i landet. Lokal kunnskap er naudsynt i forvaltninga av ressursane, og føretaket legg vekt på å vere til stades på areala dei eig. Statskog SF har utvida sitt feltapparat, Fjelltenesta, til òg å dekkje område i Sør- og Midt-Noreg. Statskog SF er med sin kompetanse og si erfaring innanfor skog- og utmarksområdet ein sentral aktør i ei berekraftig forvaltning av dei norske skog- og utmarksressursane. Statskog SF skal ut frå vedtektene forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedommar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette, og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsetjinga kan Statskog SF òg drive andre eigedommar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal leggje vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsin-teresser. Ressursane skal utnyttast balansert.

Statskog SF hadde i 2024 eit resultat etter skatt på 44,6 mill. kroner.

Det økonomiske resultatet for 2024 er vesentleg lågare enn i 2023. Hovudårsaka til nedgangen i resultatet er at resultatet i 2023 var prega av ei ein-gongsinntekt frå skogvern på 200 mill. kroner. Lønsemda frå selskapet si ordinære drift er blitt betre over fleire år og har gjort selskapet meir robust i møte med svingingar i tømmer- og kraftmarknaden. Tømmerprisane heldt fram med å stige i 2024, og den positive utviklinga i inntektene frå selskapet si kjerneverksemd knytt til skogsdrift er den viktigaste årsaka til det gode resultatet frå den ordinære drifta. Skogbruket i Statskog SF rettar seg mellom anna etter Norsk PEFC

Skogstandard for eit berekraftig skogbruk. I 2024 var den samla hogsten på 267 000 kubikkmeter tømmer. Statskog SF ventar at avverkinga framover vil liggje lågt i ein periode på grunn av mindre tilgjengeleg hogstmoden skog, før avverkinga igjen kan auke på lengre sikt.

I 2022 kjøpte Statskog selskapet AS Meraker Brug. Selskapet har no bytt namn til Statskog Meraker AS, og er fullt innlemma i driftsmodellen til Statskog-konsernet.

Grunngivinga for statens eigarskap i føretaket er å ha kontroll over skog- og utmarksareal i tillegg til å sikre berekraftig forvaltning av statlege skog- og fjelleigedommar med tilhøyrande ressursar, medrekna å leggje til rette for allmenta sitt behov for jakt-, fiske- og friluftstilbod med vidare. Statens mål som eigar er berekraftig forvaltning av areala, gjennom effektiv drift og tilfredsstillande resultat over tid.

Departementet si styring, oppfølging og kontroll av Statskog SF

Departementet si styring og kontroll av Statskog SF følgjer reglane i lov om statsføretak og vedtektene til føretaket. Alle avgjerder frå eigaren som er bindande for styret i føretaket, skjer som vedtak i føretaksmøte. Det ordinære føretaksmøtet i Statskog SF er i juni kvart år, og utover dette blir det kalla inn til ekstraordinært føretaksmøte ved behov.

Spørsmål om korleis føretaket handsamar myndigheita som er delegert gjennom fjellova og allmenningslova, ligg utanfor sjølve eigarstyringa og blir handtert gjennom eigne kontaktmøte og tildelingsbrev, jf. kap. 1161.

Departementet har kontakt med og får informasjon frå føretaket i aktuelle saker. Det er regelmessige kontaktmøte mellom departementet og Statskog SF om mellom anna Statskog SFs framlegging av kvartalsresultat. Økonomien i verksemda og sentrale hendingar blir gjennomgåtte på kontaktmøta og på ordinært føretaksmøte.

Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
90	Avdrag på lån	10 000	10 000	10 000
	Sum kap. 4162	10 000	10 000	10 000

Post 90 Avdrag på lån

I samband med Statskog SFs kjøp av AS Meraker Brug til ein pris på 2,65 mrd. kroner, jf. Prop. 6 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF)*, løyvde Stortinget 300,0 mill. kroner til eit statleg lån til Statskog SF.

Det er gjort greie for vilkåra for lånet i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023*. Lånet blei betalt ut i november 2022, og skal betalast ned innan november 2037, med eit minimumsavdrag årleg på 10,0 mill. kroner. For 2026 blir det budsjettert med eit avdrag på 10,0 mill. kroner. Statskog SF står fritt til å betale større avdrag.

Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
80	Renter	16 196	14 800	14 000
85	Utbytte	183 100	29 000	10 000
	Sum kap. 5652	199 296	43 800	24 000

Vedrørende 2025: Ved Stortingets vedtak av 20. juni 2025 blei post 85 auka med 4,5 mill. kroner, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

Post 80 Renter

I samband med Statskog SFs kjøp av AS Meraker Brug til ein pris på 2,65 mrd. kroner, jf. Prop. 6 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF)*, løyvde Stortinget 300,0 mill. kroner til eit statleg lån til Statskog SF.

Det er gjort greie for vilkåra for lånet i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023*.

Landbruks- og matdepartementet forventar at Statskog SF vil betale om lag 14,0 mill. kroner i rente for 2026. Eksakt beløp vil avhenge av utviklinga i pengemarknadsrenta og storleik på og tids-

punkt for innbetaling av avdrag. Avdrag på lånet er omtalt under Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap.

Post 85 Utbytte

Utbytte frå føretaket for 2025 blir sett til 75 pst. av årsresultatet etter skatt.

Prognosen for årsresultatet etter skatt for 2025 er på 13,5 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om eit ordinært utbytte for 2025 på 10,0 mill. kroner. Endeleg framlegg til ordinært utbytte vil bli fastsett når årsresultatet for 2025 ligg føre. Vedtak om utbytte for 2025 blir gjort på ordinært føretaksmøte første halvår 2026.

Del III
Omtale av særlege tema

6 Samfunnstryggleik og beredskap

Matsikkerheit er ein viktig føresetnad for alle samfunn. I tryggingsspolitisk krise og krig vil tilgang til mellom anna energi, mat og vatn kunne vere vanskeleg. I totalberedskapsmeldinga går det fram at dagens matvareforsyning blir utfordra i situasjonar kor ein ikkje kan halde oppe tilstrekkeleg importtilgang av mengde og utval matvarer. Ein politikk som bidreg til at mest mogleg av matjord er i bruk, og dermed matproduksjonen i heile landet, er viktig for å handtere eventuelle kriser.

Nasjonal tryggingstrategi trekkjer fram tre strategiske hovudprioriteringar. Ein farlegare og meir uføreseieleg situasjon krev at vi raskt styrkjer forsvarsevna nasjonalt og i samarbeid med allierte. Vi må gjere samfunnet meir motstandsdyktig, og økonomisk tryggleik må prioriterast høgare. Den politiske tryggingssituasjonen krev at norske verksemder tek ansvar for tryggleik gjennom førebyggjande og risikoreduserande tiltak.

Befolkningsvekst, konflikhtar, ustabile forsynningar av mat og energi, stigande råvareprisar og store klima- og miljøutfordringar pregar kvardagen til millionar av menneske verda over. Også i vårt relativt rolege hjørne av verda er det tydeleg at eit aktivt jordbruk og ein berekraftig matproduksjon er grunnleggjande for at vi skal kunne skape ei trygg framtid. Klimaendringane er ein av dei aller største utfordringane i vår tid. Gjentakande ekstremvêr med tørke og flaum har vist kor avgjerande det er med god beredskap for å berge mat og fôr. Storm, skogbrann, beitekriser, tørke, planteskadegjerarar og ekstremvêr vil kunne føre til store utfordringar for reindrifta og jord- og skogbruket. Vi må difor vere budde på klimatilpassingar i landbruket i åra som kjem.

Ivaretaking av produksjonsgrunnlaget ved å halde mest mogleg matjord i bruk og i løpande nasjonal produksjon, er avgjerande for matberedskapen. I tillegg er det potensial for å leggje om kothald og produksjon i møte med ei større krise. Regjeringa vil gjennomføre ein analyse av dette som ei oppfølging av totalberedskapsmeldinga.

Jordbruket skal både gi oss nok og trygg mat. Dyrevelferda skal også vere god. Det viktigaste

bidraget frå regjeringa til å sikra norsk jordbruk og matproduksjon er gjennom jordbruksforhandlingane, som legg til grunnlag for medverknad og moglegheiter til å utarbeide rammevilkår i fellesskap. Resultatet av forhandlingane i jordbruksoppgjeret styrkjer norsk matproduksjon og mattryggleik. Vidare bidreg jordbruksoppgjeret til berekraftig bruk av naturressursar og busetjing i heile landet. Busetjing i heile landet er ein særskild viktig del av beredskapen.

Vi må òg nytte dei nasjonale ressursane og ta vare på mangfaldet og dei gode produksjonsmiljøa i jordbruket, reindrifta og skognæringa. Dette samstundes som vi aukar sjølvforsyninga og tilpassar produksjonen til eit endra klima. Satsinga på drenering i jordbruket er eit godt døme på dette.

Landbruks- og matdepartementet skal bidra til at Noreg har god matberedskap. Matsystemet er komplekst med ei lang rekkje heilt naudsynte funksjonar som mellom anna kompetanse, teknologi, organisasjon, logistikk og innsatsfaktorar. Reindrifta er ein sentral beredskapsaktør særleg i dei nordlege delane av landet, der anna matproduksjon på land er avgrensa. Reindrifta er ein desentralisert produksjon, noko som gir robustheit i krisesituasjonar der transport og forsyningslinjer kan svikte.

Skogbruket kan bidra til å sikre energi til oppvarming, matlaging og koking av drikkevatt ved straumbrott og andre situasjonar med knappheit på energi. Ved naturhendingar som skogbrann og store trefall som følgje av til dømes ekstremvêr, vil skogsvegnettet vere viktig for å handtere situasjonane og avgrense skadar. Maskinkapasiteten i skogbruket vil kunne vere ein viktig ressurs når slike beredskapssituasjonar oppstår. I ulike andre beredskapssituasjonar, med til dømes stengde offentlege vegar, vil skogsvegnettet mange stader by på alternative ruter for person- og varetransport.

Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen. Forberedt på kriser og krig* framhevar at Riksrevisjonen og Totalberedskapskommisjonen peikar på potencialet for å leggje om produksjon og forbruk i ein krisesituasjon. Som ei oppfølging

av dette, utarbeider Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet eit mandat for ein analyse av potensialet for omlegging av forbruk og produksjon av mat.

Beredskapslager for matkorn er òg viktig for å bidra til matforsyning og redusert sårbarheit ved ei ekstraordinær forsyningskrise. Innan 2029 skal det etablerast eit beredskapslager av matkorn på 82 500 tonn. Staten eig kornet, men det er kommersielle aktørar som skal lagre det. Beredskapslageret vil vere viktig dersom det skulle oppstå forstyrringar i verdikjeda som følgje av naturhendingar eller tryggingsspolitiske kriser.

Landbruks- og matdepartementet og underliggjande verksemder

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for eigen beredskap og skal vere klar til å delta i sentral handtering av tiltak ved nasjonale kriser. Gjennom eit godt beredskapsplanverk og god sikkerheit, arbeid med grunnleggjande nasjonale funksjoner (GNF) og tett og god dialog med underliggjande verksemder, skal departementet vere budd på å møte ulike typar kriser i eigen sektor og kriser som gjeld departementet sjølv.

Departementet arbeider òg for ei heilskapleg og forsterka tilnærming til tryggleiks- og beredskapsarbeidet i sektoren. I styringsdialogen med underliggjande verksemder får arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap systematisk merksemd, mellom anna gjennom formidling av krav i tildelingsbrev, i hovedinstruksane og i styringsdialogen.

Landbruksdirektoratet

Landbruksdirektoratet har viktige oppgåver opp mot sikkerheit og beredskap i landbruk og matforsyning. Oppgåvene omfattar handtering av hendingar og kriser innanfor matforsyning, skog, reindrift, naturskadar og avlingsskadar.

Landbruksdirektoratet har ansvaret for drift av Landbruks- og matCERT der Mattilsynet, Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet inngår. Landbruks- og matCERT er registrert partner av Nasjonalt cybersikkerhetssenter (NCSC).

Mattilsynet

Mattilsynet har ei sentral rolle i arbeidet med å sikre forbrukarane tilgang til trygg mat. Mattilsynet har eit stort ansvar for å sikre beredskapen i samfunnet innan mat- og drikkevassforsyninga, dyre- og plantehelse og dyrevelferd. Dei handterer beredskapshendingar, samarbeider med andre aktørar, og har beredskapsplanar for å kunne handtere kriser. Dei arbeider for å førebyggje uønskte hendingar gjennom tilsyn, kontroll og regelverk. Mattilsynet har ei viktig rolle i Totalforsvaret, og er mellom anna fast medlem i *Kriseutvalet for atomberedskap*, og møter som fast aktør i fylkesberedskapsråda.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet er eit beredskaps- og forskingsinstitutt, og er den viktigaste kunnskapsleverandøren for førebygging, oppklaring og handtering av zoonosar og alvorlege smittsame sjukdommar hos fisk og landdyr.

Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi er eit nasjonalt leiande institutt for forskning og utvikling av kunnskap om bioøkonomi. Instituttet skal bidra til matsikkerheit, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innanfor verdikjeda for mat, skog og andre biobaserte næringer.

7 Likestilling

Overordna om departementet sitt arbeid med å fremje likestilling og hindre diskriminering

Arbeidet med likestilling i departementet er basert på dei krava og rettleingar som er gitte i likestillings- og diskrimineringslova. Departementet har utarbeidd ein eigen policy for arbeidet med likestilling som skal gi retning for alt arbeid i verksemda og i alt arbeid og tenesteyting på myndighetsområdet til departementet.

Likestilling og mangfald i underliggjande etatar

Departementet sine underliggjande verksemdar er Mattilsynet, Landbruksdirektoratet, Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet. For informasjon om status på likestillings- og mangfaldsarbeidet i desse verksemdene, viser departementet til dei respektive årsrapportane med vedlegg. Av dei underliggjande verksemdene er det Landbruksdirektoratet og Mattilsynet som utøver myndigheit etter § 24 i Likestillings- og diskrimineringslova. Veterinærinstituttet og Norsk institutt for bioøkonomi har ikkje slike oppgåver.

Likestilling i jordbruket

Det følgjer av likestillings- og diskrimineringslova at alle uansett kjønn, alder, etnisitet, religion m.m., skal ha dei same moglegheitene til å drive næringsverksemd innanfor landbruk og landbruksbaserte næringar. Haldningsskapande arbeid, utdanning, rådgiving, økonomiske verkemiddel og gode, funksjonelle velferdsordningar er vesentlege for å bidra til likestilling og rekruttering til landbruket over heile landet.

Gode velferdsordningar i landbruket er grunnleggjande for å bidra til rekruttering og landbruk over heile landet. Jordbruksavtalen inneber blant anna å auke høgaste maksimale dagsats for avløyarsartilskott ved sjukdom og fødsel mv. frå 2 600 kroner til 3 050 kroner. Avløyarsartilskott ved ferie og fritid aukar frå 134 175 kroner til 139 542 kroner per føretak. Heving av satsane for avløyarsartilskotta vil gi produsentane auka moglegheit til å nytte avløyarsartenestene. Dette vil gi auka økono-

misk tryggleik ved sjukdom og skade, og gi betre moglegheit for å ta ut ferie og meir fritid gjennom året.

Satsing på berekraftig landbruk, sirkulær- og bioøkonomi og teknologiutvikling i, og i tilknytning til landbruket, vil vere viktig i framtida og krevje ny type kompetanse utover den tradisjonelt landbruksfaglege. Regjeringa vil skape interesse og gode forhold for alle som kan støtte opp om ei positiv utvikling i landbruket og reindrifta.

Landbruks- og matdepartementet har dei seinare åra hatt god tilgang på statistikk for kjønnsbalanse og likestilling innanfor landbruket og reindrifta. Det er stort sett under dei ulike velferdsordningane at det ligg føre flest opplysningar om mellom anna kjønn, alder og geografisk fordeling.

Resultatkontrollen for gjennomføringa av landbrukspolitikken er ei årleg utgreiing og publisering frå Budsjettnemnda for jordbruket. Resultatkontrollen viser utviklinga i jordbruket i forhold til dei mål og retningslinjer Stortinget har trekt opp. Resultatkontrollen inneheld statistikk for mellom anna kjønns- og aldersfordelinga innan landbruket, og viser i tillegg historisk utvikling for kjønn, alder og utdanning på dette området.

Dei siste åra har talet på kvinnelege eigarar av landbrukseigedommar auka noko. I følgje tal frå SSB for 2024, var det 182 528 landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal. På 66 pst. av eigedommane var det mannleg eigar, mens kvinner eigde 26 pst. av eigedommane. For dei resterande eigedommane var eigaren til dømes eit aksjeselskap, anna selskap, ein utanlandsk eigar eller at eigaren ikkje var oppgitt.

Statistikk frå søknad om produksjonstilskott viser at det i 2024 var nær 35 106 enkeltpersonføretak (verksemdar med personleg brukar) i jordbruket. Over tid har delen jordbruksføretak drivne av kvinner auka, og i 2024 var 17,6 pst. kvinner. I 2023 var talet på 17,4 pst., mens det var på 12,9 pst. i 1999 og 14,4 pst. i 2010. Denne statistikken gir likevel ikkje eit fullstendig bilete av kvinnene si samla deltaking i drifta av norske jordbruksføretak. Ei årsak til dette er at det berre er

én person som kan stå oppført som søker per enkeltpersonføretak. Det er òg mange kvinner som deltek i drifta på gardsbruk som ikkje er drivne som enkeltpersonføretak. For slike verksemder har ein ikkje informasjon om det er menn eller kvinner som deltek i drifta.

Arbeidstid i jordbruket går ned både for kvinner og menn, men reduksjonen er størst for kvinner. I 2023 utførte kvinner 24 pst. av arbeidet på garden, mot 26 pst. i 1990.

Tal frå 2023 viser at gjennomsnittsalderen for kvinnelege eigarar er litt høgare enn for menn, høvesvis 60,6 år og 58,8 år. Gjennomsnittsalderen for kvinner som driv jordbruksverksemder er gjennomgåande litt lågare enn for menn. Gjennomsnittsalderen for aktive kvinnelege brukarar var i 2024 på 48 år, noko som var rundt 3,5 år lågare enn for menn. Det kan over tid sjå ut til at kvinner i mindre grad tek over jordbruksbedrifter for å drive jordbruk sjølve. Det er i mange samanhengar òg peikt på at gardsoverdragningar til kvinner ofte gjeld enker som eig garden i ein overgangsperiode.

Tal for 2023 viser at høg utdanning blant nye eigarar er meir vanleg blant kvinner enn blant menn, og det er størst del kvinner med lang utdanning blant dei yngste. Blant kvinnene i den yngste aldersgruppa (under 39 år) har 64,3 pst. utdanning på universitets- og høgskulenivå. Hos menn har 24,1 pst. i den yngste aldersgruppa høgare utdanning. Når det gjeld den eldste aldersgruppa som overtok gard i 2023, har 30,6 pst. av mennene og 27,7 pst. av kvinnene høgare utdanning.

Innanfor dei ulike driftsformene er kvinnedelen høgast blant bønder med driftsforma «andre grovføretande dyr» med delen 28,3 pst. For sau er delen 20,7 pst. Kvinnedelen er lågast blant produsentar som driv med storfe, mjølk og kjøtt. Kvinner driv generelt jordbruksverksemder med mindre areal enn menn, men delen kvinner har auka for alle arealgruppene utanom ei.

Landbrukssektoren har over tid arbeidd målretta med å få fleire kvinner til å etablere seg i næringa. Fleire verkemiddel i jordbruksavtalen er innretta slik at dei skal stimulere til rekruttering, næringsutvikling, fleire nyetableringar og vekstbedrifter. Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) er eit særleg viktig økonomisk verkemiddel for å nå målet om næringsutvikling i, og i tilknytning til, landbruket. Kvinner er særleg aktive innan andre landbruksbaserte næringar, til dømes lokalmat, reiseliv og aktivitetstilbod på garden som «Inn på tunet». Desse områda krev ofte anna kompetanse enn den tradisjonelle landbruksfaglege kompetansen.

Dei siste par åra har om lag 35 pst. av IBU-midla blitt tildelt kvinner. Dette er ein nedgang frå tidlegare, og årsaka kan vere at investeringar innan tradisjonelt landbruk har auka mykje. Kvinnedelen for tildelingar innan andre landbruksbaserte næringar, er på om lag 70 pst.

Likestilling i skogbruket

Det er fleire menn enn kvinner som arbeider innan skog- og trenæringa. Sektoren har behov for best mogleg kompetanse. Det blir difor lagt vekt på å rekruttere og leggje til rette for å behalde fleire kvinner. Sentralt i arbeidet er mellom anna å synleggjere mangfaldet i bransjen og tiltak for å gjere arbeidsplassar og arbeidsoppgåver meir attraktive for kvinner.

Kvinner i skogbruket er ein uavhengig, landsomfattande organisasjon som har til formål å motivere kvinner til deltaking og engasjement på alle plan innanfor skogbruket, og leggje vekt på samhald og samarbeid. Organisasjonen har etablert kontakt med og deltek i nordiske og internasjonale forum på området. Landbruks- og matdepartementet har løyvd midlar til Kvinner i skogbruket over kap. 1138, post 70, *Støtte til organisasjonar*, over fleire år.

Velg Skog arbeider med rekruttering, kompetanse og omdømmebygging for skognæringa. Næringa sitt behov for betre likestilling er ein del av dette arbeidet. *Velg Skog* blir mellom anna finansiert over jordbruksavtalen kap. 1150, post 50, Landbrukets utviklingsfond.

Likestilling i reindrifta

Arbeidet med likestilling i reindrifta i Noreg krev ein samla innsats frå fleire aktørar, både frå det offentlege, frå næringa sjølv og frå organisasjonar i næringa.

I 2024 var 87 kvinner eigar av siidaandel, noko som utgjer 16 pst. av alle siidaandelar. Dette er ein reduksjon frå 2023. I 2024 var det 96 siidaandelar som var eigd av ektefelle/sambuar i fellesskap. Dette er ein reduksjon frå 101 siidaandelar i 2023.

262 årsverk blei utførte av kvinner i 2023. Dette utgjer 27 pst. av alle årsverk i reindrifta i 2023. I 2024 hadde kvinner 27 pst. av det samla reintalet i Noreg, og det er det same nivået som i 2023.

I reindrifftsavtalen 2019/2020 blei det etablert eit særskilt driftstilskott til kvinner som er leiar av siidaandel, og som har reindrift som hovudnæring. I tillegg kan kvinneretta tiltak få støtte over Reindriffts utviklingsfond. Norske Reindriffts-

amers Landsforbund kan òg søkje om midlar til utviklingsprosjekt for å fremje likestilling. Det kan vidare søkjast om tilskott for å støtte opp om den familiebaserte reindrifta, ektefelle-/sambuartillegg, for felles siidaandelar.

Norske Reindriftsamers Landsforbund skal ta omsyn til kjønnsfordeling ved val av styre og lokallag. Avtalepartane er òg samde om at styra for reinbeitedistrikta, så langt det er mogleg, bør ha kjønnsbalanse.

Likestilling og mangfald i Landbruks- og matdepartementet

Ved utgangen av 2024 var det 126 tilsette i departementet, der 60 pst. av desse var kvinner.

Kvinnene er i fleirtal i sakshandsamargruppa og blant leiarane. Kvinnene utgjer 83,3 pst. av toppleiarane, 50 pst av mellomleiarane og 60 pst. av leiarane samla sett. Det er omtrent like mange menn og kvinner i mellomleiarposisjonar med personalansvar.

Per 31. desember 2024 var gjennomsnittsalderen i departementet 50,5 år. Gjennomsnittsalderen er omtrent lik for både kvinner og menn, og har vore stabil dei siste fire åra.

Tabell 7.1 Relativ og absolutt kjønnsfordeling i dei ulike stillingsgruppene per 31. desember 2024:

Stillingsgruppe	Relative		Absolutte		Totalt
	Andel kvinner (pst.)	Andel menn (pst.)	Tal kvinner	Tal menn	
Departementsråd	100	0	1	0	1
Ekspedisjonssjef	75	25	3	1	4
Kommunikasjonssjef	0	100	0	1	1
Avdelingsdirektør	53	47	9	8	17
Underdirektør	50	50	1	1	2
Fagdirektør	44	56	12	15	27
Spesialrådgivar	33	67	1	2	3
Prosjektleiar	100	0	4	0	4
Seniorrådgivar	67	33	28	14	42
Rådgivar	73	27	16	6	22
Førstekonsulent	33	66	1	2	3
Totalt	60	40	76	50	126

Gjennomsnittsløn etter kjønn

Når ein ser på lønnsforskjell mellom kjønna, er det nesten ingen skilnad. Ved utgangen av 2024 var delen av kvinner si løn samanlikna med mennene si løn 99,5 pst, noko som er ein auke frå 98,1 pst. i 2023 og frå 97,7 pst. i 2022.

2024 utgjorde mellombelse tilsetjingar 3,2 pst., mot 5,3 pst. i 2023. Ei av desse tilsetjingane var ei mellombels prosjektstilling, og ikkje eit vikariat. Trekk ein frå denne tilsetjinga, blir prosenten 2,4. Bruken av mellombelse stillingar blir drøfta med dei tilitsvalde årleg. I løpet av 2024 har fire mellombelse tilsette gått over i fast stilling.

Mellombelse tilsetjingar

Mellombelse tilsetjingar blir i hovudsak brukte der det er behov for å ta inn vikar for å løyse oppgåver ved permisjonar og anna fråvær. Ved utgangen av

Sjukefråvær

I 2024 var sjukefråværet 3,5 pst., noko som er ein nedgang frå tidlegare år (4,5 pst. i 2023). Sjukefråværet blant kvinner er framleis høgare saman-

likna med sjukefråværet blant menn. Sjukefråværet er eit fast tema i arbeidsmiljøutvalet i departementet, og i dialogen med Bedriftshelsetenesta for å vurdere relevante tiltak.

Permisjonar
I 2024 blei det teke ut få foreldrepermisjonar.

Tabell 7.2 Den relative og absolutte fordelinga av permisjonar både totalt og mellom kjønna

	Kvinner	Menn
Antal permisjonar	84	17
	Andel kvinner (pst.)	Andel menn (pst.)
Foreldrepermisjon 100 pst.	0	0
Foreldrepermisjon 80 pst.	100	0
Omsorgspermisjon utan løn	100	0
Velferdspermisjon med løn	83	17

Overtid
Totalt blei det registrert 4 636 timar med overtid i departementet i 2024. Dette utgjer 1,75 pst. av den avtalte arbeidsinnsatsen. Overtid knytt til gjennomføringa av dei årlege jordbruksforhandlingane, utgjer ein vesentleg del av den totale overtida.

Deltid
Alle som blei tilsette fast i departementet i 2024 hadde fulltidsarbeid. Ingen av dei tilsette har etter eige ønskje redusert arbeidstida si i løpet av året.

Inkludering og mangfald
Departementet og sektoren har utarbeidd handlingsplanar for inkludering og mangfald. Rekrutteringsstatistikken viser at det i 2024 blei tilsett 10 personar i departementet, 4 menn og 6 kvinner. Av dei mellombels tilsette er det 1 kvinne. Tala viser at yngste nytilsette var 26 år og eldste 55 år. Tabellen nedanfor gir ei oversikt over nytilsette innan stillingsgruppene og kjønna i ordinære tilsetjingsprosessar i 2024:

Tabell 7.3 Nytilsette

	Kvinner	Menn	Totalt
1539 Fagdirektør		1	1
1364 Seniorrådgivar	3	2	5
1436 Rådgivar	2	1	3
1408 Førstekonsulent	1		1

Når det gjeld personar med hol i CV-en, funksjonsnedsetjingar og innvandrarbakgrunn, blei det ikkje tilsett nokon som oppgav dette i 2024. Det blei i 2024 ikkje tilsett nokon frå NAV-tiltak.

Mobbing og trakassering
Arbeidet med haldningar for å motarbeide mobbing og diskriminering har merksemd i departementet. Eigne varslingsrutinar er utarbeidde, og departementet har system for å vareta varslarar.

8 Oppfølging av FNs berekraftsmål

Berekraftsagendaen set ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling fram mot 2030, og er ei overbygning for regjeringa sin politikk nasjonalt og internasjonalt. Våren 2025 la regjeringa fram Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene – status, utfordringer og veien videre*. Meldinga omfattar ei samla omtale av status for Noreg sitt arbeid med berekraftsmåla og vektlegg særskilt dei områda der Noreg har eit forbedringspotensial. Meldinga gjer vidare greie for regjeringa sin politikk på desse områda, irekna område som omfattar landbruks- og matpolitikken.

Dei fire hovudmåla for landbruks- og matpolitikken; matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar, skal bidra til å nå fleire av berekraftsagendaen sine målsetjingar. I tillegg til at landbruks- og matpolitikken skal sikre eiga befolkning nok og trygg mat med tydelege miljø- og klimaambisjonar, omfattar måla òg ambisjonar knytte til eit berekraftig skogbruk, arealbruk, varetaking av kulturlandskap, og busetjing og sysselsetjing med utgangspunkt i landbruket sine ressursar. Målbiletet speglar med andre ord eit multifunksjonelt landbruk.

Mål 2 Utrydde svolt

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å koordinere det nasjonale arbeidet med berekraftsmål 2 om å utrydde svolt. Målet har fleire dimensjonar, mellom anna å oppnå matsikkerheit og betre ernæring, og fremje berekraftig matproduksjon. Status i Noreg for berekraftsmål 2 er i all hovudsak god, men det er utfordringar knytte til overvekt og for lite fysisk aktivitet i delar av befolkninga. Det er generelt for høgt inntak av salt, tilsett sukker og metta feitt, og for lite inntak av frukt, bær, fullkorn og fisk. Å auke berekrafta i landbruket nasjonalt, er òg sentralt for å nå mål 2, og der jordbruksavtalen er det sentrale verke-middelet.

Delmål 2.1) Innan 2030 utrydde svolt og sikre alle menneske, særleg fattige og personar i utsette situasjonar, spesielt spedbarn, tilgang til nok, trygg og sunn mat heile året.

I ein situasjon med uro i internasjonale marknader for mat og energi, har regjeringa lagt vekt på å sikre nasjonal matproduksjon. Dette omsynet ligg òg til grunn for jordbruksavtalen i 2025, med ei tydeleg prioritering av sjølvforsyning, klima og miljø. Sjå omtale av prioriteringar i landbruks- og matpolitikken i del 1 av proposisjonen. Våren 2024 la regjeringa fram Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntekstmulighetene i jordbruket*, som omfattar ein strategi for å nå målet om at sjølvforsyningsgraden, korrigert for import av fôr, skal aukast til 50 pst. på energibasis. Regjeringa sin hovudstrategi er å forbetre og auke produksjonen av planteprodukt, både til mat og fôr, på ein måte som styrkjer konkurransekraft mot import, slik at etterspørselen etter norske jordbruksvarer aukar.

Noreg har høg sjølvforsyning av husdyrprodukt og relativt låg sjølvforsyning for energirike plantevekstar til mat. Regjeringa held fram arbeidet med å etablere beredskapslagring for korn, der målet er at det innan 2029 skal vere på plass eit beredskapslager tilsvarande 3 månaders forbruk av matkorn.

Delmål 2.2) Innan 2030 utrydde alle former for feilernæring, og innan 2025 nå dei internasjonalt avtalte måla som gjeld veksthemjing og avmagring hos barn under fem år, og skjøtte ernæringsbehova til unge jenter, gravide, ammande kvinner og eldre personar.

Det blir arbeidd på fleire måtar for å auke kunnskapen og kompetansen om sunt kosthald, bruk av råvarer, mat og matkultur i befolkninga generelt og målretta mot born, unge og eldre spesielt. Organisasjonsstøtte til stiftinga Geitmyra Matkultursenter for born og Norges Bygdekvinnelag bidreg til å støtte opp om dette. Prosjekta *Gylne måltidsøyeblikk* og *Matgledekorpsa* har bidrege til å

stimulere til sunt kosthald og matkultur på institusjonar for eldre. Opplysningskontoret for frukt og grønt har ei sentral rolle i arbeidet med å fremje forbruk av norsk frukt og grønt, og eit sunt og berekraftig kosthald til born og unge, og blir finansiert av midlar over jordbruksavtalen. Opplysningskontoret mottok òg støtte til å leie prosjektet *Det store norske Grøntløftet*, som har som mål å leggje til rette for auka etterspørsel etter norsk frukt, grønt, bær og poteter. Auka etterspørsel vil både gi høgare norskdel og høgare sjølvforsyningsgrad, og vil kunne bidra til betre folkehelse. Landbruks- og matdepartementet sitt bidrag til delmål 2.2, er nærare omtalt under overskrifta *Sunt kosthald og gode matopplevingar* i programkategori 15.10 Matpolitikk.

Delmål 2.3) Innan 2030 doble produktiviteten og inntektene til småskala matprodusentar, særleg kvinner, urfolk, familiebruk, husdyrnomadar og fiskarar, mellom anna gjennom sikker og lik tilgang til jord, andre produksjonsressursar og innsatsmiddel, kunnskap, finansielle tenester, marknader og moglegheiter for verdiauke og for sysselsetjing utanfor landbruket.

Dei årlege jordbruksforhandlingane mellom staten og næringsorganisasjonane i jordbruket skal sikre medverking og moglegheiter for å utforme rammevilkåra for jordbruket i fellesskap. Verkemiddel og løyvingar skal bidra til at måla for landbrukspolitikken blir nådde. Omsynet til økonomisk og sosial berekraft ligg til grunn òg for jordbruksavtalen i 2025, med ei tydeleg prioritering av sjølvforsyning, klima og miljø. Ein vesentleg del av avtalen er avsett til utviklings- og omstillingstiltak i landbruket gjennom Landbrukets utviklingsfond. Prioriterte tiltak er knytte til omstilling og utvikling i primærproduksjon og innanfor tilleggsnæringar i landbruket, verkemiddel knytt til rekruttering, kompetanseheving og forskning og miljø- og klimarettatiltak. Investeringsverkemidla er eitt av dei mest sentrale verktøya for å stimulere til omstilling og rekruttering i landbruket. Den samla auken for investeringsverkemidla hittil i denne regjeringsperioden, har vore på nærare 90 pst. Innovasjon Norge si rapportering på verkemiddelbruken for dei bedriftsretta tiltaka viser at kvinner mottok ein stor del av tilskotta som blir løyvde innanfor utvikling av tilleggsnæringar i landbruket, med om lag 55 pst. av tilskotta. Sjå elles omtale av prioriteringar for landbruks- og matpolitikken i del I av proposisjonen.

Dei årlege forhandlingane mellom staten og Norske Reindriftsamers Landsforbund skal leg-

ge til rette for ei utvikling av reindriftsnæringa innanfor dei måla som er sette for reindriftspolitikken. Hovudmålet for reindriftspolitikken er ei berekraftig reindrift, med delmåla økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Gjennom reindriftsavtalen blir dei økonomiske verkemidla for å nå måla vidareutvikla. Sjå omtale av prioriteringar for reindriftspolitikken i del II.

Delmål 2.4) Innan 2030 sikre at det finst berekraftige system for matproduksjon, og innføre robuste metodar som gir auka produktivitet og produksjon, som bidreg til å halde oppe økosystema, som styrker evna til å tilpasse seg til klimaendringar, ekstremvær, tørke, flaumar og andre katastrofar, og som gradvis fører til betre kvalitet på areal og jord.

Det blir arbeidd på fleire måtar for å bidra til eit meir berekraftig system for matproduksjon. Dei årlege næringsavtalane med jordbruket og reindrifta er dei mest sentrale verktøya frå regjeringa si side knytt til den landbaserte matproduksjonen, og der dialog og samarbeid med næringa står sentralt. Dialog og samarbeid med heile verdikjeda for mat er naudsynt for å gjere matsystemet meir berekraftig. Som ei oppfølging av FN's toppmøte for matsystem i 2021, og statusmøtet i 2023, inviterte Landbruks- og matdepartementet, i samarbeid med seks andre departement, til nasjonalt dialogmøte om berekraftige matsystem. Rapporten *Bærekraften i det norske matsystemet*¹, samanfatar nokre hovudliner i regjeringa sitt arbeid på området. Landbruks- og matdepartementet har i 2024 utarbeidd ein rapport om departementet sitt arbeid med berekraftige matsystem². Rapporten gir ei oversikt over sentrale område departementet arbeider med som ein del av regjeringa sitt arbeid med ei heilskapleg tilnærming til berekraftige matsystem. I februar 2025 sette regjeringa ned eit ekspertutval som skal greie ut om framtidens matsystem, der folkehelse, klima, natur og landbruks-, havbruks-, fiskeri- og matpolitikk blir sett i samanheng. Dette er ei oppfølging av oppmøttingsvedtak frå Stortinget i samband med handsaming av Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket*, med sikte på at arbeidet skal leggje grunnlaget for ei melding til Stortinget om framtidens matsystem.

¹ Bærekraft i det norske matsystemet – regjeringen.no

² Landbruks- og matdepartementets arbeid med bærekraftige matsystemer- regjeringen.no

Klimaendringane og andre miljømessige utfordringar vil påverke norsk matproduksjon. Regjeringa har difor lagt til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av naturressursane gjennom ein heilskapleg landbruks- og matpolitikk. Intensjonsavtalen som er inngått mellom staten og organisasjonane i jordbruket er eit konkret døme på korleis det blir arbeidd systematisk og i fellesskap for å nå måla. Målet i intensjonsavtalen er å arbeide for å redusere utsleppa og auke opptaka knytte til jordbruket tilsvarende 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar samla for perioden 2021 til 2030. Som oppfølging av Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn*, er det etablert ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå klimatilpassing i landbruket, og korleis landbruket kan rustast for meir krevjande forhold som kan følgje av klimautviklinga.

Ein aktiv bruk av og eit sterkt vern om arealressursane er ein føresetnad for å nå måla i landbruket. Regjeringa følgjer opp jordvernstrategien frå 2023 med eit nytt langsiktig jordvernmål om maksimal omdisponering på 2 000 dekar dyrka mark årleg. Det er òg arbeidd systematisk med å halde den gode statusen for dyrehelse og dyrevelferd ved lag. Regjeringa la i desember 2024 fram ei stortingsmelding om dyrevelferd, som peikar ut ei retning på arbeidet med å styrkje dyrevelferda ytterlegare. Det er òg arbeidd med å vareta arealgrunnlaget for reindrifta, og leggje til rette for auka produksjon og lønsemd i næringa, mellom anna gjennom reindriftsavtalen. Ved å leggje til rette for urbant landbruk i samsvar med nasjonal strategi frå 2021, kan dyrkbare areal som er ueigna for storskala jordbruk haldast i hevd, og kunnskapen om dyrking vil haldast oppe i ein større del av befolkninga. Det er i 2025 arbeidd med å lage ein rettleiar for urbant landbruk i lokal arealplanlegging som ei oppfølging av strategien. Rettleiaren skal gi oversikt over relevante planverktøy og verkemiddel, og er særleg retta mot kommunale plan- og landbruksavdelingar. Norsk institutt for bioøkonomi har utarbeidd ein rettleiar for urbant landbruk i areal som er opne for ålmenta, i tillegg til eit landsdekkjande grønstrukturkart som gir detaljert informasjon om grøne areal og som kan brukast til å identifisere moglege dyrkingsareal. Kartfesta informasjon om jordbruksareal som kan vere ute av drift gir òg nyttig informasjon.

Nasjonalt miljøprogram for jordbruket, er innretta for å følgje opp målet om eit berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Frå 2022 er jord og jordhelse inkludert som eit eige miljøtema. Det er eit mål å utvikle gode løysingar for

jord som er eigna i praktisk jordbruk. Den nasjonale pollinatorstrategien er følgt opp med *Tiltaksplan for ville pollinerande insekt* (2021). Dei siste års jordbruksoppgjer har lagt vekt på å styrkje miljø- og klimaarbeidet i jordbruket, med ei særskild satsing retta mot klimagassreduserande tiltak og tiltak som skal betre situasjonen i Oslofjorden.

Bionova blei oppretta i 2023 som ei eining under Innovasjon Norge. Bionova er eit verktøy for å nå Noreg sine klimamål for 2030 og 2035 og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring. Bionova skal òg bidra til auka verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare ressursar frå hav og land.

Tiltaket vil vere eit grep for å målrette innsatsen innan berekraftig utvikling i dei biobaserte næringane. Satsingsområde som utvikling innan bioøkonomi og sirkulær økonomi, styrkjer jordbruket sitt bidrag til gjenvinning av restråstoff og sidestraumar frå næringa og frå andre delar av samfunnet, som eit ledd i det grøne skiftet.

Delmål 2.5) Innan 2020 halde oppe det genetiske mangfaldet av frø, kulturplanter, husdyr og ville artar som er i slekt med dei, mellom anna gjennom veldrivne og rikholdige frø- og plantesamlingar nasjonalt, regionalt og internasjonalt, og fremje tilgang til og ei rettferdig og likeverdig fordeling av dei goda som følgjer av bruk av genressursar og tilhøyrande tradisjonell kunnskap, i tråd med internasjonal semje.

Bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk, er avgjerande for å tilpasse matproduksjonen til eit endra klima, nye plantesjukdommar og skadegjerarar. I 2024 starta arbeidet med gjennomføring av tiltaksplanen som set i verk strategien *Forråd av gener – muligheter og beredskap for framtidens landbruk* ved å gjere greie for kva for genressursar som er bevaringsverdige i Noreg, etablere eit heilskapleg nasjonalt bevaringsprogram for desse, og dessutan identifisere tiltak for berekraftig bruk, auka kunnskap og formidling og samarbeid med andre land.

Svalbard globale frøhvelv som blei etablert av den norske regjeringa i 2008, bidreg til global mat-sikkerheit gjennom å sikre mangfaldet av frø innan matplanter. Totalt blei 64 331 sikkerhetskopiar av frø frå 54 innskyttarar lagde til samlinga i frøhvelvet i 2024. Ved utgangen av året hadde 123 genbankar verda over totalt sikra 1 331 458 frøprøver i Svalbard globale frøhvelv.

Mål 12 Ansvarleg forbruk og produksjon

Delmål 12.3) Innan 2030 halvere matsvinn per innbyggjar på verdsbasis, både i detaljhandelen og blant forbrukarane, og redusere svinn i produksjons- og forsyningskjeda, inkludert svinn etter innhausting.

I 2017 signerte staten ein bransjeavtale med aktørane i verdikjeda for mat, der målet er å halvere matsvinn innan 2030. Første hovudrapportering frå partane til avtalen viser at matsvinnet blei redusert med om lag 10 pst. i perioden 2015–2020. Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet nedsette i februar 2023 eit utval som skulle utgreie tiltaks- og verkemiddelbruk for å nå målet om halvering av matsvinnet innan 2030, og vurdere korleis ein matkastelov skal inngå i ein samla verkemiddelbruk. Utvalet leverte si utgreiing 3. januar 2024, og regjeringa er i gang med å følgje opp utgreiinga. Ei ny *lov om forebygging og reduksjon av matsvinn (matsvinnsloven)* blei vedteke av Stortinget 20. mai 2025, jf. Innst. 373 L (2024–2025). Det er sett i gang utgreiingsarbeid for å få på plass utfyllande forskrifter med sikte på at desse trer i kraft i løpet av 2026. Regjeringa har òg teke initiativ til ein revisjon av bransjeavtalen for reduksjon av matsvinn.

Matsvinn i jordbrukssektoren kjem ofte av at produkta ikkje held høg nok kvalitet, eller har feil, skadar, sjukdommar med meir. Det blir arbeidd kontinuerleg med mellom anna forskning og utvikling, dyrehelse, plantehelse og mattryggleik i dei ulike sektorane, som òg i stor grad gir høg kvalitet på produksjonane og lågt matsvinn.

Landbruksdirektoratet har levert eit kunnskapsgrunnlag om årsaker til matsvinn og føreslått tiltak for å redusere matsvinnet i primærleddet i grøntsektoren. Rapporten blei levert til jordbruksoppgjeret 2024.

Mål 15 Livet på land

Landbruks- og matdepartement har medansvar for å følgje opp delmål under mål 15 Livet på land.

Delmål 15.2) Innan 2020 fremje innføringa av ei berekraftig forvaltning av all slags skog, stanse avskoging, byggje opp att forringa skogar, og i vesentleg grad auke atterreising og nyplanting av skog på globalt nivå.

Om lag 40 pst. av Noreg sitt landareal er dekt av skog. Det er eit krav at det skal leggjast til rette for at det kjem opp ny skog etter hogst, slik at skogarealet si produksjonsevne kan bli utnytta i eit langsiktig perspektiv. Skogen er òg viktig for å

binde karbon. Skog i vekst tek opp CO₂, og aktiv skogskjøtsel, med hogst, planting, gjødsling og ungskogspleie, bidreg til ein vesentleg klimagevinst. Jordbruksavtalen bidreg til å styrkje innsatsen på dette området. Kommunane kontrollerer skogeigarane sin innsats for forynging årleg. Det blir gjort miljøregistreringar på skogareal der det blir drive skogbruk for å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag om livsmiljø for artar og andre miljøverdiar. Gode avvegingar mellom næringsverksemd og miljøomsyn, og mellom bruk og vern står sentralt i ein berekraftig skogpolitikk.

Delmål 15.3) Innan 2030 motarbeide ørkenspreiing, restaurere forringa land og matjord, inkludert landområde som er ramma av ørkenspreiing, tørke og flaum, og arbeide for ei verd utan landforringing.

Noreg har lite matjord, og jordvernet har difor høg prioritet. Oppdatert jordvernstrategi frå juni 2023 set mål om at nedbygging ikkje skal overstige 2000 dekar, eit mål som skal bli nådd innan 2030. Nasjonalt jordprogram blei lansert i 2020, jf. rapporten *Nasjonalt program for jordhelse*. Fleire element i jordprogrammet er no implementert: Nasjonalt Miljøprogram og Regionale miljøprogram har fått jord og jordhelse som eige miljøtema med tilhøyrande nye jordhelsefremjande tiltak. NIBIO har sett i gang overvaking av jordsmonn i skog og beitemark. Utfordringar med forringa jord er truleg mindre i Noreg enn i mange andre land, men kunnskapen er mangelfull. God kunnskap og overvaking av jordsmonn er naudsynt for å avdekkje kva problem vi har og tiltak som trengst. NIBIO har ei viktig rolle med å samle inn data og overvake utviklinga av tilstanden til jordsmonnet, og endring i lagring og utslepp av karbon fra jordbruksjord. Overvaking er òg naudsynt for å godtgjere karbonlagring i jord, til dømes gjennom bruk av fangvekstar. Som omtalt under delmål 2.4 ovanfor, er det sett i gang arbeid med å gå gjennom klimatilpassingar i landbruket. Korleis drift og areal kan innrettast for å motstå tørke og flaum, vil vere ein del av gjennomgangen.

Delmål 15.4) Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli betre i stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling.

Arealgrunnlaget for reindrifta har hatt stor merksemd i dei årlege forhandlingane om reindriftsavtalen, og er òg eit prioritert område i reindriftsavtalen 2025/2026. Ivaretaking av areal i reinbeite-

område er ei prioritert oppgåve på alle nivå i rein-driftsforvaltninga, og det blir arbeidd med å gjere kommunane meir bevisste på omsynet til reindrift i arealplanlegginga. Regjeringa la i 2023 fram ei tiltakspakke for reindrift og energi som skal leggje til rette for å nå måla om auka utbygging av forny-bar energi og berekraftig reindrift. Sjå nærare omtale i del I av proposisjonen. Det er øyremerkta midlar over jordbruksavtalen for å styrkje grunn-laget for berekraftig verdiskaping i fjellandbruket. Jordbruksavtalen for 2025 har ei særskild satsing på seter og utmark, og midla til fjellandbruket blei

auka for å prioritere prosjekt som støttar opp om seterbruk.

Delmål 15.6) Fremje ei rettferdig og likeverdig deling av goda som er knytte til bruk av genressursar, og fremje formålstenleg tilgang til slike ressursar i tråd med internasjonal semje.

Noreg gir årlege bidrag til fondet til plantetrak-taten for fordelsdeling og gir tilgang til plante-genetiske ressursar for mat og landbruk i tråd med føresegnene til traktaten.

9 Oversikt over lønsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemdar

Tabell 9.1 Statskog SF

Utgifter 2024	kroner
Løn, adm. direktør	2 100 000
Pensjonsutgifter	169 000
Anna godtgjersle	23 000

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2025–2026) om statsbudsjettet for år 2026 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Landbruks- og matdepartementet blir i Prop. 1 S (2025–2026)
statsbudsjettet for budsjettåret 2026 dei forslag til vedtak som følger førde opp:

Kapitla 1100–1161, 4100–4150, 5576, 5652

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
1100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Driftsutgifter	192 050 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	20 645 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	3 022 000	
	50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	310 000	216 027 000
	Sum Administrasjon m.m.		216 027 000
Matpolitikk			
1115	Mattilsynet		
	01 Driftsutgifter	1 681 919 000	
	22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	15 040 000	
	71 Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	4 193 000	1 701 152 000
	Sum Matpolitikk		1 701 152 000
Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling			
1135	Veterinærinstituttet		
	50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap	118 494 000	118 494 000
1136	Norsk institutt for bioøkonomi		
	50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap	279 978 000	279 978 000
1137	Forsking og innovasjon		
	54 Næringsretta matforsking m.m.	245 000 000	
	70 Innovasjonsaktivitet m.m., <i>kan overførast</i>	2 993 000	
	71 Forskingsaktivitet – Noregs forskingsråd, <i>kan overførast</i>	198 200 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	72	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt. – Noregs forskingsråd	208 317 000	654 510 000
		Sum Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling		1 052 982 000
		Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		
1138		Støtte til organisasjonar m.m.		
	70	Støtte til organisasjonar	51 460 000	
	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	1 000 000	
	72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk	9 406 000	
	73	Nasjonalt senter for fjellandbruk	4 358 000	
	75	Dyrsku'n	1 190 000	
	76	Rekruttering til mat- og måltidsbransjen	10 000 000	77 414 000
1139		Genressursar, miljø- og ressursregistreringar		
	21	Spesielle driftsutgifter – Svalbard globale frøhvelv	12 300 000	
	50	Miljøregistreringar i skog	4 945 000	
	70	Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante- og skogtregenetiske ressursar	7 644 000	
	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	9 669 000	34 558 000
1140		Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.		
	01	Driftsutgifter	14 129 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	33 183 000	
	71	Tilskott til viltformål, <i>kan overførast</i>	38 578 000	85 890 000
1141		Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.		
	23	Jegerprøve m.m., <i>kan overførast</i>	4 900 000	
	75	Organisasjonar – haustbare viltressursar	8 665 000	13 565 000
1142		Landbruksdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	317 800 000	
	21	Spesielle driftsutgifter – Beredskapslagring av korn	81 500 000	
	45	Større utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	13 194 000	
	50	Arealressurskart	8 000 000	
	60	Tilskott til veterinærdekning	207 032 000	
	61	Tilskott til skrantesjukeprøver frå fallvilt	1 326 000	
	70	Tilskott til fjellstuer	885 000	
	71	Tiltak for berekraftig reindrift, <i>kan overførast</i>	5 900 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	630 000	
	73	Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	55 610 000	
	74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	500 000	
	75	Støtte til jordbruks- og veksthusnæringa for ekstraordinære straumutgifter, <i>overslagsløyving</i>	79 000 000	
	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	50 000 000	
	79	Tilskott til reindrifta for del av verdiskaping frå vindkraft	6 271 000	
	83	Tiltak for sameksistens mellom reindrift og jordbruk	20 000 000	847 648 000
1148		Naturskade – erstatningar		
	71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	173 100 000	173 100 000
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket		
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	37 932 000	
	73	Tilskott til skog- og klimatiltak, <i>kan overførast</i>	56 000 000	93 932 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	39 200 000	
	50	Tilskott til Landbrukets utviklingsfond	2 640 253 000	
	70	Marknadstiltak, <i>kan overførast</i>	317 550 000	
	71	Tilskott ved produksjonssvikt, <i>overslagsløyving</i>	104 400 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	6 601 303 000	
	74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	17 886 445 000	
	77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	452 791 000	
	78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	2 041 741 000	30 083 683 000
1151		Til gjennomføring av reindrifftsavtalen		
	51	Tilskott til Reindrifftsens utviklingsfond	81 800 000	
	72	Tilskott til organisasjonsarbeid	10 500 000	
	75	Kostnadssenkende og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	153 300 000	
	79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	4 400 000	250 000 000
1152		Bionova		
	70	Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	185 000 000	185 000 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
1161	Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn		
	70 Tilskott til Statskog SFs myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	15 000 000	
	75 Oppsyn i statsallmenningar	16 337 000	31 337 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		31 876 127 000
	Sum departementets utgifter		34 846 288 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
4100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Refusjonar m.m.	151 000	151 000
	Sum Administrasjon m.m.		151 000
Matpolitikk			
4115	Mattilsynet		
	01 Gebyr m.m.	231 891 000	
	02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.	6 831 000	
	85 Gebyr og tvangsmulkt m.m.	7 000 000	245 722 000
	Sum Matpolitikk		245 722 000
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak			
4141	Haukbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.		
	01 Jegerprøve, gebyr m.m.	4 900 000	4 900 000
4142	Landbruksdirektoratet		
	01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.	55 367 000	55 367 000
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	85 Marknadsordninga for korn	1 050 000	1 050 000
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet		
	70 Forskingsavgift på landbruksprodukt	245 000 000	
	72 Jeger- og fellingsavgifter	97 500 000	342 500 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		403 817 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Forretningsdrift				
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap			
	90 Avdrag på lån		10 000 000	10 000 000
5652	Statskog SF – renter og utbytte			
	80 Renter		14 000 000	
	85 Utbytte		10 000 000	24 000 000
	Sum Forretningsdrift			34 000 000
	Sum departementets inntekter			683 690 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2026 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1115 post 01	kap. 4115 post 02
kap. 1137 post 54	kap. 5576 post 70
kap. 1141 post 23	kap. 4141 post 01
kap. 1142 post 01	kap. 4142 post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og får difor òg verknad for kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvinga under kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom avgrensa opp til 25,0 mill. kroner. Unytta meirinntekter frå sal av eigedom, kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

III

Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2026 kan overskride løyvinga under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 01 Driftsutgifter, opp til 500 000 kroner i samband med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

IV

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1137		Forsking og innovasjon	
	71	Forskingsaktivitet – Noregs forskingsråd	595,2 mill. kroner
1139		Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	
	70	Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante- og skogtregenetiske ressursar	7,5 mill. kroner
1142		Landbruksdirektoratet	
	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald	94,6 mill. kroner
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade – erstatningar	197,5 mill. kroner
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	23,2 mill. kroner
1152		Bionova	
	70	Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	309,0 mill. kroner

Andre fullmakter

V

Fullmakter eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2026 kan:

1. Selje statseigedom for inntil 25,0 mill. kroner. Departementet kan trekkje utgifter ved salet frå salsinntektene før desse blir inntektsførte.
2. Inngå festekontraktar på dei eigedommane departementet forvaltar.

VI

Fullmakt til postering mot mellomværende med statskassen

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2026 kan gi Landbruksdirektoratet fullmakt til rekneskapsføring av a konto forskott til slakteri og meieri, og til forskingsavgift, omsetnadsavgift og overproduksjonsavgift, mot mellomværende med statskassen.

Andre vedtak

VII

Oppheving av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 556, 8 april 2025, blir oppheva.

Vedlegg 1**Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter**

I dette vedlegget blir standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter (nettobudsjetterte verksemdar) som departementet har ansvaret for (Veterinærinstituttet og Norsk institutt for bioøkonomi) presenterte.

Formålet med nøkkeltala er i første rekkje å forbetre kontroll og innsyn, ved å presentere same type informasjon som blir gitt for dei brutto-budsjetterte verksemdene i dei ordinære oppstillingane i statsbudsjettet og statsrekneskapen. Framstillinga er basert på kontantprinsippet for gjeldande budsjettår og rekneskapstala for dei tre siste åra. Nærare omtale av status for den enkelte verksemd, går fram av kap. 1135, 1136 og kap. 1137, post 51.

Kort gjennomgang av tabellmaterialet

Den første tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over utgifter og inntekter etter art.

Formålet med tabellen er å vise brutto utgifter og inntekter for verksemda basert på kontantprinsippet og artsinndelt etter same prinsipp som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Den andre tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over inntekter etter inntektskjelde. Dei fleste nettobudsjetterte verksemdar har fleire inntektskjelder og formålet med den andre tabellen er å gi ei oversikt over dei ulike inntektskjeldene.

Den tredje tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei formål kontantbeholdningane skal nyttast til. Formålet med tabellane er å vise dei samla overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

Tabell 1.1 Norsk institutt for bioøkonomi – utgifter og inntekter fordelte etter art

Utgifter/inntekter (i 1 000 kroner)	Rekneskap			Budsjett
	2022	2023	2024	2025
<i>Utgifter</i>				
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	393 176	395 214	463 613	500 000
Varer og tenester	398 423	487 320	526 330	550 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>791 598</i>	<i>882 534</i>	<i>989 943</i>	<i>1 050 000</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	53 862	62 216	49 234	73 000
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>53 862</i>	<i>62 216</i>	<i>49 234</i>	<i>73 000</i>

Tabell 1.1 Norsk institutt for bioøkonomi – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter (i 1 000 kroner)	Rekneskap			Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Overføringer fra verksemda				
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og andelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	8	9	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>0</i>	<i>8</i>	<i>9</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>845 469</i>	<i>944 758</i>	<i>1 039 190</i>	<i>1 123 000</i>
<i>Inntekter</i>				
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	27 755	22 282	21 826	25 000
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	203 475	214 624	238 508	250 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>231 230</i>	<i>236 906</i>	<i>260 334</i>	<i>275 000</i>
Investeringsinntekter				
Sal av varige driftsmiddel	647	193	346	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>647</i>	<i>193</i>	<i>346</i>	<i>0</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	407 675	442 722	460 101	469 000
Andre innbetalningar	218 356	251 355	323 778	388 000
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>626 031</i>	<i>694 076</i>	<i>783 878</i>	<i>857 000</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetalningar ved sal av aksjar og andelar	22 600	0	6	0
Andre finansielle inntekter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>22 600</i>	<i>0</i>	<i>6</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>880 508</i>	<i>931 175</i>	<i>1 044 564</i>	<i>1 132 000</i>
<i>3. Netto endring i kontantbehaldninga (2–1)</i>	<i>35 039</i>	<i>-13 583</i>	<i>5 374</i>	<i>9 000</i>

Tabell 1.2 Norsk institutt for bioøkonomi – inntekter etter inntektskjelde

	(i 1 000 kroner)			
	2022	2023	2024	Budsjett 2025
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartement	254 952	280 554	292 159	290 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	152 723	162 168	167 942	179 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>407 675</i>	<i>442 722</i>	<i>460 101</i>	<i>469 000</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	12 932	29 450	26 845	30 000
Bidrag frå private	47 357	71 850	74 399	80 000
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	27 296	53 536	63 780	70 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>87 585</i>	<i>154 836</i>	<i>165 024</i>	<i>180 000</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	29 275	35 084	36 539	39 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	10 009	8 521	10 830	15 000
Oppdrag frå private	74 869	89 353	110 702	150 000
Andre inntekter	271 094	200 660	261 369	279 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>385 247</i>	<i>333 617</i>	<i>419 440</i>	<i>483 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>880 508</i>	<i>931 175</i>	<i>1 044 564</i>	<i>1 132 000</i>

Tabell 1.3 Norsk institutt for bioøkonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar pr. 31. desember

Rekneskapspost	(i 1 000 kroner)			
	2022	2023	2024	Endring 2023 til 2024
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	414 023	400 311	407 670	7 359
Behaldning på andre bankkonti	38 983	39 137	37 172	-1 995
Andre kontantbeholdningar	48	23	33	-10
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>453 054</i>	<i>439 471</i>	<i>444 845</i>	<i>5 374</i>

Tabell 1.3 Norsk institutt for bioøkonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar pr. 31. desember

Rekneskapspost	(i 1 000 kroner)			
	2022	2023	2024	Endring 2023 til 2024
Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	50 872	57 459	62 236	4 777
Skattetrekk og offentlege avgifter	43 206	48 698	49 292	594
Gjeld til leverandørar	56 320	51 980	46 732	-5 248
Gjeld til oppdragsgjevarar	-29 165	-3 272	14 813	18 085
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	37 053	54 498	78 912	24 414
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>158 286</i>	<i>209 363</i>	<i>251 985</i>	<i>42 622</i>
Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	16 138	7 231	4 419	-2 812
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	38 675	45 807	38 929	-6 878
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	39 816	31 418	23 463	-7 955
Andre avsetjingar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	119 520	78 566	54 221	-24 345
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>214 148</i>	<i>163 022</i>	<i>121 032</i>	<i>-41 990</i>
Andre avsetjingar				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	14 097	4 626	0	-4 626
Fri verksemdskapital	66 486	62 423	71 792	9 369
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>80 583</i>	<i>67 049</i>	<i>71 792</i>	<i>4 743</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	36	36	36	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>36</i>	<i>36</i>	<i>36</i>	<i>0</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>453 054</i>	<i>439 471</i>	<i>444 845</i>	<i>5 374</i>

Veterinærinstituttet (VI)

Tabell 1.4 Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter (i 1 000 kroner)	Rekneskap			Budsjett
	2022	2023	2024	2025
<i>Utgifter</i>				
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	264 686	294 962	321 637	351 031
Varer og tenester	175 761	199 138	257 014	163 909
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>440 447</i>	<i>494 099</i>	<i>578 651</i>	<i>514 940</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehold	3 079	6 963	10 174	22 000
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>3 079</i>	<i>6 963</i>	<i>10 174</i>	<i>22 000</i>
Overføringer fra verksemda				
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalinger	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og andelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	43	105	117	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>43</i>	<i>105</i>	<i>117</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>443 569</i>	<i>501 168</i>	<i>588 942</i>	<i>536 940</i>
<i>Inntekter</i>				
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	171 352	171 490	213 394	156 305
Inntekter frå avgifter, gebyrer og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	0	8 000
Andre driftsinntekter	4	796	15 312	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>171 356</i>	<i>172 286</i>	<i>228 706</i>	<i>164 305</i>
Investeringsinntekter				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 1.4 Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter (i 1 000 kroner)	Rekneskap			Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	213 537	224 214	231 498	231 498
Andre innbetalingar	100 739	93 859	113 825	142 336
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>314 276</i>	<i>318 073</i>	<i>345 323</i>	<i>373 834</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetalningar ved sal av aksjar og andelar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar	2 398	0	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>2 398</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>488 029</i>	<i>490 359</i>	<i>574 029</i>	<i>538 139</i>
<i>3. Netto endring i Kontantbeholdninga (2–1)</i>	<i>44 460</i>	<i>-10 809</i>	<i>-14 913</i>	<i>1 199</i>

Tabell 1.5 Veterinærinstituttet – inntekter etter inntektskjelde

Inntektskilde (i 1 000 kr)	Rekneskap			Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	104 355	109 386	113 008	115 994
Løyvingar frå andre departement	70 550	74 423	77 200	80 120
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Norges forskningsråd	38 632	40 405	41 290	40 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>213 537</i>	<i>224 214</i>	<i>231 498</i>	<i>236 114</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag andre statlege verksemdar	72 174	69 120	76 933	142 336
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	56	1 445	0
Bidrag frå private	22 000	17 312	14 705	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	6 565	6 127	20 743	6 084
<i>Sum bidrag</i>	<i>100 739</i>	<i>92 616</i>	<i>113 825</i>	<i>148 420</i>

Tabell 1.5 Veterinærinstituttet – inntekter etter inntektskilde

Inntektskilde (i 1 000 kr)	Rekneskap			Budsjett
	2022	2023	2024	2025
Oppdragsinntekter m.v.				
Oppdrag frå statlege verksemder	106 937	121 973	152 953	153 605
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	1 294	1 116	52	0
Oppdrag frå private	51 574	44 039	60 389	0
Andre inntekter	13 947	6 401	15 312	0
<i>Sum oppdragsinntekter m.v.</i>	<i>173 753</i>	<i>173 529</i>	<i>228 706</i>	<i>153 605</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>488 029</i>	<i>490 359</i>	<i>574 029</i>	<i>538 139</i>

Tabell 1.6 Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar per 31. desember

Balanse 31. desember (beløp i 1 000 kroner)	2022	2023	2024	Endring
				2023 til 2024
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Norges Bank	293 734	282 925	268 012	-14 913
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>293 734</i>	<i>282 925</i>	<i>268 012</i>	<i>-14 913</i>
Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.v.	22 534	25 852	28 264	2 412
Skattetrekk og offentlege avgifter	25 982	21 213	32 901	11 688
Gjeld til leverandørar	28 635	18 227	23 184	4 957
Gjeld til oppdragsgivarar	19 077	18 582	21 270	2 688
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	18 123	35 439	28 753	-6 686
<i>Sum til dekning av påløpte kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>114 351</i>	<i>119 312</i>	<i>134 372</i>	<i>15 060</i>

Tabell 1.6 Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar per 31. desember

Balanse 31. desember (beløp i 1 000 kroner)	2022	2023	2024	Endring 2023 til 2024
Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	11 795	7 121	7 688	567
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	61 777	45 453	32 456	-12 997
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	39 591	42 667	30 197	-12 470
Andre avsetjingar til vedtekne, formål som ikkje er sett i gang	17 524	15 245	7 310	-7 935
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	10 089	10 289	8 572	-1 716
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>140 776</i>	<i>120 775</i>	<i>86 224</i>	<i>-34 551</i>
Andre avsetjingar				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0	0	0
Fri verksemdskapital	38 607	42 838	47 416	4 578
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>38 607</i>	<i>42 838</i>	<i>47 416</i>	<i>4 578</i>
Langsiktige forpliktingar (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig forplikting	0	0	0	0
<i>Sum langsiktige forpliktingar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>293 734</i>	<i>282 925</i>	<i>268 012</i>	<i>-14 913</i>

Vedlegg 2**Oversikt over fullmakter som gjeld meir enn eitt budsjettår****Fullmakter**

Oversikta under viser dei fullmakter som departementet har fått og som gjeld for meir enn eitt budsjettår. Fullmaktene gjeld næringsavtalane.

Fullmakter som gjeld næringsavtalene

Heimel	Innhald
Prop. 149 S (2024–2025) / Innst. 534 S (2024–2025) Jf. vedtak 1111 den 18. juni 2025.	Landbruks- og matdepartementet gis fullmakt til å iverksette tiltak i henhold til det framlagte forslag til jordbruksoppgjør, herunder tiltak som er knyttet til bevilgninger i 2026.
Prop. 143 S (2024–2025)/ Innst. 533 S (2024–2025) Jf. vedtak 1125 den 18. juni 2025.	Landbruks- og matdepartementet gis fullmakt til å iverksette tiltak i henhold til den foreslåtte reindriftsavtalen, og som er knyttet til bevilgninger i 2026.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2025

